



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2018

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4162, 5576, 5652

Innhald

Del I	Innleiande del	9	Kap. 1148 Naturskade – erstatningar	98	
1	Oversikt over budsjett- framlegget på program- område 15 Landbruk og mat ..	11	Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	100	
1.1	Status og hovudprioriteringar	11	Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m.	104	
1.2	Politisk rekneskap	15	Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifts- avtalen	127	
1.3	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet	16	Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifts- avtalen	128	
1.4	Hovudtrekk ved budsjettfram- legget	22	Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	131	
1.5	Oversiktstabellar	23	Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	133	
1.6	Oppmodingsvedtak	26	Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	134	
1.7	Bruk av stikkordet «kan overførast»	27			
Del II	Budsjettframlegg	29	<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i>	135	
2	Nærare omtale av løyving- forslaga	31	Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte	136	
Programområde 15 Landbruk og mat		31	Del III	Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla	139
<i>Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.</i>		31	3	Nærare om dei ulike måla	141
Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet		32	4	Overordna mål: Matsikkerheit og beredskap	142
Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet		34	5	Overordna mål: Landbruk over heile landet	145
<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk</i>		35	6	Overordna mål: Auka verdiskaping	152
Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet ...		41	7	Overordna mål: Berekraftig landbruk	157
Kap. 1115 Mattilsynet		44	8	Ei effektiv landbruks- og matforvaltning	162
Kap. 4115 Mattilsynet		52	9	Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde	166
<i>Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling</i>		53	10	Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar	172
Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.		56			
Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m.		60			
Kap. 1137 Forsking og innovasjon		60			
<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</i>		69			
Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.		84			
Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressurs- registreringar		87			
Kap. 1142 Landbruksdirektoratet		91			
Kap. 4142 Landbruksdirektoratet		97			
Kap. 1144 Regionale og lokale tiltak i landbruket		98			

Del IV	Særskilde tema	175
11	Fornye, forenkle og forbedre	177
12	Nasjonal oppfølging av berekraftsmål 2	179
13	Omtale av klima- og miljørelevante saker	180
14	Likestilling	184
15	Omtale av tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege verksemder	186
16	Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	187
Forslag		195

Vedlegg 1

Fordeling av jordbruksoppkjøret 2017–2018	200
---	-----

Vedlegg 2

Protokoll fra fordelingsforhandlinger 26. juni 2017 mellom staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag etter Stortingets behandling av Prop. 141 S (2016–2017), jf. Innst. 445 S (2016–2017)	215
--	-----

Vedlegg 3

Arbeidsdokument av 9. mai 2017	219
--------------------------------------	-----

Vedlegg 4

Jordbruksforhandlingene 2017 Referat fra forhandlingsmøte 26. juni, kl. 21:30	220
---	-----

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer	26	Tabell 2.9	Framføring av kapitalsituasjonen for LUF 2016–2018 med prognoser over framtidige utbetalningar (mill. kroner)	110
Tabell 2.1	Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta for 2016	65	Tabell 2.10	Tilskottsramme for LUF 2018 (mill. kroner)	111
Tabell 2.2	Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2016 ..	65	Tabell 4.1	Oversikt over næringsmiddelborne infeksjonar der smitta har skjedd i Noreg	143
Tabell 2.3	Oversikt over støtte til organisasjonar, 2016	85	Tabell 5.1	Sysselsette personar i landbruket, 2016	147
Tabell 2.4	Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2017 og budsjettframlegg for 2018 (i 1 000 kroner)	89	Tabell 8.1	Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga	163
Tabell 2.5	Tilsegningsfullmakt naturskadeerstatningar i 2018.	100	Tabell 14.1	Del av tilsette i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær etter kjønn, 2015–2016	185
Tabell 2.6	Tilsegningsfullmakt infrastrukturtiltak i skogbruket i 2018.	102	Tabell 16.1	Utgifter og inntekter fordelt etter art	188
Tabell 2.7	Ramme for fordelingsforhandling for 2018	107	Tabell 16.2	Inntekter etter inntektskjelde ...	189
Tabell 2.8	Berekna heilårsverknad på referansebruka av endring i pris og tilskott, inkl. anslag for kostnadsendringar til 2018 og utan volumendringar frå 2017 til 2018. Kroner per årsverk1 2	108	Tabell 16.3	Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2016	190
			Tabell 16.4	Utgifter og inntekter fordelt etter art	191
			Tabell 16.5	Inntekter etter inntektskjelde ...	192

Tabell 16.6	Forholdet mellom kontant-beholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2016	193
-------------	---	-----

Vedlegg 1

Tabell 1.1	Jordbruksavtalen, fordeling på priser og tilskudd	200
Tabell 1.2	Målpriser fra 01.07	200
Tabell 1.3	Markedsordningen for korn	201
Tabell 1.4	Anslag endring i kraftfôrpris	201
Tabell 1.5	Kap. 1150 og kap. 4150 Jordbruksavtalen, mill. kroner ...	202
Tabell 1.6	Post 21 Spesielle driftsutgifter, mill. kroner	203
Tabell 1.7	Kap. 1150 og kap. 4150 Jordbruksavtalen, mill. kroner ...	203
Tabell 1.8	Post 70.11 Avsetningstiltak, mill. kroner	204
Tabell 1.9	Post 70.12 Tilskudd til råvareprisordningen mv., mill. kroner	204
Tabell 1.10	Post 70.13 Tilskudd til potetsprit og potetstivelse, mill. kroner	204
Tabell 1.11	Post 71 Tilskudd til erstatninger m.m., mill. kroner	204
Tabell 1.12	Post 73.11 Tilskudd til norsk ull	204
Tabell 1.13	Post 73.13 Pristilskudd, melk	205
Tabell 1.14	Post 73.15 Pristilskudd kjøtt	205
Tabell 1.15	Post 73.16 Distriktstilskudd egg	206
Tabell 1.16	Post 73.17 Distriktstilskudd, frukt og bær og grønnsaker	207
Tabell 1.17	Post 73.18 Frakttilskudd	207
Tabell 1.18	Post 73.19 Prisnedskrivning norsk korn	208
Tabell 1.19	Post 73.20 Tilskudd norsk matkorn	208
Tabell 1.20	Post 74.11 Driftstilskudd, melk og ammeku	208

Tabell 1.21	Post 74.14 Tilskudd til husdyr ...	209
Tabell 1.22	Post 74.16 Tilskudd til dyr på beite	210
Tabell 1.23	Post 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskudd	210
Tabell 1.24	Post 74.19 Tilskudd til regionale miljøprogram, mill. kroner	212
Tabell 1.25	Post 74.20 Tilskudd til økologisk landbruk	212
Tabell 1.26	Post 77.11 Tilskudd til dyreavl m.m., mill. kroner	213
Tabell 1.27	Post 77.12 Tilskudd til frøavl m.m., mill. kroner	213
Tabell 1.28	Post 77.13 Tilskudd til rådgivning, NLR	213
Tabell 1.29	Post 77.15 Tilskudd til kvalitets- og salgsfremmende tiltak, mill. kroner	213
Tabell 1.30	Post 77.17 Tilskudd til fruktlager	213
Tabell 1.31	Post 78.11 Tilskudd for avløsning til ferie og fritid	214
Tabell 1.32	Post 78.12 Tilskudd til avløsning ved sykdom mv.	214
Tabell 1.33	Post 78.15 Tilskudd til landbruksvikarordningen	214
Tabell 1.34	Post 78.16 Tilskudd til tidligpensjonsordning	214

Vedlegg 2

Tabell 2.1	Ramme for fordelingsforhandling for 2018	216
Tabell 2.2	Beregnet helårsvirkning på referansebrukene av pris- og tilskuddsendringer, inkl. anslåtte kostnadsendringer til 2018, uten volumendringer fra 2017 til 2018. Kroner per årsverk, inkl. verdi av jordbruksfradraget1	218

Figuroversikt

Figur 1.1	Ny målstruktur for landbruks- og matpolitikken	17	Figur 5.5	Investeringsvolum samanlikna med produksjonsvolum og arbeidsforbruk i jordbruket	150
Figur 3.1	Gamal målstruktur for landbruks- og matpolitikken	141	Figur 6.1	Endring i produksjonsvolum frå 2008–2017, i følgje normalisert rekneskap	153
Figur 5.1	Endring i marknadsdel fordelt på produksjon og landsdel, 2006–2014	146	Figur 6.2	Omsetnad andre landbruksbaserte næringar, kroner per bruk. Bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar. Regionar, 2013–2015	155
Figur 5.2	Endring i marknadsdel fordelt på produksjon og landsdel, 2014–2016	146			
Figur 5.3	Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2015	148			
Figur 5.4	Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2015	149			



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2018

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4162, 5576, 5652

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 29. september 2017,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiande del

1 Oversikt over budsjettframlegget på programområde 15 Landbruk og mat

1.1 Status og hovudprioriteringar

Den viktigaste oppgåva til landbruks- og matsektoren er å sikre innbyggjarane trygge matvarer av god kvalitet og å bidra til ei optimal utnytting av dei jordbaserte naturressursane. Sektoren sysselsette i 2016 om lag 95 000 personar og er av stor verdi for arbeidsplassar og næringsliv over heile landet. Samstundes er det ei næring i utvikling, og dei løysingane som svarte på tidlegare tiders krav og utfordringar er ikkje alltid dei beste i dag. Det er nødvendig med kontinuerleg omstilling for å sikre konkurransekraft i sektoren. Regjeringa har difor sidan ho tiltredde i 2013 gjort fleire tiltak for å styrkje og målrette politikken på området. Regjeringa vil òg framover prioritere slike tiltak.

Viktige delar av dei jordbrukspolitiske verkemidla blir utforma i dei årlege jordbruksforhandlingane. Regjeringa har lagt stor vekt på forenkling og målretting av verkemidla slik at dei samla bidreg til auka matproduksjon og verdiskaping.

Den norske maten er av den tryggaste maten i verda. Dette er ein verdi som regjeringa har lagt stor vekt på å vidareføre, mellom anna stilt overfor dei trugsmåla dyresjukdommar, zoonosar og antibiotikaresistente bakteriar utgjær. Det er mellom anna gjort ein vesentleg innsats for å kartleggje og stogge spreieing av hjortedyrsjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD), òg kalla skran-tesjuka. Innanfor skogbruket har regjeringa lagt opp til eit temposkifte i moderniseringa av infrastrukturen gjennom ein stor auke i tilskotta til nybygging og ombygging av skogsvegar og tømmerkaiar. Regjeringa har òg hatt merksemd på å modernisere landbruks- og matforvaltninga, både gjennom strukturgrep for å gjere verksemdene meir målretta, og gjennom kontinuerleg merksemd på effektivisering.

Regjeringa la fram ei melding til Stortinget om jordbruket; Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*, 9.12.2016. Stortinget handsama meldinga 25.4.2017, jf. Innst. 251 S (2016–2017). Regjeringa har som mål å auke og effektivisere norsk matproduksjon, og leggje til rette for at næringa kan

utvikle seg. Jordbruksmeldinga legg opp til ein enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep, auka konkurranse og ein meir marknadretta og forbrukarstyrt produksjon.

I årets jordbruksoppgjær prioriterte partane å forsterke den geografiske produksjonsfordelinga gjennom å auke tilskotta til korn i kornområda, og å redusere stimulansen til grasbasert husdyrhald i kornområda. Tilskotta til små og mellomstore bruk i grasbasert husdyrhald i distrikta, og til utmarksbeite, blei òg styrkte. Samstundes vidarefører oppgjeret i 2017 arbeidet med forenkling og fjerning av produksjonsskrankar som regjeringa starta på i oppgjeret i 2014, gjennom mellom anna å redusere talet på produksjonsregionar for mjølk frå 18 til 14.

Arbeid med miljø og klima var viktig i årets jordbruksoppgjær, og ordningar som skal bidra til reduserte klimagassutslepp frå jordbruket, slik som dreneringsordninga, regionale miljøtilskott, tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg og tilskott til forskning og kunnskapsutvikling, blei styrkte. Investeringsverkemidla blei òg prioritert, med ein auke på 60 mill. kroner for 2018.

Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring* blei lagt fram 14.10.2016. Stortinget handsama meldinga 31.1.2017, jf. Innst. 162 S (2016–2017). Stortinget slutta seg til hovudtrekka i meldinga, men vedtok samstundes fleire oppmodingar til regjeringa på område som miljøinformasjon, auka bruk av tre, forskning og innovasjon, skogberedskap og skatt. Regjeringa har sidan ho tiltredde satsa stort på infrastrukturtiltak og andre skogtiltak som kan bidra til å gjere skog- og trenæringa meir konkurransedyktig. Dette er følgt opp i meldinga. Regjeringa har mellom anna auka tilskotta til skogsvegar og tømmerkaiar, auka investeringane i offentlege vegar og jernbane, endra reglane for vekt og lengde for kjøretøy som driv tømmertransport og opna for at midlar avsette til investeringar i skogindustri i Investinor kan brukast i mogne, ikkje børsnoterte skogindustribedrifter. Forbetra infrastruktur i skogbruket vil òg ha høg prioritet i 2018.

Regjeringa la fram ei melding til Stortinget om reindriftspolitikken våren 2017, Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter*. Det er 25 år sidan det sist blei lagt fram ei eiga melding på reindriftsområdet. I meldinga blir det vist til at økologisk berekraftig drift og auka produksjon dannar grunnlaget for utvikling av næringa. Det blir òg presentert strategiar og tiltak for at næringa betre skal kunne utnytte potensialet sitt i ei rasjonell og marknadsorientert retning. Inntektene i reindrifta skal i størst mogleg grad skapast ved å selje etterspurte produkt og tenester til marknaden. Dette vil bidra til å sikre grunnlaget for den unike næringa og kulturberaren som reindrifta er.

Regjeringa la fram Meld. St. 8 (2016–2017) *Pelsdyrnæringen* hausten 2016. Stortinget vedtok at det framleis skal kunne drivast pelsdyroppdrett i Noreg. Vedtaket føreset fleire innstrammingar i regelverket for hald av pelsdyr, mellom anna krav om deltaking i eit dyrevelferdsprogram for dei som vil halde mink i grupper, og nye strenge dokumentasjonskrav for avl, tilsyn og stell av dyr.

Regjeringa sin bioøkonomistrategi *Kjente ressursar – uante muligheter* blei lagt fram hausten 2016. Strategien skal bidra til auka verdiskaping og nye arbeidsplassar, reduserte klimagassutslipp og ei meir effektiv og lønsam utnytting av dei mange biologiske ressursane frå landbruk, skogbruk, havbruk og fiskeri. Strategien legg vekt på auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av etablerte næringar, sektorar og fagområde. Regjeringa si satsing på mogleggjerande teknologiar vil gi viktige bidrag i vidareutviklinga av bioøkonomien i Noreg.

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Den norske matproduksjonen har særskilde utfordringar med ein kort vekstsesong, spreidde landbruksareal, eit kaldt klima og eit høgt kostnadsnivå. Landbruks- og matpolitikken må difor leggje til rette for eit meir effektivt landbruk, styrkt konkurransekraft for norske jordbruksprodukt og innovasjon og nyskaping i heile sektoren. Dette er følgd opp i Meld. St. 11 (2016–2017) og Stortingets handsaming av denne.

Den jordbruksbaserte næringsmiddelindustrien foredlar i hovudsak norskproduserte jordbruksråvarer. Industrien er i aukande grad eksponert for internasjonal konkurranse, særleg den delen av industrien som produserer foredla jordbruksvarer. Heimemarknadsdelen for norsk næringsmiddelindustri utanom fiskeribransjen er om lag 80 pst. målt i verdi, mot 88,2 pst. i 2003.

Framtidig utvikling i industrien er avhengig av både nasjonale rammevilkår (råvareprisar, kronekurs og rentenivå) som industrien opererer under, internasjonal konkurranse og evna industrien har til effektivisering og omstilling. For råvarer og foredla varer av desse, som er omfatta av råvareprisordninga (RÅK-ordninga), blir det utbetalt tilskott når tollsatsen aleine ikkje kompenserer for råvareprisforskjellen mellom Noreg og EU. Ordninga blir vidareført i jordbruksoppgjeret som eit viktig verkemiddel for den jordbruksbaserte næringsmiddelindustrien. For å stimulere fleire unge til å velje landbruk og matindustri som yrke, er det behov for å styrkje kompetansen i heile verdikjeda og bidra til at jordbruket og industrien blir attraktive arbeidsplassar for dei unge.

Regjeringa vil byggje ned hindringane for dei som vil auka matproduksjonen. Jordbruksavtalen og andre landbrukspolitiske verkemiddel må òg leggje til rette for dei som vil bli større. Konesjons- og kvotegrenser og andre reglar må ikkje leggje urimelege hindringar for bøndene som sjølvstendig næringsdrivande. Forenklingar er viktig både for den sjølvstendige næringsdrivande og for forvaltninga. I jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 blei det semje om i alt 40 større og mindre forenklingstiltak. I januar 2016 la eit utval, sett ned med grunnlag i Innst. 285 S (2013–2014), ein rapport om ytterlegare forenklingar innanfor avtaleverket. Meld. St. 11 (2016–2017) la opp til ein enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og ein meir marknadsretta og forbrukarstyrt produksjon. Regjeringa vil halde fram med forenklinga av verkemidla for å leggje til rette for ein enklare kvardag for bonden og god forvaltning av tilskotta.

Regjeringa vil bruke matpolitikken til å sikre trygg mat og god dyrehelse. Forvaltninga arbeider kontinuerleg for å vere førebudd på hendingar som kan utgjere eit trugsmål mot trygg mat og mot matsikkerheita. God dyrehelse og god dyrevelferd er viktig for produksjon av trygg mat og for omdømmet til norsk matproduksjon. Regjeringa har vedteke ein nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for 2015–2020. Dei overordna måla i strategien er mindre bruk av antibiotika, auka kunnskap om kva som driv utvikling og spreining av resistens, og at Noreg skal vere ein pådrivar internasjonalt for utvikling av nye antibiotika og vaksinar. Sjølv om vi bruker mindre antibiotika til dyr i Noreg enn dei fleste andre land, er det mellom anna eit mål å redusere bruken av antibiotika til produksjonsdyr med minst ti prosent og bruken av antibiotika til kjæledyr med minst 30 pst. samanlikna med bruken i 2013.

I mars 2016 blei det lagt fram ein eigen handlingsplan om tiltak mot antibiotikaresistens i landbruks- og matsektoren. Eit viktig tiltak er å halde fram arbeidet for å unngå at svinehaldet blir eit reservoar for resistente bakteriar. Departementet har sendt på høyring forskriftskrav med tiltak for å redusere risikoen for at røktarar og andre som har kontakt med svin, smittar dyra. I tillegg er det arbeidd for å få betre oversikt over veterinærane sin bruk av antibiotika til produksjons- og kjæledyr. Departementet vil òg arbeide for at enkelte kritiske antibiotika berre skal kunne nyttast til menneske. I tillegg til ressursinnsatsen i Mattilsynet og Veterinærinstituttet er det innanfor departementet sitt ansvarsområde sett i gang ei rekkje forskingsprosjekt knytte til antibiotikaresistens. Sidan 2014 er det utbetalt om lag 152 mill. kroner i erstatning og kompensasjon for tiltak mot den antibiotikaresistente bakterien MRSA i svinproduksjonen.

Det vil vere nødvendig å vidareføre arbeidet med kartlegging og tiltak mot spreing av CWD i 2018. Både kartlegging og tiltak skjer i nært samarbeid mellom dyrehelse- og miljøstyresmakter. Ut frå eintydige råd frå Mattilsynet, Veterinærinstituttet og Vitskapskomiteen for mattryggleik i 2017, har departementet gitt tilslutning til at heile villreinflakken i Nordfjella Sone 1, skal takast ut. Ein saneringsplan for villreinflakken i Nordfjella er utarbeidd av Mattilsynet og Miljødirektoratet i samarbeid med relevante fagmiljø og lokale ressursar i 2017. I planen er det lagt opp til at nedslaktinga skal vere gjennomført innan 1.5.2018. Det er fastsett forskrifter med tiltak som skal redusere risikoen for spreing av skrantesjuke til nye område. For å unngå samanblanding mellom villrein i Nordfjella og tamrein i Filefjell, er det i tillegg bygd sperregjerde.

Regjeringa vil styrkje bondens rett til fritt å disponere over sin eigen eigedom. For å styrkje den private eigedomsretten og forenkla eigedomslovgivinga i landbruket har regjeringa fremja fleire forslag til endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova, jf. Prop. 92 L (2016–2017) *Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv. (konsesjonsplikt, odlingsjord, priskontroll, deling og driveplikt mv.)*. Ved handsaming av proposisjonen vedtok Stortinget mellom anna å heve arealgrensa for konsesjonsplikt ved overtaking av eigedom det er bygd på, for buplikt og for odlingsjord, frå 25 dekar fulldyrka jord og overflatedyrka jord til 35 dekar. Vidare vedtok Stortinget at det ikkje lenger skal vere priskontroll ved overtaking av reine skogeigedommar. Utover lovendringane vedtok Stortinget å be

regjeringa greie ut konsekvensen av ei vidare liberalisering av konsesjonsplikta.

Regjeringa vil leggje til rette for betre utnytting av skogressursane. Skogbruket gir sysselsetjing og verdiskaping. Skog og tre lagrar karbon, samstundes som trevirke kan vere eit klima- og miljøvennleg alternativ til energi og produkt som i dag blir produserte av fossilt råstoff. Vidareutvikling av skogsvegnettet har vore eit høgt prioritert tiltak for denne regjeringa i arbeidet med å auke dei positive nærings- og klimabidraga frå skogen. Både bygging av nye vegar og ombygging av gamle vegar, er nødvendig for lønsam skogsdrift og for at større delar av det produktive skogarealet kan takast i bruk. Disse investeringane bidreg òg til å gjere skogsvegane meir robuste mot endringar i klima og minke risikoen for naturskadar. Regjeringa har nær dobla dei ordinære løyvingane til skogsvegar samanlikna med Regjeringa Stoltenberg og legg òg opp til eit høgt ambisjonsnivå på dette området i 2018. Tømmerkaieternalar langs kysten er med på å sikre næringa effektiv og lønsam transport av tømmer til kjøparar både i Noreg og i utlandet. Dette er viktig sidan skog- og trenæringa i Noreg er del av ein global marknad for tømmer og treprodukt. Regjeringa legg opp til å halde fram prioriteringa av tømmerkaiar i 2018.

Regjeringa vil satse på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein meir framtidretta landbruksproduksjon. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* blei handsama av Stortinget våren 2016. Meldinga synleggjer korleis potensialet for auka verdiskaping innan dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk kan utløyast. Politikken skal leggje til rette for vekst og utvikling uavhengig av storleiken på gardsbruket og bidra til at landbruksgrunderar skal kunne utnytte det samla ressursgrunnlaget i inn- og utmark på landbrukseigedommen utan unødige hinder. Meldinga varslar at regjeringa vil sjå på ei rekkje forenklingar generelt og forenklingar i regelverk spesielt for å stimulere til vekst og utvikling. Meldinga er mellom anna følgt opp med ein eigen strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar, *Opplevingar for ein kvar smak*, der hovudmålet er auka verdiskaping for mat- og reiselivsaktørar i landbruket og reindrifta gjennom å gjere Matnasjonen Noreg internasjonalt anerkjent og å satse på opplevingar og aktivitetar knytte til landbruk og reindrift.

Utviklinga på lokalmatområdet er særskild positiv. Omsetnaden av lokalmat i daglegvarehandelen auka med 4,8 pst. frå 2015 til 2016. Det er gjennom-

ført fleire forenklande tiltak på dette området. Regjeringa har opna opp for direktosal frå lokale drikkeprodusentar som produserer enkelte varer med over 4,7 volumprosent alkohol. Regjeringa har òg gjort det enklare for forbrukarane å få nøktern informasjon om alkoholhaldig drikke. Eit forslag frå regjeringa om å innføre ei avgrensa opning for sal av upasteurisert mjølk direkte frå gard eller seter vil bli sendt på høyring hausten 2017. Etablering av Lokalmatdatabasen, revidering av rettleiar til plan- og bygningslova og justering av fleire forskrifter som påverkar moglegheitene for auka næringsaktivitet er andre sentrale forenklingstiltak som er gjennomført som oppfølging av meldinga.

Klimatiltak i landbruket skal ha høg prioritet. Regjeringa er i dialog med EU om ei sams oppfyl-ling av klimamåla for 2030, jf. Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030*. Ein avtale inneber at det blir sett eit eige mål for skog- og arealsektoren, og jordbrukssektoren blir omfatta av måla for ikkje-kvotepiktig sektor. Noreg vil såleis få dei same reglane for bokføring av opptak og utslepp som EU. Regjeringa vil følgje opp klimaforlika i Stortinget og Stortingets handsaming av mellom anna Meld. St. 11 (2016–2017). Arbeidet med å skaffe fram auka kunnskap om korleis jordbruket kan redusere klimagassutsleppa sine, betre kunnskapen om potensialet for lagring av karbon i jord, og korleis landbruket må tilpasse seg eit klima i endring vil ha høg prioritet. Det er bestemt at det skal setjast ned eit utval som skal sjå nærare på korleis jordbruket sitt samla utsleppsrekneskap kan utviklast vidare og synleggjerast betre. Regjeringa vil òg halde fram med klimatiltaka i skog, slik som tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og styrking av skogplanteforedlinga. Alle desse tiltaka vil bidra til auka volumproduksjon og dermed auka CO₂-opptak, samstundes som dei gir grunnlag for auka verdiskaping i skognæringa. Regjeringa vil òg vidareutvikle klimatiltaka i skog og vurdere andre verkemiddel som kan bidra til reduserte utslepp og auka opptak i skog- og arealsektoren.

Regjeringa vil leggje til rette for eit kunnskapsbasert og innovativt landbruk. Forsking, innovasjon og kompetanse er nødvendig for å nå målet om auka berekraftig produksjon av nok og trygg mat og som grunnlag for næringsutvikling og auka verdiskaping i dei mange verdikjedene i sektoren. Forsking og innovasjon er mellom anna sentralt for å ta ut skogen sitt potensial i bioøkonomien, gjennom utvikling av ny og innovativ teknologi og produkt frå norske skogressursar. Ny kunnskap og tett kopling mellom forskning og næringsliv skal bidra til eit meir lønsamt og klimavennleg landbruk. Ein stor del av potensialet for verdiskaping i bioøkon-

mien ligg i å ta i bruk mogleggjerande teknologiar, som bioteknologi, nanoteknologi og IKT. Regjeringa vil følgje opp bioøkonomistrategien gjennom å styrkje forskingsinnsatsen på desse områda med 10 mill. kroner over Landbruks- og matdepartementets budsjett. Satsinga skal bidra til det grøne skiftet, ved at vi bruker dei biologiske ressursane smartare og utviklar produkt som er mindre ressurskrevjande og meir klima- og miljøvennlege.

Norsk landbruks- og matsektor treng effektive kompetanse- og forskingsmiljø for å vareta store samfunnsbehov og for å utvikle konkurransedyktige produkt og tenester. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) blei oppretta i 2015 og er Noregs største tverrfaglege forskingsinstitutt innanfor landbruk og miljø. NIBIO har tilsette med høg fagkompetanse og tyngde. Instituttet skal bidra til matsikkerheit, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping i verdikjeda for mat, skog og andre biobaserte næringar. Viktige oppgåver er å levere forskning, forvaltningsstøtte, og kunnskap til bruk i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet elles. Instituttet har eit omfattande regionalt nærvær og deltek aktivt i internasjonalt forskningssamarbeid. For 2018 er det sett av 4,2 mill. kroner til oppgradering og fornying av IKT-systema i NIBIO knytte til Budsjettnemnda for jordbruket.

Landbruk er ei kompetansekreivjande næring. Forventingar om auka produksjon, betre lønsemd og evne til gründerskap krev rett kompetanse. Eit godt tilbod av landbruksfagleg utdanning og etter- og vidareutdanning av god kvalitet er difor svært viktig. Det trengst fleire kandidatar med kompetanse som landbrukssektoren etterspør frå alle utdanningsnivå, både frå yrkesfagleg opplæring, fagskolar og høgskole/universitet.

Rekruttering av kompetente næringsutøvarar til landbruket er viktig. For å styrkje kompetansehevande tiltak i landbruket som sikrar fagleg kvalitet og fleksibel tilrettelegging, er det vedteke å etablere ein nasjonal modell for eit tilbod om agromopplæring for vaksne, *vaksenagronomen*. Modellen er utarbeidd i samarbeid med næringa og utdanningsstyresmaktene, og vil gjelde frå skoleåret 2018/2019.

Regjeringa har vidareført arbeidet for auka produktivitet og effektivitet i landbruks- og matforvaltninga. Landbruks- og matdepartementet har i stortingsperioden gjennomført fleire omorganiseringar i underliggjande verksemdar. Effektane av desse endringane er no i ferd med å bli realiserte, samstundes som det kontinuerleg blir utført effektiviseringsarbeid internt i verksemdene. Talet på årsverk i landbruks- og matforvaltninga

er vesentleg redusert dei seinare åra, og arbeidet med å identifisere ytterlegare potensial for å effektivisere forvaltninga vil halde fram. Sjø elles omtale under Del 4 Særskilde tema.

Regjeringa arbeider med ein plan for lokalisering av statlege arbeidsplassar, jf. vedlegg til Meld. St. 18 (2016–2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt*. Landbruksdirektoratet er ei av verksemdene som blir vurdert.

1.2 Politisk rekneskap

Sidan Regjeringa Solberg tiltredde 16.10.2013 er det blitt gjennomført ei rekkje endringar i landbrukspolitikken i tråd med regjeringsplattforma. Hovudtanken bak endringane er å sørge for større fridom for den enkelte bonde til å bestemme over eiga verksemd, auke matproduksjonen i Noreg og sørge for auka konkurransekraft. Dei viktigaste endringane som er gjort dei siste fire åra og resultat dei har ført til, er samanfatta under.

Auka fridom til å bestemme over eigen eigedom

- Priskontrollen er oppheva for reine skogeigedommar
- Arealgrensa for konsesjonsplikt, lovbestemt buplikt og odlingsjord er auka frå 25 dekar fulldyrka, og overflatedyrka jord til 35 dekar
- Konsesjonsgrensa for kylling og kalkun er dobla, til 280 000 kylling og 60 000 kalkun
- Kvotetaket for mjølk er heva til 900 000 liter, og det særskilde samdriftsregelverket er fjerna
- Det er opna opp for gardssal av sider og enkelte andre alkoholholdige drikkar over 4,7 volumprosent alkoholstyrke
- Forbodet mot import av jordbærplanter er avvikla
- Forbodet mot import av eple- og pæretre er avvikla
- Forslag om liberalisering av sal av upasteurisert mjølk er sendt på høyring
- Skattesatsen for gevinst på sal av landbruks-eigedom er halvert

Auka matproduksjon

- Taket for husdyrtilskott er dobla, til 560 000 kroner
- Alle arealtilskott er flata ut, slik at bonden no får det same i støtte per dekar uansett kor mange dekar han/ho har

- Tilskott til alle mjølke- og ammekyr er innført, slik at bonden no òg får støtte for mjølke- og ammekyr frå nummer 51 og oppover
- Vridd tilskott frå å eige sau til tilskott på lammeslakt
- Tilskott til alle vaksne sauer er innført, slik at bonden no òg får støtte for sau nummer 300 og oppover
- Kvalitetstilskottet til storfekjøtt er auka
- Løyvinga til investeringstilskott er auka (dei siste 2 åra, meir enn jordbruket kravde)
- Støtta til dyr på utmarksbeite er auka
- Vridd tilskott frå gras til korn i kornområda på Austlandet
- Støtta til Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og utvikling er, i tråd med regjeringsplattforma, auka for å stimulere til anna næringsutvikling basert på ressursane på garden

Forenkling og avbyråkratisering

- To forvaltningsorgan er slått saman til eitt, Landbruksdirektoratet
- Tre forskingsinstitutt er slått saman til eitt, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)
- Mattilsynet er omorganisert og effektivisert
- Det er opna opp for å ha enkelte krypdyrartar som kjæledyr
- Tilskottet til frakt av fôr til pelsdyr er avvikla
- Det er gjennomført over 40 forenklingstiltak i jordbruksoppgjera
- Ei rekkje lite brukte tilskott er fjerna, mellom anna hesjetilskott og erstatningsordningar som var lite brukte

Auka konkurransekraft og bærekraft for skognæringa

- Den ordinære løyvinga til bygging av skogsvegar er auka med 66 mill. kroner, frå 69 mill. kroner i 2013 til 135 mill. kroner i 2017
- Løyvinga til bygging av tømmerkaier er auka med 45 mill. kroner, frå 30 mill. kroner i 2013 til 75 mill. kroner i 2017
- Det er opna opp for bruk av modulvogntog på norske vegar som er eigna for dette
- Mandatet til Investinor er endra, slik at midla òg kan bli investerte i mogne, ikkje-børsnoterte skogindustribedrifter
- Det er innført løyving til klimatiltak i skog, slik som tettare planting av skog, gjødsling av skog og til skogfrøforedling

Auka marknadsretting og berekraft i reindrifta

- Følgd opp dei siidaandelane og distrikta som har hatt eit for høgt reintal gjennom bruk av reindriftslova sine sanksjonsreglar.
- For å sikre eit stabilt reintal i samsvar med inngåtte bruksreglar er reindriftslova endra slik at fylkesmannen kan låse reintalet gjennom å fastsetje eit øvre reintal per siidaandel.
- Løyvinga til produksjonspremie og kalveslakte-tilskott er auka for å stimulere til meir produksjonen av reinkjøtt
- Innføring av eit felles klassifiseringssystem for reinsdyrkjøtt
- Prioritering av dei produksjonsretta tilskota over reindriftsavtalen
- Det blir lagt opp til ei innføring av avgiftsfritak ved kjøp av driftsmiddel i reindrifta

Matsikkerheit, folkehelse og dyrevelferd

- Innsatsen for å kjempe mot antibiotikaresistente bakteriar i husdyrhaldet er trappa opp
- Forskinga på antibiotikaresistente bakteriar er auka
- Talet på rapporterte tilsyn utført av Mattilsynet er auka med om lag 30 pst. frå 2013 til 2016
- Prøveprosjekt med dyrepoliti i tre fylke er etablert
- Nybygg til Veterinærinstituttet og Veterinær fakultetet ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) på Campus Ås er under bygging
- Forbrukarinformasjonen om alkoholhaldige drikker er betra

Rekruttering, kompetanse og omstilling

- Ein nasjonal modell for vaksenagronomen er etablert frå skoleåret 2018/2019
- Prøveprosjekt med mentorordning i jordbruket er innført
- Investeringsverkemidla er auka
- Bioøkonomistrategi er lagt fram, og forskings- og innovasjonsverkemidla er målretta mot dette


1.3 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet

I samband med handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017) bad Stortinget regjeringa om å leggje

Boks 1.1 Resultat og konsekvensar av regjeringa sine endringar for norsk landbruk

- Bøndene ligg an til ein inntektsauke på over det dobbelte av andre yrkesgrupper i perioden
- Færre gardsbruk går ut av drift no enn under den førre regjeringa. I perioden 2005–2013 gjekk talet på jordbruksbedrifter ned med i snitt 2,4 pst. kvart år, medan talet i perioden 2013–2017 var redusert til i snitt 1,9 pst. årleg
- Nydyrka areal har auka, frå 14 557 daa nydyrka areal i 2013 til 18 139 daa i 2015
- Matproduksjonen i Noreg har auka – det har aldri blitt produsert meir mat
- Produksjonen av saue- og lammekjøtt dekkjer no det norske forbruket, mot ei tidlegare underdekning på 10 pst.
- Salet av lokalmat i daglegvarehandelen har auka kraftig – salet har vekse mellom 2 og 3 gonger så mykje som resten av daglegvaremarknaden
- Omsetnaden av mat og drikke direkte frå gard, frå Bondens marknad og frå matfestivalar er auka
- Salet av fruktsider er auka
- Søkinga til landbruksutdanning er auka på alle nivå
- Reintalet er tilnærma på nivået fastsett i bruksreglane, og snittvekta for vaksen rein og kalv har auka
- Auka slakteuttak og auka uttak av reinkalv har, saman med ein betydeleg auke i prisen til reineigar, medverka til ein positiv auke i dei produksjonsbaserte inntektene

til grunn ein justert målstruktur for jordbrukspolitikken, jf. Innst. 251 S (2016–2017). Desse endringane er innarbeidde i målstrukturen med nokre tilpassingar, slik at målstrukturen for departementet blir heilskapleg, og at den òg fangar opp måla for forbrukarorientering, reindrift og skog- og trenæringa. Dei tverrgåande måla knytte til forvaltning, forskning og internasjonalt samarbeid er uendra.



Figur 1.1 Ny målstruktur for landbruks- og matpolitikken

Matsikkerheit og beredskap

Sikre forbrukarane trygg mat

Hovudoppgåva til jordbruket er å produsere mat som forbrukarane etterspør. Matsikkerheit inneber at innbyggjarane til kvar tid har fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat. Matsikkerheiten blir sikra gjennom nasjonal produksjon, handel og varetaking av produksjonsgrunnlaget. Regjeringa har som mål å auka matproduksjonen og styrkje jordbruket si konkurransekraft. Dei landbrukspolitiske verkemidla skal innrettast slik at dei innanfor økonomiske, miljømessige og handelspolitiske rammer bidreg til auka produksjon der det er moglegheiter og marknad for det.

All mat som blir seld i Noreg skal vere trygg. Produksjonen av trygg mat skaper tillit, sikrar omsetnad av varer og legitimitet for eit levande landbruk, og for næringsmiddelindustrien.

Auka matvareberedskap

Dei viktigaste føresetnadene for matsikkerheiten i Noreg er kontinuerleg produksjon av mat, varetaking av produksjonsgrunnlaget og eit velfunge-

rande handelsystem. Regjeringa vil auka matvareberedskapen gjennom å bidra til auka innanlands produksjon av landbruksvarer, og å bidra til å halde forsyning av nødvendige matvarer gjennom import ved like òg i kriser. Matvareberedskapen byggjer på eit samspel mellom departement, myndigheitsorgan og private aktørar.

God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

Noreg har få førekomstar av matboren sjukdom samanlikna med andre land. Regjeringa vil bidra til å halde denne situasjonen ved lag. God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og berekraftig matproduksjon.

Det er òg gjennomgåande god dyrevelferd i Noreg. Regelverket stiller klare krav til dyrehald, og Mattilsynet prioriterer tilsyn med dyrevelferd. Regjeringa har etablert eit samarbeid mellom Mattilsynet og politiet i form av eit treårig prøveprosjekt med dyrepoliti i Sør-Trøndelag frå hausten 2015 og i Rogaland frå 2016. I revidert budsjett for 2017 blei det bestemt å utvide prosjektet til å omfatte Østfold.

Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

Gjennom eit målretta avls- og foredlingsarbeid blir grunnlaget lagt for berekraftig og klimatilpassa husdyravl og planteforedling i Noreg. I tillegg til eit plante- og dyremateriale som er godt tilpassa norske forhold og som gir god avkastning, kan målretta avlsarbeid gi viktige bidrag til klimakutt i landbruket. Forsking og teknologiutvikling står sentralt i vidareutviklinga av avls- og foredlingsarbeidet og for å vidareutvikle norsk landbruk. I tillegg vil ny kunnskap vere avgjerande for å utvikle nye produksjonsprosessar og produkt med opphav i dei mange biologiske ressursane i landbruket.

Klimaendringar, den raske teknologiutviklinga og krav om høgare effektivitet og klimakutt i jordbruket, gjer at framtidens matproduksjon må bli enda meir kunnskapsbasert enn i dag. Det er difor viktig å leggje til rette for auka kompetanse i næringa gjennom fleksible og gode tilbod av etter- og vidareutdanning for bønder. Samstundes må det leggjast til rette for utdanningstilbod av høg kvalitet på alle nivå slik at ein får dekt kompetansebehova i heile verdikjeda.

Landbruk over heile landet

Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane

Å stimulere til auka bruk av utmarksressursane var eit av hovudgrepa i årets jordbruksoppgjær, og tilskottet til utmarksbeite blei vesentleg auka. Beiting i utmark utnyttar fôrressursane til matproduksjon samstundes som det òg bidreg til vedlikehald av eit ope og artsrikt kulturlandskap. Om lag 85 pst. av sau og lam går på utmarksbeite, og delen sau på utmarksbeite aukar jo større buskopen er.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Ressursgrunnlaget i Noreg er spreidd og vilkåra for jord- og skogbruksdrift varierer. Regjeringa arbeider for eit sterkt og konkurransedyktig landbruk i alle delar av landet. Landbruket bidreg med ei rekkje fellesgode og skaper grunnlag for sysselsetjing, verdiskaping, næringsutvikling og vekstkraftige distrikt. Det er difor viktig å vidareføre verkemidla som stimulerer til utnytting av ressursane til landbruksproduksjon over heile landet, og som bidreg til busetjing, sysselsetjing og verdiskaping i distriktsområda.

Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Føresetnadene for jordbruksproduksjon varierer mellom dei ulike delane av Noreg. Auka produktivitet og styrkt konkurransekraft vil vere avgjerande for å kunne realisere Stortingets mål om auka produksjon. Dei små og mellomstore bruka blei prioriterte i årets jordbruksoppgjær gjennom ei styrking av strukturtilskotta til små og mellomstore bruk i grasbasert husdyrhald.

I oppgjeret forsterka partane òg den geografiske produksjonsfordelinga i landbruket gjennom å auke tilskotta til korn i dei områda som har best føresetnader for å produsere korn og samstundes redusere stimulansen til grasbasert husdyrhald i desse områda. Distriktstilskottet til husdyr (mjølk og kjøtt) og arealtilskott grovfôr blei auka i område som har gode føresetnader for grasproduksjon. Bruken av utmarksressursane blei stimulert gjennom ein auke i tilskottet til utmarksbeite.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen i heilskap er det viktigaste bidraget frå regjeringa si side til å gi gode rammevilkår og grunnlag for auka lønsemd i landbruket, og er slik det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Særskild er ordninga med investerings- og bedriftsutviklingsmidlar målretta for å fremje rekruttering til næringa.

For å sikre og utvikle norsk matproduksjon og andre landbaserte næringar har landbruksnæringa, i likskap med andre næringar, behov for kunnskap og kompetanse. Det er difor viktig å leggje til rette for eit godt og fleksibelt opplærings- og utdanningssystem i landbruket. Det er vidare avgjerande for landbruket å ha eit godt omdømme i det norske samfunnet som blir halde ved lag over tid. Landbruket som heilskap og den enkelte næringsutøvararen er dei viktigaste og beste ambasadørane for rekruttering til næringa.

Ei økologisk berekraftig reindrift

Reindriften er ei urfolksnæring som er unik i både nasjonal og internasjonal samanheng, og som er ein viktig eksponent for samisk kultur og levesett. Reindriften er òg ein forvaltar av ein sentral nasjonal og samisk kulturarv. Det er ei politisk målsetjing å vidareføre og styrkje arbeidet med å utvikle

reindriftsnæringa som ei rasjonell og marknadorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. I tråd med regjeringa si politiske plattform skal tiltak som legg til rette for ei økologisk berekraftig reindrift prioriterast. Sjølv om innrapporterte tal viser at ein no har eit reintal tilnærma det som er fastsett i bruksreglane, er det likevel nødvendig å halde fram arbeidet slik at reintalet held seg på eit berekraftig nivå. Kontroll av reintalet og tiltak som sikrar eit stabilt reintal, har difor høgaste prioritet òg i 2018.

Auka verdiskaping

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

Regjeringa prioriterer dei marknadsbaserte produksjonsmoglegheitene. Gjennom jordbruksoppgjera er verkemidla for å stimulere område med underdekning av norske produkt styrkte. Regjeringa har no prioritert å stimulere til ein auke i produksjonen av storfekjøtt, korn og grønsaker der det er eit stort potensial for større norsk produksjon.

Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat med ei jamnare maktfordeling

Jordbruket skal vere ei effektiv næring som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek omsyn til ein stadig meir krevjande nasjonal og internasjonal marknad. Regjeringa har lagt til rette for at næringa kan utvikle seg og få styrkt konkurransekraft gjennom ein enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og meir marknadsretting av produksjonen.

Ei effektiv og lønsam utnytting av gardens samla ressursar

Regjeringa arbeider for at det samla ressursgrunnlaget til landbrukseigedommen skal utnytast betre, og vil stimulere til auka vekst og verdiskaping innan andre landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt landbruk. Regjeringa har sett av betydelege midlar over jordbruksavtalen og gjennomført fleire forenklingar i regelverket for å stimulere til ei positiv utvikling. Ein eigen strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar blei ferdigstilt våren 2017, og skal bidra til ein meir strategisk og målretta innsats på området.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Det er eit stort potensial for auka verdiskaping knytt til lokalmat. Det er eit stort engasjement både lokalt og regionalt for å utnytte dette potensialet enda betre. Fleire regionar har difor utforma egne matmanifest og planar for oppfølging av desse. Regjeringa vil ta grep for å samle desse initiativa for å synleggjere mangfaldet og konkretisere kva matnasjonen Noreg er og kan bli. I dette arbeidet vil regjeringa trekkje veksling på innspel frå ei samla matnæring, inkludert mellom anna råvareprodusentar, industrien, lokalmataktørar, kokkar og reiselivet.

Leggje til rette for bondens inntekter og evne til å investere i garden

Utviklinga med større jordbruksbedrifter, høgare produktivitet og bruk av ny teknologi krev auka investeringar. Nye krav til dyrevelferd, irekna krav om lausdriftsfjøs, gir eit særskild investeringsbehov innan mjølk- og storfeproduksjon. Regjeringa har prioritert midlar til både investering og bedriftsutvikling i dei siste års jordbruksoppgjær. Verkemidla bidreg til å redusere risikoen og betre kapitaltilgangen ved investeringane. Samla verkemiddelbruk overfor jordbruket og stabile rammevilkår vil vere grunnleggjande føresetnader for at det blir investert i næringa. Avgjerda om investering må gjerast av den enkelte næringsutøvar som sjølv er den som svarar for gjelda. Det er difor viktig at investeringsverkemidla er retta inn mot lønnsame investeringar.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruk og trebasert industri er viktig både som næring og som bidrag til å løyse klimautfordringane. Skog- og trenæringa har potensial til å gi enda større positive nærings-, miljø- og klimabidrag enn i dag. Det er ein ambisjon at mest mogleg av tømmeret blir vidareforedla i Noreg, der dette er lønsamt. Noreg er langt framme når det gjeld innovativ bruk av tre, mellom anna i bruer og i bygningar. Regjeringa vil leggje til rette for dette gjennom gode generelle rammevilkår for næringslivet, mellom anna gjennom satsing på infrastruktur, forskning og utvikling og lågare skatter og avgifter. Ei vidareutvikling av infrastrukturen i skogbruket vil gjere det enklare for dei næringsdrivande å avverke tømmer og plante ny skog.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Redusert forureining frå landbruket

Reduksjon av vassforureininga (avrenning av næringsstoff og plantevernmidde) er viktig for at vatn skal oppnå god, økologisk tilstand. Konsentrasjonar og tap av næringsstoff frå jordbruksareal varierer mykje frå år til år grunna variasjonar i nedbør, temperatur og jordbruksdrifta. Åkerareal utan vernande plantedekke haust og vinter gir større risiko for erosjon. Årlege tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten er difor eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere vassforureininga frå jordbruket. Innsatsen er størst der enkelte vassførekomstar har eller har hatt dårleg tilstand, slik som i Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og lagring av karbon og gode klimatilpassingar

Regjeringa vil føre ein offensiv klimapolitikk og forsterke klimaforliket. Landbruket er opphav til utslepp av klimagassar, men gir samstundes positive bidrag til klimaarbeidet gjennom lagring av karbon i skog og jord.

Jordbruket sitt utslepp av klimagassar var i 2015 på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,3 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppet frå jordbruket er redusert med 5,3 pst. frå 1990 til 2015. Samstundes var det ein auke i dei nasjonale utsleppa samla sett. Det er behov for meir kunnskap om jordbruket sine moglegheiter til å redusere klimagassutsleppa sine, om potensialet til lagring av karbon i jord, og korleis ein kan tilpasse seg eit klima i endring. Det er difor viktig at ein i det vidare arbeidet vektlegg at produksjon av mat skal skje med lågast moglege klimagassutslepp per produsert eining. Arbeidet med utsleppsreducerande tiltak i jordbruket vil bli vidareført i 2018.

Regjeringa vil i 2018 halde fram med klimatil- tak i skogsektoren og generelt leggje større vekt på klimapolitiske mål i forvaltninga av norske skogar. Auka aktivitet i skogbruket og tilrettelegging for auka bruk av fornybart skogråstoff som kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar er element i dette.

Klimaendringane vil endre føresetnadene for planteproduksjon både i Noreg og globalt. God til- passing til eit klima i endring blir viktig for å bli mindre sårbar og for å utnytte moglegheitene som følgjer med klimaendringane.

Klimaframskrivingane viser at det kan bli auka skogbrannfare og at skogen kan bli meir utsett for skadegjerarar i form av sopp, insekt med vidare. Samstundes vil klimaendringane innebere at skogen veks betre. Dette gir grunnlag for auka skog- produksjon og auka avverking over tid, noko som kan gi viktige bidrag til bioøkonomien.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbrukets areal og ressursgrunnlag

Rett bruk av og vern om arealressursane er viktig for å oppnå målet om auka matproduksjon. Både mengda av og kvaliteten på jorda er avgjerande for matproduksjonen. Det er difor viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov. Stortinget har fastsett det årlege målet for omdisponeringa av dyrka jord til under 4 000 dekar, og bedt regjeringa om at målet blir nådd gradvis innan 2020. Regjeringa har laga ein eigen strategi for å nå målet. Strategien blei handsama av Stortinget i 2015.

Regjeringa sitt arbeid for ei meir lønsam land- bruksnæring med auka matproduksjon og styrkt eigedomsrett er òg retta inn mot å halde omdisponeringa av dyrka mark på eit lågt nivå.

Klimaendringar og press på ressursgrunnla- get utgjør eit trugsmål mot målet om auka matpro- duksjon. Desse utfordringane krev gode tilpassin- gar i landbruket. Dei genetiske ressursane hos husdyr og matvekstar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon. God forvaltning av dei genetiske ressursane gjen- nom bruk og vern er viktig for god måloppnåing i landbruket.

Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Jordbrukslandskapet, med sitt mangfald og kom- binasjon av natur- og kulturverdiar, er ein karakte- ristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Varia- sjonen i kulturlandskapet må haldast ved like, og ei målretta forvaltning kan bidra til målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksav- talen skal bidra til å halde det biologiske mangfal- det og kulturminna i kulturlandskapet ved lag. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar land- skapsverdiene i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan liggje til grunn for ei god for- valtning.

Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Ei enkel og brukarvennleg forvaltning med god kvalitet

Landbruks- og matforvaltninga skal vere effektiv, brukarvennleg og kjenneteikna av god kvalitet i alle ledd. For å oppnå dette krev det at heile forvaltninga har stor merksemd på å gjere forbetringar og å effektivisere prosessar i lys av utviklinga i samfunnet og nye krav. Dei siste åra har større omorganiseringar vore gjennomførte i landbruks- og matforvaltninga, og talet på tilsette er redusert. Gevinstane skal mellom anna nyttast til å betre tenestene til innbyggjarar og næringsdrivande. Digitalisering av offentlege tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å effektivisere, og å nå målet om ei enkel og brukarvennleg forvaltning. Verksemdene under Landbruks- og matdepartementet utfører omfattande arbeid for å digitalisere tenester retta mot næringsliv, innbyggjarar og anna offentleg forvaltning. Effektivisering gjennom digitalisering skjer innanfor eit breitt spekter av fagområde, men òg administrativt, der fleire av verksemdene gjennomfører digitaliseringstiltak for å betre økonomistyring, budsjett og rekneskap.

Gode system for samfunnstryggleik og beredskap

Landbruks- og matdepartementets ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor er hovudsakleg knytt til matproduksjon og mattryggleik. Departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap skal vere sporbart og integrert i planverk, styringssystem og i styringsdialogen med underliggjande verksemdar. Viktige element i arbeidet er å sikre personell og kritisk infrastruktur på best mogleg vis, slik at departementet og underliggjande verksemdar i størst mogleg grad kan drive verksemda vidare, uavhengig av uønskte hendingar og kriser.

Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde

For å nå dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla må løyvingane til forsking, innovasjon og kompetanse vere mest mogleg målretta. Samstundes er det viktig at resultatane frå forskinga er tilgjengeleg for næring og forvaltning, og at instituttsektoren er effektiv og solid og har eit godt samspel med andre.

Forsking, innovasjon og teknologiutvikling skal danne grunnlag for effektiv og berekraftig produksjon og utnytting av fornybare biologiske ressursar. Tett kopling mellom forsking og næringsliv vil vere sentralt for å utnytte potensialet. Tilsvarande vil internasjonalt forskingssamarbeid vere viktig for å heve kvaliteten i forskinga. Landbruks- og matforskinga må følgjast opp med målretta formidling slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ta kunnskapen i bruk. For å lukkast med dette er det nødvendig å sikre eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i landbruks- og matnæringa.

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å sikre eit aktivt landbruk, verdiskaping og busetjing i heile landet.

Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

Utviklinga i norsk landbruk og matindustri heng nøye saman med utviklinga internasjonalt. Det er ei rekkje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar blir fornya med jamne mellomrom. Noreg har i fleire av desse særskilte nasjonale interesser som må inkluderas i avtaleverket, mellom anna med basis i naturgitte forhold, kostnadsnivå og nasjonale landbruks- og matpolitiske mål.

WTO-regelverket, inkludert landbruksavtalen, legg rammer for utforminga av verkemidla i landbrukspolitikken. Vidare legg EØS-avtalen klare føringar på regelverket for mat og innsatsfaktorar i Noreg. Det norske regelverket er harmonisert med regelverket i EU på matområdet. Regjeringa legg vekt på å vareta norske interesser ved å bidra tidlegare i prosessar og politikktutforming i EU enn dei formelle og uformelle foruma EØS-avtalen gir tilgang til. Regjeringa vil innanfor gitte rammer for landbrukspolitikken arbeide for ein friare handel med landbruksvarer. Arbeidet med multilaterale avtalar gjennom Verdas handelsorganisasjon (WTO) og innanfor EØS-avtalen vil bli prioritert.

Noreg deltek òg i ei rekkje andre internasjonale forum på landbruks- og matområdet, både globale og regionale, og både innanfor og utanfor FN-systemet. Departementet deltek aktivt i desse, mellom anna for å bidra til berekraftig utvikling, global matsikkerheit, berekraftig skogforvaltning, bevaring av genetiske ressursar, styrking av landbruket og bønder si stilling i den tredje verda og auka handel mellom land.

1.4 Hovudtrekk ved budsjettframlegget

Nemning	mill. kr		
	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
<i>Programområde 15 Landbruk og mat</i>			
15.00 Administrasjon m.m.	167,2	168,8	1,0
15.10 Matpolitikk	1 461,2	1 463,9	0,2
15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	837,9	841,3	0,4
15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	15 567,9	16 025,3	2,9
Sum Landbruks- og matdepartementet	18 034,1	18 499,4	2,6

Hovudprioriteringar i budsjettforslaget for Landbruks- og matdepartementet:

- auka matproduksjon
- forsking på mogleggjerande teknologiar

Den største delen av auken i framlegget frå regjeringa er knytt til jordbruksavtalen.

Innretninga av verkemidla over jordbruksavtalen skal leggje til rette for auka matproduksjon. Løyvingar som følgjer av jordbruksavtalen utgjer en vesentleg del av budsjettet under Landbruks- og matdepartementet. Årets avtale gir grunnlag for ein inntektsvekst for jordbruket på 4,5 pst. per årsverk. Løyvingane er foreslått auka med 528,1 mill. kroner, av dette 377,1 mill. kroner som følgje av jordbruksoppgjering og resten som følgje av kvantumsjusteringar. Kvantumsjusteringane kjem særleg av auka anslag for produksjon av korn og kjøtt.

Det kan vere stort potensial for verdiskaping gjennom vidareutvikling og bruk av bioteknologi

og andre mogleggjerande teknologiar. Som ei oppfølging av regjeringa sin bioøkonomistrategien, gjer regjeringa framlegg om å auke forskingsløyvingane på desse områda med 10 mill. kroner over Landbruks- og matdepartementets budsjett.

Regjeringa foreslår òg å vidareføre innsatsen mot utvikling av antibiotikaresistente bakteriar og tiltak mot Chronic Wasting Disease (CWD) hos hjortedyr.

Regjeringa foreslår òg å avvikle ordninga med støtte til organisasjonar innanfor det landbruks- og matpolitiske området. Ordninga har i stor grad vore ein vidareføring av støtte til dei same organisasjonane. Dette har gitt mindre rom for nye organisasjonar for å få støtte, og ordninga har dermed ikkje bidrege til eit større mangfald av organisasjonar og meir frivilligheit.

Regjeringa legg til grunn effektiviseringstiltak i Landbruksdirektoratet og Mattilsynet ut over den generelle avbyråkratisering- og effektiviseringsreforma.

1.5 Oversiktstabellar

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
01–24	Driftsutgifter	1 645 518	1 771 947	1 768 126	-0,2
30–49	Investeringar	32 894	3 992	4 032	1,0
50–59	Overføringar til andre statsrekneskap	2 050 000	2 113 492	2 095 219	-0,9
60–69	Overføringar til kommunesektoren	138 845	142 664	146 373	2,6
70–89	Overføringar til private	13 886 719	14 002 051	14 485 624	3,5
	Sum under departementet	17 753 976	18 034 146	18 499 374	2,6

Utgifter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
15.00	Administrasjon m.m.	196 121	167 200	168 846
15.10	Matpolitikk	1 334 864	1 461 185	1 463 879
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	673 497	837 852	841 341
15.30	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	15 549 494	15 567 909	16 025 308
	Sum programområde 15	17 753 976	18 034 146	18 499 374

Inntekter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
15.00	Administrasjon m.m.	1 080	1 027	1 046
15.10	Matpolitikk	159 221	199 007	201 973
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	19 775	20 286	20 643
15.30	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak	213 982	351 374	227 279
15.40	Forretningsdrift	14 053	18 060	26 630
	Sum programområde 15	408 111	589 754	477 571

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
Administrasjon m.m.					
1100	Landbruks- og matdepartementet	196 121	167 200	168 846	1,0
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>196 121</i>	<i>167 200</i>	<i>168 846</i>	<i>1,0</i>
Matpolitikk					
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	94 327	95 661	97 252	1,7
1115	Mattilsynet	1 240 537	1 365 524	1 366 627	0,1
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 334 864</i>	<i>1 461 185</i>	<i>1 463 879</i>	<i>0,2</i>
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling					
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	227 448	227 979	235 921	3,5
1137	Forskning og innovasjon	446 049	609 873	605 420	-0,7
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>673 497</i>	<i>837 852</i>	<i>841 341</i>	<i>0,4</i>
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak					
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	37 779	36 760	8 336	-77,3
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	20 356	25 519	24 596	-3,6
1142	Landbruksdirektoratet	483 768	459 082	440 549	-4,0
1144	Regionale og lokale tiltak i landbruket	6 639			
1148	Naturskade - erstatningar	135 822	169 000	156 000	-7,7
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	131 292	158 817	144 729	-8,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	14 591 451	14 579 932	15 107 993	3,6
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	118 016	114 500	118 600	3,6
1161	Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	24 371	24 299	24 505	0,8
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>15 549 494</i>	<i>15 567 909</i>	<i>16 025 308</i>	<i>2,9</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>17 753 976</i>	<i>18 034 146</i>	<i>18 499 374</i>	<i>2,6</i>

Inntekter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
Administrasjon m.m.					
4100	Landbruks- og matdepartementet	1 080	1 027	1 046	1,9
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>1 080</i>	<i>1 027</i>	<i>1 046</i>	<i>1,9</i>
Matpolitikk					
4115	Mattilsynet	159 221	199 007	201 973	1,5
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>159 221</i>	<i>199 007</i>	<i>201 973</i>	<i>1,5</i>
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling					
4136	Kunnskapsutvikling m.m.	19 775	20 286	20 643	1,8
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>19 775</i>	<i>20 286</i>	<i>20 643</i>	<i>1,8</i>
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak					
4142	Landbruksdirektoratet	47 082	41 374	42 279	2,2
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	67			
4162	Statskog SF - forvaltning av statleg eigarskap	25 000	25 000	25 000	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	141 833	285 000	160 000	-43,9
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>213 982</i>	<i>351 374</i>	<i>227 279</i>	<i>-35,3</i>
Forretningsdrift					
5652	Statskog SF - renter og utbytte	14 053	18 060	26 630	47,5
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>14 053</i>	<i>18 060</i>	<i>26 630</i>	<i>47,5</i>
<i>Sum inntekter</i>		<i>408 111</i>	<i>589 754</i>	<i>477 571</i>	<i>-19,0</i>

1.6 Oppmodingsvedtak

Tabell 1.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Omtalt side
2015–2016	140	Omdisponeringsmål	79
2015–2016	141	Jordvern	80
2015–2016	510	Mangfald av pollinerande insekt	39
2016–2017	57	Langsiktige investeringar i landbruket	81
2016–2017	108	Forslag om forbod mot dyrking av myr	81
2016–2017	108	Vidareføring av tilskottsordning for organisasjonar	81
2016–2017	290	Innskottskapital i Staur gård AS	32
2016–2017	422	Matkastelov	39
2016–2017	424	Tiltak mot kasting av fullverdige matvarer	40
2016–2017	427	Berekraftig utvikling for pelsnæringa	40
2016–2017	428	Forbod mot gruppehald av mink	40
2016–2017	443	Offentleg geografisk miljø- og ressursinformasjon	81
2016–2017	445	Etterspørsel etter grønne trebaserte produkt	81
2016–2017	448	Forsking, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa	55
2016–2017	449	Beredskapsplanar i skogbruket	82
2016–2017	525	Import av gatehundar til Noreg	40
2016–2017	526	Obligatorisk ID-merking av hundar	40
2016–2017	837	Fjelloven i Nordland og Troms	82
2016–2017	878	Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta	82
2016–2017	962	Nye forhandlingar om jordbruksavtale	82
2016–2017	966	Merkeordning for samanlikning av produkt frå ulike land	41
2016–2017	968	Kompenserande tiltak ved utfasing av eksportsubsidiar	83

1.7 Bruk av stikkordet «kan overførast»

Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet foreslått knytt til desse postane utanom postgruppe 30–49

Kap.	Post	Nemning	(i 1 000 kr)	
			Overført til 2017	Forslag 2018
1100	21	Spesielle driftsutgifter	3 353	2 555
1137	70	Innovasjonsaktivitet mv.	3 777	8 375
1137	71	Bioøkonomiordninga		2 832
1138	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar	921	1 268
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	4 903	24 596
1142	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	8 300	4 460
1142	80	Radioaktivitetstiltak	1 553	500
1148	22	Naturskade, administrasjon	1 859	
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	3 281	92 300
1149	72	Tilskott til trebaserte innovasjonsprogram	41 180	
1149	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak	20 152	48 899
1150	21	Spesielle driftsutgifter	3 237	17 500
1150	70	Marknadsregulering	4 161	317 809
1150	74	Direkte tilskott	16 887	8 361 247
1150	77	Utviklingstiltak	7 604	256 880
1150	78	Velferdsordningar	46 980	1 504 800
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	1 556	76 700
1151	79	Velferdsordningar	173	2 600

Del II
Budsjettframlegg

2 Nærare omtale av løyvingsforslaga

Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1100	Landbruks- og matdepartementet	196 121	167 200	168 846	1,0
	Sum kategori 15.00	196 121	167 200	168 846	1,0

Inntekter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4100	Landbruks- og matdepartementet	1 080	1 027	1 046	1,9
	Sum kategori 15.00	1 080	1 027	1 046	1,9

Mål og strategiar

Departementet sitt ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringer. Landbruks- og matdepartementet har som tverrgåande mål at forvaltninga skal vere effektiv, tilby enkle og brukarvennlege løysingar og vere kjenneteikna av å ha god kvalitet, jf. òg omtale av justert målstruktur for landbrukspolitikken i del 1 og til målet om ei effektiv landbruks- og matforvaltning i del 3.

Prioriteringar

Regjeringa innførte i 2015 ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Kravet om mindre

byråkrati og ein meir kostnadseffektiv bruk av statlege midlar vil gjelde det meste av statleg forvaltning, også landbruks- og matforvaltninga. Resultatet av ei meir effektiv statleg drift skapar handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet, som igjen gagnar samfunnet. Arbeidet med forenkling av byråkratiske prosessar og oppgåver, som har som mål å gi effektive ringverknader og reduserte samla kostnader for samfunnet, vil difor ha høg prioritet òg i 2018. I tillegg vil viktige prioriteringar for departementet på det administrative området vere å vidareføre arbeidet med å utvikle god styring av underliggjande verksemdar og vidareføre arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Sjå òg omtale av prioriteringane på dei ulike fagområda under dei respektive budsjettkapitla i proposisjonen og i del 4 under overskrifta *Fornye, forenkle og forbetre*.

Oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 290, 16. desember 2016 (2016–2017)

«Forpliktelsene til selskapet Staur gård AS håndteres ved å skyte inn egenkapital finansiert over kap. 1100 post 45. Dersom salg av gården blir aktuelt, fremmes en egen sak om dette for Stortinget.»

Vedtaket blei fatta i samband med handsaminga av Prop. 19 S (2016–2017) *Endringar i statsbudsjettet under Landbruks- og matdepartementet m.m.*

Ernst & Young AS utarbeidde på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet ein vurdering av finansiering og egenkapitalbehov. På bakgrunn av råda i rapporten blei det i ekstraordinær generalforsamling 29.3.2017 skote inn 8 mill. kroner, av dette 7,985 mill. kroner som overkurs. Midlane blir, i tråd med vedtaket, ført over kap. 1100, post 45. Departementet har med dette følgd opp vedtaket.

Det finst per i dag ingen planar om avhending av egedommen.

Jf. òg omtale under programkategori 15.40 Forretningsdrift.

Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	148 045	162 676	163 279
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	2 015	1 542	2 555
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	27 274	2 693	2 720
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	18 787	289	292
	Sum kap. 1100	196 121	167 200	168 846

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken innan områda mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren og nye landbruksbaserte næringar. Posten skal dekkje løn og driftsutgifter i departementet. Dei tilsette utgjer den viktigaste ressursen for departementet, og det blir lagt stor vekt på at dei har god samfunnsforståing, samarbeidsevne, effektivitet i oppgåveløysinga og høg fagleg kompetanse.

Rapportering 2016

Det blei nytta om lag 148 mill. kroner til drift av Landbruks- og matdepartementet i 2016. Om lag 72 pst. av løyvinga blei nytta til løn, mens resten blei nytta til husleige, inventar, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kurs og konferanseverksemd

og tiltak for kompetanseutvikling. Departementet hadde 139 årsverk per 1.1.2017.

Departementet hadde ein lærling i kontorlag for perioden 2015–17.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 163,3 mill. kroner til drift av departementet. I samband med etableringa av den nye sivile klareringsmyndigheita, er det overført 128 000 kroner til kap. 453, post 01 under Justis- og beredskapsdepartementet, jf. deira Prop. 1 S (2017–2018).

Departementet har teke inn ein lærling i kontorlag for perioden 2017–2019.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Formål med løyvinga

Midlane på posten blir nytta til godtgjering til utgreiingsutval og andre særskilde prosjektrela-

terte kostnader i Landbruks- og matdepartementet.

Rapportering 2016

Det blei nytta om lag 2,0 mill. kroner i 2016, mellom anna til Lovutvalet for statsallmenningane, eksterne kostnader knytte til Meld. St. 8 (2016–2017) *Pelsdyrnæringen*, prosjekt om mat for eldre, og ei utgreiing om framtidig organisering og finansiering av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) sin aktivitet på Svanhovd i Sør-Varanger kommune.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,555 mill. kroner for 2018. Midlane på posten skal nyttast til særskilde prosjekt og utgreiingar, mellom anna knytt til Lovutvalet for statsallmenningar og verddivurdering av Statskog SF og prosjekt knytt til *Gylne måltidsaugeblink*, jf. kat 15.10.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan

Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til finansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinære utgifter i departementet, ved eigedommane til departementet og til delvis dekking av tilsvarende utgifter ved dei ordinære forvaltningsorganane under departementet. Løyvinga kan òg nyttast til utgifter i samband med sal og taksering av eigedommar. I samband med opprettinga av NIBIO vedtok departementet ein regional struktur for instituttet som skil seg noko frå strukturen dei enkelte institutta har hatt tidlegare. Det kan difor bli aktuelt å avhende heile eller delar av eigedommar som departementet står som eigar av. Utgifter til arbeid med dette kan òg førast over posten.

Rapportering 2016

I 2016 blei det nytta om lag 27,3 mill. kroner til større utstyrskjøp og vedlikehald. Av desse blei 20 mill. kroner nytta til viktige investeringar for utvikling på IKT-området i NIBIO. Investeringane omfattar både sjølvne IKT-plattformar i verksemda,

og investeringar knytte til administrative støtte-system. På dette området står utvikling av løn og rekneskapssystem og arkivssystem for dei største utgiftene. Det er òg nytta midlar over posten til mellom anna vedlikehald av departementets eigedommar i Sikkilsdalen i Nord-Fron kommune og Staur i Stange kommune, og til omstilling ved Norsk senter for økologisk landbruk i Tingvoll.

Budsjettframlegg 2018

Departementet vil gjennomføre nødvendig opprusting og reparasjonar ved ulike eigedommar som det har ansvar for. Departementet gjer framlegg om ei løyving over posten på 2,720 mill. kroner. Posten blir sett i samband med, og kan nyttast under, post 50.

Det kan òg i 2017 bli aktuelt med sal av eigedom under departementet, jf. forslag til vedtak V. Departementet gjer difor framlegg om at unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten. Eventuelle inntekter frå sal av eigedommar kan òg nyttast til å dekkje større utgifter som følgje av omorganiseringar i ytre etatar og institutt.

Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Formål med løyvinga

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald i dei nettobudsjetterte institutta under departementet.

Rapportering 2016

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2016 blei det løyvd 18,5 mill. kroner til forsøksveksthus ved NIBIOs forskingsstasjon på Særheim i Klepp. Instituttet tek sikte på at veksthuset blir ferdigstilt tidlig i 2018. Resten av løyvinga blei nytta til energimerking av bygningar som NIBIO leiger av departementet.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 292 000 kroner over posten i 2018.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Refusjonar m.m.	193	117	120
30	Husleige	887	910	926
	Sum kap. 4100	1 080	1 027	1 046

Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet	94 327	95 661	97 252	1,7
1115	Mattilsynet	1 240 537	1 365 524	1 366 627	0,1

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4115	Mattilsynet	159 221	199 007	201 973	1,5
	Sum kategori 15.10	159 221	199 007	201 973	1,5

Mål og strategiar

Budsjettframlegget omfattar Mattilsynet og grunnløyvinga til oppgåver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet. Sjå òg Prop. 1 S (2017–2018) frå Nærings- og fiskeridepartementet for nærare omtale av Veterinærinstituttet. Budsjettframlegget er viktig for arbeidet med å nå matpolitiske mål og skal særleg bidra til å nå måla i matlova, dyrevelferdslova og dyrehelsepersonellova. Ein del av desse måla har ikkje direkte samanheng med matproduksjon. Framlegget omfattar i tillegg Mattilsynets arbeid for å nå måla i kosmetikklova, husdyravlslova og planteforedlarlova.

Det faglege ansvaret på matområdet er delt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Regjeringa sin matpolitikk dekkjer heile matproduksjonskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet skil seg difor noko frå måla for landbruks- og matpolitikken slik dei er omtalte i andre kapittel i denne budsjettproposisjonen.

Hovudmåla på det matpolitiske området er:

- å sikre trygg mat og trygt drikkevann
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Andre viktige omsyn er:

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Regjeringa legg vekt på at maten skal vere trygg og tilfredsstillende ønske og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og lovfesta matinformasjon som er rett, relevant og lett tilgjengeleg, er viktige føresetnader for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val, setje saman eit sunt kosthald og utøve makt i matmarknaden.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og tilsyn, blir fastsette og utøvde på ein slik måte at ein ikkje skaper konkurransevridingar, samstundes

som verksemdene må kunne nytte den fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid. Handelen må skje i samsvar med internasjonale avtalar og basert på internasjonale standardar. Dette er viktig for å sikre at varene vi importerer, er trygge og møter krava til forbrukarane og for å fremje god plante- og dyrehelse. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande på overvaking, risikovurderingar og forskning, særleg når det gjeld sjømat og fiskehelse. Aktiv norsk deltaking i internasjonale forum er nødvendig, både for å påverke innhaldet i standardar og regelverk og for å utveksle og utvikle kunnskap og erfaring.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet, mellom anna i Codex Alimentarius Commission, FNs organisasjon for matvarestandardar under FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdas helseorganisasjon (WHO), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagt til grunn i avtaleverket om mattryggleik, helse og miljø under Verdas handelsorganisasjon (WTO) (SPS-avtalen og TBT-avtalen). Desse avtalane legg òg premissar for regelverket i EU/EØS.

Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. EØS-avtalen er basert på at regelverket i EU og Noreg så raskt som mogleg skal vere det same. Effektive og gode EØS-rutinar er difor svært viktige. Regjeringa legg vekt på ein open og aktiv europapolitik med tidleg involvering av interessentane, tydelege posisjonar og målretta innsats i dei fasane av den til ei kvar tid pågåande regelverksutviklinga der EØS-avtalen gir Noreg best tilgang. For større eller viktige rammerettsakter som blir handsama i Europaparlamentet eller Rådet, blir det lagt vekt på påverknad opp mot desse organa.

Mattilsynet er den sentrale norske myndighetsaktøren i gjennomføringa av matpolitikken. Oppgåvene omfattar regelverksutvikling, tilsyn, rettleiing, kartlegging og overvaking i heile matproduksjonskjeda, frå innsatsvarer og primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane.

God kunnskap og vitenskapleg dokumentasjon er avgjerande for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet utfører Vitskapskomiteen for mattryggleik (VKM) uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet

og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med European Food Safety Authority (EFSA). Sjå òg Prop. 1 S (2017–2018) for Helse- og omsorgsdepartementet kap. 745.

Kunnskapsstøtte frå institusjonar som Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Folkehelseinstituttet, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning og Veterinærinstituttet er viktig for at forvaltninga er godt fagleg og vitenskapleg fundert.

Prioriteringar

Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevatn

Situasjonen i Noreg god samanlikna med andre land når det gjeld forekomst av matboren sjukdom. Dette kjem mellom anna av at forekomsten av smittestoff i mat og hos husdyr er relativt låg. Dette er nærare omtalt i kap. 1115 og i del 3. Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, er det nødvendig med kontinuerleg arbeid for å halde den ved like.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge, anten dei er framstilte i Noreg eller er importerte. Regelverket og tilsynet skal leggast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda bidreg til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det viktig å redusere risikoen for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsatsvarer, mat eller drikkevatn.

Det er behov for kontinuerleg arbeid frå verksemdene for å halde oppe og sikre god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Verksemdar som produserer og omset innsatsvarer og mat, varierer mykje i storleik og karakter.

Effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar i verksemdar som framstiller lett forderveleg mat eller som handterer mat som ikkje er innpakka, er særleg viktig. Det er framleis grunn til å ha stor merksemd på dei hygieniske forholda i omsetnadsledda og i serveringsnæringa. Tilsyn med serveringsverksemdar er frå 2016 utført som såkalla smilefjestilsyn. Dette er ein enskapeleg måte å føre tilsyn på i heile landet samstundes som det gir kundane opplysning om dei hygieniske forholda ved staden.

Kvaliteten på drikkevatnet i Noreg er generelt god, men mange vassforsyningssystem er sårbare på grunn av gammalt leidningsnett som er utsett for lekkasjar. Ny drikkevassforskrift med tydelegare krav om vedlikehald av leidningsnettet tok til å gjelde 1.1.2017. Forskrifta stiller dessutan skjerpa krav til førebyggjande sikring, beredskap og kompetanse og konkrete tiltak for å betre tryggleiken

ved små vassverk. I mange tilfelle er det behov for auka innsats frå vassverka for å sikre trygg vassforsyning i framtida, ikkje minst ved å auke utskiftingstakten for gamle vassrøyr. I 2017 blei det oppretta ei døgnopen rådgivingsteneste for dei vassverka som treng råd ved akutte hendingar. Ordninga er kalla Nasjonal vassvakt og har sekretariat ved Folkehelseinstituttet. Både ny drikkevassforskrift og Nasjonal vassvakt er oppfølging av Nasjonale mål for vatn og helse som regjeringa fastsette i 2014.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhangen mellom sjukdom hos dyr og menneske. Tal frå WHO viser at om lag 75 pst. av nye eller kjente infeksjonar som har vore i vekst hos menneske dei siste 30 åra, kjem av smittestoff frå dyr. Å halde oppe den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er viktig både for mattryggleiken og for god helsetilstand i landet.

Overvaking av inntaket av framandstoff og næringsstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderingar. For å kunne overvake inntaket må ein ha kunnskap om kor mykje folk bruker av ulike matvarer og om innhaldet av framandstoff og næringsstoff i matvarene. Mattilsynet samarbeider med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å oppdatere eksisterande inntaksdata. I dette samarbeidet blir Matvaredatabasen med opplysningar om innhald av næringsstoff og framandstoff i matvarer utvida og betra kontinuerleg. Det er òg viktig med kunnskap om innhaldet av framandstoff i innsatsvarer og råvarer, og om det er miljøforureining i vatn eller jordsmonn som kan påverke innhaldet i fisk, dyr og planter.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn Ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) for Helse- og omsorgsdepartementet og ligg i hovudsak under Helsedirektoratet. Mattilsynet har òg ei viktig rolle, særleg når det gjeld merking av næringsinnhald, ernærings- og helsepåstandar og frivillig sunnheitsmerking. Den nordiske ordninga med frivillig sunnheitsmerking av mat, *Nøkkelholet*, gir forbrukarane eit større tilbod av, og betre informasjon om, matvarer som kan bidra til sunnare kosthald.

Merking av mat er viktig for at forbrukarane skal få rett informasjon om matvarene, mellom anna om kva dei inneheld, korleis dei skal handterast, kvar dei kjem frå og kor mykje næring dei gir.

Merking av mat er i hovudsak regulert i matinformasjonsforskrifta. Departementa vil arbeide

vidare opp mot EU med sikte på at reglane i matinformasjonsforordninga om merking av ingrediensar og næringsinnhald òg skal gjelde for alkoholhaldige drikkevarer. Mattilsynet følgjer òg utviklinga i EU tett på området for opphavsmerking på tilarbeidde kjøttprodukt og meieriprodukt.

Hausten 2016 underteikna delar av matbransjen ein intensjonsavtale med helsestyresmaktene der det er sett konkrete mål om reduksjon av salt, metta fett og sukker i matvarer og mål om å auke inntaket av frukt, bær, grove kornvarer og fisk. Over 70 aktørar er til no tilknytte denne intensjonsavtalen og oppfølginga av den.

Interessa veks for lokal mat og matprodukt med særpreg. Regjeringa legg vekt på å leggje til rette for slik produksjon, jf. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*.

Matdepartementa legg vekt på å bidra i utviklinga av regelverk i EU, slik at ein får minst mogleg innblanding av genmodifiserte organismar (GMO) i tradisjonelt GMO-frie innsatsvarer. Mellom anna blir det arbeid for ei nullgrense når det gjeld innblanding i såfrø.

Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Det er viktig med god overvaking og høg beredskap mot mange plante- og dyresjukdommar, planteskadegjerarar og sjukdommar som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar). Noreg har generelt god plantehelse, men aukande import av planter og plantemateriale kan auke risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og skadegjerarar.

Chronic Wasting Disease (CWD) er ein prion-sjukdom hos hjortedyr som i 2016 blei påvist hos villrein og elg i Noreg. Sjukdommen har på norsk fått namnet skrantesjuka. Hjortedyra døyr av sjukdommen. CWD har vore kjent i Nord-Amerika i nærare 50 år. Overføring av sjukdommen til menneske er aldri påvist. På grunnlag av eintydige faglege råd frå VKM, Veterinærinstituttet og Mattilsynet, har Landbruks- og matdepartementet slutta seg til at villreinstammen i Nordfjella sone 1, skal takast ut. Det blir lagt opp til at mest mogleg av uttaket skal skje ved ordinær jakt. Etter dette vil det bli gjennomført uttak i statleg regi. Planen er at uttaket skal vere avslutta 1.5.2018. Etter uttaket vil ein byggje opp igjen ein villreinstamme så fort det er mogleg ut frå smitteomsyn. Det vil samstundes bli gjennomført prøvetaking for å få best mogleg oversikt over om smitten finst i andre villreinflokkar eller anna hjortevilt. Om det skulle vere slik, vil det bli gjort ei ny vurdering av tiltaka. Arbeidet skjer i samarbeid mellom anna med

jegerar, aktuelle kommunar, miljøstyresmaktene og Veterinærinstituttet.

Feil bruk av antibiotika til folk og dyr har ført til ein vesentleg auke av motstandsdyktige bakteriar som no utgjer eit alvorleg globalt helsetrugs-mål. Regjeringa har stor merksemd på området og har mellom anna utarbeidd ein tverrsektoriell nasjonal strategi mot antibiotikaresistens for perioden 2015–2020. Strategien har særleg merksemd på redusert bruk av antibiotika, rett bruk av antibiotika og utvikling av kunnskap. Aktiv deltaking i internasjonale forum er viktig for å bidra til betre tilgang til antibiotika og ansvarleg bruk og for utvikling av nye antibiotika, vaksinar og betre diagnostiske hjelpemiddel.

I internasjonal samanheng er antibiotikabruken til husdyr i Noreg låg. Dette kjem mellom anna av god dyrehelse, at vi har dyktige og ansvarlege bønder og veterinærar, og at det er eit godt samarbeid mellom næringa og styresmaktene. Grunna utvikling av gode vaksinar, er antibiotikabruken til fisk minimal.

Landbruks- og matdepartementet fastsette i mars 2016 ein handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor sitt sektoransvar. Handlingsplanen skal mellom anna bidra til å nå relevante mål i den tverrsektorielle nasjonale strategien mot antibiotikaresistens 2015–2020.

Evna til å løyse utfordringane med sjukdommar i havbruket er viktig for å kunne ta ut det langsiktige vekstpotensialet. Kontroll med sjukdom er òg viktig for å minke smittepresset i miljøet og for å redusere bruk og utslepp av medikament. Lakselus er framleis ei utfordring og det er ei aukande utfordring at lakselusa blir resistent mot dei tilgjengelege legemidla. Regjeringa har fastsett ein handlingsplan mot resistens mot lakselusmiddel for å følgje opp dette. Meld. St. 16 (2014–2015) om vekst i havbruksnæringa, blir følgt opp mellom anna med innføring av ein indikator for påverknad av lakselus på villfisk og inndeling av kysten i spesifikke produksjonsområde.

Produksjonssvinnet i sjøfasen er framleis høgt. Det kjem dels av dårleg smoltkvalitet, dels av forhold ved den enkelte lokaliteten og dels av sjukdom. Bruk av ikkje-medikamentelle metodar for avlusing har medverka til det høge svinnet. Det må arbeidast for å betre desse tilhøva. Arbeidet med å fremje god dyrevelferd er viktig. Det er nødvendig med merksemd både mot hald av produksjonsdyr og kjæledyr. Utvikling av kunnskap om verknaden av avlstilltak og ulike driftsformer på dyrevelferda, er òg viktig.

For produksjonsdyrehald med mange dyr eller der risikoen for dårleg dyrevelferd er venta å vere

høg, blir det gjennomført tilsyn som i størst mogleg grad ikkje er varsla. Besetningar der venta risiko for brot på regelverket er størst, blir prioritert. Auka tilsyn retta mot landdyr i primærproduksjon bidreg òg til å førebyggje dyretragediar ved at Mattilsynet tidlegare kan sjå faresignal for manglande stell. Godt samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, mellom anna landbruket si HMS-teneste og slakteria, bidreg òg til at dyrehald i risikosona kan bli oppdaga tidleg.

For å få utvikla eit best mogleg system og klare rutinar for handsaming av alvorlege saker som gjeld mishandling og vanrøkt av dyr, blir det lagt vekt på god samhandling mellom Mattilsynet og politiet. Prøveprosjektet med ei eiga dyrekrimgruppe i politiet blir hausten 2017 utvida, slik at det vil omfatte både Sør-Trøndelag, Rogaland og Østfold.

Andre omsyn

Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

Kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet slik at den blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at produkta som blir eksportert, er trygge. For Noreg som stor eksportør av sjømat, er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda samt å skape føreseielege rammevilkår for eksport. Tilsynsarbeidet til Mattilsynet og kommunikasjon med styresmaktene i importlanda er avgjerande for tilliten. Mattilsynet arbeider med å auke effektiviteten ved utferding av eksportattester.

Den gode norske dyrehelsa blir nytta i eksportsamanheng, mellom anna når det gjeld ein aukande eksport av avlsprodukt frå husdyr. Også for ein del andre landbruksprodukt er det viktig med marknadstilgang i utlandet.

Sunt kosthald og gode matopplevingar

Det er viktig at fagleg og vitskapleg basert informasjon om samanhengen mellom kosthald og helse når fram til forbrukarane på tenleg måte.

Folkehelsepolitikken legg mellom anna vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, å leggje til rette for gode måltid i barnehagar, skolar og mellom eldre og å styrkje kunnskapen om mat, matlaging, kosthald og ernæring. Regjeringa la våren 2017 fram *Nasjonal handlingsplan for betre kosthald (2017–2021)*. Planen har tiltak på

ansvarsområda til sju departement. For å få til endringar i kosthaldet er det nødvendig med innsats på tvers av sektorane og samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

Merksemd på matglede og god matkvalitet er òg viktig for at forbrukarane skal kjenne til kvar maten kjem frå, korleis han blir produsert og samanhengjen mellom mat og helse.

Regjeringa arbeider for å betre mattilbodet til eldre og pleietrengjande. Det er eit mål at måltids-tilboda for eldre skal vere tilpassa slik at dei gir matglede og matlyst, anten dei får mat på institusjon eller levert heim. Gjennom *Gylne måltidsau-geblink* vil regjeringa bidra til mat- og måltids-omsorg for eldre og pleietrengjande.

Nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping

Innovasjon og næringsutvikling knytt til produksjon av mat med lokal identitet er viktig for å kunne ha sterke og innovative små og store verksemder. Regjeringa vil bidra til å auke tilgangen til lokale matprodukt for forbrukarane. Sjå nærare omtale under kat. 15.30.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å informere betre om regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Å kommunisere og dele kunnskap med verksemder, bransjeorganisasjonar og kompetansenettverk er viktig for utviklinga på lokalmatområdet.

Regjeringa har hausten 2017 bedt Mattilsynet utarbeide og sende på høyring eit forslag om å innføre ei avgrensa opning for sal av upasteurisert mjølk direkte frå gard eller seter.

Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvennleg produksjon

Arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning av landbruksprodukt og berekraftig og miljøvennleg produksjon av landbruksprodukt er hovudsakleg omtalt i kat. 15.30.

Matsvinn er identifisert som ei av utfordringane på nasjonalt nivå for å oppfylle FN's berekraftmål om å halvere delen av matsvinn per innbyggjar på verdsbasis innan 2030. Reduksjonen skal skje i produksjons- og forsyningskjeda, i detaljhandelen og mellom forbrukarane. Ein bransjeavtale om redusert matsvinn blei undertekna 23.6.2017 av fem departement og representantar for alle ledd i matverdikjeda. Formålet med bransjeavtalen er å samarbeide om å fremje betre utnytting av ressursar og råstoff gjennom førebygging og reduksjon av matsvinn i heile matkjeda.

Avtalen skal dermed bidra til å redusere dei miljømessige konsekvensane knytt til matproduksjon og forbruk i Noreg.

Det vil bli arbeidd med å redusere risiko ved bruk av plantevernmiddel. Ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel blei fastsett i april 2016.

Regjeringa vil prioritere ei styrking av økologisk berekraftig ressursforvaltning innan reindrift, jf. Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – lang tradisjon – unike muligheter*. Regjeringa vil òg gjennomføre ei gradvis innføring av obligatorisk individmerking av rein.

For omtale av sjømat, sjå Prop. 1 S (2017–2018) for Nærings- og fiskeridepartementet.

Oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 510 (2015–2016), 1. mars 2016

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte fremme en sak om nasjonal strategi for å sikre fortsatt mangfold av villbier og andre pollinerende insekter.»

Komiteen skriv følgjande:

«Komiteen har merket seg at det er opprettet en tverrdepartemental arbeidsgruppe for å utvikle en nasjonal strategi, og at departementet tar sikte på å ferdigstille arbeidet i 2017. Komiteen avventer dette før vedtaket kan kvitteres ut.»

Stortinget har i samband med *Representantforslag om nasjonal strategi for bier og pollinering*, jf. Dokument 8:6 S (2015–2016) og Innst. S 172 (2015–2016, bedt regjeringa fremje ei sak om nasjonal strategi for å sikre at det framleis er eit mangfald av villbier og andre pollinerande insekt. Departementa arbeider med å utvikle ein nasjonal strategi. Det er utarbeidd eit faggrunnlag for strategien og etablert ein dialogarena med privat sektor. Departementet vil komme tilbake til Stortinget på eigna måte når arbeidet er slutført.

Vedtak nr. 422 (2016–2017), 1. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen utrede behovet for en matkastelov som omfatter næringsmiddelindustrien og dagligvarebransjen.»

og

Vedtak nr. 424 (2016–2017), 1. desember 2016

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det i utredningen av en matkastelov spesielt vurderes tiltak som hindrer at det i verdikjeden fra produsent til butikk kastes fullverdige matvarer med ukurant størrelse eller fasong.»

Departementet har gjennomført ei utgreiing i tråd med Stortingets oppmodingsvedtak, jf. *Representantforslag om tiltak for å redusere matsvinn*, Dok 8:9 S (2016–2017) og Innst. 108 S (2016–2017). Utgreiinga konkluderer med at det ikkje synest å vere nødvendig med ei matkastelov på noverande tidspunkt. Arbeidet med å førebyggje og redusere matsvinn har hatt positive effektar, og matsvinnet har blitt redusert med 12 prosent i perioden frå 2010 til 2015. I juni 2017 blei det underskrive ein avtale mellom matbransjen og styresmaktene om å halvere matsvinnet innan 2030. Arbeidet med matsvinn fortset i oppfølginga av denne avtalen. Utgreiinga viser at det er usikkert om ein lov vil tilføre ein meirverdi samanlikna med arbeidet som allereie er i gang. Ettersom det er sett i verk ei rekkje tiltak, meiner departementet det er viktig at ein vinn erfaring med desse tiltaka, og vil difor ikkje gjere framlegg om eit nytt lovverk på området.

Vedtak 427 (2016–2017), 10. januar 2017

«Stortinget ber regjeringen legge til grunn alternativet med bærekraftig utvikling for pelsdyrnæringen.»

Stortinget har i samband med handsaming av Meld. St. 8 (2016–2017) *Pelsdyrnæringen* bedt regjeringa om å leggje til grunn alternativet med bærekraftig utvikling for pelsdyrnæringa.

Departementet har lagt Stortinget sitt vedtak til grunn og gjennomført høyring av endringar i forskrift om hold av pelsdyr i tråd med næringskomiteen sine føringar i Innst. S nr. 151 (2016–2017).

Vedtak 428 (2016–2017), 10. januar 2017

«Stortinget ber regjeringen utforme et regelverk som har et generelt forbud mot gruppehold av mink, men åpner for gruppehold av mink på gårder som deltar i et dyrevelferdsprogram og som oppfyller strenge krav til dyrevelferd målt etter objektive og etterprøvbare dyrevelferdsindikatorer.»

Stortinget har i samband med handsaming av Meld. St. 8 (2016–2017) *Pelsdyrnæringen*, bedt regjeringa om å utforme eit regelverk som har eit generelt forbod mot gruppehold av mink, men opnar for gruppehold av mink på gardar som deltek i eit dyrevelferdsprogram og som oppfyller strenge krav til dyrevelferd målt etter objektive og etterprøvbare dyrevelferdsindikatorar.

Departementet har gjennomført høyring av endringar i forskrift om hald av pelsdyr i tråd med næringskomiteen sine føringar i Innst. S nr 151 (2016–2017). Næringa har utarbeidd forslag til dyrevelferdsprogram som er til vurdering i departementet.

Vedtak 525 (2016–2017), 28. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen innskjerpe forvaltningspraksis knyttet til import av gatehunder til Norge.»

Stortinget har i samband med handsaming av *Representantforslag om forbod mot import av gatehunder til Norge*, jf. Dok. 8:11 S (2016–2017) og Innst. 198 S (2016–2017) bedt regjeringa om å innskjerpe forvaltningspraksis knytt til import av gatehundar til Noreg.

Departementet bad i brev til Mattilsynet 5.4.2017 om å gjennomføre ei innskjerping av forvaltningspraksis ved import av hundar i tråd med komitéinnstillinga. Mattilsynet leverte ei skisse til oppfølging av vedtaket til departementet. Skissa ville i for stor grad føre til utfordringar knytt til import av avls- og brukshundar frå seriøse aktørar. Departementet arbeider no saman med Mattilsynet for å finne ei løysing som i mindre grad rammar seriøs import, men samstundes tek i vare intensjonen om å stramme inn på forvaltningspraksis ved import av gatehundar.

Vedtak 526 (2016–2017), 28. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for å innføre en obligatorisk ID-merking av hunder i Norge.»

Stortinget har i samband med handsaming av *Representantforslag om forbod mot import av gatehunder til Norge*, jf. Dok. 8:11 S (2016–2017) og Innst. 198 S (2016–2017) bedt regjeringa om å vurdere behovet for å innføre obligatorisk ID-merking av hundar i Noreg.

Det er positivt at bransjen har oppretta og driftar eit frivillig register med informasjon over hundar med ID-merking i Noreg. Stadig fleire hundeeigarar nyttar dette tilbodet. Dette kjem av at hundeeigarane har fleire insitamant til å ha ein ID-merkt hund. Mellom anna er ID-merking nødvendig for registrering av hundekvalpar, deltaking på utstillingar og for å kunne forsikre hunden. Det er dessutan obligatorisk med ID-merking i samband med grensepassering. Talet på hundar som er ID-merkte er vurdert å vere drygt 400 000, noko som truleg utgjer om lag 80 pst. av levande hundar i Noreg. Delen ID-merkte hundar aukar.

Nytteverdien av eit eventuelt regelfesta krav om ID-merking av alle hundar blir vurdert å vere liten når det gjeld omsynet til folke- og dyrehelse. Eit slikt krav vil òg vere krevjande å handheve og føre til at det blir mindre tilsynsressursar på andre område som for tida er viktigare for folke- og dyrehelsa. Regjeringa vil difor ikkje gjere framlegg om å innføre obligatorisk ID-merking av hundar i Noreg.

Vedtak 966 (2016–2017), 16. juni 2017

«Stortinget ber regjeringa om å jobbe på EU-nivå for en merkeordning som kan muliggjøre sammenligning av produkter fra ulike produksjonsland. Spesielt bes regjeringa om å jobbe for en merkeordning som viser nivået på antibiotikabruk under produksjon.»

I samband med handsaming av *Representantforslag om merkeordningar på matvarer om dyrevelferd, grovfôrandel og antibiotikabruk*, jf. Dok. 8: 135 S (2016–2017) og Innst. 372 S (2016–2017), har Stortinget bedt regjeringa om å jobbe på EU-nivå for ei merkeordning som kan gjere det mogleg å samanlikne produkt frå ulike produksjonsland.

Departementet har merka seg vedtaket som blei fatta 16.6.2017. Det er i dag eit omfattande regelverk for merking av mat. Dette regelverket gjer det mogleg å samanlikne produkt frå ulike produksjonsland mellom anna når det gjeld ingrediensar og næringsinnhald. Enkelte element knytt til dyrevelferd og bruk av fôr, inngår i krava for å kunne bruke økologimerket. Når det gjeld obligatorisk merking av til dømes dyrevelferd og grovfôrandel i all produksjon, er det i dag ikkje system for å registrere og dokumentere dei opplysningane som er nødvendige for ei slik samanlikning. Departementet vurderer det difor ikkje som realistisk med ei slik obligatorisk merkeordning.

Antibiotikaresistens har vore eit viktig område for internasjonalt samarbeid innan mat og helse. Noreg har arbeidd både i FN, FAO og nordisk samanheng for at antibiotikaresistens skal få endå høgare prioritet. Landbruks- og matministeren deltok òg i G20-landa si handsaming av saka.

EU har nyleg ferdigstilt ein *Action Plan* med ei rekkje tiltak mot antibiotikaresistens. Her blir det mellom anna varsla at ein vil regulere datainnsamling og rapportering av sal og bruk av antibiotika på EU-nivå. Norske styresmakter vil medverke i dette arbeidet for å få eit tenleg regelverk både for nasjonal overvaking og nasjonale tiltak, men òg for å få eit standardisert grunnlag for å samanlikna antibiotikabruken i ulike land.

Det er likevel ikkje grunnlag for å arbeide konkret for ei merkeordning som vil gjere det mogleg å samanlikne mengda antibiotika som er brukt til det enkelte dyret og knytte dette til den ferdige matvaren. Dette er fordi det i dag ikkje er reglar eller system som vil gjere det mogleg å spore antibiotikabruken frå dyret eller buskapen gjennom produksjonskjeda fram til det enkelte matproduktet.

Kap. 1112 Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2018
		2016	budsjett 2017	
50	Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	94 327	95 661	97 252
	Sum kap. 1112	94 327	95 661	97 252

Post 50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet

Formål med løyvinga

Veterinærinstituttet er eit biomedisinsk beredskaps- og forskingsinstitutt innan dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik. For styresmaktene er Veterinærinstituttet den viktigaste kunnskapsleverandøren ved førebygging, oppklaring og handtering av zoonosar og alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr. Kunnskapsutvikling og formidling innan fagområda er òg viktig som grunnlag for utvikling av lovverk og som støtte til utvikling av ulike samfunnssektorar. Veterinærinstituttet bidreg òg i førebygging og handtering av kriser som kjem av smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat.

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskild budsjettfullmakt til bruttoføring av inntekter og utgifter utanfor statsbudsjettet. Veterinærinstituttet får løyvingar til oppgåvene sine innan dyrehelse, fôrtryggleik, dyrevelferd og mattryggleik over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Løyvingane til oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik ligg på budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet, jf. kap. 928, post 50 i deira Prop. 1 S (2017–2018). Forsking er ein sentral del av verksemda til Veterinærinstituttet og er omtalt under kap. 1137. Instituttet har ei fri og uavhengig stilting i alle faglege spørsmål.

Veterinærinstituttet yter òg tenester og formidlar kunnskap til næring, fagpersonell og dyreeigarar, og arbeider for at ny kunnskap blir teken i bruk. Instituttet samarbeider vidare med styresmaktene og næringslivet om å utvikle berekraftig bioøkonomi i Noreg.

Landbruks- og matdepartementet har i samarbeid med Nærings- og fiskeridepartementet og Veterinærinstituttet utarbeidd ny målstruktur. Det nye mål- og resultatstyringssystemet tydeleggjer Veterinærinstituttet sine oppgåver og samfunnsoppdrag. Det skal liggje til grunn for Landbruks- og matdepartementet si styring av instituttet og styring av tilskott frå Nærings- og fiskeridepartementet framover.

Veterinærinstituttet skal arbeide etter følgjande mål:

- Hovudmål: God helse hos dyr, fisk og menneske
- Delmål: Kunnskapsbasert forvaltning
- Delmål: God beredskap
- Delmål: Konkurranseskraftige bionæringar

Hovudmålet tek utgangspunkt i omgrepet *ei helse*. Når det gjeld helse hos dyr, planter, miljø og menneske, så heng dette saman. Veterinærinstituttet si hovudoppgåve innan *ei helse* er å generere kunnskap og halde ved like den gode beredskapen mot sjukdom som trugar helse og velferd hos landdyr og fisk, og mot sjukdom som kan overførast til menneske. Første delmål inneber at Veterinærinstituttet skal utarbeide relevant kunnskapsgrunnlag av høg kvalitet for forvaltninga. Delmål to framhevar at instituttet skal ha god beredskap og vere ein langsiktig kunnskaps- og kompetanseleverandør for relevante aktørar, slik at nødvendig kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for desse for å stoppe moglege helse- og trugsmål. Delmål tre om konkurransekraftige bionæringar vektlegg at instituttet skal arbeide for å auke kunnskapen og kompetansen i bio-basert næringsliv.

Mattilsynet er den viktigaste brukaren av kompetansen til instituttet. Veterinærinstituttet vil difor leggje stor vekt på å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laboratoriestøtte på kjerneområda til instituttet.

Vitskapskomiteen for mattryggleik har òg behov for kompetanse og data som grunnlag for sine risikovurderingar. Veterinærinstituttet vil vere ein sentral kunnskapsbase for komiteen.

Rapportering 2016

Beredskapsarbeidet har i 2016 vore særleg prega av to saksområde; påvisinga av Chronic Wasting Disease (CWD, skrantesjuka) og den auka merksemda på antibiotikaresistente bakteriar.

I mars 2016 påviste Veterinærinstituttet skrantesjuka på reinsdyr i Nordfjella villreinområde. Dette var første gongen sjukdommen blei påvist i Europa og den første påvisinga nokon gong hos reinsdyr. Nokre veker seinare blei CWD påvist hos to elgar i Sør-Trøndelag. Vidare undersøkingar har vist at det mest sannsynleg dreier seg om to ulike typar CWD. I overvåkingsprogrammet som blei sett i gang hausten 2016, blei over 10 000 prøver frå hjortedyr undersøkte av Veterinærinstituttet. Då blei CWD påvist på ytterlegare to reinsdyr frå Nordfjella.

Arbeidet med antibiotikaresistente bakteriar har kravd mange ressursar òg i 2016. Meticillinresistente *Staphylococcus aureus* (MRSA) blei påvist hos svin og storfe. Veterinærinstituttet sto sentralt i ein studie som omhandla MRSA-smitte frå menneske til svin. Studien viste mellom anna at smitten blei overført til norske svinebesetningar av gardsarbeidarar frå utlandet. Deretter blei

smitten spreidd til andre svinebesetningar ved sal av gris.

Talet på analyserte prøver ved Veterinærinstituttet auka i 2016. I alt blei meir enn 222 000 prøver analyserte. Hovuddelen av auken er knytt til fleire prøver som er undersøkte på oppdrag frå Mattilsynet i nasjonale overvåkings- og kartleggingsprogram.

Veterinærinstituttet har i 2016 hatt merksemd på risikoen for introduksjon av smittsame sjukdommar gjennom import av dyr. Hos importerte familiedyr blei det påvist fleire infeksjonssjukdommar som ikkje er vanlege i Noreg.

Instituttet har lagt vekt på å bli meir synleg gjennom aktiv samfunnskontakt og god kommunikasjon. Med høg fagkunnskap, overvaking og forskning er det eit mål å bidra til god samfunns- og næringsutvikling og å auke forståelsen for kor viktig det er å vareta den gode helsesituasjonen i Noreg, vidareutvikle dette fortrinnet og verne seg mot nye helsetrugs mål. Veterinærinstituttet sitt arbeid omfattar formidling av fagkunnskap på nett og papir, via møteplassar og gjennom media. Fagkunnskapen bidreg til å støtte produsentar, forvaltning og styresmakter med gode råd og vurderingar innan dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik.

Byggjestart for nye lokale for Veterinærinstituttet på Ås blei markert i mai 2016.

På det administrative området har ein i 2016 prioritert å vidareutvikle og styrkje verksemdstyring og økonomiarbeidet ved Veterinærinstituttet i tråd med gjeldande regelverk.

Budsjettframlegg 2018

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 97,252 mill. kroner.

Veterinærinstituttet skal som biomedisinsk forskingsinstitutt vere Noregs leiande kunnskapsleverandør innan beredskap, biosikkerheit og handtering av helsetrugs mål. Dette gjeld områda fiskehelse, dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik – det som gjerne blir kalla *éi helse*.

Veterinærinstituttet skal vareta og beskytte den gode helsesituasjonen og mattryggleiken i Noreg. Zoonosane blir stadig viktigare i beredskapsinnsatsen. Kunnskapsutvikling, overvaking og rådgiving innan antibiotikaresistens vil fram-

leis vere høgt prioritert. På lik line vil beredskapen mot nye trugande sjukdommar, som CWD, bli styrkt.

Ei viktig samfunnsoppgåve for Veterinærinstituttet framover vil vere å støtte styresmakter og næringsliv i å vidareutvikle ein nasjonal bioøkonomisatsing, med berekraftig produksjon og uttak av biomasse på land og i havet, jf. regjeringa sin nasjonale strategi for bioøkonomi *Kjente ressurser – uante muligheter* frå 2016.

Utviklinga av porteføljen av oppgåver for instituttet er prega av auka globalisering og endringar i klima. Dette inneber både endra og auka risiko knytt til helsetrugs mål for menneske og dyr. Veterinærinstituttet må kontinuerleg vidareutvikle kompetanse og metodar for å liggje i front av denne utviklinga.

På same viset skal Veterinærinstituttet vidareutvikle næringsretta samarbeid og støtte næringane med relevant forskingsbasert kompetanse som kan bidra til auka innovasjon, konkurransekraft og verdiskaping. Til grunn for slikt arbeid med beredskap, overvaking og næringsoppdrag ligg ein kontinuerleg kompetanseoppbygging gjennom forskning.

Veterinærinstituttet sine oppgåver innan beredskap, diagnostikk og forskning vil bli modernisert gjennom ny teknologi og nye metodar. Spesielt vil bruk av informasjonsteknologi og ulike bioteknologiske løysingar bli nytta til å etablere nye metodar innan forskning og diagnostikk. Skal Veterinærinstituttet vere leiande nasjonalt og internasjonalt, er det ein føresetnad at ny teknologi kontinuerleg kan takast i bruk.

Veterinærinstituttet vil saman med Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ta del i eit forskings-samarbeid med det kinesiske vitskapsakademiet (CAAS).

Instituttet vil leggje vekt på å betre effektiviteten for å kunne kanalisere ressursar der styremaktene og næringane har nye behov for bistand.

Mange av dei større avgjerdene i byggjeprosjektet på Ås er allereie gjennomført. I den kommande fasen av prosjektet er hovudoppgåvene ferdigstilling av bygg og planlegging av vitskapleg utstyr. Samstundes må Veterinærinstituttet fram til flyttinga ha merksemd på kva for oppgåver, kompetanse og teknologiske løysingar som byggjer opp under det framtidige instituttet.

Kap. 1115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	1 223 783	1 347 945	1 348 935
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	10 719	13 379	13 492
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	6 035	4 200	4 200
	Sum kap. 1115	1 240 537	1 365 524	1 366 627

Post 01 Driftsutgifter**Formål med løyvinga**

Mattilsynet har hovudansvaret for å føre tilsyn med at regelverket om mattryggleik, plantehelse, dyrehelse, dyrevelferd og helse, kvalitet og forbrukaromsyn blir etterlevd i heile matproduksjonskjeda. Mattilsynet har òg oppgåver knytt til regelverksutvikling og internasjonalt arbeid. Området er sterkt påverka av internasjonale rammevilkår.

Mattilsynet fører òg tilsyn med at regelverk blir etterlevd på område som ikkje har direkte samanheng med matproduksjon. Dette gjeld mellom anna regelverk om planter og dyr som ikkje inngår i matproduksjon, om kosmetikk og kroppsspleieprodukt, om dyrehelsepersonell og om omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek.

Den enkelte verksemda har ansvaret for å kjenne til og etterleve regelverket. Aktiv rettleiing frå Mattilsynet om regelverket er viktig. Mattilsynet skal nytte dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde når dette er nødvendig for å sikre etterleving av regelverket.

Mattilsynet skal arbeide etter følgjande mål:

- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt
- fremje god helse hos planter, landdyr og fisk
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- vareta miljøvennleg produksjon

Innanfor rammene av dei måla som er sette i lovgivinga, skal Mattilsynet samstundes arbeide på ein slik måte at omsynet til aktørane langs heile matproduksjonskjeda blir tekne i vare. Dette omfattar òg marknadstilgang i utlandet.

Hovudverkemidla i arbeidet er å:

- utvikle og påverke regelverk

- rettleie om regelverk
- handheve regelverk
- overvake status og utvikling på området
- ha god beredskap for handtering av hendingar og kriser

Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning og Veterinærinstituttet yter kunnskapsstøtte til Mattilsynet og har fagleg beredskap med grunnlag i løyvingar frå dei ansvarlege departementa.

Mattilsynet innhentar uavhengige risikovurderingar frå Vitskapskomiteen for mattryggleik når dette er nødvendig i regelverksarbeidet og utøvande forvaltning.

Rapportering 2016

Rapportering etter effektmål

Målet om helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Generelt er maten og drikkevattet trygt i Noreg. Overvaking og undersøkingar viser at vi framleis har ein av dei lågaste førekomstane av smitte frå matvarer i Europa.

Tilsynet viser òg at dei hygieniske forholda hos matprodusentane og serveringsstadene i hovudsak er god.

Drikkevatt

Drikkevasskvaliteten er generelt sett god. Svært få av oss blir sjuke av vatnet som kjem ut av krana. Ni av ti nordmenn er tilknytt vassverk som leverer trygt drikkevatt. Likevel er det mange stader gamalt og dårleg leidningsnett for drikkevatt. Det kan føre til at vatnet blir forureina.

Kommunane har ansvar for å etablere omsyns-soner ved råvasskjelder som skal nyttast til drik-

kevatn i samband med kommuneplanprosessar. Sidan trygt vatn er ein så viktig ressurs i samfunnet og i kvardagen til folk, har Mattilsynet delteke i regionale planforum som handsamar planar som kan ha noko å seie for vassforsyninga.

Ny drikkevassforskrift med tydelegare krav blei fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet 22.12.2016.

Smitte og hygiene

Førekomsten av smitte frå matvarer er låg i Noreg samanlikna med andre land. Det viktigaste bidraget til låg smitteførekost er at verksemdene og Mattilsynet held fram det førebyggjande arbeidet. Få blir sjuke av maten, og ein stor del av dei som blir registrerte har blitt smitta i utlandet. Den matborne bakterien vi oftast blir sjuke av er *Campylobacter*. For å førebyggje matboren smitte har vi ein frivillig, men forpliktande nasjonal handlingsplan mot *Campylobacter* i slaktekylling. Det har vore ein auke i talet på infeksjonar med kolibakterien EHEC.

Dei hygieniske tilhøva hos matprodusentane og i serveringsstader er i hovudsak god. Det blir sjeldan påvist så alvorlege forhold at Mattilsynet må leggje ned forbod mot omsetnad eller stengje verksemdar på grunn av fare for mattryggleiken. Erfaring frå tilsyn av aktørar i kjøtt-, mjølk-, bakeri- og konditorbransjen viser at kunnskapsnivået varierer. Ikkje alle tilfredsstiller krava til reinhald og vedlikehald av lokala. Mattilsynet legg i tilsynet vekt på at det er verksemdene sjølve som må forbetre rutineane for å identifisere og handtere farar som kan true mattryggleiken.

Norsk sjømat er trygg. Likevel er det framleis problem knytt til hygiene i delar av kvitfisksektoren.

Kjemiske stoff

Kvart år får Mattilsynet utført mange analyser av ulike kjemiske stoff i mat. Resultata viser at det er få tilfelle av for høge nivå av uønskte stoff, spesielt i norskproduserte varer.

For plantevernmiddelestar blei det avdekt overskridingar av grenseverdiane i 4,8 pst. av prøvene frå importerte matvarer. Dette er ei dobling samanlikna med 2015. Mattilsynet følgjer utviklinga og vil vurdere resultata opp mot resultat i EU-landa. Det var òg ein auke i talet på overskridingar i norskproduserte varer samanlikna med 2015. Her blei det påvist overskriding av grenseverdiane i 0,5 pst. av dei undersøkte prøvene.

Overvakinga viser få overskridingar av forureina stoff og legemiddelrestar i animalske næringsmiddel. Mattilsynet fann høge nivå av kadmium i lever i nokre prøver frå vilt.

Mattilsynet undersøkte i samarbeid med Antidoping Noreg 148 kosttilskottsprodukt. Analysane avdekte innhald av ulovlege legemiddel eller anabole steroid i 19 av produkta som var kjøpt via nettverksemdar.

Basert på resultata frå tidlegare undersøkingar intensiverte Mattilsynet tilsynet med verksemdar som importerer og produserer matkontaktmateriale. Resultata viser mangelfull dokumentasjon på at matkontaktmateriale er trygge.

Smilefjestilsyn

Landsdekkjande smilefjestilsyn var den største satsinga til Mattilsynet i 2016. Målet med ordninga er å gi forbrukarane lett tilgjengeleg og oppdatert informasjon om resultata av tilsynet på serveringsstadene.

Mattilsynet kontrollerte alle serveringsstader minst ein gong i løpet av 2016 og publiserte resultata med smilefjessymbol. Til saman blei det gjennomført 11 000 smilefjestilsyn. Mattilsynet erfarte at serveringsstadene raskt retta opp feil og manglar. Dei fleste avvika var knytt til dei nye krava om allergenmerking i menyane, manglar ved reinhald av lokale, internkontroll og handvask.

Målet om å fremje god helse hos planter, fisk og landdyr

Plante- og dyrehelsa i Noreg er stadig av dei beste i verda. Talet på dyre- og plantesjukdommar er stabilt lågt, men import og handel over landegrensene trugar den gode statusen. Antibiotikabruken i norsk husdyrproduksjon er svært låg i internasjonal samanheng. I akvakulturnæringa blir det brukt minimalt med antibiotika grunna gode vaksinar, men næringa slit med enkelte tapsbringande virussjukdommar og med lakselus.

Plantehelse

Plantehelsa i Noreg er god. Av 154 alvorlege skadegjerarar er det 14 som er kjent å førekomme i Noreg. Av desse 14 var 12 under nedkjemping ved utgangen av 2016.

Mattilsynet har nytta relativt mykje ressursar i å hindre at skadegjeraren pærebrann smittar til viktige fruktområde. Det er òg funne sjukdom på grunn av skadegjeraren *Phytophthora ramorum* i fleire grøntanlegg. Mattilsynet samarbeider med

nederlandske styresmakter for å hindre smitte ved import av planter. Mattilsynet har òg hatt auka merksemd med import av jordbærplanter og eple- og pæretrær, utan funn av alvorlege skadegjerarar så langt.

Nye reglar for import av planter tok til å gjelde i mars 2016. Samstundes fekk verksemdene større ansvar for kontroll med planteproduksjonen. Mattilsynet samarbeider godt med næringa i denne store omlegginga.

Landdyrhelse

Dyrehelsa i Noreg er god.

Mattilsynet overvaker og kartlegg ei rekkje smittsame sjukdommar hos dyr. Nokre av dei kan òg smitte til menneske. Det er påvist fleire nye parasittar hos innførte hundar. Dette gir grunn til uro. Også i alpukka- og lamabesetningar er det påvist resistente parasittar som er kjende frå landa desse dyra er importerte frå.

Mattilsynet registrerte 646 mistankar om smittsame sjukdommar i 2016. 450 av dei gjaldt smittsam sjukdom hos dyr. I 232 tilfelle blei mistanken stadfesta. Desse tilfella er handterte og følgd opp.

Mattilsynet held fram kartlegginga av husdyrassosierte MRSA- (methicillinresistente *Staphylococcus aureus*) bakteriar i norske svinehald. Berre eitt nytt tilfelle blei påvist i 2016. Dette gir grunn til å tru at smitteførebyggjande tiltak har verka.

Det blei påvist Chronic Wasting Disease (CWD), omtalt som skrantesjuke, hos villrein i april 2016. Denne sjukdommen hos hjortedyr er smittsam og dødeleg. Sjukdommen er ikkje påvist i Europa tidlegare og aldri før hos reinsdyr. Mattilsynet starta raskt med kartlegging. Det er etablert vernetiltak mot spreiding innanlands og mot utlandet. Vitskapskomiteen for mattryggleik har arbeidd med å skaffe kunnskap, og det har vore eit godt samarbeid med miljøstyresmaktene, jaktinteresser og grunneigarorganisasjonar.

I samband med kartlegginga i 2016 blei det teke ut over 10 000 hjerneprøver av hjortedyr. Tre positive tilfelle på rein blei funne, alle hos villrein i same del av Nordfjella villreinområde. I tillegg blei det påvist forandringar tilsvarande CWD hos to eldre elgar i Selbu.

Fiskehelse

Gode vaksinar gjer at bakteriesjukdommar ikkje er eit stort problem for akvakulturnæringa, men delar av oppdrettsnæringa slit framleis med virusjukdommar og lakselus. Beredskapen i næringa

ved utbrudd er òg mangelfull. Målet om god fiskehelse blei ikkje nådd.

Lakselussituasjonen var krevjande òg i 2016. Lakselusnivået i oppdrett var på landsbasis våren og sommaren 2016 noko høgare enn i 2015, men utover hausten var nivået lågare enn året før. Fleire oppdrettarar greidde ikkje å halde nivået under grensa gjennom heile året.

Mattilsynet ser at verkemiddelet om midlertidig redusert produksjon i anlegg med langvarige og alvorlige lakselusproblem har ført til betre etterleving av regelverket. Mange verksemdar set i verk tiltak eller slaktar ut tidlegare på eige initiativ, men framleis er det oppdrettarar som set i verk tiltak for seint.

Resistensproblem gjer at lakselusmiddel har fått redusert effekt. I 2016 tok verksemdene i større grad i bruk mekaniske metodar mot lakselus. Det resulterte i at forbruket av legemiddel mot lakselus gjekk mykje ned samanlikna med 2015, men forbruket er framleis høgt.

Det var 12 utbrott av infeksjøs lakseanemi (ILA) i 2016, tre færre enn året før. Mattilsynet prioriterte innsats mot og førebygging av sjukdommen høgt. Pankreas-sjukdom (PD) er framleis ein av dei mest alvorlege sjukdommane. Talet på utbrott var om lag på same nivå som tidlegare. Målsetjinga om å redusere talet på utbrott av listeførte sjukdommar som ILA og PD er ikkje nådd.

Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* blei ikkje påvist i nye vassdrag i 2016. Krepsepest blei i 2016 påvist i Mossevassdraget.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Landdyrvelferd

Mattilsynet rapporterer at velferda for dyr i Noreg samla sett er god.

Talet på tilfella av alvorleg vanrøkt av produksjonsdyr og hest var i 2016 på same nivå som året før. Mattilsynet samarbeider med husdyrnæringa, helsestyresmaktene, organisasjonar og andre aktørar sentralt og lokalt for å hindre og avdekkje alvorleg vanrøkt.

I samarbeid med dyrevernnemndene gjennomførte Mattilsynet 9 440 tilsyn med velferda hos landdyr i dyrehald. Det er om lag på same nivået som året før. Mattilsynet si vurdering er at dei mellom anna, gjennom fleire meldingar frå publikum og fleire tilsyn, oppdagar fleire tilfelle av at dyr har det mindre bra. Mattilsynet har òg stor merksemd på god verkemiddelbruk. Bruken av sterkare verkemiddel som aktivtsekt og melde tilfelle til politiet aukar. I 2016 fatta Mattilsynet

vedtak om avvikling av 59 dyrehald, og 32 dyreeigarar blei melde til politiet.

Varsle Mattilsynet er ei teneste på mattilsynet.no der alle kan melde frå om mistanke om mellom anna dårleg dyrevelferd. Tenesta blir nytta stadig meir, og mange varsel gjeld kjæledyr. Mattilsynet tok i 2016 imot 9 400 varslingar, ein auke på 10 pst. frå året før.

Skadar på trøputene hos slaktekylling er ein god indikator på velferda. Resultatet avgjer kva for tettleik det kan vere i kyllinghuset ved neste innsett. Omtrent 95 pst. av flokkane får beste kategori. Det ser ikkje ut til at overgangen til fôr utan narasin har hatt negativ verknad på skadefrekvensen.

Pelsdyr blir følgde tettare opp enn andre dyreartar. Mattilsynet gjennomførde tilsyn hos om lag 60 pst. av dyrehalda med mink og om lag 30 pst. av dyrehalda med rev. Meir enn halvparten av tilsyna var ikkje varsla. Det var ein klar nedgang i talet på regelbrot frå året før og få alvorlege funn. Den tette oppfølginga over fleire år ser ut til å ha verka.

Talet på dyr som døyr under transport til slakteri er låg, og det var ikkje større alvorlege hendingar på dette området i 2016.

Tap av sau og lam på utmarksbeite går framleis ned. Største årsak til reduksjon er nedgang i tap til rovvilt som òg er viktigaste enkeltårsak, men det er òg nedgang i tap av andre årsaker enn rovvilt.

Det var òg nedgang i tap av rein totalt og grunna rovvilt i driftsåret 2015/2016 samanlikna med året før. Områdevis store tap på utmarksbeite er ei utfordring både for dyrevelferda og drifta. Mattilsynet følgjer dyrevelferda på utmarksbeite i samarbeid med dei andre forvaltningsetatane.

Fiskevelferd

Meir miljøvennleg kontroll av lakselus med redusert bruk av legemiddel har ført til at stadig fleire oppdrettarar nyttar reinsefisk og ulike typar mekaniske behandlingar. Dette har skapt utfordringar for fiskevelferda. Mattilsynet fekk i 2016 inn nær 400 meldingar om hendingar med dårleg velferd, skadar og fisk som har døydd under og etter avlusing. Næringa slit med høg tapsprosent på fisken. Det er òg kjent at ein stor del av rensefisken døyr eller går tapt på annan måte i løpet av ein produksjonssyklus. Målet om god fiskevelferd er ikkje nådd.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn

I 2016 blei næringsdeklarasjon obligatorisk på dei fleste ferdigpakka matvarer. Mattilsynet priori-

terte rettleiing til bransjen og utarbeidde forbrukarretta informasjonsmateriell om merking, næringsdeklarasjon og kravet om opplysningar om allergen i ikkje ferdigpakka mat. Tilsyn med denne typen informasjon om allergen har vore del av smilefjestsynet. Det blei fatta vedtak overfor 15 pst. av verksemdene. For andre krav til merking av ferdigpakka mat blei det fatta vedtak på om lag same nivået som i åra før.

Mattilsynet undersøker mat- og fôrvarer som inneheld mais, soya, raps, ris eller papaya for innhald av genmodifiserte organismar (GMO). Overvakinga viser få funn av ulovleg innhald av GMO, men mange ureiningar under grenseverdien som følgje av utilsikta innblanding. I 2016 var det få tilfelle av ulovleg genmodifisert mat og fôr, og det blei ikkje påvist GMO i importert såfrø.

Mattilsynet samarbeidet med andre etatar som Tolletaten, Økokrim, Skatteetaten, Arbeidstilsynet, Politiet, kemneren og NAV for å avdekkje matkriminalitet i tillegg til å vere i dialog med partnerar i EU/EØS om beste praksis i kampen mot matkriminalitet.

Mattilsynet har teke i bruk eit nytt meldesystem i EU for samarbeid om etterforskning av matsvindelsaker og deltok i 2016 i ein internasjonal aksjon for å avdekkje matkriminalitet. Til saman har dette ført til at fleire saker enn tidlegare er melde til politiet og meir helsefarlege produkt er blitt destruerte.

Målet om å vareta miljøvennleg produksjon

Vill laksefisk blir negativt påverka av lakselus frå oppdrett, samstundes som legemiddel mot laksefisk kan påverke ville krepsedyr rundt anlegga. Bruken av legemiddel mot lakselus gjekk mykje ned samanlikna med 2015, men framleis er bruken for høg.

Det har vore ein liten auke i mengde omsett plantevernmiddel frå 2015. Dette gir små endringar for helserisikoen, men ein liten auke for miljørisikoen.

Det er eit lågt forbruk av antibiotika til landdyr. Forbruket i husdyrbruket ligg på under 10 pst. av samla forbruk i landet. Per i dag viser bakteriefunn og overvaking at overføringa av resistens frå produksjonsdyr til innbyggjarane er svært liten.

Det var ein auke i det samla talet på økologiske verksemder. Erfaringar frå tilsynet viser at det framleis er manglar ved internkontroll til verksemdene, særleg når det gjeld dokumentasjon av rutinar.

I all animalsk matproduksjon blir det restar og avfall som ikkje går til mat, men som er ein ressurs. Bruk av slike restar kan føre til at framandstoff eller smittestoff kjem inn i matkjeda. Mange verksemdar handterer framleis ikkje slike restar på rett måte. Regelverket er komplisert og Mattilsynet arbeider med å forenkle og tilpasse rettleiinga slik at det skal bli enklare å følgje det.

Andre område

Kosmetikk

Nordmenn ligg i Europa-toppen når det gjeld kjøp av kosmetikk. Biverknader frå kosmetikk og villeiande informasjon er dei største utfordringane saman med kunnskapsmangel om stoff i kosmetikk som kan gi alvorlege langtidverknader som kreft og fosterskader.

Resultata frå tilsynet viser at dei fleste avvika er knytte til mangelfull dokumentasjon, merking og registrering av kosmetiske produkt. Frittstående kosmetikkutsal hadde flest avvik.

Resultat av meir generell karakter

Internasjonalt arbeid og regelverksutvikling

Mattilsynet har følgd regelverksarbeidet i EU tett. Arbeid opp mot EUs nye kontrollforordning og nytt regelverk om dyrehelse er døme på særleg omfattande regelverksarbeid. 73 pst. av EØS-regelverket innanfor Mattilsynets ansvarsområde, blei gjennomført i Noreg innan fristen.

Noreg har vore Europaregionens valde representant i Codex Alimentarius Commission sin Eksekutivkomité sidan 2015. I 2016 blei standarden for fersk frukt og grønnsaker slutført.

Mattilsynet har gjennom deltaking i Plantevernorganisasjonen for Europa og Middelhavsområdet (EPPO) og Den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC) medverka i utviklinga av fleire internasjonale standardar på plantehelseområdet.

Mattilsynet har medverka i utviklinga av internasjonale standardar og vareteke norske interesser i OIE. I samarbeid med Legemiddelverket har Mattilsynet medverka aktivt i OIEs arbeid med bruken av legemiddel til dyr.

Marknadstilgang

Norsk eksport er stor og består av mange ulike produkt, særleg på sjømatområdet. Det aller meste av eksporten går utan komplikasjonar.

EØS-avtalen gjer at norsk sjømat går uhindra og utan behov for attestar til EU som er den stør-

ste marknaden for norsk sjømat. For eksport utanfor EØS-området blei det utferda vel 53 000 attestar, fordelt med 48 000 attestar for sjømat og 5 000 attestar for landbaserte produkt. Talet på eksportattestar har vore stabilt dei siste åra.

Ei viktig oppgåve for Mattilsynet er å halde ved lag tilgangen til utanlandske marknader. Mattilsynet har arbeidd mykje med spesifikke land, til dømes Kviterussland.

Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking

Mattilsynet gjennomførte 72 889 tilsyn i 2016. Dette omfattar inspeksjonar, revisjonar, prøvetaking, dokumentkontroll ved eksport og import og handtering av uventa hendingar. Auken frå året før er på rundt 7 pst. Innføring av smilefestilsyn på serveringsstader er hovudårsaka til auken.

Smilefestilsyn på serveringsstader har auka effektiviteten ved at arbeidet blir avslutta på staden.

Mattilsynet fann brott på regelverket i 48 pst. av verksemdene dei har ført tilsyn med. Dette er ein liten nedgang. Mattilsynet finn oftast brott på drikkevassområdet (67 pst.) og sjeldnast ved tilsyn etter dyrevelferdslova (40 pst.).

For å vurdere om Mattilsynets arbeid blir gjort einskapleg over heile landet blir det registrert variasjon mellom regionane når det gjeld funn av avvik og bruk av verkemiddel. Variasjonen mellom regionane er minst på tilsynsområda dyrevelferd og fiskehelse og størst på drikkevassområdet.

Mattilsynet tok imot 310 klagesaker, ein auke frå 250 i 2015. Prosentdelen av vedtak som blei omgjort av hovudkontoret auka frå 13 pst. i 2015 til 19 pst. i 2016.

Som eit ledd i arbeidet for ein meir effektiv reaksjon mot kriminalitet mot dyr, er det etablert to regionale pilotprosjekt, eitt i Sør-Trøndelag i 2015 og eitt i Rogaland i 2016. Prosjekta skal betre kompetansen og styrkje samhandlinga mellom Mattilsynet og politiet.

Kommunikasjon

Mattilsynet har arbeidd mykje for å informere og rettleie verksemdar og næring om nye reglar. I tillegg har Mattilsynet tilrettelagt informasjon for forbrukarar og dyreeigarar. Det mest brukte verktøyet på mattilsynet.no var *Kjæledyrkalkulatoren* som fortel kva reglar som gjeld i samband med reiser med kjæledyr over landegrensene. Denne hadde 287 300 besøk. Det blei òg laga ei Facebook-side for å rettleie folk om reising med kjæledyr.

Organisatoriske forhold

Mattilsynet arbeider kontinuerleg med å utvikle og effektivisere verksemda. Det blei gjennomført ei undervegs-evaluering av organisasjonsendringa i 2015.

Mattilsynet har teke i bruk ei ny mobilløysing for smilefjestilsyn på serveringsstader som gjer tilsynsarbeidet enklare og meir effektivt. Inspektørane kan gjere ferdig arbeidet på staden og verksemdene får resultatet med ein gong. Resultata frå tilsyna blir publiserte automatisk på matportalen.no.

Mattilsynet har teke i bruk digital sending av brev til privatpersonar og verksemdar.

Budsjettframlegg 2018

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 1 348,935 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Mattilsynet. I tillegg til endringar som følgje av løns- og prisvekst og regjeringa si avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, er det lagt inn eit særskild effektiviseringstiltak på 5,7 mill. kroner, i tråd med forventningane om effektivisering.

Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Codex Alimentarius Commission, OIE og IPPC legg viktige premissar for regelverksutviklinga internasjonalt. Som følgje av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakleg utvikla i EU. Nærare 90 pst. av alle nye forskrifter og forskriftsendringar på Mattilsynet sitt ansvarsområde er knytt til oppfølging av EØS-avtalen. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane.

Matdepartementa legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i alle internasjonale forum. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med tidleg og god dialog med relevante interessentar. Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet i EU med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske synspunkt på utvalde område. Mattilsynet vil prioritere område med særlege norske interesser i regelverksarbeidet.

Mattilsynet skal òg bidra til at oppfølging av dei internasjonale pliktene skjer til rett tid og at gjennomføring i norsk rett blir gjort på mest mogleg formålstenleg og brukarvennleg vis.

Regjeringa legg vekt på forenkling for næringane og brukarane. Mattilsynet vil ha særleg

merksemd på å forenkle og rydde i regelverket. Mattilsynet vil òg leggje vekt på å fremje desse omsyna når dei deltek i internasjonal regelverksutvikling, mellom anna i arbeidsgruppene i EU og i dei aktuelle internasjonale organisasjonane på matområdet. Mattilsynet vil òg leggje vekt på å informere betre om regelverket og gjere det lettare tilgjengeleg mellom anna for produsentar og serveringsstader av lokalmat.

For å leggje til rette for marknadstilgang for norske varer i land utanfor EØS-området, vil Mattilsynet vidareføre samarbeidet med matstyresmakter i aktuelle land.

Tilsyn, rettleiing og områdeovervaking

Rettleiing og utøvande tilsyn i dei enkelte verksemdene er kjerneverksemda til Mattilsynet.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å utarbeide rettleiarar og annan informasjon for å gjere det lettare for verksemdene å etterleve regelverket som gjeld for dei. God rettleiing er òg viktig som ein integrert del av tilsynsarbeidet.

Nærleik til verksemdene og god kunnskap om lokale forhold og kva risiko som ligg føre skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil ved bruk av fagleg skjønn vere løysingsorientert i møtet med verksemdene samstundes som omsynet til lik handsaming blir vareteke. Det er verksemdene sitt eige ansvar å kjenne til og finne løysingar som gjer at dei etterlever regelverket. Mattilsynet fører tilsyn med at slik etterleving skjer. Når det er nødvendig for å sikre at måla blir nådde, vil Mattilsynet nytte dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde.

Som eit ledd i arbeidet for å bli meir effektive og synlege, legg Mattilsynet vekt på bruk av målretta inspeksjonar med færre kontrollpunkt, såkalla punkttilsyn. Slike tilsyn kan vere ein del av den faste tilsynsrutinen eller danne grunnlag for utvikling av store og små tilsynskampanjar. Smilefjestilsyn i serveringsverksemdar er eit døme på dette.

Regelverket om kontroll krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilskapleg tilsyn. Ifølgje regelverket skal tilsynet skje på det leddet i matproduksjonskjeda der verknaden er størst. På mange område betyr dette at tilsyn bør skje tidleg i matproduksjonskjeda.

Omfanget av tilsyn med verksemdene blir tilpassa risikoen for og konsekvensar av regelbrott både generelt og i dei enkelte verksemda. Dette krev god kunnskap om tilstanden på dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal liggje til grunn for prioritering og rapportering.

Mattilsynet forvaltar òg regelverk som ikkje er direkte knytt til risiko for helse hos folk, planter og dyr. Også på desse områda er det viktig med målretta og effektivt tilsyn.

Mattilsynet vil innrette arbeidet med kartlegging og overvaking slik at det blir målretta og kostnadseffektivt. Overvåkings- og kontrollprogram knytt til plikter etter internasjonale avtalar eller norske tilleggsgarantiar, vil ha prioritet.

Mattilsynet vil arbeide vidare for å motverke matsvindelen nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet er prioritert i EU.

Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Mattilsynet vil arbeide for at maten og drikkevatten skal vere trygt med omsyn til folkehelse.

Arbeidet med å halde ved like gode hygieniske forhold i alle verksemdar i matproduksjonskjeda krev kontinuerleg merksemd frå verksemdene og aktivt og målretta arbeid frå Mattilsynet.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på verksemdene sitt eige ansvar for å etterleve krava og for å ha system og rutinar som sikrar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå og med innsatsvarer og primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld òg ved import.

Ny drikkevassforskrift med tydelegare krav om vedlikehald av leidningsnett og skjerpa krav til førebyggjande sikring, beredskap og kompetanse og konkrete tiltak for å betre tryggleiken ved små vassverk tok til å gjelde 1.1.2017. Mattilsynet har utarbeidd ein rettleiar til forskrifta og oppdatert rettleiaren om beredskap. Informasjon om dei nye krava og tilsyn med at vassforsyningsverksemdene følgjer opp, vil ha prioritet framover for å sikre trygg vassforsyning til innbyggjarane. Dette er i samsvar med gjennomføringsplanen for Nasjonale mål for vatn og helse fastsett av regjeringa i 2014 og FNs berekraftsmål 6.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med utvikling av nytt regelverk og tilsynsmetodar som kan bidra til å skape tryggare forhold ved import og omsetnad av kosttilskott og liknande næringsmiddel.

Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk

God plante-, landdyr- og fiskehelse er viktige føresetnader for produksjon av trygg mat og for verdiskaping i næringane. Tiltak og rutinar i nærin-

gane er viktige for å førebyggje introduksjon og spreiding av sjukdom og skadegjerarar.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter, landdyr og fisk framleis skal vere god. Førebyggjande tiltak og god beredskap er viktig mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos landdyr og fisk. Dette er òg viktig for å hindre utbrott av dyresjukdom, som òg kan gi sjukdom hos menneske (zoonosar).

Det er viktig å overvake og gjere tiltak som held antibiotikaresistensen i norsk husdyrhald på eit lågt nivå. Overvaking, sanering og smitteførebyggjande tiltak mot LA-MRSA (dyre-assosierte methicillinresistente *Staphylococcus aureus*-bakteriar) i svinebesetningar vil bli vidareført. Likeeins vil Mattilsynet sjå på tiltak mot resistente bakteriar i fjørfehaldet.

Chronic Wasting Disease (CWD) er ein prion-sjukdom hos hjortedyr som i 2016 blei påvist hos villrein og elg i Noreg. Hjortedyra døyr av sjukdommen. CWD har vore kjent i Nord-Amerika i nærare 50 år. Overføring av sjukdommen til menneske er aldri påvist. På grunnlag av eintydige faglege råd tek ein sikte på å ta ut villreinstamma i Nordfjella sone 1. Det blir lagt opp til at mest mogleg av uttaket skal skje ved ordinær jakt og at ein etter dette vil gjennomføre uttak i statleg regi. Planen er at uttaket skal vere avslutta 1. mai 2018. Etter uttaket blir det lagt opp til å byggje opp igjen ei villreinstamme så fort det er mogleg ut frå smitteomsyn. Det vil samstundes bli gjennomført prøvetaking for å få best mogleg oversikt over om smitten finst i andre villreinflokkar eller anna hjortevilt. I så fall vil ein måtte vurdere tiltaka på nytt. Arbeidet skjer i samarbeid med miljøstyresmakterne og Veterinærinstituttet. Målet med arbeidet er å sikra sunne villreinstammar og unngå at sjukdommen spreier seg til andre hjortedyr. Mattilsynet vil framleis prioritere arbeidet med fiskehelse og fiskevelferd, mellom anna gjennom arbeidet for å redusere førekosten av lakselus og tap i oppdrettsnæringa. Mattilsynet vil følgje opp den vidare tilsynsinnsatsen knytt til dei strengare miljøkrava ved auka produksjon i havbruksnæringa. Mattilsynet vil òg bidra til oppfølging av Meld. St. 16 (2014–2015) *Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett*.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Mattilsynet vil leggje vekt på tilsyn med dyrevelferd. Mattilsynet vil utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet vil samarbeide med politiet om å gjennomføre prøveprosjekta med dyrepolti i Sør-Trøndelag, Rogaland og Østfold. Målet er best mogleg handsaming av saker som gjeld alvorleg omsorgssvikt og overgrep mot dyr, slik at alvorleg kriminalitet mot dyr skal føre til straffesak og domfelling.

Mattilsynet vil følgje opp dei endringane som blir gjort i regelverket og det planlagte dyrevelferdsprogrammet i pelsdyrnæringa som oppfølging av stortingsmeldinga om pelsdyrnæringa.

Mattilsynet vil vidareføre god samhandling med miljøstyresmaktene ved tap frå rovvilt, jf. rovviltforliket i Stortinget 2011 og Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*.

Oppdrettsfisk skal haldast, transporterast og slaktast under etisk akseptable forhold. Mattilsynet vil ha merksemd på å oppdretthalde god fiskevelferd når oppdrettarar tek i bruk nye produksjonsformer.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
Mattilsynet vil arbeide for at mat, drikkevatt og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking og ærleg omsetnad blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon mellom anna om eigenskapane til maten.

Mattilsynet har òg viktige oppgåver i ernæringsarbeidet, særleg når det gjeld tilsyn med merking, ernærings- og helsepåstandar, frivillig sunnheitsmerking (Nøkkellolet) og arbeid med Matvaretabellen. Regjeringa la fram *Nasjonalt handlingsplan for betre kosthald (2017–2021)* våren 2017. Planen har tiltak på sju departement sine ansvarsområde. Helsedirektoratet koordinerer arbeidet med oppfølging av planen der mellom anna Mattilsynet har oppgåver.

Mattilsynet vil føre vidare overvakinga av genmodifisert materiale i både fôr og næringsmiddel. Sporforureining av genmodifisert materiale synest størst i fôrvarer.

Målet om å vareta miljøvennleg produksjon

Mattilsynet vil bidra til at matlova sitt formål om å vareta miljøvennleg produksjon blir oppfylt. Kvaliteten på innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmiddel og fôrvarer er avgjerande for miljøvennleg produksjon, og verkar òg inn på kvaliteten på maten.

Ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel blei fastsett i april 2016. Arbeidet for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av

plantevernmiddel, vil bli ført vidare med utgangspunkt i planen.

Marknadstilgang

Mattilsynet har ei viktig rolle i arbeidet med å leggje til rette for marknadstilgang for norske produkt, og kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at norsk sjømat er trygg og har rett kvalitet. For Noreg som stor eksportør av sjømat er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda.

Mattilsynet vil arbeide med å forenkla og effektivisere utskriving av eksportattestar for fisk til land utanfor EØS-området.

Andre område

Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgivinga som skal sikre forsvarleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell. Mattilsynet vil leggje vekt på at dyrehelsepersonell driv forsvarleg verksemd, særleg i samband med utlevering og bruk av antibiotika. Registeret over bruken av legemiddel til dyr er eit viktig verkemiddel for å overvake bruken av antibiotika til dyr og veterinærane sin praksis for føreskriving.

Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følgje opp arbeidet med å utvikle regelverket som skal sikre at kosmetikk og kroppspleieprodukt er helsemessig sikre for menneske og dyr. Mattilsynet vil samarbeide med Folkehelseinstituttet om å overvake helseskadelege biverknader ved bruk av kosmetikk og kroppspleieprodukt.

Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 13,492 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje utgiftene for Mattilsynet til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser.

Post 71 Tilskott til erstatningar

Departementet gjer framlegg om ei løyving på posten på 4,2 mill. kroner. På posten vil det bli ført utbetalningar til personar som har ytt naudhjelp til

dyr etter dyrevelferdslova § 4 der det ikkje er nokon eigar av dyret som kan dekkje kostnaden. På posten vil det òg bli ført kostnader for tiltak sett i verk av Mattilsynet i medhald av matlova,

dyrehelsepersonellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå eigar.

Kap. 4115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Gebyr m.m.	149 917	193 293	196 174
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	9 304	5 714	5 799
	Sum kap. 4115	159 221	199 007	201 973

Post 01 Gebyr m.m.

På posten blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar.

Det er ved budsjettering lagt til grunn ordinær prisjustering av gebyrsatsane.

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for anna forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanfor apotek og oppgåver knytte til miljøretta helsevern for kommunane. Her vil det òg bli ført inntekter frå gebyr for særskilte ytingar som Mattilsynet av omsyn til næringsutøvarane yter utanom ordinær arbeidstid.

Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1136	Kunnskapsutvikling m.m.	227 448	227 979	235 921	3,5
1137	Forsking og innovasjon	446 049	609 873	605 420	-0,7
	Sum kategori 15.20	673 497	837 852	841 341	0,4

Inntekter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4136	Kunnskapsutvikling m.m.	19 775	20 286	20 643	1,8
	Sum kategori 15.20	19 775	20 286	20 643	1,8

Mål og strategiar

Både nasjonale og internasjonale utviklingstrekk, mellom anna folkeauke, klimaendringar og behovet for omstilling, er viktige bakteppe for landbruks- og matforskinga, og for dei prioriteringane ein bør gjere innan forskinga i sektoren. Forsking, innovasjon og kompetanse skal på nasjonalt nivå bidra til at dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla – matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar – blir nådde.

For å nå måla, legg departementet vekt på målretta og effektiv bruk av midlar til forskning og innovasjon. Vidare er det viktig at kunnskap og kompetanse blir gjort lett tilgjengeleg for næring og forvaltning. I tillegg er ein effektiv og sterk instituttsektor viktig for å sikre god, forskingsbasert forvaltning. Dette krev eit godt samspel mellom instituttsektoren, andre relevante kunnskapsmiljø, ulike næringsaktørar og forvaltninga.

Målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon

Midlar til forskning og innovasjon skal målrettast slik at ny kunnskap bidreg til at ein når dei landbruks- og matpolitiske måla, slik det går fram av relevante meldingar og strategiar.

Av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Stortingets handsaming av denne, går det fram at Regjeringa har som mål å auke og effektivisere norsk matproduksjon, samstundes som klimagassutsleppa frå landbruket skal reduserast. Meldinga stadfestar at eit framleis høgt ambisjonsnivå for forskings- og innovasjonsaktivitet vil vere viktig for å auke matproduksjonen, for dyrevelferda og for å styrkje konkurransekrafta i jordbruk og næringsmiddelindustri på ein miljøvennleg og berekraftig måte. Dette krev kunnskap og teknologi som bidreg til auka produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap om korleis matproduksjonen blir påverka av, og best kan tilpassast til, eit endra klima. Ny kunnskap, mellom anna innan avls- og foredlingsarbeid, er òg avgjerande for å halde den gode plante- og dyrehelsa og gode dyrevelferda i

Noreg ved lag. Regjeringa legg òg vekt på å halde oppe innsatsen mot antibiotikaresistens, eit behov som mellom anna er stadfesta i Regjeringa sin nasjonale strategi mot antibiotikaresistens (2015–2020) og *Handlingsplan mot antibiotikaresistens* innanfor Landbruks- og matdepartementets sektoransvar.

Kunnskap er òg berebjelken i bioøkonomien, der dei mange biologiske ressursane frå landbruk, skogbruk, havbruk og fiskeri blir produsert og utnytta meir berekraftig og effektivt. I tråd med regjeringa sin bioøkonomistrategi, Kjente ressursar – uante muligheter, skal forskingsinnsatsen innan bioøkonomi bidra til auka verdiskaping i bio-baserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar. Ein stor del av potensialet for verdiskaping i bioøkonomien ligg i det å ta i bruk ny kunnskap og teknologi. Mogleggjerande teknologiar som bioteknologi, nanoteknologi og IKT vil opne for smartare bruk av dei fornybare biologiske ressursane og bidra til det grønne skiftet gjennom utvikling av produkt som er mindre ressurskrevjande og meir klima- og miljøvennlege.

I Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – konkurransedyktig skog- og trenærving*, og i Stortingets handsaming av denne, blir det òg peika på behovet for forskning og teknologiutvikling. Her går det fram at høg forskning og innovasjonsaktivitet vil vere viktig for å styrkje konkurranseevna i skog- og trenærvinga, og for å utnytte skogen si rolle i klimasamanheng. Departementets løyvingar til forskning og innovasjon skal bidra til å ta ut skogens potensial i bioøkonomien gjennom utvikling av nye og innovative teknologiar og produkt frå norske skogressursar.

Landbruket rår over eit stort ressursgrunnlag. Dette gir potensial for økonomisk vekst innanfor ei rekkje næringar og innanfor heile verdikjeda, frå primærleddet til forbrukarane. Gjennom Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2015–2024*, er det stadfesta at regjeringa vil prioritere forskning som kan bidra til eit innovativt og omstillingsdyktig næringsliv, gjennom auka nyskaping, nyetablering og kommersialisering. Også landbruks- og matforskinga skal målrettast slik at den bidreg til auka verdiskaping, innovasjonar og nye arbeidsplassar. Det er eit mål å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor gjennom å stimulere næringane i sektoren til å forske meir og til å nytte seg av forskinga til andre, både nasjonalt og internasjonalt. Verdien av kunnskap, forskning og innovasjon som drivkraft for verdiskaping og utvikling av vekstkraftige regionar i heile landet er òg under-

streka i Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*.

Dei utfordringane og kunnskapsbehova som sektoren står overfor er i stor grad dei same som i andre land, både i Europa og elles. Norsk deltaking i internasjonal forskning på landbruks- og matområdet er difor nødvendig for å løyse sams utfordringar, heve kvaliteten på forskinga, fornye norsk forskning og for å kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land. Ei slik målsetjing krev ei omfattande mobilisering og eit godt samspel mellom nasjonale og europeiske forskingsmidlar, mellom anna EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Regjeringa sin Panoramastrategi for høgare utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020) legg òg eit viktig grunnlag for meir målretta og langsiktig forskningssamarbeid på landbruks- og matområdet.

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Sektoren har lange tradisjonar for samarbeid mellom styresmakter, næringsaktørar og kunnskapsmiljø når det gjeld kunnskapsutvikling og forskings- og utviklingsarbeid. Dette gjer at sektoren har eit godt utgangspunkt for at forskinga er relevant og at ny kunnskap kjem til nytte. Samstundes er det viktig med eit omfattande samspel mellom landbruket og andre sektorar i arbeidet med å fremje forskning og innovasjon. Dette vil leggje grunnlaget for synergjar mellom landbruks- og matnærvingane og andre næringar gjennom utveksling av kunnskap, teknologi og idear. Ikkje minst vil vidareutvikling av bioøkonomien, der eit av Noreg sine fortrinn ligg i eit tett samarbeid mellom blå og grøn sektor, krevje samarbeid på tvers av fagområde og ulike næringar.

Ei målretta politikkkutforming med gode avgjerder for landbruks- og matsektoren krev kontinuerleg tilgang på oppdatert kunnskap. Forskingsbasert kunnskap bør i størst mogleg grad liggje til grunn for politikkkutvikling og forvaltning. Samfunnsvitskapleg forskning skal bidra med kunnskap om landbrukets rolle, fremje lokal og regional utvikling, og gi kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Det same gjeld forholdet mellom landbruket og samfunnet elles. Samfunnsvitskapleg forskning vil òg gi meir kunnskap om samspelet mellom politikk, forvaltning og næring.

For at kunnskapen skal nå ut til næringsaktørar, rådgivarar og andre som kan ha nytte av den, må ein sikre rask og effektiv formidling av

resultata frå landbruks- og matforskinga. Noregs forskingsråd set krav til at formidlingsaktivitet er ein integrert del av forskingsprosjekta.

Primærleddet i landbruket og industrien som foredlar mat og fiber er høgteknologisk og kunnskapskrevjande. Dette sett høge krav til kompetanse hos næringsutøvarar, rådgivarar og utdanningsinstitusjonar. God rekruttering både til yrkesutdanning og til høgare landbruks- og matfagleg utdanning vil vere viktig for å utdanne kompetent arbeidskraft til eit framtidsetta landbruk.

Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Det er eit mål å ha ein effektiv instituttsektor i landbruket som driv forskning av høg kvalitet og relevans, og som har godt omdømme og høg internasjonal konkurransekraft. Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og systematisk oppbygging av kompetanse skal leggje til rette for auka kvalitet i forskingsinstitutta i landbruket.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) skal kartleggje og ha kunnskap om biologiske ressursar og arbeide for kommersialisering knytt til berekraftig bruk av ressursane slik at Noreg kan få ei breiare næringsverksemd i framtida. Saman med Veterinærinstituttet (VI), dekkjer NIBIO viktig bioøkonomisk og biomedisinsk kompetanse.

Departementet vil vidareføre arbeidet med å leggje til rette for faglege og administrative synergiar mellom landbruks- og matforskinsinstitutta. Det blir lagt vekt på tverrfaglegheit og godt samarbeid mellom dei ulike landbruks- og matfaglege forskingsmiljøa.

Etablering av kunnskapsklynger er eit viktig verkemiddel for kompetanse og kunnskapsutvikling. Den sams lokaliseringa av NIBIO sitt hovudsete, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) og frå 2020 VI på Campus Ås, vil skape grunnlag for eit kunnskapsbasert kraftsentrum innanfor undervisning, forskning og innovasjon. Det gjeld både innanfor dei eksisterande bionæringane og i utvikling av ny næringsverksemd innanfor bioøkonomien.

Den sams lokaliseringa av NIBIO, NMBU og VI på Ås legg òg eit godt grunnlag for vidare samarbeid mellom desse miljøa og Nofima AS. Selskapet har kompetanse som er sentral for å vidareutvikle og auke konkurransevna i norsk nærings-

middelindustri. I tillegg er den tverrfaglege tilnærminga til Nofima sentral for å ta ut det potensiålet som ligg i samarbeid mellom blå og grøn sektor på matområdet.

Landbruks- og matdepartementet vil vidareføre arbeidet med å utvikle fagleg og økonomisk robuste forskingsinstitutt og bidra til eit godt samarbeid mellom miljøa innanfor landbruks- og matforskinga og andre relevante samarbeidspartnarar. God rekruttering og moderne infrastruktur for forskinga vil òg vere viktig for å oppnå auka kvalitet.

Oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 448 (2016–2017), 31. januar 2017

Stortinget ber regjeringa om å utarbeide en strategi for en helhetlig og styrket satsning på forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa.

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017).

Regjeringa har både i Meld. St. 6 (2016–2017) og i den nasjonale bioøkonomistrategien *Kjente ressuser – uante muligheter* peika på at høg forskings- og innovasjonsaktivitet er ein viktig føresetnad for å styrkje konkurransevna i skog- og trenæringa og for å utnytte skogens rolle i klimasamanheng. Utvikling av nye produkt og produksjonsmetodar står sentralt for at skognæringa kan ta ut sitt potensial for industriell vekst innanfor bioøkonomien. Landbruks- og matdepartementet legg difor til grunn at ein strategi for heilskapleg og styrkt satsing på forskning, utvikling og innovasjon i skog- og trenæringa skal byggje vidare på nemnde dokument og andre relevante meldingar og strategiar. Arbeidet med strategien må òg sjåast i samanheng med utarbeidinga av ein strategi for auka etterspørsel etter grøne trebaserte produkt, jf. vedtak nr. 445 (2016–2017). Landbruks- og matdepartementet vil utarbeide strategien i samarbeid med relevante departement. Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg vil vere sentrale faglege rådgivarar i arbeidet. Næringa, forvaltninga og aktuelle forskingsmiljø vil bli involvert på eigna måte. Regjeringa vil komme tilbake med ei nærare omtale av saka.

Kap. 1136 Kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	227 448	227 979	235 921
	Sum kap. 1136	227 448	227 979	235 921

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi**Formål med løyvinga**

Midlane over posten skal nyttast til kunnskapsutvikling, fagleg beredskap, utvikling av kompetanse, analyse og dokumentasjon og formidling av kunnskap på følgjande område:

- Mat og planteproduksjon
- Beredskap, plantehelse og mattryggleik
- Skog og utmark
- Areal- og genressursar
- Kart og geodata
- Foretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

Rapportering 2016

2016 var Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) sitt første heile driftsår etter fusjonen av Bioforsk, Norsk institutt for skog og landskap og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning. NIBIO har i året som gjekk hatt særskild merksemd på rutinar og system for å sikre kontroll og god styring av økonomien i instituttet.

NIBIO har gitt høg prioritet til arbeidet med å utvikle ny kunnskap og teknologi som ledd i ein effektiv og konkurransedyktig mat- og planteproduksjon i heile landet. Mellom anna har instituttet i 2016 jobba med å få fram kunnskap om god agrobiologi og optimal dyrkingspraksis for forskjellige sortar dyrka under ulike geografiske forhold. For å støtte opp under eit landbruk i nord har det vore arbeid med å styrkje landbruket sine føresetnader for lønsam produksjon under nordlege rammevilkår.

Instituttet skal sikre nasjonal beredskap innan mattryggleik og plantehelse og arbeide for å halde ved like eit friskt plantemateriale. NIBIO har gitt brei beredskapsstøtte til Mattilsynet og plantehelsefagleg bistand til både Mattilsynet og næringsliv. NIBIO har òg bidrege inn i Mattilsynet sitt arbeid med overvaking av restar av plantevern-

middel i næringsmiddel. Instituttet sin beredskap og kompetanse innan plantevernmiddelestar i næringsmiddel har stor verdi for vidare overvaking.

NIBIO har formidla kunnskap om eit berekraftig skogbruk til skognæringa. Det har òg blitt vurdert om aktuelle framande artar av sopp og insekt kan vere ein risiko for skadar på skog i samband med import. Anna sentralt arbeid på skogområdet har vore arbeid med data frå MiS-registreringar (miljøregistrering i skog) og Landsskogtakseringa, for å vidareutvikle kunnskap om korleis ein best tek omsyn til miljøverdiane. Skogportalen har blitt utvikla vidare i 2016 med nye funksjonar og kartlag. NIBIO har òg bidrege inn i internasjonalt skogsamarbeid og delteke i ei rekkje internasjonale forum.

NIBIO har gitt vesentlege faglege bidrag i arbeidet med landbruk og klimaendringar. Instituttet har arbeidd langsiktig for å byggje opp klimakompetanse på skogområdet. For å sikre eit miljøvennleg landbruk har det blitt jobba med å tilpasse gjødsling best mogleg til dei ulike vekstane. Effektive dyrkingssystem med minst mogleg negativ påverknad på klima og miljø har vore prioritert. Det har òg vore samarbeidd med dei andre nordiske landa om sams tiltak og politikktutforming på miljøområdet. I oppfølginga av EUs rammedirektiv for vatn har NIBIO gitt råd til landbruksforvaltninga sentralt og lokalt og delteke i direktoratsgruppa for gjennomføring av direktivet i Noreg.

AR5 er eit grunnleggjande verktøy i verkemiddelforvaltning, planarbeid, sakshandsaming, utgreiing og næringsutvikling knytt til bruk og endra bruk av landets arealressursar. NIBIO har i 2016 jobba vidare med ajourhald og kvalitetssikring av arealressurskartet AR5. Vidare har det vore jobba med både jord- og beitekartlegging. Jordkartlegginga er viktig for å synleggjere arealverdien av jordressursane i planprosessar, kva dyrking arealet eignar seg for og kor utsett arealet er for erosjon. Landbruket skal ta vare på kultur-

landskap, kulturminne og miljøverdier, og NIBIO har overvaka både tilstand og endring. Dette gir nasjonal oversikt over utviklinga i kulturlandskapet, og status for dei tilhøyrande kultur- og miljøverdiane.

NIBIO har i 2016 gjennomført forvaltningsoppgåver knytte til genressursar i tråd med rulle- og handlingsplanar og strategi for Norsk genressursenter ved instituttet. Vidare er oppfølging av internasjonale prosessar vareteke innanfor sektorane husdyr, planter og skogtregenetiske ressursar og arbeidet i kommisjonen for genetiske ressursar for mat og jordbruk. Det er lagt vekt på eit godt samarbeid med NordGen (Nordisk genressursenter) om fleire genressursprosjekt, mellom anna knytt til genbanken for verpehøns på Hvam og ville slektningar til kulturplanter i Noreg.

NIBIO har oppdatert kunnskapen om den økonomiske utviklinga i landbruket, og bidrege med omfattande materiale til jordbruksoppgjeret. Nærare omtale av aktiviteten i NIBIO i 2016 er gitt i årsrapporten til instituttet.

Budsjettframlegg 2018

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 235,921 mill. kroner til kunnskapsutvikling, formidling og beredskap i NIBIO.

Ei viktig samfunnsoppgåve for NIBIO framover vil vere å støtte styremakter og næringsliv i å vidareutvikle ein nasjonal bioøkonomisatsing, med berekraftig produksjon og uttak av biomasse, jf. regjeringa sin nasjonale strategi for bioøkonomi *Kjente ressursar – uante muligheter* frå 2016. Vidare vil NIBIO saman med Veterinærinstituttet ta del i eit forskingssamarbeid med det kinesiske vitenskapsakademiet (CAAS).

Ut over dette skal løyvinga skal prioriterast på følgjande område:

Mat- og planteproduksjon

NIBIO skal utvikle kompetanse som kan bidra til auka produktivitet, betre kvalitet og lønsam planteproduksjon under ulike dyrkings- og klimaforhold i Noreg. Næringa skal òg ha tilgang til forskingsbasert kunnskap om økologisk produksjon. Innsatsen retta mot samanhengen mellom planteproduksjon og husdyrproduksjon for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for husdyrproduksjonen skal vidareførast.

NIBIO skal ha kompetanse og dokumentasjon på dei langsiktige konsekvensane av ulike dyrkingssystem og metodar for å sikre god ressursut-

nytting og framtidig produksjonspotensial i jordbruket. Det er særleg behov for dokumentasjon av korleis variasjon i klima og dyrkingsmetodar verkar på erosjon, forureining, biologisk mangfald og genetiske ressursar, og kva tiltak som kan bli sett i verk. Det er behov for kunnskap som gir grunnlag for å redusere bruken av kjemiske plantevernmiddel og om alternativ til kjemiske plantevernmiddel.

NIBIO skal bidra til at forvaltninga har tilgang til kunnskap som gir grunnlag for utforming av effektive verkemiddel for å nå klimapolitiske målsetjingar. Instituttet skal ha kompetanse på omfang og konsekvensar av utslepp av klimagassar frå landbruket og potensialet for opptak av CO₂ og lagring av karbon i jord og skog. Dette gir grunnlag for framtidige teknologiske og strukturelle val innanfor landbruket, samstundes som landbruket kan produsere energi av eige råstoff og anna avfallsmateriale.

NIBIO skal bidra til å skaffe fram informasjon om korleis klimaendringane verkar på landbruket. Instituttet skal gi råd om klimatilpassing, og kva for bidrag landbruket kan gi i arbeidet med å løyse klimautfordringane. Endringar i lager av karbon, tilgangen på fornybar energi og byggeråstoff må vurderast i samanheng. Instituttet skal få fram betre data om karbonlager og karbonendringar i jordsmonn og skog. Vidare skal det utviklast metodar og opplegg for forbetring av bidraga til klimagassrekneskapen slik at rekneskapen byggjer på best moglege data. Instituttet skal vidareutvikle klimasenterfunksjonen sin og rolla det har innanfor internasjonal klimagassrapportering.

Beredskap, plantehelse og mattryggleik

NIBIO skal vidareutvikle kompetanse på ulike planteskadegjerarar og ha beredskap for å kunne handtere sjukdommar og skadeorganismar som trugar god norsk plantehelse. Det er særleg viktig å møte utfordringane ved risiko for innføring og spreiding av nye skadegjerarar ved endringar i klima, auka handel og transport over landegrensar.

Instituttet er ein viktig leverandør av kunnskapsstøtte til styresmaktene og ulike forvaltningsorgan for å sikre nasjonal kapasitet og beredskap på matområdet. Beredskapsperspektivet er særleg retta mot evna til å halde ein høg nasjonal mat- og fôrproduksjon ved lag, og å hindre at nye skadegjerarar etablerer seg i Noreg.

NIBIO skal òg ha beredskap og kompetanse på verkemåtar for og verknader av ulike plante-

vernmiddel og andre innholdsstoff i planter med potensielt uheldig verknad. Instituttet skal ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å utføre analysar som nasjonalt referanselaboratorium for pesticidrestar og planteskadegjerarar.

Skog og utmark

NIBIO skal vere leiande på kunnskap om berekraftig skogbruk og utvikle ny kunnskap om utnytting av ressursane i utmarka. Dette er viktig både for ressursforvaltning og av omsyn til klima, verdiskaping og politikktutforming.

Instituttet skal som del av dette vedlikehalde og vidareutvikle ei kart- og innsynsløysing med sikte på å samle og tilby relevante data om skog- og arealressursar til brukarar og samarbeidspartar. NIBIO skal halde oppe Landsskogtakseringa og drifte FoU-prosjektet Miljøregistreringer i skog og samarbeide med Landbruksdirektoratet om kartlegging av behov og prioritering av tiltak.

Det er nødvendig å ha høg beredskap for å oppdage skadar på skog i ein tidleg fase, både for å førebyggje at nye skadegjerande soppar og at insekt etablerer seg i Noreg og for å finne tiltak mot spreining av dei som allereie er etablert. Dette blir stadig viktigare på grunn av klimaendringane. Instituttet skal difor gi informasjon og drive rettleiing og rådgiving om skadegjerande soppar og insekt på skog, mellom anna gjennom forskning, nordisk samarbeid og formidling av informasjon. Dette må òg sjåast i samanheng med rådgivinga til skogplanteskolane som har ei viktig rolle når det gjeld klimatilnærta retta mot auka skogplanting. Det er viktig at instituttet bidreg til ei effektiv og heilskapleg organisering og drift av relevant skogskadeovervaking og beredskap. Internasjonalt samarbeid er viktig, som til dømes arbeidet under konvensjonen om langtransporterte grenseoverskridande luftforureiningar og arbeidet i FAO om invaderande artar i Europa og Sentral-Asia. Stortinget har oppmoda regjeringa om å arbeide for tilstrekkelege beredskapsplanar i skogbruket. NIBIO har fått kunnskapsutviklingsoppgåver knytt til dette, innanfor område som stormskadar i skog med tilhøyrande utbrottsrisiko av granbarkbilla og om brannodynamikk i skog.

Informasjon og tilgjengeleg kunnskap om skog og skogbruk, klima, biologisk mangfald og ulike miljøverdier er omfattande og kjem frå mange ulike kjelder. I den nettbaserte kartløyninga Skogportalen, som blei lansert i 2015, er miljøinformasjon for skogforvaltninga samla. Tilbodet skal vidareførast i 2018.

NIBIO skal etter nærare dialog med departementet halde fram med å publisere rapporten *Bærekraftig skogbruk i Norge*. NIBIO skal oppdatere rapporten regelmessig på eigna måte.

Instituttet skal føre vidare langsiktige feltforsøk på viktige norske treslag. Desse feltforsøka er viktige for historisk dokumentasjon av skogutviklinga, som grunnlag for vidare utvikling av eit berekraftig skogbruk og for kunnskap om skogens rolle i klimapolitikken.

NIBIO skal delta i internasjonalt samarbeid om skog, og har ansvar for norsk rapportering til FOREST EUROPE og FAO. Instituttet skal delta i det europeiske arbeidet som blir gjort med å vidareutvikle verktøy for berekraftig skogforvaltning.

Areal- og genressursar

Ressursundersøking og -overvaking er langsiktige program som skaffar informasjon om tilstand og utvikling av ressursar som landbruket nyttar og forvaltar. Sentrale oppgåver er vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet (AR5), Landskogtakseringa og Arealrekneskapen for utmark. Vidare omfattar programma mellom anna systematisk overvaking av kulturlandskapet og kulturminne, kartlegging av jordsmonn, eit internasjonalt forankra overvakingssopplegg for skogskadar (OPS) og vegetasjonskartlegging for å betre utnyttinga av beiteressursane. Det siste er viktig for å auke matproduksjonen ut frå ressursar i utmarka og for å dokumentere faktisk bruk av beiteareal, tap av beitedyr generelt og konsekvensar av rovvilt og andre forhold som påverkar næringsmessig beitebruk. Som eit tiltak i regjeringa sin nasjonale jordvernstrategi skal NIBIO vidareføre arbeidet med å utvikle kunnskapen om arealressursane. Ikkje minst er det viktig at kunnskapen blir gjort tilgjengeleg og formidla, mellom anna i samarbeid med Landbruksdirektoratet. NIBIO skal òg halde fram arbeidet med å leggje til rette for statistikk om utmarkseigedommar, og forbetre og vidareutvikle statistikken ut frå dei erfaringane som er gjort sidan 2009.

Arbeidet med forvaltninga av dei genetiske ressursane i landbruket er samla i Norsk genressurscenter og forankra i den strategiske planen til senteret. Genressurscenteret skal oppdatere og følgje opp nasjonale handlingsplanar for vern og bruk av genetiske ressursar innanfor kulturplanter, skogstre og husdyr. Nettverksbygging, overvaking og informasjon er sentrale oppgåver for senteret. Samarbeidet med foredlings- og avlsorganisasjonane om berekraftig avl og foredling og med miljøforvaltninga om *in situ* varetaking er

viktig. Genressurssenteret skal gi faglege råd og innspel til Landbruksdirektorat og Landbruks- og matdepartementet i saker som omhandlar forvaltninga av genressursar.

Genressurssenteret skal arbeide i nær kontakt med Nordisk Genressurssenter (NordGen), jf. kap. 1139, post 71. Senteret er nasjonalt kontaktpunkt for oppfølging av internasjonale prosessar og avtalar innanfor fagområda og for møte i ulike samarbeidsforum på nordisk, europeisk og globalt nivå.

Kart og geodata

NIBIO skal utvikle kart- og geodatatenestene sine i samsvar med kva næringa og styresmaktene treng av informasjon og tenester på området. Instituttet skal sørge for sikker forvaltning av data frå ressursundersøkingane og arbeide med analyse og utvikling av ny statistikk og nye tema-kart. Dessutan skal instituttet leggje til rette for digitale kart- og tenesteløysingar på internett, og skal mellom anna støtte Mattilsynets arbeid med å utvikle kartløysingar for registrering av skadegjerarar.

Instituttet skal vareta og koordinere landbruket sitt bidrag til Geovekst. Midlar til dette skal forvaltest saman med midlar til arealressurskart og flybilete, med sikte på at landbruket skal få rett til å nytte alle kartdata som blir etablerte innanfor Geovekst. Instituttet må ha god kontakt med brukarane som nyttar produkta frå kart- og datasamarbeidet. Geovekstsamarbeidet, vedlikehald av arealressurskarta, løysinga for Noreg i bilete og regelmessig nasjonal omløpsfotografering skal samla sett bidra til god dekning av detaljerte kart og flybilete over jord- og skogareala. Instituttet skal gi kommunane kunnskapsstøtte til oppdatering og vedlikehald av karta.

Statens kartverk har fått i oppgåve å leie arbeidet med å etablere ein digital høgde- og terrengmodell for Noreg. NIBIO skal bidra til dette arbeidet.

Instituttet skal støtte arbeidet til Statistisk sentralbyrå (SSB) med nasjonal arealstatistikk og European Environmental Agency (EEA) sitt arbeid med europeisk arealovervaking. NIBIO skal òg utvikle løysingar som viser arealendringar i kartet og som statistikk. Instituttet skal òg yte bistand til internasjonale prosessar for auka samordning av og samhandling om geodata innan tema instituttet har ansvar for.

Data samla inn frå satellittar har eit potensial for å bli nytta i overvaking av skog- og arealressursar. Satellittbaserte tenester for navigasjon og posisjonering blir òg nytta til mange formål innanfor landbruksnæringane. Noreg tek del i Copernicus, som er EUs program for jordobservasjon. NIBIO skal saman med Statens kartverk bidra i utviklinga av landtenesta i Copernicus. Noreg er òg med på utviklinga av Galileo, eit europeisk system for satellittnavigasjon. Instituttet skal i denne samanhengen yte kompetansestøtte innanfor landbruksrelaterte tema.

NIBIO skal samarbeide med Landbruksdirektoratet om å forvalte, vedlikehalde og gjere kartdata frå reindrifta tilgjengeleg. I tillegg skal instituttet bidra til at reindrifta sitt ansvar for kartleveransar inn i den nasjonale infrastrukturen blir følgt opp.

Føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

NIBIO skal levere eit godt grunnlag for økonomiske og politiske avgjerder med stor verdi for produksjon og omsetnad av landbruksprodukt, næringsmiddelindustri og matvaremarknader, bygdenæringar og landbruket si rolle i samfunnet. Instituttet skal òg utarbeide materiale som grunnlag for arbeidet til Budsjettnemnda for jordbruket, og ha rolla som sekretariat for nemnda etter avtale med Landbruks- og matdepartementet. Instituttet har i tillegg ein del særskilde utgreiingsprosjekt der departementet er oppdragsgivar.

NIBIO skal ha eit samfunnsperspektiv i arbeidet sitt med landbruks- og matsektoren. Utviklinga i internasjonale råvaremarknader, endringar i handelspolitiske rammevilkår og konsekvensane av dette for norsk landbrukspolitik og matproduksjon, er òg viktige tema NIBIO skal ha merksemd på. Departementet legg vidare vekt på auka bruk av data frå driftsgranskingane til forskning og utgreiing, og på at det framleis er ei vesentleg brukarfinansiering av mellom anna kursverksemd innan driftsøkonomisk rettleiing og styring.

I 2018 og framover vil det bli lagt vekt på å oppgradere og fornye IKT-systema i NIBIO knytt til Budsjettnemnda for jordbruket. IKT-systema er avgjerande for verksemda og må forbetrast med tanke på tryggleik, nedetid og informasjonstap. For 2018 er det lagt opp til ein auke i løyvinga på 4,2 mill. kroner til dette arbeidet.

Kap. 4136 Kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
30	Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi	19 775	20 286	20 643
	Sum kap. 4136	19 775	20 286	20 643

Ei rekkje av eigedommane NIBIO disponerer er eigde av Landbruks- og matdepartementet der bruken er regulert i ein leigeavtale som har blitt forlenga årleg etter at ho gjekk ut. I samband med opprettinga av NIBIO blei det vedteke å gå gjen-

nom den regionale strukturen for instituttet. Dette arbeidet er framleis ikkje avslutta, og departementet legg difor opp til å vidareføre avtalen òg for 2018. I tråd med kontrakten er det difor budsjettet med ei inntekt på 20,643 mill. kroner.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
50	Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd	254 065	260 555	242 827
51	Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	183 193	184 727	187 822
52	Innovasjonsaktivitet m.m.	5 246		
53	Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.	3 545	3 534	3 564
54	Næringsretta matforskning mv.		150 000	160 000
70	Innovasjonsaktivitet mv., <i>kan overførast</i>		11 057	8 375
71	Bioøkonomiordninga, <i>kan overførast</i>			2 832
	Sum kap. 1137	446 049	609 873	605 420

Post 50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd**Formål med løyvinga**

Løyvinga skal bidra til at hovudmåla på landbruks- og matområdet, inkludert dei forskingspolitiske delmåla, blir nådde. Løyvinga omfattar forskingsaktivitet i regi av Noregs forskingsråd.

Rapportering 2016

Rapporteringa under gir ei oversikt over aktivitet og bruk av forskingsmidlar i Noregs forskingsråd i 2016. Ein meir utfyllande rapportering på resultat og effektar av departementet sine forskingsløyvingar er å finne i del 3.

Målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon

Løyvingar til forskning over Landbruks- og matdepartementets budsjett har i hovudsak blitt disponert gjennom Forskingsrådet sitt program Berekraftig verdiskaping i mat- og biobaserte næringer – BIONÆR. Programmet finansierer både grunnleggjande og næringsretta forskning innan satsingsområdet bioøkonomi med hovudvekt på jordbruk, skogbruk og andre naturbaserte verdikjeder. BIONÆR skal utløyse forskning og innovasjon som fremjar Noreg som eit meir biobasert samfunn. Ved å finansiere langsiktige kunnskaps- og kompetansebyggjande forskingsprosjekt bidreg programmet til å byggje kompetanse av stor samfunnsverdi på tverrfaglege område. Departementet har òg bidrege med forskingsløyvingar til mel-

lom anna programma ENERGIX og MILJØFORSK, som følgjer opp ulike prioriterte område.

Forskringsrådet har i 2016 følgd opp føringar i tildelingsbrevet innan områda berekraftig bioøkonomi, med særleg innsats mot matsikkerheit, mattryggleik, dyrehelse og dyrevelferd inkludert antibiotikaresistens, berekraftig sunn matproduksjon og redusert matsvinn. I tillegg har områda berekraftig skogbruk og auka bruk av tre, forskning og utvikling (FoU) for vidareutvikling av biovarme, biogass og biodrivstoff vore tillagt vesentleg vekt. Utlysinga innan temaet bioøkonomi, under dette mellom anna planteprotein i framtidens mat og næringsmessig utnytting av restråstoff frå biologisk materiale, har resultert i løyving til sju forskarprosjekt på til saman 130 mill. kroner. I 2016 blei det òg løyvd midlar til 14 innovasjonsprosjekt med eit breitt spekter av tema, men med hovudvekt på matproduksjon og ulike typar matprosessering. Foredling av kveite og svin var òg mellom dei temaa som fekk løyving. Innan området bioenergi blei det løyvd midlar til ni prosjekt med start i 2017, av desse seks prosjekt innan tema biodrivstoff/biogass. Mellom anna vil nye prosjekt innan biogass knytt til Norske Skog sine anlegg i Halden og Skogn bidra til meir biogass, betre utnytting av ressursane og utfasing av fossil energi i transport. BIONÆR lyste òg ut nettverksmidlar som resulterte i 4 nye nettverk som skal bidra til utvikling av nasjonalt og internasjonalt samarbeid, informasjonsarbeid og spreiding av forskningsresultat. Det har òg vore fleire fellesutlysingar, mellom anna av nettverksmiddel innan mat og helse, og forprosjekt for innovasjon i bionærin-gane i samarbeid med Innovasjon Noreg.

I 2016 var det 167 aktive forskingsprosjekt i BIONÆR-programmet innan tema som planteproduksjon, husdyrbruk og næringsmiddelindustri, med ei samla løyving på 289 mill. kroner over Landbruks- og matdepartementets budsjett. Mange av prosjekta har element av klimaforskning i seg.

Løyvingane over Landbruks- og matdepartementets budsjett blei i 2016 òg nytta til ei sams utlysing for innovasjonsprosjekt i næringslivet, i samarbeid med Forskringsmidlane for jordbruk og matindustri (Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskingsmidlar over jordbruksavtalen). Utlysinga var tematisk open innan ansvarsområda til BIONÆR og Forskringsmidlane.

Løyvingar over Landbruks- og matdepartementets budsjett blei òg i 2016 nytta til forskning for å styrkje skogen sitt bidrag til verdiskaping i heile landet og for å nå energi-, klima- og miljømål.

Viktige innsatsområde er auka bruk av trevirke, energiproduksjon basert på tre og aktiv utnytting av skogen i nærings- og klimasamanheng. BIONÆR har i hovudsak hatt forskingsprosjekt på desse områda, men MILJØFORSK har òg hatt viktige bidragsprosjekt. Forskringsprosjekt innan temaet berekraftig skogproduksjon og auka bruk av tre utgjorde i BIONÆR 51 mill. kroner av løyvinga frå Landbruks- og matdepartementet i 2016.

Dei siste åra har skog- og treforskninga i volum blitt vridd meir over mot ny og innovativ bruk av trevirke og fiber. Dette speglar næringa sine dagsaktuelle utfordringar og ønske om FoU retta mot nye produkt og prosessar for å kunne halde oppe og sikre ei langsiktig avverking av tømmer og for å halde mest mogleg av verdiskapinga i Noreg. Innan innovative biobaserte produkt er det komme nye prosjekt på plass med utgangspunkt i tre som råstoff, men òg med utgangspunkt i anna biobasert råstoff.

Av dei prosjekta som fekk midlar i MILJØFORSK si hovudutlysing i 2016, vil eitt prosjekt skaffe ny kunnskap om verknader av ei omstridt gruppe plantevernmiddel (neonicitinoider) og klimamessige forhold for humler, som er viktige pollinatorar på avlingar.

Ein vesentleg del av løyvinga over Landbruks- og matdepartementets budsjett er retta mot forskingsinnsats for å redusere utslepp til luft og vatn og å auke opptaket av CO₂ i skog og jord. Den samla forskingsinnsatsen på desse områda har i 2016 vore på 38,7 mill. kroner. Den største delen går til området bioenergi og blir forvalta av ENERGIX som er Forskringsrådet sitt store program innan miljøvennleg energi. ENERGIX dekkjer alle områda til Landbruks- og matdepartementet innanfor bioenergi; biovarme, avfall til biogass og biodrivstoff. Produksjon av fornybar energi er eit næringstungt område, og innovasjonsprosjekt dominerer porteføljen.

Ein stor del av løyvinga til Forskringsrådet over Landbruks- og matdepartementets budsjett går til forskning for å auke innovasjonsgraden og konkurransevna innan næringane i landbrukssektoren. Prosjekt på innovative, nye produkt utgjorde i 2016 om lag 4 pst. av den samla porteføljen i BIONÆR, men her er det òg ein vesentleg prosjektportefølje i ENERGIX og i BIA-programmet. Tematisk innretta program som BIONÆR og Verkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI-ordninga) har vore viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Den brukarstyrte forskinga løyser òg ut vesentlege private midlar til forskning. For 2016 viser tal frå Forskringsrådet høg aktivitet og evne til å

implementere forskingsresultata i praksis gjennom nye produkt, prosessar, tenester, bedriftsetableringar og liknande som er eit resultat av innovasjonsprosjekta. Forskingsinnsats frå næringslivet på departementet sine område er nærare omtalt i del 3.

Løyvinga er vidare nytta til målretta arbeid med å få forskning høgare opp på dagsorden i regionane gjennom VRI-satsingar (FORREGION frå 2017). Mat, landbruk, skog eller bioøkonomi har vore innsatsområde i seks regionar. Det blei i 2016 løyvd 33 mill. kroner til 10 prosjekt innan områda mat/landbruk/skog/tre. Næringsretta prosjekt innan landbruk og næringsmiddelindustri treff òg godt i SkatteFUNN. I 2016 blei det registrert 57 aktive prosjekt innan skog- og tresektoren, og 498 prosjekt innan jordbruk og mat.

Løyvingar over Landbruks- og matdepartementets budsjett gjorde det mogleg for norske FoU-miljø å delta i konkurranse om internasjonale forskingsmidlar innan mange European Research Area Net (ERA-NET), som er eit samarbeid mellom ulike forskingsprogram i Europa. Norske miljø deltek her på så vidt ulike område som økologisk landbruk, dyrehelse og -velferd, matproduksjon og forbruk og foredling og bruk av tre som råvare. Ved utgangen av 2016 hadde BIONÆR 19 ulike ERA-Net-prosjekt relevante for landbruks- og matpolitiske prioriteringar. På landbruks- og matområdet er Fellesprogrammet (JPI) Agriculture, Food Security and Climate Change (FACCE) vidareført, og det blei i 2016 teke i bruk nye verkemiddel knytt til FoU-samordning innan klimagassar og jord, og eit kunnskapsnettverk for berekraftig intensivring. FoU-midlar innan tema om klimagassar frå landbruk og berekraftig planteproduksjon, har blitt utlyst i 2016.

Norsk matforskning er òg representert i internasjonalt samarbeid gjennom nordisk samarbeid og bilaterale forskingsprosjekt. Forskingsrådet og Landbruks- og matdepartementet deltek i arbeidet i The European Agricultural Research (EURAGRI) og i Standing Committee for Agricultural Research (SCAR).

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Forskingsrådet sine handlings- og næringsretta program er retta mot kunnskapsbehov i sektoren og i forvaltninga. Forskingsprogramma BIONÆR, MILJØFORSK og ENERGIX er viktige verkemiddel for kunnskapsutvikling i forvaltninga og for å nå målet om høg kvalitet og relevans i for-

skinga. I tillegg til porteføljen av samfunnsfaglege prosjekt på rammvilkår og næringspolitikk, har det dei siste åra blitt lagt vekt på at samfunnsfaglege problemstillingar må integrerast i prosjekt der dette er relevant.

Forskingsrådet gjer ein aktiv innsats for å auke kvalitet og relevans i forskinga. Innsatsen skjer mellom anna gjennom forskning på nasjonalt prioriterte område, forskingsbasert innovasjon, forskning i næringslivet, forskning i tråd med kunnskapsbehov i sektoren og forvaltninga, i tillegg til internasjonalt forskningssamarbeid. Dei siste åra har det vore ein auke i kvaliteten på søknadane til BIONÆR. Delen forskarprosjektsøknader med høg kvalitet har auka frå 50 pst. i 2013 til 80 pst. i 2016. Den same tendensen kan sjåast òg for innovasjonsprosjektsøknader.

Det er eit nært samarbeid mellom Forskingsrådet og Forskingsmidlane for jordbruk og matindustri, jf. kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50. Formålet med samarbeidet er å bidra til ei heilskapleg forvaltning av dei samla forskingsmidlane innan landbrukssektoren. Gjennom Forskingsmidlane for jordbruk og matindustri blir det i hovudsak finansiert open forskning til nytte for aktørane i bransjen.

God og tilpassa forskingsformidling er viktig for at resultata frå forskinga kan takast i bruk både av primærprodusentane og resten av ledda i verdikjeda. Formidling er i stor grad integrert i forskingsaktivitetane og programverksemda. Gjennom VRI-programmet blir det samarbeidd med regionale partnerskap, FoU-miljø og andre relevante utviklingsaktørar for å stimulere til læring, innovasjon og verdiskaping i verksemdar med liten FoU-erfaring. Norsk Landbruksrådgi-ving er eit bindeledd mellom forskinga og landbruket og har ei viktig rolle i å formidle kunnskap til næringsutøvarane. Forskingskommunikasjonen omfattar tiltak for å fremje dialog mellom forskning og samfunn og for å bidra til at forskning blir brukt i politikk, forvaltning og næringsutvikling. Gjennom forskingsprogramma blir det arbeid målretta med nyheiter om forskingsresultat gjennom heile året. Programma gir òg viktige bidrag til formidling av ny kunnskap mellom anna gjennom konferansar, utlysing av konferansestøtte, og stipendiatsamlingar.

Budsjettframlegg 2018

Løyvinga følgjer opp måla for landbruks- og matforskninga, og måla for Noregs forskingsråd som er nærare omtalt i Prop. 1 S (2017–2018) frå Kunnskapsdepartementet.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 242,827 mill. kroner over kap. 1137, post 50 i 2018. Løyvinga følgjer dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla – matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar – og dei tre delmåla for forskning, som er omtalt i kat. 15.20.

Auka kunnskap kring alt frå grunnleggjande agronomi til bruk av bioteknologi i sortsutvikling og avlsarbeid vil danne grunnlag for ein meir resurseffektiv, berekraftig og lønsam matproduksjon. Forsking, innovasjon og teknologiutvikling skal vidareutvikle biobasert næringsliv i Noreg og leggje grunnlaget for ny og innovativ bruk av biomasse. Mogleggjerande teknologiar (bioteknologi, nanoteknologi, IKT og avanserte produksjonsprossar) er òg ein av dei langsiktige prioriteringane i Meld. St. 7 (2014–2015) *Langtidsplan for forskning og høgre utdanning*. Meldinga omtaler verdien av ny teknologi i utviklinga av nye produkt og av nye løysingar på ei lang rekkje område, under dette matproduksjon og vidareutvikling av bioøkonomien. Regjeringa sin bioøkonomistrategi *Kjente ressursar – uante muligheter* legg òg vekt på behovet for ny kunnskap og teknologi for å utnytte våre fornybare ressursar meir effektivt, berekraftig og lønsamt.

Etter fleire års satsing innanfor området fornybar energi, vil departementet vri innsatsen meir i retning av mogleggjerande teknologiar. Departementet vil difor følgje opp regjeringa sin bioøkonomistrategi ved å styrkje forskingsinnsatsen på mogleggjerande teknologiar med 10 mill. kroner. Satsinga skal bidra til auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av etablerte næringar, sektorar og fagområde. Samla er det venta at satsinga på mogleggjerande teknologiar skal bidra til nye verdiar samstundes som klimautsleppa frå ikkje-kvotepiktig sektor blir reduserte.

For regjeringa er det viktig å prioritere forskning som bidreg til nok og trygg mat, og under dette god plante- og dyrehelse og dyrevelferd. Noreg har god mattryggleik, som følgjer av mellom anna god dyrehelse og Europas lågaste forbruk av antibiotika i husdyrproduksjonen. Landbruks- og matdepartementet vil òg i 2018 leggje vekt på forskning innan dyrehelse og mattryggleik, medrekna antibiotikaresistens.

Departementet vil vidareføre forskning på områda betre agronomi, auka lønsemd og auka matproduksjon. Samstundes skal det takast nødvendige omsyn til natur og miljø. Klimaendringane

med høgare temperaturar og meir ekstremvær vil skape utfordringar, som til dømes auka førekomst av planteskadegjerarar og problem med innhausting. Samstundes skaper endringane òg nye moglegheiter for det norske landbruket. Forskinga skal bidra til å tilpasse produksjonen etter dagens værforhold og synleggjere moglegheiter for auka lønsemd i norsk landbruk innanfor eit endra klima. Samarbeid på tvers av ulike fagområde vil vere særskild viktig for å sikre sistnemnde.

Det er viktig at landbruks- og matforskinga bidreg til auka innovasjon og konkurransekraft innanfor dei mange næringane i landbruket. I dette arbeidet står den brukarstyrte forskinga og satsinga på bioøkonomi sentralt. Det er ei målsetjing å auke kommersialiseringa av forskingsresultata. For å oppnå kommersialisering er det viktig at Innovasjon Noreg, forskingsinstitutta, Selskapet for industrivekst (Siva) og Forskringsrådet samarbeider om å auke innovasjonsgraden i sektoren. Departementet vil vidareføre arbeidet med tilrettelegging for auka samarbeid mellom dei landbruksfaglege institutta og andre kunnskapsmiljø på Campus Ås. Samarbeid er viktig for å styrkje kommersialisering av kunnskap frå forskning. Støtta til programmet Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION) i Noregs forskingsråd blir vidareført i 2018.

Departementet vil arbeide for auka internasjonalisering av landbruks- og matforskinga. Noregs forskingsråd skal sikre at dei nasjonale forskingsprogramma vidareutviklar det strategiske, tematiske og finansielle samspelet med EU-forskinga, inkludert Horisont 2020. Aktiviteten innanfor felleprogrammet JPI FACCE (Agriculture, Food Security and Climate Change) skal vidareførast. I tråd med regjeringa si satsing på Horisont 2020 skal dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta følgje opp eigne strategiar for EU-satsing. Det er etablert eit forskningssamarbeid med Kina på landbruks- og matområdet, mellom anna med utgangspunkt i ein underteikna avtale mellom Landbruks- og matdepartementet og Landbruksdepartementet i Folkerepublikken Kina, og ein nyleg underteikna samarbeidsavtale mellom NIBIO og det kinesiske vitskapsakademiet (CAAS). Departementet følgjer med dette opp regjeringa sin Panorama-strategi, som skal gi auka internasjonalisering for auka kvalitet og relevans i norsk utdanning og forskning. Det er venta at samarbeidet skal gi ny kunnskap og teknologiske løysningar som vil vere viktig for Noreg i den grønne omstillinga. Departementet vil styrkje forskningssamarbeidet med Kina på landbruks- og matområdet ved å setje av midlar til dette.

Nordisk komité for jordbruks- og matforskning skal støtte opp under forskings- og innovasjonssystema i dei nordiske landa og vere ei sams plattform for nordiske initiativ internasjonalt. Det nordiske skogforskingsamarbeidet i SNS – Samnordisk Skogforskning – arbeider på same vis. Departementet vil òg i 2018 vidareføre det nordiske samarbeidet.

Offentlege og private aktørar står i stor grad overfor dei same kunnskapsutfordringane innanfor område som nok og trygg mat, betre ressursutnytting og auka verdiskaping og sysselsetting i landbruks- og matnæringane. Det er difor nødvendig med god dialog mellom næring og forvaltning om forskingsprioriteringane. Siktemålet er at sams kunnskapsbehov skal sjåast i samanheng, og at ressursane til forskning skal utnyttast effektivt. Eit aktivt samarbeid med Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt og Fondet for forskningsmidlar over jordbruksavtalen, jf. kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50, er nødvendig for å oppnå dette. Løyvingar til forskning over departementet sitt budsjett må òg sjåast i samband med dei ulike innovasjonsverkemidla i sektoren. Det er behov for både brukarstyrt forskning og forskning for forvaltning på landbruks- og matområdet.

Forskning er viktig for å støtte opp under forvaltninga sitt behov for kunnskap. Dette gjeld innanfor alle ansvarsområda til departementet. Vidare vil samfunnsvitskapleg forskning bidra med kunnskap om landbruket si rolle, fremje lokal og regional utvikling og gi kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket.

Forskningsprosjekta må følgjast opp med målretta formidling slik at ny kunnskap på ein rask og effektiv måte når ut til aktørane som kan ha nytte av den. Formidlinga skal vere tilpassa både spesifikke brukargrupper og allmenta, og kunnskapen må bli framstilt slik at han kan bli forstått og raskt teke i bruk.

Departementet vil vurdere å bidra til forskning som ser på samanhengar mellom helse hos dyr og menneske (ei helse), gjennom innsamling av biologisk materiale frå dyr for etablering av ein biobank i samarbeid med Helseundersøkingane i Nord-Trøndelag.

Rammeoverføring av verksemdskostnader for Noregs forskingsråd

Frå 2018 gjer regjeringa framlegg om å samle alle løyvingar til drift av verksemda til Forskningsrådet på ein rammestyrt post på Kunnskapsdeparte-

mentets budsjett, kap. 285 Noregs forskingsråd, post 55 Verksemdskostnader. Regjeringa vil med dette sikre meir overordna og effektiv styring av dei samla kostnadene ved Forskningsrådets verksemd.

Landbruks og matdepartementet gjer på bakgrunn av dette framlegg om å flytte 16,228 mill. kroner frå kap. 1137 post 50 til kap. 285 post 55 på Kunnskapsdepartementets budsjettområde. For nærare omtale av den nye posten for verksemdskostnader i Forskningsrådet, sjå Prop. 1 S (2017–2018) frå Kunnskapsdepartementet, programkategori 07.70.

Post 51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd

Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet er ansvarlege for basisløyvingane til primærnæringsarenaen. Arenaen omfattar frå 1.7.2015 NIBIO, Nofima, Veterinærinstituttet, SINTEF Fiskeri og havbruk og Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning). Frå 1.1.2017 inngjekk SINTEF Fiskeri og havbruk i SINTEF Ocean.

Forskningsrådet har ansvar for forvaltninga av basisløyvingane til forskingsinstitutta under Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde: NIBIO, Norsk senter for bygdeforskning og Veterinærinstituttet. I tillegg får Nofima AS strategiske midlar frå Landbruks- og matdepartementet.

Dei underliggjande forvaltningsorgana NIBIO og VI blir omtalt nærare i kap. 1136 post 50 og kap. 1112 post 50. Bygdeforskning er ein frittstående nasjonal forskingsstifting som forskar innan bygdesosiologi og fleirfaglege bygdestudier. Nofima er eit av Europas største næringsretta institutt med forskingskompetanse innanfor heile verdikjeda for utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor. Sjå kap. 928 post 72 i Prop. 1 S (2017–2018) frå Nærings- og fiskeridepartementet for nærare omtale.

Formål med løyvinga

Formålet med basisløyvingar er å sikre ein sterk instituttsektor som kan tilby brukarretta forskning av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga. Løyvingane på posten skal nyttast til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging innan landbruks- og matområda, stimulere til høg vitskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid, og skal nyttast i tråd med retningslinene for statleg basisløyving av forskingsinstitutt.

Rapportering 2016

Primærnæringsarenaen omfatta i 2016 Nofima, Veterinærinstituttet, SINTEF Fiskeri og havbruk, NIBIO og Norsk senter for bygdeforskning. For omtale av Landbruks- og matdepartementets delmål 3 *Ein effektiv instituttsektor i samspill med andre*, sjå del 3.

Samla blei det tildelt 279 mill. kroner i basisløyving til primærnæringsinstitutta i 2016, ved sida av den strategiske matsatsinga til Nofima. Av desse blei 170 mill. kroner gitt over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet og 109 mill. kroner over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Strategiske midlar til NIBIO frå Klima- og miljødepartementet kjem i tillegg.

Tabell 2.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskningsinstitutta for 2016

	Drifts- inntekter	Drifts- resultat	Basis- løyving	Basis disponert til strategiske instituttsatsingar	Basisløyving per forskar- årsverk	Basisløyving i pst. av drifts- inntektene
	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Mill. kr.	Pst.
NIBIO ¹	719,8	1,6	137,8	33,0	0,442	19
Veterinærinstituttet	370,9	2,1	22,6	10,2	0,159	6
Bygdeforskning	43,4	1,7	8,3	2,5	0,379	19
<i>Sum</i>	<i>1 134,1</i>	<i>5,4</i>	<i>168,7</i>	<i>45,7</i>		

¹ Samanslåing av Bioforsk, NILF og Norsk institutt for skog og landskap 1.7.2015
Kjelde: Tal frå Forskningsrådet. Årsrapport 2016 Primærnæringsinstitutta

Basisløyvinga utgjer frå 6 til 19 pst. av inntektene til institutta. Institutta disponerer samla sett største delen av basisløyvinga til strategiske institutt-

satsingar og nettverksbygging. Nokre midlar blir òg nytta til forprosjekt/idéutvikling, publisering og eigendel i forskingsprosjekt.

Tabell 2.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2016

	Samla årsverk	Forskarårsverk som del av samla årsverk	Tilsette med dr. grad. per forskarårsverk	Publikasjons- poeng per forskarårsverk ¹
		Pst.	Forh. tal	Forh. tal
NIBIO	626	50	0,79	0,78
Veterinærinstituttet	299	47	0,94	0,75
Bygdeforskning	27	82	0,68	0,71
<i>Sum</i>	<i>952</i>			

¹ Ny modell for å rekne ut publikasjonspoeng gjeld frå 2015. Poenga er difor ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Dei tre landbruks- og matforskningsinstitutta har til saman 7 fleire årsverk i 2016 enn i 2015, mens det frå 2014 til 2015 var ein reduksjon på 23 årsverk. Talet på forskarårsverk har vore stabilt med 475 i 2015 og 476 i 2016. Talet på tilsette med doktorgrad har òg vore stabilt med 396 i 2016 mot 400 i 2015.

NIBIO

NIBIO blei etablert 1.7.2015 gjennom ei samanslåing av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Norsk institutt for skog og landskap. NIBIO har overteke dei faglege oppgåvene som dei tre tidlegare institutta handterte.

Arbeidet med å gjennomføre fusjonen mellom dei tre institutta har kravd vesentleg merksemd

og innsats òg i 2016. NIBIO hadde eit driftsoverskott på 1,6 mill. kroner i 2016.

Instituttet har nytta 137,8 mill. kroner i basisløyving frå Noregs forskingsråd, noko som utgjer 19 pst. av driftsinntektene. NIBIO disponerte 33,8 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar.

Talet på årsverk i 2016 var 626, mot 639 i 2015. Forskarar utgjorde 312 årsverk. Instituttet produserte 317 artiklar i vitskaplege tidsskrift og antologiar fjor og oppnådde 0,78 publikasjonspoeng per forskarårsverk.

Veterinærinstituttet

I 2016 hadde Veterinærinstituttet eit driftsoverskott på 2,1 mill. kroner. I 2015 var overskottet på 9,0 mill. kroner.

Instituttet nytta ei basisfinansiering på 22,6 mill. kroner frå Forskingsrådet. Veterinærinstituttet disponerte 10,2 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar. Basisløyvinga utgjorde 6 pst. av driftsinntektene til instituttet, det lågaste talet på arenaen.

Instituttet hadde 299 årsverk i 2016, mot 282 året før. Forskarar utgjorde 142 årsverk. Veterinærinstituttet produserte 100 vitskaplege artiklar i 2016, og oppnådde 0,75 publikasjonspoeng per forskarårsverk.

Norsk senter for bygdeforskning

Bygdeforskning hadde eit driftsoverskott på 1,7 mill. kroner i 2016. I 2015 var driftsoverskottet på 0,2 mill. kroner. Instituttet har nytta 8,3 mill. kroner i basisløyving frå Forskingsrådet, noko som utgjer 19 pst. av driftsinntektene. Bygdeforskning disponerte 2,5 mill. kroner til eigendefinerte strategiske instituttsatsingar.

I 2016 var det 27 årsverk i Bygdeforskning, mot 24 året før. Forskarar utgjorde 22 av årsverka, mot 19 i 2015. Den vitskaplege produksjonen resulterte i 30 artiklar i tidsskrift og antologiar. Bygdeforskning oppnådde 0,71 publikasjonspoeng per forskarårsverk.

Budsjettframlegg 2018

Departementet flytter 0,943 mill. kroner frå kap. 1137 post 51 til kap. 285 post 55 på Kunnskapsdepartementets budsjettområde, jf. omtale under post 50.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 187,822 mill. kroner til basisløyvingar til forskingsinstitutt.

Basisløyvinga blir fordelt på primærnæringsarenaen i tråd med formålet slik det går fram av retningslinene og Kunnskapsdepartementets Prop. 1 S (2014–2015). Det betyr at alle dei tre institutta er med i konkurransen om den resultatbaserte omfordelinga av løyvinga. Den statlege basisfinansieringa av forskingsinstitutta er samansett av ei grunnløyving og strategiske løyvingar. Av grunnløyvingsramma går 2,5 pst. til resultatbasert omfordeling mellom primærnæringsinstitutta. Ordninga med strategisk instituttsatsingar blir vidareført med eit tak på 30 pst. Noregs forskingsråd har i 2017 starta ein evaluering av institutta på primærnæringsarenaen, og evalueringa er venta ferdigstilt våren 2018.

Post 52 Innovasjonsaktivitet m.m.

Posten er avvikla frå 2017, og løyvinga er flytta til kapittel 1137, post 70 Innovasjonsaktivitet mm.

Rapportering 2016

Løyvinga har gått til satsing på nyetablerte verksemder som har fått oppstartsstønad frå fire inkubatorar i regi av Selskapet for industrivekst SF (Siva). Ein inkubator er ein organisasjon som skal gi stønad til verksemder som prøver å etablere ny kommersiell aktivitet, gjerne med utgangspunkt i innovasjon. Inkubatorane rettar seg mot landbruksbasert inkubasjon og er sterke miljø med stort potensial. Til saman har det vore 48 verksemder i dei fire inkubatorane i 2016.

Validé AS i Stavanger har motteke 1 mill. kroner og har hatt 17 verksemder. Nedslagsfeltet for inkubatoren er det meste av Rogaland. Validé AS har nært samarbeid med NCE Culinology og Måltidets hus. Inkubatoren leverer gode resultat, med mange spanande verksemder innan landbruks- og matområdet.

Hedmark Kunnskapspark på Hamar har motteke 1 mill. kroner og har hatt åtte verksemder. Miljøet har lang røynsle med inkubasjon innan mellom anna jordbruk og skogbruk. Med inkubatoren, innovasjonssenteret Biosmia og Arenaprojektet Heidner er det samla sett etablert eit godt system for innovasjon og nyskaping i fylket.

Proneo AS er lokalisert i Verdal og Stjørdal, og har eit veksande nedslagsfelt i heile Trøndelag. Selskapet har motteke 1 mill. kroner og har hatt 11 verksemder i 2016. Innsatsen er mellom anna retta mot lokal matproduksjon, gjerne med mindre verksemder med regionale og nasjonale marknadsambisjonar. Inkubatoren leverer gode

resultat og har eit potensial for å arbeide med verksemder med større marknadsmoglegheiter.

Inkubator Ås har motteke 2 mill. kroner og hatt 12 verksemder. Inkubatoren blei etablert i oktober 2014 og arbeider tett med Kjeller Innovasjon. Det blir arbeidd med kommersialisering av idear innan bioøkonomi i samarbeid med FoU-miljøa på Ås og med relevant næringsliv for å bidra til auka knoppskyting.

Post 53 Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.

Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til omstilling i instituttsektoren i landbruket i retning av meir faglege og økonomisk solide institutt. I første rekkje skal løyvinga bidra til å realisere regjeringa sitt formål med oppretting av Norsk institutt for bioøkonomi og til å dekkje delar av kostnadene til Veterinærinstituttet i samband med flyttinga til Ås.

Rapportering 2016

I 2016 blei løyvinga mellom anna nytta til å førebu Veterinærinstituttet si flytting til Ås. Vidare blei det gitt stønad til overføring av verksemd frå NIBIO til stiftinga NORSØK, til planlegging av samlokalisering av NIBIO på Ås, vidare utvikling av regionalt nærvær i Midt-Noreg og arbeid knytt til instituttet si eining på Løken. Det blei òg nytta noko midlar til vidare utgreiing av organisering og finansiering av NIBIO si eining i Pasvik.

Budsjettframlegg 2018

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 3,564 mill. kroner. Løyvinga skal gå til å vidareutvikle NIBIO som eit sterkt og effektivt forskingsinstitutt. Viktige oppgåver er å greie ut om samlokalisering av instituttet sine tilsette på Ås og til vidareutvikling av regional struktur. Løyvinga kan òg nyttast til å førebu flytting av Veterinærinstituttet til Ås.

Post 54 Næringsretta matforskning mv.

Formål med løyvinga

Ordninga har bakgrunn i Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, som blei oppretta i medhald av lov av 26.6.1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forskning på

landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nyttingsmiddel og førkorn til husdyr. Løyvinga skal mellom anna gå til matforskningsinstituttet Nofima AS, som er eit næringsretta institutt med forskingskompetanse innanfor heile verdikjeda for utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon innan grøn og blå sektor. I tillegg skal løyvinga gå til næringsrelevante forskingsprosjekt etter open utlysing og konkurranse.

Midlane blir kravde inn gjennom ei avgift på importerte og norskproduserte landbruksprodukt. Løyvinga skal forvaltast av eit styre oppnemnd av departementet.

Løyvinga blir motsvara av inntekter frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70 Forskningsavgift på landbruksprodukt.

Budsjettframlegg 2018

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving på 160 mill. kroner på posten. Det vil vere uvisse knytt til inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt og til forbruk det enkelte året. Departementet legg difor opp til ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1137, post 54 og kap. 5576, post 70, jf. framlegg til vedtak II.

Post 70 Innovasjonsaktivitet mm.

Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til vekst og konkurransekraft hos nyetablerte verksemder gjennom inkubator-tenester til vekstbedrifter i ein tidleg fase. Inkubatorane tilbyr fagleg rådgiving, forretningsutvikling og tilgang til nødvendig kompetanse, nettverk og lokale. Tilboda må tilpassast dei behova verksemdene har for individuell oppfølging og skje i eit miljø med høg kompetanse på innovasjon og næringsutvikling. Siva gjennomfører satsinga på vegne av departementet. Løyvinga skal fremje kommersialisering av kunnskap frå forskning i landbruks- og matsektoren og bidra til auka knoppskyting frå eksisterande næringsliv.

Løyvinga over posten er òg retta mot marknad driven bioinnovasjon i regi av BioSmia til Hedmark Kunnskapspark. Denne satsinga skal leggje til rette for å etablere nye arbeidsplassar og vekst innan bioøkonomien.

Løyvingane til Siva og Hedmark Kunnskapspark skal mellom anna bidra til at fleire norske bedrifter kan ta marknadsposisjonar innan avansert foredling av fornybare biologiske ressursar.

Av løyvinga blir det òg gitt midlar til Mære landbruksskole si satsing på fornybar energi.

Frå 2018 blir det gjort ei teknisk flytting av løyvinga til Bioøkonomiordninga frå kap. 1137, post 70 til kap. 1137, ny post 71.

Rapportering 2016

For rapportering på innovasjonsaktivitet m.m., sjå kap. 1137, post 52.

For rapportering på tiltak for industriell bruk av biomasse, sjå kap. 1149, post 74.

Budsjettframlegg 2018

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 8,375 mill. kroner for å fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidsretta landbruk. Løyvinga blir fordelt på følgjande måte:

- Inkubatorar i regi av Selskapet for industrivekst SF (Siva), 5,375 mill. kroner.
- Tilskott til samarbeidet i den blå-grøne bioteknologiske næringsklynga på Hamar gjennom innovasjonssenteret Biosmia – Senter for marknadsdriven bioinnovasjon, 2 mill. kroner.
- Tilskott til klima- og energisatsinga ved Mære Landbruksskole, 1 mill. kroner.

Post 71 Bioøkonomiordninga

Formål med løyvinga

Løyvinga skal fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte oppunder eit sterkare og meir framtidsretta

landbruk. Midlane skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane. Sjå òg omtale av ordninga under kap. 2421, post 50 Prop. 1 S (2017–2018) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa ser eit stort potensial i å stimulere til vidareutvikling av produksjonsprosessar og ny næringsverksemd med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringane. Løyvinga skal leggje grunnlag for auka verdiskaping i biobaserte næringar gjennom ei marknadsorientert og berekraftig utnytting av bioressursane på tvers av sektorar og næringar.

Budsjettframlegg 2018

Frå 2018 blir det gjort ei teknisk flytting av løyvinga til Bioøkonomiordninga frå kap. 1137, post 70 til kap. 1137, post 71.

Departementet gjer framlegg om ei løyving til Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg, med ei samla ramme på 2,832 mill. kroner for 2018. Det er òg vesentlege midlar overførte på posten som det er gitt tilsegn til, og det vil ikkje alltid vere slik at løyvingar kjem til utbetaling same året som dei blir løyvde. Departementet legg difor òg opp til ei tilsegnfullmakt på posten på 5,8 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	37 779	36 760	8 336	-77,3
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	20 356	25 519	24 596	-3,6
1142	Landbruksdirektoratet	483 768	459 082	440 549	-4,0
1144	Regionale og lokale tiltak i landbruket	6 639			
1148	Naturskade – erstatningar	135 822	169 000	156 000	-7,7
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	131 292	158 817	144 729	-8,9
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	14 591 451	14 579 932	15 107 993	3,6
1151	Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	118 016	114 500	118 600	3,6
1161	Myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	24 371	24 299	24 505	0,8
Sum kategori 15.30		15 549 494	15 567 909	16 025 308	2,9

Inntekter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
4142	Landbruksdirektoratet	47 082	41 374	42 279	2,2
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	67			
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	25 000	25 000	25 000	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	141 833	285 000	160 000	-43,9
Sum kategori 15.30		213 982	351 374	227 279	-35,3

Mål og strategiar

Budsjettframlegget under kategori 15.30 omfattar næringsavtalar, verdiskaping og utviklingstiltak i skogbruket, miljøtiltak, Landbruksdirektoratet, erstatning for naturskade, forvaltning av statsgrunn i skog og utmark, og støtte til organisasjonar. Sjå òg Prop. 141 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2017 m.m.)* og Prop. 138 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2017/2018 m.m.)* og Stortingets handsaming av desse, for nærare informasjon om næringsavtalane. Framlegget under kategorien rettar seg særleg mot hovudmåla om *Landbruk over heile landet, Auka verdiskaping og Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar*.

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre ein effektiv bruk av statlege overføringar, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmoglegheiter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet.

Regjeringa har i 2016/2017 lagt fram meldingar til Stortinget om jordbrukspolitikken, skog- og trenæringa og reindrifta og ein proposisjon om jord- og konsesjonslovgivinga. Regjeringa har òg lagt fram Meld. St. 41 *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, som inkluderer ei omtale av endringar i opptak og utslepp av klimagassar i landbruket (jordbruk-, skog- og arealsektoren), og korleis sektorane kan bli ein del av EUs klimarammeverk for 2030. Meldingane og proposisjonen, og Stortinget si handsaming av desse, ligg til grunn for mål og verkemiddel under kategorien.

Regjeringa la fram bioøkonomistrategien *Kjente ressursar – uante muligheter* i november 2016, der berekraftig, effektiv og lønsam produksjon og utnytting av fornybare ressursar er det sentrale. Den nasjonale satsinga på bioøkonomi skal fremje verdiskaping, sysselsetjing, reduserte klimagassutslepp og meir effektiv og berekraftig utnytting av dei fornybare biologiske ressursane. Satsinga er mellom anna konsentrert om samarbeid på tvers av sektorar og marknader for fornybare produkt.

Regjeringa la i januar 2017 fram strategien *Opplevingar for ein kvar smak*. Strategien synleggjer korleis landbruket og reindrifta kan vere innhaldsleverandørar for reiselivet og inngå i heil-

skaplege reiselivsprodukt. Hovudmålet for strategien er å auke verdiskapinga for mat- og reiselivsaktørar i landbruket og reindrifta. Strategien gir mål og retning for dei offentlege aktørane sine prioriteringar av verkemiddel, men gir òg klare forventningar til næringa.

Landbruksdirektoratet står sentralt i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken. Landbruksdirektoratet set landbruks- og matpolitikken ut i livet og er eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Brukarretta og effektiv forvaltning av tilskottsordningar og juridiske verkemiddel står sentralt, i tillegg til kontroll og dokumentasjon.

God kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er særst viktig i arbeidet med å nå dei landbrukspolitiske måla. Forvaltning av dyrka mark, skog og utmark krev god oversikt over areal- og genressursane, føresetnader for lønsam drift og god kunnskap om berekraftig forvaltning med gode miljøomsyn. NIBIO er såleis ein viktig leverandør av kunnskap til forvaltning og næringsutøvarar, jf. kap. 1136 og 1137.

Prioriteringar

Internasjonale prosessar

Regjeringa vil innanfor gitte landbrukspolitiske rammer arbeide for ein friare handel med landbruksvarer. Noreg forhandlar om marknadstilgang for landbruksvarer innanfor Verdas handelsorganisasjon (WTO), EØS-avtalen og EFTA-samarbeidet.

I WTO-forhandlingane har medlemslanda det siste året drøfta ulike tema som vil kunne stå på dagsordenen på ministerkonferansen i Buenos Aires i desember 2017. Regjeringa ser det som viktig å få på plass ein ny multilateral avtale, og vil bidra aktivt gjennom ulike initiativ. Når det gjeld forpliktingane i den eksisterande WTO-avtalen og oppfølginga av ministererklæringa frå Nairobi i 2015, tilpassar regjeringa verkemiddelbruken i landbruket slik at Noreg held seg innanfor avgrensingane.

EØS-avtalen opnar for avtalar mellom Noreg og EU om handel med landbruksvarer. I april 2017 blei Noreg og EU-kommisjonen samde om ein ny Artikkel 19-avtale. Avtalen er til formell godkjenning i EU, og vil innebere auka kvoter inn til Noreg for mellom anna ost, kjøtt og blømande planter. Vidare gir avtalen auka eksportkvoter inn til EU for kjøttvarer, mjølkeprodukt og blomar. EFTA forhandlar i 2017 med ei rekkje land om å inngå handelsavtalar, mellom andre India, Malaysia, Indonesia, Vietnam og Mercosur (Argentina,

Brasil, Paraguay og Uruguay). EFTA-forhandlingane omfattar handel med både uforedla og foredla landbruksvarer. I 2017 starta forhandlingane om ein handelsavtale mellom Noreg og Kina opp igjen.

På klimaområdet forhandlar Noreg for tida med EU om å inngå ein avtale om sams oppfylling av klimamåla for 2030. EU skal mellom anna fastsetje reglar for korleis skog og annan arealbruk skal bli inkludert i klimarammeverket og fleksibiliteten rundt ikkje-kvotepliktig sektor. Regelverket for skog- og arealbrukssektoren blir for tida drøfta i Europaparlamentet og Rådet, og ei rekkje skogland har teke til orde for alternative modellar til Kommissjonen sitt forslag. Noreg vil samarbeide med andre europeiske skogland for å fremje ein alternativ modell for EU.

I forhandlingane med EU om sams oppfylling av klimamåla, vil departementet særleg følgje arbeidet med fordeling av innsatsen mellom EU-landa for å oppfylle utsleppsmålet for 2030 for ikkje-kvotepliktig sektor, som mellom anna omfattar jordbruk, og utforminga av regelverket for korleis ein skal rekne inn skog og annan arealbruk som nemnd ovanfor. Under FN's klimakonferanse i Warszawa i november 2013, blei det teke eit viktig initiativ for å integrere jordbruk og matsikkerheit. Departementet vil halde fram med å engasjere seg i dette arbeidet, der ein i første omgang ser på tilpassing til eit endra klima og på effektiv produksjon av mat. Det er viktig å sikre eit godt samarbeid mellom FN's klimaorganisasjon (UNFCCC), FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO), Verdsbanken og aktuelle samarbeidsland på dette området.

Mandatet til FAO er global matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, vatn, luft og genetiske ressursar. Noreg legg i 2017 særleg vekt på FAOs oppfølging av klimastrategien som blei vedteke i 2017, det viktige arbeidet mot antibiotikaresistens innan One Health-rammeverket, oppfølging av berekraftsmåla og ei effektiv og resultatbasert styring av organisasjonen. I tillegg er standardsetjing for mattryggleik under Codex Alimentarius, plantetraktaten, fagkomiteane innan landbruk, skog og fiske i FAO og kommissjonen for genetiske ressursar prioriterte område.

Antibiotikaresistens er eit viktig område for internasjonalt samarbeid innan mat og helse, og var i 2016 tema for eit toppmøte under generalforsamlinga i FN. I hovudinnlegget under generalkonferansen i FAO i 2017 poengterte Noreg at antibiotikaresistens må bli endå høgare prioritert på den internasjonale agendaen. Antibiotikaresis-

tens er eit av vår tids største globale helsetrugs-mål og kan berre handterast gjennom eit breitt internasjonalt samarbeid. Noreg var i 2017 òg vertskap for eit nordisk toppmøte om antimikrobiell resistens. Dei nordiske ministrane med ansvar for mat og landbruk blei samde om tiltak som må stå sentralt i kampen mot antibiotikaresistens og som dei nordiske landa skal jobba saman om å fremje heime og på den internasjonale arenaen. Landbruks- og matministeren deltok òg i G20-landa si handsaming av saka.

Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling dei neste 15 åra. Noreg rapporterte i 2016 på oppfølginga av dei universelle berekraftsmåla, som blei vedteke av generalforsamlinga i FN i september 2015, og vil gjere det same i 2017.

Departementet vil aktivt støtte opp om FAOs arbeid med berekraftig skogforvaltning. FAO har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om kartlegging av og utviklinga i forvaltning av skogressursane. Departementet vil òg ta aktivt del i arbeidet under FAOs kommisjon for genetiske ressursar og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk. Dette inneber òg vidareutvikling av det globale frølaget på Svalbard. Departementet arbeider spesielt for forbetringar av det multilaterale systemet for tilgang og fordeling knytt til genressursar i plantetraktaten. Dette vil bidra til meir effektiv planteforedling og høgare matproduksjon både i Noreg og i andre land.

Det er behov for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. I Europa samarbeider landa om berekraftig forvaltning av skog gjennom FOREST EUROPE, og Noreg deltek aktivt i dette arbeidet. FN's skogforum (UNFF) har ei rolle i å leggje premisser for berekraftig skogforvaltning globalt, og vedtok i 2016 ein strategisk plan som skal rettleie alt arbeid som blir gjort i FN på skogområdet. Noreg er medlem av European Forest Institute (EFI), eit europeisk forskingsinstitutt som er oppretta ved ein internasjonal avtale. Noreg bidreg økonomisk til den delen av EFI som arbeider med å kople forskning og politikktutvikling. Denne delen av verksamda til EFI er viktig som kunnskapsgrunnlag i utviklinga av nasjonal skogpolitikk og europeisk skogpolitisk samarbeid.

Nordisk ministerråd for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for ein berekraftig og konkurransekraftig bruk av naturressursar, mellom anna dei genetiske ressurs-

sane. Det er eit mål at ein gjennom sams nordisk innsats skaper meirverdi og nordisk nytte for dei enkelte nordiske landa og innbyggjarane deira. Det fireårige samarbeidsprogrammet utgjer saman med dei årlege formannskapsprogramma og overordna initiativ, handlingsrommet for samarbeidet. Også i tida framover vil departementet vektleggje det nordiske samarbeidet innanfor bioøkonomi og grøn omstilling. På ministermøtet 2017 i Ålesund var antibiotikaresistens, jordbruk og klima og berekraftig skogbruk sentrale tema på fagseminar og i dei politiske drøftingane. Det blei understreka at det er viktig at dei nordiske landa vidarefører og styrkjer samarbeidet om antibiotikaresistens i internasjonale forum.

Hovudtrekk i jordbruksoppgjæret

Det lokale ressursgrunnlaget og bonden sin kompetanse bør i større grad vere avgjerande for produksjonen, ikkje offentlege avgrensingar og komplekse tilskottsordningar. Utøvarar i jordbruket, som sjølvstendig næringsdrivande, skal ha høve til å ha den same inntektsutviklinga som andre i samfunnet. Gode inntektsmoglegheiter er ein føresetnad for auka matproduksjon og for at næringa skal rekruttere kompetent arbeidskraft, og at unge menneske skal satse på ei framtid innanfor jordbruket.

Jordbruket la fram kravet sitt 26.4.2017, og statens tilbod blei lagt fram 5. mai. 9. mai melde jordbruket at dei ville gå i forhandlingar. Frå statens side blei det forhandla med sikte på å inngå ein jordbruksavtale. 16. mai blei det i forhandlingsmøte konkludert med at forhandlingane gjekk til brott, og staten fremja ein proposisjon basert på statens tilbod, jf. Prop. 141 S (2016–2017). Ved handsaminga av denne proposisjonen vedtok Stortinget å be regjeringa gjennomføre nye forhandlingar om jordbruksavtale for 2017–2018. Stortinget sette vidare ramma for fordelingsforhandlingane til 625 mill. kroner. I tillegg til den formelle ramma, kunne 130 mill. kroner fordelast i 2018 frå eigenkapitalen i LUF. Fordelingsforhandlingane mellom Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og staten blei avslutta 26. juni med ein jordbruksavtale for 2017–2018.

Ramma i jordbruksoppgjæret i 2017, saman med ei eingongsutbetaling på 130 mill. kroner frå Landbrukets utviklingsfond (LUF), legg til rette for ein inntektsvekst på 4 ½ pst. frå 2017, før oppgjæret, til 2018. Dette utgjer om lag 16 400 kroner per årsverk. Delar av ramma fekk inntektseffekt frå 1.7.2017, og om prisauken bli realisert fullt ut, vil inntektene kunne auke med vel 1 pst. i 2017 og

ytterlegare om lag 3 ½ pst. i 2018. I tillegg kan ytterlegare vel 2 pst. auke i inntekta komme gjennom betre marknadsbalanse.

Jordbruksoppgjæret i 2017 forsterkar den geografiske produksjonsfordelinga gjennom å auke tilskotta til korn i kornområda og redusere stimulansen til grasbasert husdyrhald i kornområda, samstundes som distriktstilskotta og strukturtilskotta til små og mellomstore bruk i grasbasert husdyrhald er styrkte. Oppgjæret prioriterer òg auka utnytting av utmarksressursar høgt ved å auke tilskottet til utmarksbeite. Samstundes vidarefører oppgjæret i 2017 arbeidet med forenkling og fjerning av produksjonsskrankar som regjeringa starta i oppgjæret i 2014, gjennom mellom anna å redusere talet på produksjonsregionar for mjølk frå 18 til 14.

Investeringsverkemidla over jordbruksavtalen blei auka betydeleg, mellom anna for å leggje til rette for rekruttering til landbruket og til fornying av driftsapparatet.

Arbeid med miljø og klima var viktig i årets jordbruksoppgjæret, og ordningar som skal bidra til reduserte klimagassutslepp frå jordbruket, slik som dreneringsordninga, regionale miljøtilskott, tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg og til forskning og kunnskapsutvikling blei styrkt.

Oppgjæret gir en auke i målprisar på 150 mill. kroner frå 1.7.2017. Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga til gjennomføring av jordbruksavtalen over kap. 1150 i 2018 med om lag 377 mill. kroner, av dette 55 mill. kroner i kompensasjonsavgift for auka CO₂-avgift. I tillegg kjem om lag 79 mill. kroner overført frå 2016 og 19 mill. kroner i endra verdi av jordbruksfrådraget.

Regjeringa vil halde fram med å styrkje landbruket gjennom forenkling av lover, reglar og stønadsordningar. Forenkling av verkemiddelapparatet gjer kvardagen til bonden enklare, og bidreg òg til effektivitet og ei betre forvaltning.

Matsikkerheit, beredskap og landbruk over heile landet

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon av omsyn til mellom anna norske forbrukarar og beredskap. Verkemidla skal innrettast slik at dei bidreg til auka produksjon. Tilrettelegging for landbruk over heile landet krev framleis differensiering av verkemidla. Regjeringa vil sikre ein effektiv bruk av statlege overføringar, redusere kostnadsnivået og gi bonden nye og betre inntektsmoglegheiter. Det skal satsast på alternativ næringsutvikling for å gi grunnlag for ein framtidsetta landbruksproduksjon over heile landet.

Leggje til rette for bruk av jord- og beiteressursane

Eitt av hovudgrepa i årets jordbruksoppgjjer var å stimulere til auka bruk av utmarksressursane. Beiting i utmark utnyttar fôrressursane til matproduksjon samstundes som den òg bidreg til vedlikehald av eit ope og artsrikt kulturlandskap. Om lag 85 pst. av sau og lam går på utmarksbeite, og delen sau på utmarksbeite aukar med storleiken på buskapan. Delen storfe på utmarksbeite har auka dei siste tre åra, og er no 29 pst. For storfe går delen på beite ned med storleiken på buskapan. I jordbruksoppgjjeret 2017 blei auka bruk av utmarksressursar prioritert høgt gjennom å auke tilskottet til utmarksbeite.

Eigedomslovgivinga

Dei om lag 150 000 landbrukseigedommane med bustadhus i Noreg utgjer eit viktig grunnlag for sysselsetjing og busetjing og for utvikling og produksjon av varer og tenester med utgangspunkt i landbruket.

For å styrkje den private eigedomsretten og forenkle eigedomslovgivinga har regjeringa fremja forslag til fleire endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova, jf. Prop. 92 L (2016–2017) *Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv. (konsesjonsplikt, odlingsjord, priskontroll, deling og driveplikt mv.)* Stortinget vedtok i samband med handsaminga av lovforslaga mellom anna å heve arealgrensa for konsesjonsplikt ved overtaking av eigedom det er bygd på, for buplikt og for odlingsjord, frå 25 dekar fulldyrka jord og overflatedyrka jord til 35 dekar. Vidare vedtok Stortinget at det ikkje lenger skal vere priskontroll ved overtaking av reine skogeigedommar, og at skogarealet åleine ikkje lenger skal kunne utløyse priskontroll ved overtaking av eigedommar med både jord og skog. Stortinget vedtok òg fleire endringar i delingsføresegna i jordlova. Stortinget vedtok mellom anna at det ikkje lenger skal vere eit krav om at jordbruksarealet skal leigast bort som tilleggsjord til ein annan landbrukseigedom, dersom driveplikta blir oppfylt ved bortleige. Stortinget bad òg regjeringa greie ut konsekvensen av ei vidare liberalisering av konsesjonsplikta utover dei endringane som er vedtekne for reine skogeigedommar, jf. Stortingets oppmodingsvedtak nr. 878 som er referert nedanfor.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Ressursgrunnlaget i Noreg er spreidd og vilkåra for jord- og skogbruksdrift varierer. Regjeringa

arbeider for eit sterkt og konkurransedyktig landbruk i alle delar av landet. Landbruket bidreg med ei rekkje fellesgode og gir grunnlag for sysselsetjing, verdiskaping, næringsutvikling og vekstkraftige distrikt. Landbrukets betydning varierer mellom ulike delar av landet, og er størst i Hedmark, Oppland, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag. Det er difor viktig å ha verkemiddel som stimulerer til utnytting av ressursane til landbruksproduksjon over heile landet, og som bidreg til busetjing, sysselsetjing og verdiskaping i distrikta.

Eit mangfaldig landbruk med variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Føresetnadene for jordbruksproduksjon varierer mellom dei ulike delane av Noreg. Naturgitte vilkår og klimatiske forhold påverkar både produksjonsmogleighetene og nivået på avlingane. Topografien er avgjerande for kor store og samanhengande jordbruksareala kan vere. Små og mellomstore bruk er viktige for å utnytte produksjonspotensialet i alle delar av landet. Auka produktivitet og styrkt konkurransekraft vil vere avgjerande for at målet om auka produksjon og høgare heimemarknadsdelar kan realiserast. Det er difor nødvendig med eit stønadssystem som kompenserer for ein del av dei ulempene mindre bruk har. Dei små og mellomstore bruka blei prioriterte i årets jordbruksoppgjjer gjennom ei styrking av strukturtilskotta til små og mellomstore bruk i grasbasert husdyrhald.

I oppgjjeret forsterka òg regjeringa den geografiske produksjonsfordelinga i landbruket gjennom å auke tilskotta til korn i dei områda som har best føresetnader for å produsere korn, og samstundes redusere stimulansen til grasbasert husdyrhald i desse områda. Distriktstilskottet til husdyr (mjølk og kjøtt) og arealtilskott grovfôr blei auka i område som har gode føresetnader for grasproduksjon. Bruk at utmarksressursane blei stimulert gjennom ein auke i tilskottet til utmarksbeite.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen er det viktigaste bidraget frå regjeringa si side til å halde ved like gode rammevilkår og grunnlag for auka lønsemd i landbruket, og er slik det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Investeringsverkemidla er eit særleg målretta verkemiddel, både fordi yngre investerer i større grad enn

eldre, og delvis fordi mange eldre som investerer gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Unge under 35 år er òg prioriterte i delar av regelverket. I jordbruksoppgjeret 2017 blei investeringsverkemidla styrkte med til saman 93 mill. kroner samanlikna med jordbruksoppgjeret 2016.

Landbruksnæringa har, i likskap med andre næringar, behov for kunnskap og kompetanse for å utvikle norsk matproduksjon og andre landbruksbaserte næringar. Det er difor viktig å òg leggje til rette for eit godt og fleksibelt opplærings- og utdanningssystem i landbruket. I jordbruksoppgjeret 2017 blei det lagt til rette for etablering av ein nasjonal modell for vaksenagronomutdanning. Det er vidare avgjerande for landbruket å ha eit godt omdømme i det norske samfunnet, og at det blir halde ved lag over tid. Landbruket som heilskap og den enkelte næringsutøvar er den viktigaste og beste ambassadøren til å rekruttere til næringa.

Ei økologisk berekraftig reindrift

Reindrifta er ei urfolksnæring som er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng. Reindrifta bidreg til eit levande landbruk gjennom beitebruk i fjellområde og utmark, og har eit stort potensial for auka verdiskaping.

Økologisk berekraft er ein grunnleggjande føresetnad for å vareta reindriftskulturen framover, og for utvikling av næringa og potensialet for økt lønsemd. Regjeringa vil difor framover prioritere og ha stor merksemd på økologisk berekraft.

Reindrifta i delar av Finnmark har vore gjennom ein krevjande prosess med reduksjon i talet på rein, der dette har vore for høgt. Dei tala som no ligg føre viser at ein i all hovudsak har lukkast i dette arbeidet. Gjennomgangen av siidaandelsinnhavarar si *Melding om reindrift* våren 2017, viser at reintalet ligg under det fastsette i Aust-Finnmark reinbeiteområde. For Vest-Finnmark reinbeiteområde ligg reintalet om lag 1 000 rein over det fastsette. Sjølv om innrapporterte tal viser at ein no har eit reintal tilnærma i samsvar med fastsett tal i bruksreglane, er det likevel nødvendig å følgje nøye med på utviklinga.

For å nå dei reindriftspolitiske måla er det nødvendig at reindriftslova og reindriftsavtalen utfyller kvarandre. Gjennom arbeidet med fastsetjing av eit økologisk berekraftig reintal har det blitt mogleg å knyte saman verkemidla over reindriftsavtalen og reindriftslova. Dei fire siste reindriftsavtalane har støtta opp om dei som har følgd opp vedtaka om reduksjon, mens dei som ikkje har følgd reduksjonskrava ikkje har vore i posisjon til å

få tilskott. Dei produksjonsretta tilskotta har blitt prioriterte framfor tilskott som ikkje direkte stimulerer til auka slakting og omsetnad.

Våren 2017 la regjeringa fram Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter*. Meldinga blei lagt fram som oppfølging av regjeringa si politiske plattform. I meldinga blir det vist til at økologisk berekraftig drift og auka produksjon dannar grunnlaget for dei unike moglegheitene i reindriften. I meldinga blir det òg presentert strategiar og tiltak for at næringa betre skal kunne utnytte sitt potensial i ei rasjonell og marknadsorientert retning. Reindriften sine inntekter skal i størst mogleg grad skapast ved å selje etterspurte produkt og tenester til marknaden. Dette vil gi grunnlag for den unike næringa og kulturberaren som reindriften er.

I tråd med konsultasjonsavtalen er det gjennomført konsultasjonar med Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund om framlegg til tiltak i meldinga. Konsultasjonane har bidrege til ein grundig gjennomgang av reindriftspolitikken.

Reindriften er ei viktig og tradisjonsrik matproduserande næring i Noreg. Trygg mat, god dyrevelferd og marknadsorientert produksjon står sentralt i landbruks- og matpolitikken. Dette er utgangspunktet for regjeringas mål om å fremje ei rasjonell og marknadsorientert utvikling av næringa. Innanfor desse rammene er det eit mål om å auke produksjonen og lønsemda til næringa.

I dag er det meste av beitekapasiteten utnytta maksimalt. Næringa må difor auke produksjon og lønsemd gjennom andre driftstilpassingar enn gjennom auka dyretal. Skal reindriften framleis ha eit økonomisk grunnlag for heiltidsutøvarar, er det viktig å auke lønsemda innanfor siidaandelen. For å sikre familiane inntekter med dagens reintal, er det viktig å sjå på alternative verksemdar i tilknytning til reindriften, til dømes innanfor reiseliv, lærings- og omsorgsbaserte tenester, teknologibaserte gjetartenester (dronepilot), vidareforedling og lokalmat med meir.

Stortinget handsama meldinga den 16.6.2017, og slutta seg i all hovudsak til dei forslaga som blei fremja.

Auka verdiskaping

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

Regjeringa vil prioritere dei marknadsbaserte produksjonsmoglegheitene. Til dømes har regjeringa gjennom jordbruksoppgjeret styrkt verkemidla for å stimulere område med underdekning av norske produkt. Regjeringa har prioritert å stimulere

til ein auke i produksjonen av storfekjøtt, korn og grønnsaker der det er eit stort potensial for større norsk produksjon. Produksjonen av sau og lam har auka etter justering av tilskott. Dette viser at bonden vil utnytte dei marknadsbaserte produksjonsmoglegheitene når ein legg til rette for det.

Konkurranseskraft, kostnadseffektivitet og maktfordeling i verdikjeda for mat

Heile verdikjeda i norsk jordbruk må i større grad tilpasse seg sterkare konkurranse i framtida. Det betyr at jordbruket skal vere ei effektiv næring som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek inn over seg ein stadig meir krevjande internasjonal marknad. Dette krev eit framtidretta jordbruk som er mindre politisk styrt og meir forbrukar- og marknadsretta. Dette er òg ein føresetnad for auka norsk matproduksjon, og for at det framleis kan vere eit mangfaldig jordbruk over heile landet.

Norsk jordbruk har mange konkurransefortrinn og har eit godt utgangspunkt for produksjon av konkurransedyktige kvalitetsprodukt. Regjeringa har som mål å auke og effektivisere norsk matproduksjon, og har lagt til rette for at næringa kan utvikle seg og få styrkt konkurransekraft. Enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og meir marknadsretting av produksjonen har stått sentralt i denne omstillinga.

Ei effektiv og lønsam utnytting av garden sine samla ressursar

For å tydeleggjere regjeringa sine ambisjonar for vekst og gründerskap innanfor dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk blei Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* fremja for Stortinget våren 2015. Meldinga peikar på generelle tiltak knytt til stimulering til gründerskap, vekst og innovative næringsmiljø, stimulering til vidare vekst og utvikling innanfor områda lokalmat og -drikke, landbruks- og utmarksbasert reiseliv, Inn på tunet, bioenergi og juletreproduksjon. Meldinga synleggjer òg verdien av verkemiddelapparatet for å skape ei positiv utvikling. Ein samla næringskomite uttrykte at stortingsmeldinga gir ei god skildring av utvikling og potensial for næringsutvikling i landbruket. Komiteen meinte vidare at utvikling av fleire alternative næringar i tillegg til primærproduksjon òg bidreg til å styrkje

forståinga og legitimiteten for landbruket og landbrukspolitikken. Ein vesentleg del av løyvingane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) er difor prioritert til ordningar som skal stimulere til næringsutvikling i landbruket, der investerings- og bedriftsutviklingsmidlane i landbruket (IBU-midlane) og Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping er dei største ordningane. I jordbruksoppgjeret dei siste åra har særleg avsetjinga til investerings- og bedriftsutviklingsordninga og Utviklingsprogrammet blitt prioritert.

Dei regionale bygdeutviklingsprogramma synleggjer prioriteringar og tilpassingar av verkemiddelbruken innanfor næringsutviklinga. Samspelet mellom forvaltning, forskning og næringa sjølv er avgjerande for å oppnå gode resultat på dette området.

Som ei oppfølging av meldinga, la regjeringa i 2017 òg fram ein strategi for reiseliv basert på ressursane i landbruket og reindrifta.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Reiselivsstrategien *Opplevingar for ein kvar smak*, som blei lagt fram i januar 2017, skal bidra til at ressursane frå landbruket og reindrifta i større grad kan nyttast i reiselivssamanheng. Noreg som ein internasjonalt anerkjent matnasjon med tydeleg lokal og regional identitet, er definert som eitt av to delmål i strategien. Innsats og tiltak for å utvikle Noreg som matnasjon må likevel femne vidare enn berre innsatsen knytt til reiselivsstrategien. Meld. St. 31 (2014–2015) har mellom anna definert ei ambisjøs målsetjing om å nå ein samla omsetnad av lokalmat gjennom alle salskanalar på 10 mrd. kroner innan 2025. Dette er ein sams ambisjon for alle aktørane. Utviklinga innanfor daglegvarehandelen har så langt vore svært god og kan tene som inspirasjon for innsats i andre salskanalar.

Potensialet for auka verdiskaping med utgangspunkt i lokalmat er framleis stort, og det er eit tydeleg lokalt og regionalt engasjement for å utnytte dette potensialet endå betre. Fleire regionar har utforma eigne matmanifest og er godt i gang med oppfølging av desse. Regjeringa vil ta grep for å samle desse initiativa for å synleggjere mangfaldet og konkretisere kva matnasjonen Noreg er og kan bli. I dette arbeidet vil regjeringa trekke på innspel frå ei samla matnæring, inkludert mellom anna råvareprodusentar, industri, lokalmataktørar, kokkar og reiselivet.

Leggje til rette for bonden sine inntektsmoglegheiter og evne til å investere i garden

I likskap med andre sektorar er det nødvendig med fornying av driftsapparatet med jamne mellomrom. Utviklinga med større jordbruksbedrifter, høgare produktivitet og bruk av ny teknologi stiller krav til auka investeringar. Nye krav til dyrevelferd, irekna krav om lausdriftsfjøs, gir eit særskild investeringsbehov innan mjølk- og storfeproduksjon. Regjeringa har prioritert verkemiddel til både investering og bedriftsutvikling i dei siste års jordbruksoppgjjer. Verkemidla bidreg til å redusere risikoen og betre kapitaltilgangen ved investeringane.

Stortinget har gjennom oppmodingsvedtak i samband med statsbudsjettet 2017, bedt regjeringa om å komme tilbake med ein plan for langsiktige investeringar i landbruket. Oppmodingsvedtaket blei følgt opp i samband med jordbruksoppgjjeret 2017, jf. Prop. 141 S (2016–2017). Planen viste m.a. at det offentlege bidreg med vesentleg stimulans for å leggje til rette for investeringar i landbruket, og at låge tapstal i landbruket både i offentlege og private låneinstitusjonar tilseier at landbrukskunden bør vere ein attraktiv lånekunde for private bankar i dei fleste områda i landet. I planen er det gjort framlegg om nokre justeringar i verkemiddelbruken. Departementet vil følgje opp planen i dei kommande års jordbruksoppgjjer.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Eit aktivt og lønsamt skogbruk og konkurransedyktig skogindustri er viktig for busetjing, sysselsetjing og næringsutvikling i store delar av landet. Skogsektoren er ein del av ein open, global marknad. Ein konkurransedyktig skogindustri i Noreg er avgjerande for velfungerande verdikjeder og for størst mogleg verdiskaping knytt til norsk tømmer.

Sidan 2006 har det blitt lagt ned fleire foredlingsbedrifter i Noreg, særleg innanfor papir- og masseindustri. Dette har ført til ein sterk auke i tømmereksporten. Eksporten har førebels løyst dei største utfordringane med avsetjing av massevirke og flis og samstundes vore viktig for at norske sagbruk har fått nok sagtømmer. Færre foredlingsbedrifter og meir eksport aukar transportarbeidet og -kostnadene, særleg knytt til råstoff og biprodukt. Dette er ei utfordring for lønsemda til desse bedriftene.

Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring* blei lagt fram

hausten 2016. Her går det mellom anna fram at auka vidareforedling av norsk tømmer i lønsame foredlingsbedrifter i Noreg vil vere viktig for auka verdiskaping og for sektorens positive nærings-, miljø- og klimabidrag. Med bakgrunn i dette, vil departementet leggje til rette for å auke oppbygginga av skogressursane og å styrkje lønsemda i skogbruket.

Dei viktigaste verkemidla i skogpolitikken er skogfond, tilskott til nærings- og miljøtiltak, tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar og tilskott til skogplanteforedling og produksjon av bioenergi. Verkemiddelbruken knytt til forbetring av infrastrukturen i skogbruket har høg prioritet. Ein god infrastruktur i form av vegar, jernbane og kaier er viktig for å auke verdiskapinga og styrkje konkurransekrafta til fastland-sindustrien. Departementet vil difor leggje til rette for bygging og ombygging av skogsvegar og bygging av tømmerkaier.

For å sikre eit godt grunnlag for berekraftig skogbruk framover, vil departementet føre vidare satsinga på skogbruksplanlegging med miljøregistreringar og kunnskapsprosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet) ved NIBIO.

Under handsaminga av Meld. St. 6 (2016–2017) sa Stortinget seg samd i at kunnskapsgrunnlaget om den gamle skogen må styrkjast. Den eldste skogen er viktig for naturmangfaldet og har òg opplevingskvalitetar som det er viktig å ta vare på. Statistikk frå Landsskogtakseringa viser aukande omfang av gammal skog og daude tre. Landsskogtakseringa og skogbruksplandatabasene er viktige kjelder til informasjon om gammal skog.

Departementet vil vurdere korleis ein kan bruke denne kunnskapen for å kunne synleggjere kor den eldste skogen finst. Bruk av tydelege definisjonar og kriterium blir viktige oppgåver, jf. òg arbeidet med Natur i Norge (NiN). I tillegg til søk i det omfattande statistikk- og datamaterialet frå Landsskogtakseringa og skogbruksplanlegginga, kan det òg vere behov for ytterlegare kartlegging.

Stortinget gav òg støtte til planen om å vurdere tiltak for auka varetaking av nøkkelbiotopar. Nøkkelbiotopane blir forvalta av skogeigarane som frivillige miljøomsynsområde og blir etablerte etter miljøregistrering i samband med skogbruksplanlegginga. Frå 2000 og til i dag er det sett til side eit samla areal på om lag 800 000 dekar. Nøkkelbiotopane blir ikkje hogde, og i fleire tilfelle blir dei i dag òg vurdert å inngå i verneområde etter opplegget for frivillig skogvern. Vidareføringa av miljøregistreringane i skogbruksplanlegginga vil auke omfanget av nøkkelbiotopar framover.

Departementet vil, saman med mellom anna skognæringa, sjå på status for nøkkelbiotopane og vurdere behovet for meir langsiktig varetaking av desse slik det mellom anna kjem fram i Meld. St. 14 (2015–2016) *Natur for livet*.

Landbruks- og matdepartementet tek sikte på å gjennomgå desse oppgåvene og rapportere om arbeidet i budsjettframlegget for 2019. Arbeidet skal skje i kontakt med skognæringa og miljøstyresmaktene.

Vidare står skogplanteforedling fram som eit viktig område. Foredlingsarbeidet gir grunnlag for auka verdiskaping, klimatilpassing og auka opptak av CO₂ i skog. Skogen har ei viktig rolle i klimapolitikken, og regjeringa vil styrkje dei klimapolitiske målsetjingane i forvaltninga av norsk skog.

I Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid* blir det gjort greie for forslaget til Europakommisjonen til reglar for å inkludere skog- og arealsektoren i klimarammeverket for 2030. I meldinga er det òg ein omtale av nasjonale klimatiltak i skog. Skog i klimapolitikken er nærare omtalt nedanfor.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Redusere forureining frå landbruket

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Samla gjennomføring av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal m.m. i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala, men ikkje tilsvarende det som har vore den venta verknaden av tiltaka. Undersøkingar frå NIBIO viser at meir nedbør og ustabile vintrar har gitt auka avrenning som skjuler verknaden av tiltaka. Effektane nedstrøms er òg påverka av andre prosesser, som spreidd avløp frå bustader. Etter vassforskrifta skal alle vassførekomstar ha god økologisk status innan 2021. Forvaltningsplanar for alle vassområda blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i 2016 med ny gjennomføringsperiode frå 2018–2021.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og lagring av karbon, og gode klimatilpassingar

All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt jordbruk basert på opptak av CO₂. Jordbruksaktivitetar, særleg husdyrhald, er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass

(N₂O). Jordbruket sitt utslepp av klimagassar var i 2015 på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,3 pst. av dei samla norske utsleppa. Det er ikkje mogleg å produsere mat utan utslepp av klimagassar. Utsleppet frå jordbruket har blitt redusert med 5,3 pst. frå 1990 til 2015, men auka med 1,0 pst. frå 2014–2015. Samstundes har det vore ein auke i dei nasjonale utsleppa samla sett i perioden 1990–2015. Redusert bruk av gjødsel og færre storfe er hovudårsakene til nedgangen i utsleppa frå jordbruket.

Til jordbruksoppgjeret 2016 blei det utarbeidd ein rapport frå ei arbeidsgruppe som har sett på landbruket sine utfordringar i møte med klimændringane. Arbeidsgruppa meinte det er to hovudstrategiar for å redusere klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren; reduserte utslepp innanfor same produksjonsvolum, og endra konsum og samansetjing av matforbruket.

Jordbrukspolitikken skal leggjast om i ei meir miljø- og klimavennleg retning. I jordbruksoppgjeret 2017 blei det vedteke å styrkje fleire tiltak som skal bidra til å redusere utsleppa per produsert eining og tilpasse produksjonen til eit klima i endring. Lågare utslepp per produsert eining vil bidra til å redusere klimaavtrykket frå den norske matproduksjonen. I handsaminga av jordbruksoppgjeret understrekar Stortinget sitt fleirtal mellom anna verdien av dette, og òg at tiltaka skal vere baserte på kunnskap og at effektane må kunne målast med relativt sikre metodar. Det er stor uvisse knytt til klimagassrekneskapen for jordbruket. Mange av tiltaka som reduserer utsleppa per produsert eining blir ikkje fanga opp av den offisielle utsleppsrekneskapen, og det er behov for å forbetre det tekniske berekningsgrunnlaget for utslepp frå jordbruket. Eit teknisk berekningsutval for jordbruket skal sjå nærare på denne utfordringa fram mot 2019. Det manglar òg kunnskap på ei rekkje område. Mellom anna bidreg jordbruket truleg til binding av karbon i jordsmonnet, men kunnskapen om dette er førebels avgrensa. Eit endra klima kan føre til endra produksjonsforhold. Det er viktig at jordbruket er i stand til å møte slike utfordringar. Det er nødvendig med forskning og kunnskapsutvikling om utslepp, binding av CO₂ og om moglegheiter for tilpassing til eit klima i endring. Jordbruksoppgjeret 2017 innebar ei vesentleg styrking av ordningar for 2018 som skal bidra til reduserte klimagassutslepp frå jordbruket, slik som dreneringsordninga, regionale miljøtilskott, tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg og til forskning og kunnskapsutvikling. Ei partsamansett arbeidsgruppe skal, til jordbruksoppgjeret 2018, gjennomgå

eksisterande ordningar for støtte til klimatiltak på gardsnivå, med sikte på å styrkje og målrette innsatsen for reduserte utslipp, Både Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Meld. St. 41 (2016–2017) omtalte utfordringane som jordbruket står framfor knytte til klimaendringar. Som ei oppfølging av oppmodingsvedtak 21 for statsbudsjettet 2017, skal moglegheit for gradvis innføring av CO₂-avgift for landbruket vurderast. Utvalet som skal gjere denne vurderinga er under etablering. Arbeidet skal slutførast innan utgangen av 2017.

Skogen har ei viktig rolle i klimapolitikken. Regjeringa vil føre vidare tiltak som bidreg til auka opptak av CO₂ og lagring av karbon, og leggje til rette for auka bruk av fornybart skogråstoff som kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar. Regjeringa vil føre vidare satsingane på tettare planting ved forynging av skog, gjødsling av skog og skogplanteforedling. Regjeringa vil halde fram med å forbetre rutinane for kontroll og handheving av plikta til å forynge skogen etter hogst. Regjeringa vil òg utgreie konsekvensar og klimaverknad av å innføre eit forbod mot hogst av ungskog.

Ved sams oppfyljing av klimamåla for 2030 med EU, vil EUs reglar for å bokføre opptak og utslepp frå skog og andre areal òg gjelde for Noreg. Framlegget til nye reknereglar for skog og annan arealbruk som Europakommisjonen la fram i 2016, inneber avgrensingar i kva som kan inngå av faktiske opptak og utslepp i vurderinga av om sektoren vil oppfylle målet om at sektoren skal ha netto null opptak/utslepp. Førebelse utrekningar viser at Noreg truleg må bokføre eit netto utslepp frå sektoren på 15 mill. tonn CO₂ i sum over perioden 2021–2030, før kategorien forvalta skog er rekna inn, jf. Meld. St. 41 (2016–2017). Dette trass i at sektoren står for eit netto opptak på rundt 25 mill. tonn CO₂, som svarer til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa. Mange andre skogland i EU er i same situasjon, og Noreg vil samarbeide med skoglanda i EU for å fremje ein alternativ modell for EU.

Den nye klimameldinga og klimaforliket legg opp til ei aktiv forvaltning av skogressursane for å sikre eit høgt opptak av CO₂ i skog, slik at karbonlageret i skogen stadig aukar. Tilveksten i skogen er no på sitt høgaste, men tilveksten og dermed brutto opptak, vil gå ned framover. Hovudårsakene til dette er at mykje av skogen har nådd hogstmogen alder og at det har vore ein periode på 1990- og 2000-talet med låge investeringar i skogen. Regjeringa vil i 2018 vidareføre klimatiltaka tettare planting etter hogst, gjødsling av skog og skogplanteforedling. Vidareføring av arbeidet

med skogplanteforedling skal bidra til at plante-materialet aukar veksten og opptaket av karbon, og at trea i størst mogleg grad er tilpassa eit klima i endring. Regjeringa vil vidare arbeide med å vidareutvikle desse verkemidla og vurdere andre verkemiddel og tiltak som kan bidra til reduserte utslepp og auka opptak i skog- og arealsektoren. Pilotprosjektet om planting av skog på nye areal over budsjettet til Klima- og miljødepartementet blir avslutta i 2018, og skal deretter bli evaluert. Regjeringa vil halde fram med å forbetre rutinane for kontroll og handheving av plikta til å forynge skogen etter hogst. Regjeringa vil òg gjere greie for nærare konsekvensar av å innføre eit forbod mot hogst av ungskog.

Auka bruk av fornybar bioenergi og auka bruk av tre framfor innsatsfaktorar baserte på fossile ressursar, kan gi viktige bidrag til energiforsyninga og minke utsleppa av klimagassar. Regjeringa vil i 2018 vidareføre satsinga på bioenergi gjennom Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket. Programmet blir finansert over jordbruksavtalen. Auka bruk av tre i bygg, og andre tiltak som aukar lageret av karbon i ulike produkt laga av tre, bidreg òg positivt i klimasamanheng. I Meld. St. 41 (2016–2017) går det fram at regjeringa vil bidra til auka bruk av tre i bygg. Det viktigaste verkemidlet i 2018 vil vere bioøkonomiordninga under Nærings- og fiskeridepartementet som Innovasjon Noreg forvaltar.

Av regjeringa sin bioøkonomistrategi går det mellom anna fram at fornybare biologiske ressursar vil måtte erstatte fossile ressursar i eit lågut-sleppsamfunn. Verdiskaping basert på berekraftig hausting av biomasse frå jord-, skog- og havbruk – bioøkonomien – kan difor få ein større plass i næringslivet i framtida. Noreg har god tilgang på bioråstoff. Basert på fornybar energi og relevant kompetanse frå prosessindustri og petroleumsrelatert verksemd, kan norsk biomasse frå jordbruk, skog og hav bli omdanna til eit breitt spekter av høgverdige produkt som vil bli etterspurde frå ein verdsfolkesetnad i sterk vekst. I tillegg må ein vente å sjå nye gjennombrøtt i bruksmåtar for bioteknologi på mange område.

Klimaendringar aukar risikoen for at nye plante- og dyresjukdommar og zoonosar etablerer seg i Noreg. Det venta smittepresset må bli møtt med god beredskap og førebyggjande tiltak. Departementet vil òg prioritere midlar til plante-foredling og utvikling av sortar med sikte på betre klimatilpassing. Det er eit sær sars langsiktig arbeid å prøve ut eller utvikle nye sortar til bruk i landbruket i Noreg.

Noreg skal vere mellom dei leiande landa i arbeidet med produksjon av kunnskap for eit klimatilpassa landbruk, jf. mellom anna Meld. St. 33 (2012–2013) *Klimatilpassing i Norge*. Departementet legg opp til ein koordinert og målretta innsats innanfor forskning og utvikling (FoU). Departementet vil utvikle det internasjonale forskings-samarbeidet vidare.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. Det er viktig å ta vare på gode jordbruksareal og matjord. Samstundes må jordvernet balanserast mot storsamfunnet sine behov. Regjeringa la i 2015 fram ein nasjonal jordvernstrategi for å redusere omdisponeringa av dyrka jord, og omdisponeringa har gått ned dei siste åra.

Aktiv drift i landbruket er den viktigaste føresetnaden for å ta vare på kulturlandskapet. Kulturlandskap forma av landbruket er viktige for identitet og tilknytning. Kulturlandskapet gir ei ramme for satsingar på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetjing og turisme, og er leveområde for mange artar av planter og dyr.

Det genetiske mangfaldet mellom planter, husdyr og skogstre, utgjer ein viktig ressurs for landbruket ikkje minst i møte med nye utfordringar, som til dømes endring av klimaet. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp og sikre rullering av dei fleirårige handlingsplanane for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar mellom planter, husdyr og skogstre.

Departementet driftar Svalbard globale frøhvelv som har som mål å lagre sikkerheitskopiar av frø frå verdas viktigaste matvekstar. Frølageret har òg ei viktig rolle i arbeidet med å skape auka forståing for genetiske ressursar og det internasjonale samarbeidet om dette. Departementet vil leggje vekt på å sikre eit effektivt nordisk samarbeid om bevaring av genetiske ressursar i Nordisk genressurssenter (NordGen) og den nordiske partnerskapen for frøforedling, som har som mål å styrkje planteforedlinga og nytte dei nordiske genressursane betre.

Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Jordbrukslandskapet sitt mangfald og kombinasjon av natur- og kulturverdiar er ein karakteristisk og viktig del av landskapet i Noreg. Variasjonen i kulturlandskapet må haldast ved like, og ei målretta forvaltning kan bidra til å nå målet om å

stoppe tapet av biologisk mangfald og ta vare på kulturminne. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved lag. I tillegg er det viktig at kommunane forvaltar landskapsverdiene i den kommunale planlegginga og lagar planar som kan liggje til grunn for god forvaltning.

Samarbeidet mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet med ordninga om dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket fortset. Den 1.1.2017 tok ei ny forskrift om tilskott til utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen til å gjelde. Dei to ordningane blei då slått saman til ei.

I 2016 bad Stortinget om at ordninga med Utvalde kulturlandskap i jordbruket skulle utvidast fram mot 2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har, etter ei tilråding frå Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren, peika ut ti nye utvalde kulturlandskap i jordbruket.

Direktorata har i tillegg fått i oppdrag å gjere framlegg om ytterlegare ti område som kan inngå i ordninga i perioden 2018–2020. Det blei gitt ein auke på 12,5 mill. kroner til ordninga over Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017. Det blei òg gitt ein auke på 2 mill. kroner over Jordbruksavtalen 2017 til ordninga i 2018.

Oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 140 (2015–2016), 8. desember 2015

«Stortinget fastsetter det årlige målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar. Stortinget ber regjeringa sørge for at målet nås gradvis innen 2020.»

Vedtaket blei gjort ved Stortinget si handsaming av innstillinga frå næringskomiteen om nasjonal jordvernstrategi, jf. Innst. 56 S (2015–2016) og Prop. 127 S (2014–2015).

Omdisponeringa av dyrka jord gjekk ned i 2016, viser dei endelege tala frå kommunane (KOSTRA). 6 026 dekar dyrka jord blei registrert omdisponert i 2016, noko som er ein nedgang på 315 dekar (5 pst.) samanlikna med tal for 2015. Omdisponeringa ligg framleis på eit relativt lågt nivå, og er no på noko av det lågaste registrerte nivået dei siste 30 åra. Regjeringa legg til grunn at målet for omdisponering blir nådd innan 2020.

Vedtak nr. 141 (2015–2016), 8. desember 2015

«Stortinget ber regjeringen

- a. legge fram i revidert nasjonalbudsjett for 2016 positive virkemidler for kommunene som vil gjøre det enklere å unngå utbygging av dyrka mark
- b. etablere i løpet av 2016 et skolerings- og tiltaksprogram for lokalpolitikere i norske kommuner, knyttet til ivaretagelse av dyrka og dyrkbar mark
- c. utrede om fylkeskommunen bør få større rolle i planarbeidet relatert til jordvern
- d. vurdere utvida meldeplikt for kommunene til Fylkesmannen ved omdisponering av dyrka mark, og komme tilbake til Stortinget med egnet forslag i løpet av 2016
- e. vurdere forsterking av vernebestemmelsene i jordloven
- f. utrede endringer i lovgivningen som vil begrense og sikre åpenhet om opsjonsavtaler om kjøp av dyrka og dyrkbar jord for utbygging
- g. fremme forslag i regelverket slik at jordloven gjelder for omdisponert dyrka mark inntil den dyrka marka faktisk er bygd ned
- h. komme med forslag i løpet av 2016 for å øke nydyrkingen.»

Vedtaket blei gjort ved Stortinget si handsaming innstillinga frå næringskomiteen om nasjonal jordvernstrategi, jf. Innst. 56 S (2015–2016) og Prop. 127 S (2014–2015).

Punkta a)–e) og h) er omtalt i Prop. 1 S (2016–2017) frå Landbruks- og matdepartementet, der departementet hadde ein samla omtale av oppmødingsvedtak nr. 141. Det blir der særleg vist til omtale av oppdraget til fylkesmennene om å gjennomføre skolerings- og opplæringstiltak for lokalpolitikarar i løpet av 2016. Fylkesmennene har gitt tilbod til kommunane om opplæringstiltak og har rapportert om dette i si rapportering for 2016 til departementet.

Til Punkt e) har Landbruksdirektoratet på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet greidd ut korleis verneføresegna i jordlova kan forsterkast. Forslaga til slike endringar vil etter departementet sitt syn føre til at fleire saker enn i dag vil måtte handsamast av kommunen. Dette vil føre til meir arbeid for både grunneigarar og kommunar utan at det er pårekneleg at forslaga vil få vesentleg å seie for jordvernet. Omsynet til jordvern blir i dag i hovudsak vareteke gjennom plan-

prosessane med heimel i plan- og bygningslova. Reglane i jordlova om omdisponering, deling og driveplikt verkar òg inn på kva som blir tillate av nedbygging. Lovgivinga gir følgeleg i dag verkemiddel for å vareta jordvernet, og bruken av verkemidla i praksis er viktig. Skjerpning av reglane om omdisponering og deling vil gjere reglane mindre tenlege som verkøy for å ta vare på lokale behov. Sidan forslaga til endringar truleg har liten innverknad for jordvernet og samstundes har andre ulemper, har departementet etter ei samla vurdering komme til at ein ikkje vil gå vidare med forslaga.

Til Punkt f) har Landbruksdirektoratet på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet greidd ut spørsmåla knytte til opsjonsavtalar om kjøp av dyrka og dyrkbar jord. Direktoratet peikar på at regelverket kan endrast slik at det blir fastsett eit forbod mot opsjonsavtalar og eit pålegg om informasjon til leietakar. Ein opsjon er inga omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord, og blir i dag ikkje omfatta av reglane i jordlova. Opsjon gir utbyggjar ein eksklusiv rett til å bygge ut området i framtida dersom utbygging blir tillate gjennomført. Vedtak om utbygging ligg likevel til kommunen som planmyndighet. For utbyggjar gir opsjonen ein form for tryggleik for dei utviklingskostnadane som blir lagt ned i prosjekteringa før ein reguleringsplan. Det er difor ofte ein fornuftig og nødvendig avtale som ledd i utviklinga av eit byggjeprojekt, anten utbygginga skjer på dyrka jord eller andre område. Utbyggjar betaler ofte grunneigaren for å få ein slik eksklusiv rett, anten i form av ein eingongssum eller som ein årleg sum. Opsjonsavtalen gir dermed ei inntekt til eigaren. Konsekvensen av eit forbod mot opsjonsavtalar vil vere at det blir vanskelegare å leggje til rette for utbygging, og eigaren vil miste inntekter. Det er ikkje påvist i utgreiinga at eit forbod vil føre til redusert nedbygging av jord. Forslaga vil òg føre til meir arbeid for kommunane og vil gi kompliserte reglar som vil vere vanskelege å handheve. Departementet har, etter ei samla vurdering, komme til at ein ikkje vil gå vidare med forslaga.

Punkt g) er omtalt i kapittel 8.2.6 i Prop. 92 L (2016–2017) *Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv. (konsesjonsplikt, odlingsjord, pris-kontroll, deling og driveplikt mv.)*. Det går der fram at jordlova § 2 fastset at lova gjeld for heile landet, men at § 9 om omdisponering og § 12 om deling ikkje gjeld for område der det er vedteke visse slag arealplanar etter plan- og bygningslova. Jordlova § 2 gjer ikkje tilsvarande unntak for regelen om driveplikt i § 8. Dette inneber at driveplikta

gjeld sjølv om jordbruksareal er lagt ut til andre formål i arealplan, så lenge arealet òg vidare kan brukast til jordbruksformål, og ikkje er teke i bruk i tråd med den aktuelle arealplanen. Departementet kan ikkje sjå at det rettsleg sett er nødvendig med ei lovendring for å kunne fastslå at driveplikta etter § 8 gjeld inntil regulerte område er tekne i bruk til nye formål.

Departementet meiner at god handtering av spørsmål om omdisponering i planprosessane og ved handsaming av enkeltsaker etter jordlova tek omsyn til jordvernet på ein betre måte enn det forslaga til endring under punkt e) og f) legg til rette for.

Vedtak nr. 57 (2016–2017), 5. desember 2016

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med en plan for langsiktige investeringer i landbruket i revidert nasjonalbudsjett 2017.»

Vedtaket er følgt opp i Prop. 141 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2017 m.m.)* vedlegg 4.

Vedtak nr. 108 (2016–2017), pkt. 17, 5. desember 2016

«Fremme forslag om forbud mot nydyrking av myr.»

Grunnlaget for vedtaket er innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2017 og forslag til statsbudsjett for 2017, jf. Innst. 2 S (2016–2017).

Landbruks- og matdepartementet sende i juli 2017 til høyring forslag til endring i jordlova, § 11 andre ledd, og endringar i forskrift om nydyrking. Dei foreslåtte endringane i jordlova inneber at heimelsgrunnlaget for å kunne gi forskrift om nydyrking blir utvida til òg å omfatte omsynet til klima. Endringane i forskrifta om nydyrking går i hovudsak ut på å innføre eit forbod mot nydyrking av myr, med utgangspunkt i omsynet til klima. Etter avslutta høyring vil departementet etter planen leggje fram ein proposisjon til Stortinget om endring av jordlova, og fastsetje endringane i forskrifta om nydyrking så snart Stortinget har handsama saka.

Vedtak nr. 108 (2016–2017), pkt. 63, 5. desember 2016

«Videreføre tilskuddsordningen til ulike organisasjoner under kap. 1138, post 70 og ikke å gjøre denne om til en prosjektstøtteordning fra 2018.»

Grunnlaget for vedtaket er innstilling frå finanskomiteen om nasjonalbudsjettet 2017 og forslag til statsbudsjett for 2017, jf. Innst. 2 S (2016–2017).

Ordninga blei med bakgrunn i oppmodingsvedtaket vidareført i 2017. Forslaget om å gjere ordninga til ei prosjektstøtteordning blei, i tråd med Stortingets oppmoding, heller ikkje sett i verk.

Departementet gjer i budsjettet for 2018, etter ei ny vurdering, framlegg om å avvikle ordninga. Bakgrunnen for dette er at ordninga har gitt lite rom for støtte til nye organisasjonar og at ordninga ikkje bidreg til å fremje større mangfald av organisasjonar og meir frivilligheit.

Vedtak nr. 443 (2016–2017), 31. januar 2017

«Stortinget ber regjeringa sørge for at relevant offentlig geografisk miljø- og ressursinformasjon gjøres tilgjengelig og oppdateres, og rapportere tilbake om dette arbeidet i statsbudsjettet for 2018. Stortinget ber vidare regjeringa legge til rette for at Skogportalen i NIBIO gir oppdatert og relevant miljøinformasjon til skogbruket.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017). Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for oppfølging av siste setningen i vedtak nr. 443. For oppfølging av første setning, sjå Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon.

Skogportalen er utvikla i samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet, Landbruksdirektoratet og PEFC-Norge. Artsdatabanken og Miljødirektoratet er òg med på å leggje til rette og levere data. Departementet har bedt NIBIO om å halde fram arbeidet med å utvikle og formidle kunnskap om skogressursar og miljø, mellom anna gjennom Skogportalen/Kilden. Departementet legg til grunn at portalen blir utvikla som verktøy, og at nytten for næringa og forvaltninga aukar. NIBIO har på oppdrag frå departementet gradert opp Skogportalen til ein ny versjon, med nye funksjonar og kartlag. Departementet vil følgje opp arbeidet med Skogportalen i styringsdialogen med NIBIO, og sjå til at løysinga gir oppdatert og relevant miljøinformasjon til skogbruket.

Vedtak nr. 445 (2016–2017), 31. januar 2017

«Stortinget ber regjeringa utarbeide en strategi som stimulerer etterspørselen etter grønne trebaserte produkter, og komme tilbake med denne i løpet av 2017.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017).

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at strategien for auka etterspørsel etter grønne trebaserte produkt skal byggje på meldingar til Stortinget og relevante strategiar, mellom anna Meld. St. 6 (2016–2017), Meld. St. 27 (2016–2017) *Industrien – grønnere, smartere og mer nyskapende*, og bioøkonomistategien. Departementet vil hausten 2017 leggje opp til samråd med Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Klima- og miljødepartementet og Finansdepartementet om innhaldet i strategien. Representantar for skog- og trenæringa vil bli trekte inn i arbeidet med strategien, og det er òg aktuelt å invitere Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi og andre relevante kunnskapsmiljø til å gi faglege innspel til arbeidet. Stortinget vil bli orientert om strategiarbeidet på eigna måte.

Departementet legg opp til å samordne arbeidet med oppfølging av vedtak nr. 448 (2016–2017) om utarbeiding av ein FoU-strategi for skog- og trenæringa, jf. omtale i kat. 15.20. Departementet meiner det er nødvendig med ei grundig utgreiing av saka og ser det ikkje som mogleg å komme tilbake til Stortinget hausten 2017, slik Stortinget har oppmoda om. Siktemålet er å slutføre arbeidet slik at Stortinget kan få tilbakemelding seinast i framlegget til statsbudsjett for 2019.

Vedtak nr. 449 (2016–2017), 31. januar 2017

«Stortinget ber regjeringen arbeide for tilstrekkelige beredskapsplaner i skogbruket, i samarbeid med relevante organisasjonar og skogeiere.»

Grunnlaget for vedtaket er Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, jf. Innst. 162 S (2016–2017).

Landbruks- og matdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har, med utgangspunkt i kontakt med organisasjonar i skogbruket, drøfta ulike sider ved beredskapsarbeidet i skog. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, som frå før har etablert eit rådgivande skogbrannutval, er gitt i oppdrag å vurdere etablering av eit liknande forum for stormskadar, jf. Meld. St. 10 (2016–2017) *Risiko i et trygt samfunn – Samfunnsikkerhet*. Både Landbruks- og matdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet arbeider vidare med aktuelle beredskapsspørsmål knytt til skog i 2018.

Vedtak nr. 837 (2016–2017), 8. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede å gi fjelloven samme anvendelse i Nordland og Troms som sør for Nordland grense. Utredningen skal legge til grunn at Statskog fortsatt skal beholde ansvaret for skogressursene. Utredningen skal vidare legge til grunn at gjeldende finnmarkslov videreføres innanfor dagens fylkesgrense for Finnmark, men ikke utvides til nye geografiske områder.»

Vedtaket blei gjort i samband med Stortingets handsaming av Prop. 84 S (2016–2017) *Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå*, jf. Innst. 385 S (2016–2017).

Regjeringa vil, i tråd med Stortingets vedtak, starte utgreiinga av spørsmålet om å utvide verkeområdet til fjellova til Nordland og Troms, og komme tilbake til Stortinget på eigna måte. Inntil vidare vil statens grunn i Nordland og Troms bli forvalta som i dag.

Vedtak nr. 878 (2016–2017), 13. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede konsekvensen av en vidare liberalisering av konsesjonsplikten utover de lovmessige endringer som nå vedtas for rene skogeiendommer.»

Vedtaket blei gjort i samband med Stortingets handsaming av Prop. 92 L (2016–2017) *Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv. (konsesjonsplikt, odlingsjord, priskontroll, deling og driveplikt mv.)*, jf. Innst. 427 L (2016–2017). Departementet vil følgje opp vedtaket og komme tilbake til Stortinget med saka.

Vedtak nr. 962 (2016–2017), 16. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen om å gjennomføre nye forhandlinger om jordbruksavtale for 2017–2018.

Endringer i målpriser i Prop. 141 S (2016–2017) fastsettes i tråd med forslaget i proposisjonen som delfinansiering av rammen.

Prisnedskringstilskuddet til norsk korn (post 73.19) endres ikke som foreslått i Prop. 141 S (2016–2017), men videreføres med uendrede satser.

Tilskudd til norsk matkorn (post 73.20) endres ikke som foreslått i Prop. 141 S (2016–2017), men økes med 4 øre per kg fra gjeldende satser.»

Det blei inngått jordbruksavtale etter fordelingsforhandlingar mellom staten og jordbruket ved Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 26.6.2017, innanfor ramma av Stortinget sitt vedtak av 16.6.2017. Jordbruksavtalen for 2017–2018 er lagt ved i vedlegg.

Vedtak nr. 968 (2016–2017), 16. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen i forslaget til statsbudsjett for 2018 fremme kompensierende tiltak for det tap produsenter får ved bortfall av markedsandeler i forbindelse med avtale etter EØS-avtalens artikkel 19 og utfasing av eksportsubsidier.»

Stortinget har vore oppteke av mildnande eller kompensierende tiltak som følgje av inngåing av internasjonale avtalar. I samband med handsaminga av Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel* og utfasinga av eksportsubsidiar uttalte Utanriks- og forsvarskomiteen i Innst. 101 S (2015–2016):

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil understreke at utfasingen av eksportsubsidier må gjennomføres på en måte som sikrer muligheter for en gradvis tilpasning til en ny konkurransesituasjon, også gjennom at avbøtende tiltak vurderes.»

Næringskomiteen har i Innst. 336 S (2016–2017) uttalt følgjande om samtykke til inngåing av avtalen med Den europeiske union (EU) om utvida handel med landbruksvarer etter artikkel 19 i EØS-avtalen:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Høyre og Fremskrittspartiet, mener at det ut fra resultatet i den nye avtalen må fremmes forslag om kompensierende tiltak, særlig for melkeprodusenter, for å sikre avsetning av norsk melk i og utenfor Norge. Regjeringen må etter flertallets oppfatning iverksette gode og virksomme kompensierende tiltak og bes komme tilbake til Stortinget med dette i forslaget til neste års statsbudsjett.»

Departementet har orientert Stortinget om utviklinga i mildnande tiltak ved ulike høve, seinast i Prop. 141 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2017 m.m.)*.

I Prop. 133 S (2015–2016) *Endringer i statsbudsjettet 2016 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2016 m.m.)* blei Stortinget informert om korleis utfasinga av eksportsubsidiene for mjølk skal skje. Det er i all hovudsak for produktgruppa modna ostar at eksporten er subsidiert. Departementet bad i ei høyring om innspel på om ein burde gjennomføre ei jamn nedtrapping eller ein kraftig reduksjon i starten av perioden. Etter høyringa landa departementet på ein nedtrappingsmodell der ein kutta 25 pst. i satsen for utbetaling til merkevareeksport frå 1.7.2016 og 25 pst. frå 1.7.2017 for deretter å halde på resten av satsen fram til 1.7.2020.

I Prop. 133 S (2015–2016) blei Stortinget òg informert om det viktigaste mildnande tiltaket for å kunne sikre at ein størst mogleg del av innlandsforbruket kan dekkjast av norskprodusert mjølk. Departementet avvikla avgiftene i prisutjamningordninga for mjølk i prisgruppe 1 for yoghurt (syrna, smakstilsette flytande mjølkeprodukt) og prisgruppe 4 for ferske ostar allereie frå 1.7.2016, for raskast mogleg å kunne gjennomføre Stortingets ønske om å styrkje konkurransekrafta for norsk mjølk. Verdien av å avvikle desse avgiftene var berekna til 91 mill. kroner ved overgangen i 2016.

Departementet har, gjennom å redusere avgiftene for yoghurt og ferske ostar, lagt til rette for at norsk mjølk kan vinne tilbake marknadsdelar. Utviklinga i etterspørselen avgjer i kva grad dette vil skje. Det er mange forhold som påverkar marknaden, og departementet vil følgje heimemarknadsdelen for forbruket av mjølk tett og ha ein god dialog med dei norske meieria om utviklinga. Tal viser at det allereie no er ein lågare import av yoghurt.

I Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* skriv departementet:

«I forbindelse med utfasingen av eksportstøtten for ost, vil det bli behov for å tilpasse produksjonen til eventuell endret etterspørsel etter melk. Norsk melkeproduksjon kan tilpasses gjennom bruk av virkemidlene i kvoteordningen for melk. Regjeringen vil komme tilbake til hvordan dette kan gjennomføres i forbindelse med de kommende jordbruksoppgjørene.»

I kvotedrøftingane hausten 2016 blei dette følgd opp ved å setje forholdstalet for kumjølk til 0,98 for 2017. I årets jordbruksoppgjør blei det vedteke å inndra kumjølkkvote som blei selt til staten. Departementet følgjer utviklinga i sektoren, og

ved behov, vil departementet komme tilbake til ytterlegare kompenserande tiltak i samband med jordbruksoppgjæret 2018.

Regjeringa legg opp til ein landbrukspolitikk som omfattar ei rekkje tiltak som skal auke mat-

produksjonen og styrkje konkurransekrafta i heile den norske matsektoren. Dette er det viktigaste grunnlaget for å møte aukande konkurranse.

Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Støtte til organisasjonar, <i>kan overførast</i>	29 509	30 509	
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	3 270	1 251	1 268
72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)	5 000	5 000	7 068
	Sum kap. 1138	37 779	36 760	8 336

Post 70 Støtte til organisasjonar

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga har vore å bidra til å halde oppe aktiviteten i organisasjonar som arbeider innanfor landbruks- og matpolitiske satsingsområde. Departementet har gitt støtte til organisasjonar på nasjonalt nivå innanfor landbruks- og matområdet som:

- formidlar kunnskap, interesse og positive haldningar til landbruks- og matsektoren
- fremjar forståing for grønne verdiar hos ungdom spesielt og allmenta generelt
- bidreg til å synleggjere yrkesmoglegheiter knytte til gardsbruk og bygdenæringar
- fremjar miljøarbeid, verdiskaping og næringsutvikling knytt til grøn tenesteproduksjon
- fremjar likestilling i arbeidet sitt

Storleiken på tilskotta har mellom anna vore fastsett ut frå ei vurdering av aktivitetsnivået til organisasjonane, den finansielle situasjonen deira og eventuelle andre tilskott organisasjonane har fått.

Innsende årsmeldingar og revisorgodkjende rekneskap har vore grunnlag for oppfølging og kontroll. Eventuelle andre vilkår som har blitt lagt til grunn i tilskottsbrev til den enkelte organisasjonen, har òg blitt følgde opp.

Løyvinga til organisasjoner over kap. 1138, post 70 har over fleire år i stor grad vore ei vidareføring av støtte til dei same organisasjonane. Dette har gitt mindre rom for nye organisasjonar for å få støtte, og på den måten har ikkje ordninga bidratt til å fremje større mangfold av organisasjonar og meir frivilligheit. Drifta av frivillige organisasjonar bør skje sjølvstendig, og ikkje vere avhengig av årlege statlege overføringar. Landbruks- og matdepartementet legg difor opp til å avvikle ordninga.

Rapportering 2016

I 2016 blei det fordelt i overkant av 34,5 mill. kroner i støtte til 33 organisasjonar, jf. tabell 2.3.

Tabell 2.3 Oversikt over støtte til organisasjoner, 2016

Organisasjon	Støtte 2016
Biologisk-dynamisk Forening	151 500
Bondens marked	505 000
Det norske Skogselskap	1 151 400
Dyrebeskyttelsen	404 000
Dyrevernalliansen	504 000
Dyrevern Ung	101 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 515 000
Geitmyra matkultursenter for barn	404 000
Hageselskapet	1 111 000
Hanen	2 070 500
Hest og Helse	202 000
Kvinner i skogbruket	173 720
Matsentralen Oslo	300 000
Matvett AS	415 000
Natur og Ungdom	101 000
Nettverk for GMO-fri mat og fôr	1 500 000
NOAH – for dyrs rettigheter	500 000
Norges Birøkerlag	223 210
Norges Bygdekvinnelag	404 000
Norges Bygdeungdomslag	101 000
Norges Vel	2 020 000
Norske lakseelver	505 000
Norsk Gardsost	252 500
Norsk Kulturarv	353 500
Norsk seterkultur	151 500
OIKOS – Økologisk Norge	2 929 000
Slipp oss til – ungdom inn i landbruket	252 500
Spire	101 000
TreSenteret	303 000
Ungt entreprenørskap	350 000
Vitenparken	3 282 500
4H Norge	7 171 000
Sum	29 508 830

Budsjettframlegg 2018

Kap.1138, post 70 utgår frå budsjettåret 2018, jf. omtale under formålet med ordninga.

Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar**Formål med løyvinga**

Posten omfattar midlar som skal dekkje Noreg sin del av finansieringa av internasjonale skogpolitiske prosessar. Noreg arbeider for eit sterkt og forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FNs skogforum (UNFF) er ein viktig arena for dette globalt, mens FOREST EUROPE er den sentrale arenaen for samarbeid om skogpolitikk på regionalt nivå i Europa. FOREST EUROPE samlar dei europeiske landa og ei rekkje internasjonale og frivillige organisasjonar om strategiar for å møte utfordringar og moglegheiter som skogsektoren i Europa står framfor. Det europeiske instituttet for skogforskning (EFI) er ein internasjonal organisasjon, der Noreg er medlemsstat og deltek i møte i styrande organ. EFI driv forskning og utgreiing av europeiske skogspørsmål, og er ein sentral aktør i å skaffe fram kunnskapsgrunnlag for utvikling av skogpolitikk både nasjonalt og internasjonalt.

Løyvinga skal òg nyttast til medverknad frå Noreg i andre forum for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, som til dømes FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO). Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvinga til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) frå kapittel 1136 post 50, som skal dekkje instituttet sine bidrag til internasjonalt skogpolitisk samarbeid.

Rapportering 2016

Noreg har òg i 2016 bidrege med 1 mill. kroner til eit fond som finansierer verksemda i Foresight and Policy Support Programme under EFI. Dette programmet skal bidra til å kople forskning og politikktutvikling, og er eit godt bidrag til kunnskapsgrunnlag i utviklinga av nasjonal skogpolitikk og europeisk skogpolitisk samarbeid. I 2016 har fondet finansiert rapportar om skog og klima og om bioøkonomi, og arrangert seminar om dei same tema der rapportane har vore diskuterte. Det har vore stor merksemd om desse arrangementa.

NIBIO er ein viktig aktør i Noregs oppfølging av internasjonalt skogsamarbeid, mellom anna i

FOREST EUROPE, FAO og UNECE. Ein viktig del av dette er å sikre rapportering til internasjonale organisasjonar og prosessar som dokumenterer berekraftig skogforvaltning globalt og regionalt. Arbeidet blir i hovudsak gjort av FAO og United Nations Economic Commission for Europe (UNECE), mens arbeidet med å vidareutvikle indikatorar for rapporteringa blir gjort i FOREST EUROPE. NIBIO fekk i 2016 ei løyving på 1,35 mill. kroner over denne posten. Frå 2017 er denne løyvinga flytta til kap. 1136 post 50. Denne løyvinga dekte òg det norsk bidraget til prosjektet Future Forest som NIBIO deltok i. I 2017 arrangerte NIBIO og Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) den årlege konferansen for medlemsorganisasjonane til European Forest Institute. Løyvinga til NIBIO i 2016 omfatta òg eit bidrag til dette arrangementet på 200 000 kroner. FOREST EUROPE vedtok i 2016 eit nytt arbeidsprogram for perioden 2016 til 2020. Det er Slovakia som er formannskap for FOREST EUROPE i denne perioden. Noreg tok på seg ansvaret for nokre tema i arbeidsprogrammet, mellom anna å arrangere ein workshop om bioøkonomi i løpet av 2018. Til dette arbeidet blei det gitt ei tilleggsloyving til NIBIO som skal nyttast til dette arrangementet, og til deltaking i andre arbeidsgrupper under FOREST EUROPE.

Departementet har i 2016 òg gitt tilskott til deltaking i ein konkurranse for studentar i skogfag i Russland for ungdom frå Noreg. Dette er eit viktig bidrag til rekruttering og til utveksling av kunnskap og erfaringar mellom land.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,268 mill. kroner til internasjonalt skogpolitisk arbeid. Løyvinga skal nyttast til vidare oppfølging av internasjonale skogpolitiske prosessar og bidrag til EFIs arbeid i Foresight and Policy Support Programme.

Post 72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) er ei privat, sjølvstendig stifting som arbeider med forskning, rådgiving og formidling av kunnskap innan fagområda økologisk landbruk og matproduksjon, miljø, berekraft og fornybar energi. NORSØK forvaltar òg Tingvoll gard, som blir driven som eit økologisk gardsbruk.

Formål med løyvinga

Midlane skal gå til utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og forbruk av økologisk mat. Aktuelle tiltak blir avklart i dialog mellom stiftinga og departementet.

Rapportering 2016

Det blei løyvd 5 mill. kroner til arbeid med utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og forbruk av økologisk mat. Stiftinga har drive både munnleg og skriftleg formidling til gardbrukarar, landbruksrådgivarar, studentar, offentleg forvaltning og forbrukarar gjennom ulike nettstader, fagtidsskrift, foredrag og ulike arrangement på Tingvoll gard. Innan økologisk forbruk har hovud-

vekta vore lagt på økologisk mat i sjukehus og barnehagar. NORSØK har gitt bistand til ulike organisasjonar og styresmakter, mellom anna gjennom svar på spørsmål, vidareformidling av relevant litteratur og tilvising til aktuelle fagpersonar. Dialog og samarbeid med andre organisasjonar innan økologisk landbruk har vore vektlagt. Innanfor løyvinga har NORSØK òg arbeidd med å samle og utvikle kunnskap innan temaa jord og jordkvalitet, dyrevelferd, plantevern og belgvekstar.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,068 mill. kroner. I dette inngår ein auke i løyvinga på 2,0 mill. kroner.

Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	20 356	25 519	24 596
	Sum kap. 1139	20 356	25 519	24 596

Post 71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak**Formål med løyvinga**

Over post 71 blir det gitt støtte til tiltak innanfor delmålet Berekraftig bruk og eit sterkt vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag, som ligg under hovudmålet om berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Løyvingar over posten omfattar tiltak for å styrkje arbeid nasjonalt og internasjonalt med å ta vare på og sikre berekraftig bruk av genressursar i jord- og skogbruket. Midlar til prosjektet Miljøregistreringer i skog ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) inngår òg under denne posten.

Rapportering 2016

Koordineringa av det nasjonale arbeidet med genressursforvaltning er lagt til Norsk genressurscenter, som er ei eining ved NIBIO. Det er gjort greie for verksemda i senteret under kap. 1136, post 50.

Ansvar for å forvalte tilskott til tiltak og aktivitetar for bevaring og berekraftig utvikling og bruk av genressursar mellom husdyr, planter og skogstre blei i 2016 overført frå NIBIO til Landbruksdirektoratet. Over post 71 blei det i 2016 innvilga tilskott på 6,3 mill. kroner fordelt til i alt 41 prosjekt. Det er ein viktig føresetnad for tilskott at tiltaka skal vere i samsvar med mål og prioriteringar i Norsk genressurscenter sin strategiplan og dei rullerande handlingsplanane for genetiske ressursar innanfor skogtre, planter og husdyr. Handlingsplanane blei oppdaterte av Norsk genressurscenter i november 2016.

Fleire av tiltaka gjeld aktivitetar som vil sikre genressursane på lang sikt. I tillegg blei det gitt tilskott til fleire prosjekt som har som mål å utvikle ny og lokal næringsverksemd basert på nasjonale genressursar.

Innanfor husdyrsektoren var det eit prioritert tiltak å vidareføre drifta av den norske genbanken for verpehøns, og teste ut metodar for kryopreservering av hanesæd og DNA-studiar av linene av verpehøns i genbanken. Det blei òg gitt tilskott til å verne om rasen kystgeit.

Viktige tiltak innanfor plantesektoren har vore tilskott til prosjekt for å auke det genetiske mangfaldet i matkorn. Kartlegging og testing under ulike klima- og dyrkingsforhold vil kunne gi grunnlag for innovasjon basert på tilpassa sortsmateriale. Tilskott er òg tildelt tiltak for å sikre klonarkiv. Det er vidare starta opp eit arbeid for å etablere eit nasjonalt register for plantegenetiske ressursar.

På skogtreområdet har midlane bidrege til prosjekt for å fremje bruk av norske treslag framfor utanlandske treslag i hagar og grøntanlegg. Prosjektet gir òg bidrag til arbeidet med å vareta skogtregenetiske ressursar. Fleire andre skogprosjekt, som mellom anna støtter opp om arbeidet for auka bruk av lauvtrevirke, er òg prioriterte.

Noreg samarbeider med dei andre nordiske landa om å sikre genressursar som stammar frå og er tilpassa jordbruket i Norden. Det nordiske genressursarbeidet er samla i NordGen, som har sete med administrasjon og plantegenetisk verksemd i Alnarp i Sverige, mens faglege oppgåver knytte til husdyr og skogtre er samlokaliserte med Norsk genressurscenter på Ås. Tilskottet på 1,85 mill. kroner til NordGen i 2016 har bidrege til synergi og samarbeid mellom Norsk genressurscenter og NordGen innanfor faglege oppgåver i Noreg. NordGen er òg sekretariat for den nordiske offentleg-private partnerskapen for plante-foredling, som er oppretta for å få i stand eit slagkraftig samarbeid og utnytte ressursane hos planteforedlingsinstitusjonane i Norden. Partnerskapsmodellen har vekt internasjonal merksemd som eit nordisk døme på regionalt samarbeid mellom offentlege og private interessentar.

Det blei utbetalt 0,79 mill. kroner til den internasjonale plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling (Benefit Sharing Fund) over posten. Dette svarar til 0,1 pst. av verdien av omsett såvare i Noreg i 2015. I september 2016 arrangerte Noreg og Indonesia ein global konferanse på Bali i Indonesia, om bøndene sine rettar slik dei er anerkjent i den internasjonale plantetraktaten. Det blei utbetalt 0,4 mill. kroner over denne posten til dette arrangementet.

Svalbard globale frøhvelv er etablert for å ta vare på størst mogleg del av det plantemangfaldet som har vore nytta i landbruket. Særskilde vekstar av stor verdi for den globale matforsyninga er sikra i kvelvet. Dette spesialbygde fryselageret, som er lagt inn i permafrosten i fjellet, husar sikkerheitskopiar av frø frå heile verda. 17 institusjonar la til saman inn 49 979 nye frøprøver i 2016. Ved utgangen av 2016 har 72 institusjonar verda

over lagra 918 913 sikkerheitskopiar i kvelvet på Svalbard. Frølageret har ei viktig rolle i det internasjonale samarbeidet om genetiske ressursar. Midlane i 2016 gjekk til drift av frølageret, som mellom anna inkluderer husleige, kapitalkostnader, driftsutgifter til NordGen for arbeid med deponering av frø og informasjonsarbeid. I juni 2016 gav departementet Statsbygg i oppdrag å gjere tiltak og gjennomføre prosjektering som er nødvendige for å tryggje Svalbard globale frøhvelv mot verknaden av framtidige klimaendringar på Svalbard. Inntrenging av vatn i inngangstunnelen etter det kraftige regnvêret hausten 2016 viste at det er nødvendig å gjennomføre oppdraget så snart som mogleg.

Landbruks- og matdepartementet gav òg i 2016 støtte til vidare arbeid med prosjektet Miljøregistreringer i Skog (MiS), som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2016. Registreringane gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket og blir i hovudsak utførte saman med andre ressursregistreringar som høyrer med i skogbruksplanane for skogeigedommane. Registreringane ligg òg til grunn for miljøsertifiseringa i skogbruket og blir i tillegg nytta for å finne område aktuelle for frivillig vern. Stortinget vedtok ved handsaminga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er typesystemet Natur i Norge (NiN) hos Artsdatabanken som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å beskrive variasjon i naturen, og sikrar mellom anna eit sams omgrepsapparat til nytte ved vurderingar av bruk og vern av natur. Landbruksdirektoratet starta i 2016 med å innpasse omgrepsapparatet til NiN i opplegget for MiS. Dei har samarbeidd om dette med Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, NIBIO og PEFC Norge. MiS-registreringar er òg innarbeidde i Landsskogtakseringa, noko som gir nasjonale tal for utviklinga av skog- og miljøressursar. I MiS-delprosjektet om kulturminne har NIBIO i 2016 vidareført samarbeidet med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) om bruk av fjernmålingsdata (LIDAR) for å samanlikne med data frå Riksantikvarens database over freda kulturminne (Askeladden). Ein slik kombinasjon av radar- og laserteknologi kan gjere rasjonell kvalitetssikring av kulturminneregistreringar mogleg i arbeidet med mellom anna skogbruksplanlegging.

Departementet gav òg økonomisk støtte på 4,450 mill. kroner til stiftinga Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver over post 71. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø

og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringstiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Departementet gav òg midlar til Skogfrøverket frå kap. 1149, post 73 for å styrkje arbeidet med langsiktig skogplanteforedling. Midlane til Skogfrøverket er frå 2016 samla på denne posten, med tilhøyrande rapportering.

Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter fekk til saman 4,647 mill. kroner i 2016. Sentera har ansvar for allsidig verksemd for å fremje dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest. Talet på fødte føl mellom dei nasjonale rasane er urovekkjande lågt, og tendensen har vart i ein del år. Dølahest og fjordhest har vist ein liten auke, mens nordlands-/lyngshest har vist ein nedgang igjen. I 2016 leverte eit utval med medlemmar frå avlslaga, Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) og Norsk genressursenter ein rapport med forslag om å setje ned eit fagutval for avl og bevaring av nasjonale hesteraser som skulle gjere framlegg om prioritering av bruk av midlar til bevaring. Norsk

hestesenter er sekretariat for fagutvalet, men dei to andre hestesentera er òg engasjerte i arbeidet med å ta vare på rasane, og aktiviteten deira er ein del av det samla bevaringsarbeidet.

Over posten blei det òg løyvd 0,4 mill. kroner til stiftinga Det norske arboret til arbeidet med samlingar av tre og buskar eigna for norske forhold og til formidlingsverksemd.

Stiftinga Norsk Hjortesenter fekk tildelt 1,124 mill. kroner for å vedlikehalde og vidareutvikle seg som kompetansesenter for hjort, både villlevande og i oppdrett. Hjortesenteret bidreg til kunnskapsutvikling og auka kompetanse om hjort som ressurs, hos private, rettshavarar og i forvaltninga.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 24,596 mill. kroner på post 71. Departementet legg opp til ei fordeling av løyvinga om lag slik Tabell 2.4 viser.

Tabell 2.4 Budsjett for kap. 1139, post 71 i 2017 og budsjettframlegg for 2018 (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2017	Framlegg 2018
Genressurstiltak	7 040	7 040
Svalbard globale frøhvelv	5 863	6 140
Nordisk genressursenter (NordGen)	1 850	1 850
Prosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet)	4 550	4 550
Nord-Norsk Hestesenter og Norsk Fjordhestsenter	4 647	3 447
Stiftinga Det norske arboret og Norsk Hjortesenter	1 569	1 569
Sum genressursforvaltning og miljøtiltak	25 519	24 596

Dei genetiske ressursane er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon og tilpassing til nye behov og utfordringar for landbruket.

I eit internasjonalt perspektiv vil trugsmåla mot genetisk variasjon hindre utvikling av eit berekraftig landbruk. Avskoging, marginalisering av populasjonar, sjukdomsutbrott og klimaendringar trugar dei skogtregenetiske ressursane. Endra klima er ei utfordring, og vil krevje tilpassa plante- og dyremateriale.

Midlane på posten bidreg til oppfyljing av Noregs plikter i den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk og i dei vedtekte sektorvise handlingsplanane for husdyr, planter og skogtre under FAOs kommisjon for genetiske ressursar.

Vidare vil arbeidet som blir finansiert over denne posten bidra til å oppfylle Noregs bidrag til FN's mål for berekraftig utvikling. Det vil òg i 2018 bli løyvd midlar frå posten til ei rekkje tiltak og prosjekt som er viktige for å følge opp strategiplanen for genressursforvaltning og handlingsplanane for vern og berekraftig bruk av genetiske ressursar i kulturplanter, husdyr og skogtre.

Landbruksdirektoratet forvaltar tilskott til genressurstiltak. Det vil bli utarbeidd ei forskrift for ordninga som skal gjelde frå 2018.

Sikker drift og utviding av genbankar og kartlegging av nasjonale genressursar mellom planter, husdyr og skogtre er sentrale oppgåver for bruken av desse midlane. Dei skal òg bidra til berekraftige avlsprogram for små populasjonar av nasjonale husdyrrasar og rett skjøtsel av klonar-

kiv og av det genetiske og biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Det skal òg leggjast vekt på mellom anna klargjering av rett til, tilgang til og handsaming av genetiske ressursar i tråd med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og utgreiing av følgjene av nye utfordringar, som til dømes klimaendringar.

Departementet vil aktivt følgje opp samarbeidet under Nordisk ministerråd og i NordGen, mellom anna det nordiske samarbeidet om frøforødling, som er eit viktig langsiktig tiltak for å utvikle klimatilpassa plantemateriale. Innanfor NordGen er den faglege verksemda knytt til husdyr og skogtre lokalisert i Noreg. Departementet gjer framlegg om støtte til denne verksemda i NordGen med 1,85 mill. kroner. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i samlokalisering med Norsk genressursenter. Det er òg sett av midlar på posten til plantetraktaten sitt fond for nyttefordeling til oppfølging av lovnaden Noreg gav ved opninga av Svalbard globale frøhvelv, om å gi ei årleg støtte som svarar til 0,1 pst. av verdien av årleg omsett såvare. Midlane går til bønder i utviklingsland og den berekraftige bruken deira av plantemangfald for å sikre lokal matsikkerheit.

Over posten vil det bli gitt tilskott til drift av Svalbard globale frøhvelv, til ei rekkje akutte tiltak og til prosjektering av utbetring av anlegget, og til informasjonsverksemd. Oppslutninga om frølageret på Svalbard mellom verdas genbankar er god, og det er innleidd langsiktig samarbeid med mange av desse. Den store interessa for det globale frølageret i internasjonale media og hos allmenta held fram. Det vil vere viktig i 2018 å gjennomføre ei varig utbetring av anlegget for å hindre at vatn i framtida fortset å trengje inn gjennom tunnelen som leier inn til kvelvet. Vidare vil ei markering av 10 års drift av kvelvet vere retta mot å gi auka forståing og medvit om plantemangfald og matvaresikring.

Kunnskapsoppbygging i MiS-prosjektet om biologisk mangfald og miljøregistreringar i skogbruksplanlegginga held fram i 2018, og departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,55 mill. kroner til dette. Slikt arbeid er avgjerande for ei kunnskapsbasert registrering, overvaking og forvaltning av naturmangfaldet. Det er viktig at skogbruket og utmarksnæringa har best mogleg kunnskap om miljøverdiane i skogen og kan ta omsyn til desse. Prosjektet tek sikte på å følgje opp resultat og erfaringar i vidare arbeid med å utvikle gode og konkrete råd om miljøomsyn i skogbruket, og registreringane vil framleis bli nytta i arbeidet med å finne område aktuelle for frivillig vern.

Oppdaterte ressurs- og miljødata frå skogbruksplanlegginga blir forvalta av NIBIO på oppdrag frå Landbruksdirektoratet. I karttenesta Kilden hos NIBIO er relevant miljøinformasjon samla og tilpassa behova til næring og offentleg forvaltning i ein Skogportal. Skogportalen er utvikla i samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet, Landbruksdirektoratet og PEFC-Norge. Artsdatabanken og Miljødirektoratet har vore med på å leggje til rette og levere data.

I 2017 har Landbruksdirektoratet i samarbeid med fleire aktørar sytt for at skogbruksplanlegging med miljøregistreringar tek i bruk type-systemet til Natur i Norge (NiN) for å skildre natur slik Stortinget bad om i 2015, jf. Innst. 144 S (2014–2015). I 2018 blir det arbeidd vidare med eit praktisk opplegg, kurs og rettleiingsmateriale for å innpasse eit slikt nasjonalt, standardisert rammeverk som ligg i NiN i skogbrukets miljøregistreringsopplegg (MiS). NiN blir halde ved like og vidareutvikla av Artsdatabanken.

Stortinget bad, ved handsaminga av Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*, regjeringa om mellom anna å sørgje for at relevant offentleg miljø- og ressursinformasjon blir gjort tilgjengeleg. Departementet vil følgje opp dette saman med NIBIO og skognæringa for å sikre oppdatert og relevant miljøinformasjon til skogbruket gjennom innsynsløysinga Skogportalen ved NIBIO.

Stortinget vedtok òg at regjeringa saman med skognæringa skal greie ut høvelege tiltak for auka varetaking av nøkkelbiotopar og kartleggje kor den eldste skogen er. Departementet følgjer opp dette saman med skognæringa, Landbruksdirektoratet og NIBIO og i kontakt med Klima- og miljødepartementet. NIBIO vil òg bidra til å sjå på korleis ein kan revidere registreringsopplegget, der det tidlegare er gjort miljøregistreringar, og som kan vere grunnlag for det vidare arbeidet med nøkkelbiotopar.

Departementet gjer òg framlegg om ei løyving på 3,447 mill. kroner til Norsk Fjordhestsenter og Nord-Norsk Hestesenter til oppgåver dei utfører mellom anna i samarbeid med raselaga for å fremje og bevare dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest.

Departementet vil føre vidare støtta til stiftingane Det norske arboret og Norsk Hjortesenter. Norsk Hjortesenter, som kompetansesenter, skal arbeide vidare for at både viltlevande hjort og hjort i oppdrett kan gi grunnlag for auka næringsutvikling og verdiskaping generelt, og i landbruket spesielt.

Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsutgifter	236 751	224 905	222 365
45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	5 620	1 299	1 312
50	Arealressurskart	7 616	7 594	7 658
60	Tilskott til veterinærdekning	138 845	142 664	146 373
70	Tilskott til fjellstover	701	808	819
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	10 211	4 400	4 460
72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	358	302	452
73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	83 259	55 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	360	1 000	1 000
75	Tilskott til klimarådgiving på gardar, <i>kan overførast</i>		20 000	
80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	47	500	500
	Sum kap. 1142	483 768	459 082	440 549

Post 01 Driftsutgifter**Formål med løyvinga**

Hovudformålet med løyvinga er drift av Landbruksdirektoratet.

Landbruksdirektoratet er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet er òg sekretariat for Omsetnadsrådet, Styret for fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen, Styret for Utviklingsfondet for skogbruket, Reindrifststyret, Styret for Reindrifas utviklingsfond og Marknadsutvalet for reinsdyrkjøtt.

Hovudoppgåva til Landbruksdirektoratet er samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot primærlandbruket, landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel. Verkemidla på området, som Landbruksdirektoratet skal forvalte i samsvar med lov/forskrift/regelverk for ordningane, skal bidra til god måloppnåing innanfor hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Landbruks-

direktoratet skal gjennom kontroll og oppfølging ved avvik bidra til å sikre at verkemidla blir forvalta trygt og effektivt i samsvar med regelverket.

Landbruksdirektoratet skal i tillegg til å administrere dei ulike ordningane, òg vere eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over utviklingstrekk i ressursgrunnlaget og heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og samarbeid med anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåing mot gjeldande politiske mål og gi innspel til Landbruks- og matdepartementet om utvikling av verkemiddel, under dette forenkling. Landbruksdirektoratet skal drive formidling av fag- og forvaltningskompetanse og av landbruks- og matpolitikk til regional og lokal forvaltning. Landbruksdirektoratet skal samarbeide med fylkesmennene for å bidra til god lov- og tilskottsforvaltning på regionalt og lokalt nivå, mellom anna kontroll.

Landbruksdirektoratet har følgjande forvaltningsområde:

- Areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk
- Reindrift
- Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

- Marknadstiltak, handel og industri
- Administrasjon

Rapportering 2016

Landbruksdirektoratet er lokalisert i Oslo og Alta. Direktoratet la i 2016 vekt på å vidareutvikle verksemda og tenestene direktoratet tilbyr, og å setje organisasjonen betre i stand til å løyse oppgåvene sine. Oppdraget med å styrkje Avdeling reindrift har stått sentralt. Det er mellom anna gjort eit omfattande arbeid med å sikre stabil IKT-drift i Alta og få på plass nytt videokonferanseutstyr.

I 2016 leverte Landbruksdirektoratet eit omfattande utgreiingsmateriale til jordbruksopp-gjeret. Direktoratet har òg vore ein sentral bidragsytar i sekretariata til dei mange utvala og arbeidsgruppene som greier ut landbrukspolitikken for framtida. Døme på utgreiingar i 2016 er arbeidet med å styrkje jordvernet og å finne tiltak for berekraftig reindrift.

Landbruksdirektoratet skal bidra med å sikre ei økologisk berekraftig reindrift, og utviklinga har på fleire område vore positiv i 2016. Reintalet i Finnmark er tilnærma på nivået fastsett i bruksreglane, og marknads- og produksjonsforholda har vore jamt gode.

I 2016 var Landbruksdirektoratet prega av omfattande arbeid med IKT-utvikling. Eit nytt søknads- og sakshandsamingssystem er utvikla knytt til den nye naturskadeerstatningslova. Systemet blei slutført i 2016 og var klart til bruk frå 1.1.17 då lova tok til å gjelde, jf. omtale under kap. 1148, post 22. Mykje arbeid er òg lagt ned i å utvikle eit nytt system for produksjonstilskott. Arbeidet med ny løysing starta i 2015, og utviklinga heldt fram gjennom 2016. Systemet blir sett i drift i 2017. Parallelt blir det gjennomført ei omlegging av forvaltningsmodellen for produksjonstilskotta, noko som blir mogleg ved innføring av nytt IKT-system.

I 2016 har Landbruksdirektoratet kartlagt korleis brukarane opplever tenesta og verksemda. Undersøkingane viser at dei fleste målgruppene er nøgde. Den viktigaste kanalen for kommunikasjon mellom direktoratet og brukarane er nettportalen www.landbruksdirektoratet.no.

I 2016 har Landbruksdirektoratet implementert og fordelt tilskott til fire nye ordningar; gjødsling av skog som klimatiltak, tettare planting av skog som klimatiltak, utsiktsrydding og genresurstiltak. Auka løyvingar til infrastrukturtiltak i skogbruket er følgt opp, og det blei bygd og utbe-

tra fleire kilometer med vegar i skogen i 2016 enn i 2015.

Landbruksdirektoratet etablerte i 2014 ei løysing for å gjere offentlege data tilgjengelege hos Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI). Gjennom 2015 og 2016 har publiseringa halde fram, slik at direktoratet no har publisert til saman 20 datasett.

Landbruksdirektoratet følgjer opp at fylkesmennene utfører det regionale kontrollansvaret på landbruksområdet på ein god måte. Fylkesmannen utfører forvaltningskontrollar av kommunane og føretakskontrollar. Også innan reindriftsforvaltninga har fylkesmennene ei sentral rolle, mellom anna med kontroll av *Melding om reindrift* frå alle reindriftsutøvarane.

Landbruksdirektoratet har i 2016 inngått ein ny samarbeidsavtale med Statistisk sentralbyrå (SSB). Landbruksdirektoratet leverer kvart år data til SSB for produksjon av offisiell landbruksstatistikk.

Landbruksdirektoratet har òg i 2016 hatt eit nært samarbeid med Tolldirektoratet og tollregionane. Det er konkret samarbeid ved kontrollar, og løpande dialog m.a. om regelverksendringar.

Landbruksdirektoratet samarbeider med miljøforvaltninga i areal- og miljø saker. I 2016 har Landbruksdirektoratet, saman med Miljødirektoratet, levert sams utgreiingar på fleire område.

Samarbeidsavtalen mellom Landbruksdirektoratet og Mattilsynet skal sikre informasjons- og kompetanseutvikling, og leggje grunnlaget for betre tenester til brukarane. I 2016 har det mellom anna vore omfattande samarbeid om antibiotikaresistente bakteriar (MRSA).

Nærare omtale av aktiviteten i Landbruksdirektoratet i 2016 finst i årsrapporten for 2016 på www.landbruksdirektoratet.no.

Budsjettframlegg 2018

Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Landbruksdirektoratet. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 222,365 mill. kroner i 2018. I tillegg til endringar som følgje av løns- og prisvekst og regjeringa si avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, er det lagt inn eit særskild effektiviseringstiltak på 4,3 mill. kroner, i tråd med forventningane om effektiviseringar som låg til grunn då direktoratet blei oppretta i 2014.

Nedanfor følgjer nærare omtale av viktige oppgåver innanfor dei enkelte forvaltningsområda i 2018.

Areal, skogbruk, ressursforvaltning og økologisk landbruk

Landbruksdirektoratet vil i 2018 vidareføre arbeidet med å bidra til eit berekraftig skogbruk og til ein effektiv infrastruktur i skogen. Iverksetjing av klimatiltak i skog vil bli følgd opp i samarbeid med Miljødirektoratet.

Når det gjeld klima- og miljøomsyn i jordbruket, vil Landbruksdirektoratet vidareutvikle tiltaka med sikte på forenkling og målretting til det beste for klima, miljø og næring. Regional og lokal oppfølging av vassforskrifta og arbeid med kulturlandskap vil òg vere viktige oppgåver for Landbruksdirektoratet i 2018. Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over praktiseringa av naturmangfaldlova på landbruksområdet. Det er nødvendig med merksemd på jordvern både lokalt, regionalt og sentralt for å ta vare på god matjord, jf. regjeringa sin jordvernstrategi og Stortingets handsaming av denne, som direktoratet vil arbeide med å følgje opp mellom anna i samarbeid med Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Landbruksdirektoratet vil vidareføre samarbeidet med Miljødirektoratet på klima- og miljøområdet. Landbruksdirektoratet skal vareta den landbruksfaglege sida av den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken og leggje til rette informasjon om utviklinga i beitenæringane (husdyr, rein).

Arbeidet med å utarbeide ein strategi for økologisk landbruk er sett i gang. Landbruksdirektoratet vil bidra til dette arbeidet og følgje opp utviklinga av produksjon og omsetnad av økologiske landbruksvarer.

Frå 1.1.2017 tok den nye naturskadeerstatningslova til å gjelde. Landbruksdirektoratet vil i 2018 vidareføre arbeidet med god og effektiv forvaltning av den nye ordninga og brukarretta informasjon til søkjarar og innbyggjarar om den nye lova og det nye søknadssystemet.

Reindrift

Eit tilpassa beitetrykk til beitegrunnet er den mest alvorlege og krevjande utfordringa reindriffta står overfor. Den er særleg alvorleg fordi ei forsvareleg ressursutnytting er avgjerande for den samiske reindriffta si framtid i store delar av Finnmark. Sikring av eit stabilt reintal og oppfølging av dei siidaandelane og distrikta som har eit for høgt reintal, har difor framleis høgaste prioritet. Det er tre siidaandelar som enno ikkje har følgd opp dei gitte reduksjonskrava. Reindrifftsstyret følgjer opp desse i samsvar med sanksjonsreglane i reindrifftslova. Enkelte siidaar har på ny auka reintalet sitt. I

desse siidaene har fylkesmannen moglegheit til å låse reintalet gjennom å fastsetje eit øvre reintal per siidaandel. Landbruksdirektoratet skal saman med fylkesmannsembeta følgje opp desse siidaandelane. I tillegg skal direktoratet saman med fylkesmannen til ei kvar tid vurdere reintalssituasjonen i den enkelte siidaen, og setje i verk nødvendige tiltak. Det vil òg bli gjennomført offentleg kontrollerte teljingar. Ved større avvik mellom teljing og rapporteringane til reineigarane, vil det bli sett inn tiltak.

Det er nødvendig med auka kunnskap om dei ulike årsakene til tap i reindriffta og om samspelet mellom desse. Det er viktig å vidareføre arbeidet med å stimulere til auka slakting og til eit berekraftig reintal i Finnmark. For å ha kontroll med utviklinga i reindriffta, skal Landbruksdirektoratet hente inn og gjere tilgjengeleg nødvendige grunnlagsdata, mellom anna om beiteforholda og slaktevevter.

Direktoratet skal halde fram med å etablere samarbeid med andre offentlege organ, og gjere desse kjente med behovet i reindriffta for samanhengande areal, og konsekvensane av ulike tiltak innanfor reinbeiteland for reindriffta. Vidare skal Landbruksdirektoratet arbeide for ei betre sikring av areala til reindriffta, arbeide for å dokumentere arealbruken og gjere denne kjent for kommunar og fylke.

Vidareutvikling av reindriffta sitt sjølvstyre er sentralt for å nå dei reindrifftapolitiske måla. Direktoratet skal i nær dialog med departementet og næringa arbeide aktivt med ulike tiltak for å styrkje reindriffta si evne til sjølvstyre og internkontroll.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med opp til 0,5 mill. kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Innspel til forenkling og forbetringar av verkemidla i jordbruksavtalen er viktig òg i 2018.

I 2018 tek Landbruksdirektoratet sikte på å starte arbeidet med utvikling av nytt søknads- og sakshandsamingssystem for nettbasert forvaltning av kvoteordninga for mjølk med mål om å få eit sikrare, meir effektivt og brukarvenleg system.

I 2018 vil Landbruksdirektoratet leggje vekt på å kvalitetssikre implementeringa av den nye nettbaserte forvaltninga av produksjonstilskotta og tilskott til avløyning ved ferie og fritid.

Landbruksdirektoratet vil òg i 2018 leggje stor vekt på arbeidet med ein målretta og effektiv kontroll med tilskottsforvaltninga i landbruket og reindrifta.

Marknadstiltak, handel og industri

Landbruksdirektoratet vil i 2018 arbeide for å sikre ei god forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer. Direktoratet vil som sekretariat for Omsetnadsrådet følgje opp Meld. St. 11 (2016–2017) når det gjeld gjennomgangen av regelverket for Omsetnadsrådet.

Landbruksdirektoratet vil vidareføre arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale til bruk i internasjonale forhandlingar (WTO, EU, EFTA). Marknadsovervaking med rapportering og analyse av nasjonale og internasjonale marknader for jordbruksråvarer er viktig.

Landbruksdirektoratet vil halde fram med å følgje nøye med på konkurransesituasjonen til den mest konkurransesette industrien som for-edlar jordbruksråvarer (RÅK-industrien).

Landbruksdirektoratet vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med unilaterale, bilaterale og multilaterale forpliktingar, der avsetnad for norske landbruksvarer er eit viktig mål.

Administrasjon

Landbruksdirektoratet skal vidareutvikle styringsystema i verksemda og halde fram arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene.

Landbruksdirektoratet vil i 2018 halde fram med å vidareutvikle datasystema slik at desse blir meir brukarvennlege og bidreg til effektivisering og god informasjonstryggleik. Landbruksdirektoratet har som mål å levere alle tenestene sine digitalt der det er formålstenleg, og avvikle manuelle tenester som ikkje krev nærleik til brukaren. I 2018 vil arbeidet med å utvikle nytt forvaltningssystem for ordningar under LUF m.m. vidareførast.

Arbeidet med tryggleik og beredskap vil vere eit viktig område òg i 2018.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje utgiftene til oppfølging av Noreg sitt ansvar ved gjennomføring av ny reingjerdekonvensjon med Finland, og for konvensjonsgjerda mot Sverige, Finland og Russland.

Posten skal òg dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Rørosregionen, til vedlikehald

av konfliktførebyggjande gjerde i Hammerfest og til vedlikehald av gjerdene i Hemsedal og Lærdal.

I tillegg skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske styresmakter i samsvar med den gjeldande reingjerdekonvensjonen mellom Noreg og Finland og etablering av eit samla informasjonssystem for areal- og ressursovervaking for reindrifta.

Rapportering 2016

Det er gjennomført vedlikehald av konvensjonsgjerda mot Sverige, Finland og Russland, oppfølging av reinbeiteavtalar i Rørosregionen og reindrifta sine arealbrukskart i Troms er oppdaterte og digitaliserte. Posten har òg blitt nytta til å dekkje erstatningskrav frå finske styresmakter i samsvar med reingjerdekonvensjonen mellom Noreg og Finland.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,312 mill. kroner.

Ny reingjerdekonvensjon mellom Noreg og Finland blei sett i verk frå 1.1.2017. Ny konvensjon inneber mellom anna at det vil vere eit norsk ansvar å føre opp gjerde på strekninga Karigasniemi-Levajok. Kostnaden for dette er berekna til 17,6 mill. kroner over fire år. For 2018 er posten planlagt brukt til å dekkje den første delen av desse kostnadene i tillegg til dei ordinære oppgåvene.

Post 50 Arealressurskart

Formål med løyvinga

Over posten blir det gitt støtte til vedlikehald av arealressurskart (AR5) som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet.

Rapportering 2016

Løyvinga er brukt til arbeidet med oppdatering og vedlikehald av arealressurskarta (AR5) hos NIBIO. Karta blir viste mellom anna i løysinga Gardskart på nett, og er viktige òg i samband med kontroll av tilskottsordningar.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,658 mill. kroner i 2018.

Post 60 Tilskott til veterinærdekning**Formål med løyvinga**

Formålet med tilskottet er å bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Tilskottet blir gitt til kommunane, som etter dyrehelsepersonellova skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell (veterinærar).

Rapportering 2016

Hovuddelen av midlane har blitt nytta til vaktgodtgjering for veterinærar som deltek i klinisk veterinær vakt utanom ordinær arbeidstid. Midlane har blitt fordelte mellom kommunane ut i frå vaktinndeling. Ein mindre del av løyvinga har vore nytta til stimuleringstiltak for å sikre generell tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Eit mindre beløp har tilsvarande vore nytta på Svalbard.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om 146,373 mill. kroner i tilskott til veterinærdekning i kommunane.

Hovuddelen av den foreslåtte løyvinga på posten, om lag 126,2 mill. kroner, er tilskott til klinisk veterinær vakt utanom ordinær arbeidstid. Landbruksdirektoratet fastset vaktinndeling og fordele midlane til kommunane.

Framlegget til løyvinga omfattar òg om lag 14,5 mill. kroner som kommunane kan nytte til stimuleringstiltak for å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Landbruksdirektoratet avgjer kva for fylke som har næringssvake område og fordele midlane mellom fylka. Kommunane søker Fylkesmannen om tilskott. Midlane vil bli prioriterte til kommunar som har problem med å få stabil tilgang til veterinærtenester, og som legg planar for gode, lokale løysingar. Departementet legg til grunn at om lag ein firedel av kommunane i landet vil fylle kriteria for å kunne søkje midlar frå denne delen av løyvinga. Eit mindre beløp kan tilsvarande nyttast på Svalbard.

I framlegget er det òg sett av om lag 5,453 mill. kroner til administrative kostnader for kommunane. Landbruksdirektoratet fordele midlane til kommunane.

Post 70 Tilskott til fjellstover**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng for mellom anna reingjetarar. Departementet har i dag tre statseigde fjellstover – Joatka fjellstove, Mollisjok fjellstove og Ravnastua fjellstove. Fjellstovene blir drivne på kontrakt med Landbruksdirektoratet. Fjellstovene har plikt til å halde oppe heile året.

Rapportering 2016

Det er gitt tilskott til alle fjellstovene.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 819 000 kroner.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift i Indre Finnmark.

Auka kunnskap om produksjon og tap vil vere viktig, både for å dempe konflikter og for ei berekraftig forvaltning av reindriftnæringa. Utgifter til auka kunnskap om produksjon og tap i reindriften, blir dekte over denne posten.

Utover dette har formålet med løyvinga vore å dekkje ei rekkje tiltak for å følgje opp reindriftslova av 2007, overvakingssystemet for Finnmarksvidda og enkelte utviklings- og utgreiingskostnader.

Rapportering 2016

Det er i 2016 gjennomført reinteljing og oppfølging av reintal og bruksreglar i Finnmark, vidareutvikling av fagsystem, digitalisering av arealbrukskart i Finnmark og ei fagsamling for fylkesmennene.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,460 mill. kroner til omstillingstiltak i Indre Finnmark.

Utfordringa med å følgje opp godkjente bruksreglar er størst i dei distrikta i Finnmark der talet på rein ikkje er i samsvar med beiteressursane, og

der talet på utøvarar er for høgt til at målet om økonomisk berekraft blir nådd. Det krev ekstra innsats å følgje opp desse distrikta. Utover bruk av reglane etter reindriftslova, inneber oppfølginga mellom anna at ein skal leggje til rette for fellestiltak for betre infrastruktur og at ein framleis stimulerer aktivt til auka slakting og omsetnad av reinkjøtt. Kva for tiltak som blir sette i verk og finansierte over posten, vil vere avhengig av mellom anna situasjonen i det enkelte distriktet og den til ei kvar tid gjeldande marknadssituasjon. Oppfølging av godkjente bruksreglar er ei prioritert oppgåve både for direktoratet og Fylkesmannen i 2018.

Utgifter til teljing av rein, nettverks- og kompetansetiltak, og enkelte utviklings- og utgreiingskostnader blir òg dekte over posten. I tillegg vil ein i 2018 gjennomføre ei ny kartlegging av beita gjennom Overvakingsprogrammet for Indre Finnmark. Siste kartlegging blei gjennomført i 2013.

Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2.9.1999 og beiteleige i samsvar med inngåtte reinbeiteavtalar.

Rapportering 2016

Det blei i 2016 utbetalt fastsette årlege erstatningar til 45 personar.

Over posten er det dekt utgifter til beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet Reinbeiteforening for driftsåra 2013/2014, 2014/2015 og 2015/2016.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei overslagsløyving på 452 000 kroner.

Post 73 Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, overslagsløyving

Formål med løyvinga

Formålet med tilskottet er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagte tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjerarar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og*

mattryggleik mv. (matlova). Tilskottet skal òg dekkje tap i samband med tiltak som blir sette i verk som følgje av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinehaldet, tiltak for å redusere innhaldet av radioaktivitet i storfe og småfe og visse andre kompensasjonar for å lette etterleving av krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31.

Rapportering 2016

Saltslikkestein m/berlinerblått

Landbruksdirektoratet sørgjer for tilstrekkeleg lagerhald av produkt med berlinerblått, som førebbyggjande tiltak ved radioaktivitet i beiteområde.

Skadegjerarar i planteproduksjon

Skadegjerarar i veksthusproduksjonen er årsaka til ein stor del av utbetalingane i planteproduksjonen i 2016. Eit føretak i Rogaland fekk smitte i tomatproduksjonen og fekk ei erstatning på 8,62 mill. kroner.

Pålagt slakting

MRSA hos svin er årsaka til ein stor del av utbetalingane i husdyrproduksjonen i 2016, om lag 53 mill. kroner. Dei største utbetalingane var i Rogaland og Nord-Trøndelag. Utbetalingane gjeld 5 forskjellige former for sjukdom og smitte utbetalt i 11 fylke.

MRSA-kompensasjon

MRSA-kompensasjon kjem i tillegg til ordinær erstatning ved pålagt nedslakting. I alt ni føretak i Troms, Nord-Trøndelag, Rogaland og Hedmark fekk kompensasjon i 2016.

Radioaktivitet

Det var eit moderat opptak av radioaktivitet hos dyr på utmarksbeite i 2016, sjølv om det var rikeleg med sopp. Utbetalinga i 2016 er i hovudsak knytt til kontrollmåling av radioaktivitet og nedføring etter beite på utmark.

Budsjettframlegg 2018

Bygd på erfaringane frå dei seinaste åra, med store erstatningssaker særleg knytt til MRSA og sjukdomspåvisingar i veksthus, gjer departementet framlegg om ei overslagsløyving på 55,610 mill. kroner.

Forureininga etter atomulukka i Tsjernobyl skapar framleis problem for beitebruket i enkelte stader i Midt-Noreg. For å motverke dette blir stoffet Giesesalt som reduserer opptaket av radioaktivt cesium i dyr på beite, nytta. Mangel på Giesesalt i fôr kan føre til at slaktet ikkje kan nyttast som mat. Stoffet blir kjøpt inn av norske styresmakter ved Landbruksdirektoratet.

På denne bakgrunnen blir det gjort framlegg om at Landbruks- og matdepartementet får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av Giesesalt for ein periode på opp til 6 år, jf. forslag til vedtak VI. Utgiftene til innkjøp av Giesesalt er anslått til om lag 4 mill. kroner anna kvart år.

Post 74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt

Formål med løyvinga

Løyvinga på posten blir nytta til å gi dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som følgje av fare for rovviltangrep, har gjort vedtak om beiterestriksjonar for storfe og småfe med heimel i dyrevelferdslova.

Rapportering 2016

Ti føretak i Hedmark blei pålagte restriksjonar i bruk av beite og har motteke kompensasjon. Eitt føretak i Nord-Trøndelag blei pålagt restriksjonar i 2015, men fekk utbetalt kompensasjonen i 2016.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 mill. kroner.

Post 75 Tilskott til klimarådgiving på gardar

Formål med løyvinga

Posten blei oppretta i 2017 som ein del av budsjettforliket. Tilskottsordninga omfattar både etablering av metodar for datafangst og eit system for klimarådgiving på gardar i regi av Noregs Bondelag.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer ikkje framlegg om løyving på posten i 2018. Prosjektet blei starta opp i 2017, og det er venta at midlane avsett for 2017 òg vil dekkje kostnader knytte til prosjektet for 2018. Ubrukte midlar på posten i 2017 kan overførast til 2018.

Post 80 Radioaktivitetstiltak

Formål med løyvinga

Staten sitt ansvar for å dekkje kostnader som følgje av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulykka har som prinsipielt utgangspunkt det vedtaket som regjeringa fatta om økonomisk skadesløyse 31.7.1986. Regelverket for radioaktivitetstiltak i reindrifta blir fastsett etter dei same prosedyrane som forskriftene etter reindriftsavtalen.

Rapportering 2016

Behova for tiltak avheng av radioaktiviteten. I 2016 har aktiviteten vore under terskelverdiane for iverksetjing av tiltak, slik at det berre er utbetalt administrasjonskostnader.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 500 000 kroner.

Kap. 4142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.	47 082	41 374	42 279
	Sum kap. 4142	47 082	41 374	42 279

Post 01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.

Posten gjeld driftsinntekter som Landbruksdirektoratet har knytt til mellom anna sekretariatet for Omsetnadsrådet, Styret for fondet for forskingsav-

gift på landbruksprodukt og Utviklingsfondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjamningsordninga og kvoteordninga for mjølk. Inntekter frå gebyr blir òg førte på posten.

Kap. 1144 Regionale og lokale tiltak i landbruket

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2018
		2016	Saldert budsjett 2017	
77	Regionale og lokale tiltak i landbruket, <i>kan overførast</i>	6 639		
	Sum kap. 1144	6 639		

Post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga var å:

- styrkje Fylkesmannen si rolle som kompetansesenter for kommunane
- bidra til desentralisering av ansvar og myndighet til kommunane på landbruksområdet

Posten blei avvikla frå 2017. Delar av formålet er vidareført over kap. 1100, post 21.

Rapportering 2016

I 2016 blei det nytta 6,6 mill. kroner over kap. 1144 post 77. Midlane er nytta for å styrkje dialogen mellom fylkesmannen og den politiske og administrative leiinga i kommunane med omsyn til kommunane si rolle og ansvar innan landbrukspolitikken. I samband med dette er det òg sett i verk kompetansehevande tiltak for landbruksforvaltninga i kommunane.

Kommunane rapporterer på forvaltning av landbruksareal etter jordlova, plan- og bygningslova, konsesjonslova og odelslova gjennom rapporteringssystemet KOSTRA. Det er i 2016 løyvd midlar til oppfølging og vidareutvikling av dette rapporteringssystemet.

Det er òg løyvd midlar for å styrkje tilbodet om kompetanse for lokal og regional forvaltning innan samfunnsplanlegging via Sekretariat for etter- og vidareutdanning i samfunnsplanlegging (Samplan/SEVS).

Fylkesmannen i Finnmark blei tildelt særskilde midlar for å koordinere prosjektsamarbeidet mellom Noreg og Russland på landbruks- og matområdet. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag har fått stønad til eit pilotprosjekt for å styrkje plan-, miljø- og landbrukskompetansen i kommunane i fylket.

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) er ein stiftelse med hovudmål å fremje utvikling av økologisk landbruk. NORSØK har teke initiativ til etablering av Tingvoll Økopark. Stortinget løyvde i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013 6 mill. kroner i tilskott for å dekkje delar av etableringskostnadane. I 2016 blei resten av beløpet på 2,3 mill. kroner utbetalt.

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2018
		2016	Saldert budsjett 2017	
22	Naturskade, administrasjon, <i>kan overførast</i>	6 667		
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	129 155	169 000	156 000
	Sum kap. 1148	135 822	169 000	156 000

Post 22 Naturskade, administrasjon

Formål med løyvinga

Stortinget vedtok våren 2014 ny lov om erstatning for naturskadar (naturskadeerstatningslova). Lova erstatta gjeldande naturskadelov med unntak av reglane om sikring mot naturskadar, og tok til å gjelde 1.1.2017. Landbruksdirektoratet har det administrative ansvaret for statens naturskadeordning, òg etter den nye lova. Handsaminga av skadesakene skjer etter ein rein forvaltningsmodell. Løyvinga under posten har blitt nytta til utvikling av nytt elektronisk søknads- og sakshandsamings-system for ordninga. Departementet gjer ikkje framlegg om vidare løyving under posten.

Rapportering 2016

Løyvinga i 2016 er nytta til å utvikle nytt søknads- og sakshandsamingsverktøy mv. som nødvendige tiltak for å implementere den nye lova. Utvikling av nye verktøy, arbeidsmåtar og tiltak blei sett i gang i 2015, og vidareført i 2016.

Post 71 Naturskade, erstatningar

Formål med løyvinga

Statens naturskadeordning gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og løyvinga skal nyttast til å dekkje desse utgiftene. Etter naturskadeerstatningslova blir søknadene om erstatning for naturskadar handsama etter ein rein forvaltningsmodell der Landbruksdirektoratet avgjer sakene (førsteinstant), mens klagen blir avgjorde av Klagenemnda for naturskadesaker (klageinstans). Direktoratet skal sørge for at krav om erstatning for naturskadar blir handsama raskt og forsvarleg. Direktoratet skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar inntreff.

Rapportering 2016

Det blei i 2016 handsama 1 151 saker etter naturskadelova. Dette er mindre enn i eit gjennomsnittleg år. Ein stor del av skadane er etter naturskadehendingar som følgje av ekstremvêra Petra og Synne i 2015, som kom til handsaming først i 2016. Det blei i 2016 i alt gitt tilsegn om erstatning

for om lag 109,6 mill. kroner. Tilsegn om naturskadeerstatning blir gitt med ein utbetningsfrist på tre år. Dette inneber at utbetalningar i 2016 gjeld erstatningssaker for 2016 og tidlegare år.

Ansvar (gitte, ikkje innfridde tilsegn om erstatning) var 31.12.2016 på om lag 98,0 mill. kroner. Ansvaret er høgare enn tilsegnfullmakta på 83,1 mill. kroner. Dette kjem av at ansvaret er oppjustert som følgje av at Landbruksdirektoratet i samband med innføring av det nye IKT-systemet manuelt har gått gjennom alle saker som ikkje er avslutta.

Omfanget av naturulykkehendingar varierer mellom år. Det er knytt vesentleg uvisse til budsjetteringa for ordninga. Ordninga utløyser rett til erstatning ved naturulykker etter reglane i lova. Omfanget av naturulykkehendingar det enkelte året er umogleg å føresjå. Ved budsjetteringa blir normalt eit gjennomsnittleg år for naturskadar lagt til grunn.

Budsjettframlegg 2018

Klimaframskrivingar viser at vi i Noreg må rekne med meir ekstremvêr. Med ei slik utvikling kan det bli fleire og meir omfattande naturskadar i åra framover. Dei som blir råka av naturskade har på visse vilkår rett til erstatning over statens naturskadeordning etter naturskadeerstatningslova.

Erstatninga blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Fristen for utbetring er tre år, og dette verkar inn på den årlege utbetalinga. Landbruksdirektoratet skal gi ei rask og forsvarleg handsaming av krav om erstatning som er heimla i naturskadeerstatningslova. Landbruks- og matdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av mellom anna styringsdialog, rapportar og informasjon om økonomi.

Løyvinga skal dekkje innfriing av både nye tilsegner og uteståande tilsegner frå tidlegare år. Vidare skal løyvinga dekkje kostnader ved taksering av skadar, informasjonstiltak og andre tiltak som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker eller aukar verknaden av dei ressursane som blir nytta på naturskadeområdet. Løyvinga skal òg dekkje nødvendige utgifter til ekstrahjelp, og vedlikehald og utvikling av IKT-systemet for ordninga.

Ut frå dette gjer departementet framlegg om ei løyving på 156,0 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 59,4 mill. kroner for 2018, jf. Tabell 2.5 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 2.5 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2018.

		(i mill. kr)
	Ansvar 1.1.2017	98,0
+	Venta tilsegn i 2017	120,0
=	Sum	218,0
-	Venta erstatningsutbetalingar i 2017	158,7
=	Venta ansvar 31.12.2017	59,3
+	Takseringskostnader, IKT-vedlikehald o.a.	6,0
+	Venta nye tilsegn i 2018	150,0
=	Sum	215,4
	Framlegg til løyving i 2018	156,0
	Tilsegnfullmakt i 2018	59,4

Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 670	3 500	3 530
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	57 427	107 070	92 300
72	Tilskott til trebaserte innovasjonsprogram, <i>kan overførast</i>	24 885		
73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	39 905	48 247	48 899
74	Tiltak for industriell bruk av biomasse, <i>kan overførast</i>	5 405		
	Sum kap. 1149	131 292	158 817	144 729

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Formål med løyvinga

Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl. res. datert 25.2.1977, med endringar sist av 4.12.2014. Fondet har i oppgave å støtte opp om forskning, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. I styret for fondet er offentleg forvaltning og private organisasjonar innanfor skogsektoren representerte. Landbruksdirektoratet er sekretær for fondet.

Rapportering 2016

I 2016 blei det løyvd 3,670 mill. kroner til fondet. I alt fekk ti prosjekt og eitt reisestipend tilskott.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,530 mill. kroner for 2018. Midlane frå fondet vil i første rekkje bli retta mot brukarretta FoU-verksemnd med klare problemstillingar og mål. Fondet skal bidra til prosjekt som utviklar og styrkjer skogbruket som ei rasjonell, økonomisk og berekraftig næring.

Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket

Formål med løyvinga

Skogen gir viktige bidrag til sysselsetjing og verdiskaping i heile landet. Skogen og eit aktivt skogbruk gir òg viktige klimavinstar. For å auke desse bidraga, vil regjeringa leggje til rette for at ein større del av det produktive skogarealet som kan drivast lønsamt, blir teke aktivt i bruk, mellom anna ved auka hogst, hausting av biobrensle og oppbygging av ny skog. Ein formålstenleg infrastruktur, med betre samanhengande standard frå skog til industri og vidare til marknadene, er eit satsingsområde for regjeringa. Som det går fram av Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenærning*, er ein god infrastruktur avgjerande for konkurransekrafta til skogsektoren og for sektoren sitt positive bidrag til verdiskaping for distrikta og landet. Løyvinga skal bidra til modernisering og vidareutvikling av infrastruktur for transport og til andre verdiskapingstiltak i skogbruket.

Rapportering 2016

Det blei løyvd i alt 66 mill. kroner til infrastrukturtiltak i skogbruket over posten i 2016. Av dette, blei 46 mill. kroner løyvd til tømmerkaiar langs kysten. Desse midla blei løyvd til kaiprojekta Mandal Hamn KF i Vest-Agder og i Ørsta i Møre og Romsdal. Det blei òg gitt tilleggsloøyving til kaiprojekta Herre i Telemark og Sondenåneset i Rogaland.

Det blei løyvd 20 mill. kroner til vidareutvikling av skogsvegnettet. Desse midlane må sjåast i samanheng med løyvingane til same formålet over kapittel 1150, post 50. Det blei bygd over 120 km med nye skogsbilvegar og ombygd meir enn 420 km med eldre skogsbilvegar i 2016.

Budsjettframlegg 2018

Departementet vil vidareføre satsinga på infrastrukturtiltak i skogbruket i 2018. Tilskott frå posten vil bli gitt til verdiskapingstiltak med vekt på tiltak som bidreg til å redusere transportkostnadene. Som for 2017, vil departementet bruke ein

kombinasjon av løyving og tilsegnfullmakt som verkemiddel for ei effektiv planlegging og gjennomføring av større infrastrukturtiltak, der investeringane skjer over fleire år.

Behova for investeringar i infrastruktur er store over heile landet, men utfordringane er ulike i kyst- og innlandsfylka. Mykje av den skogen som i dag er, eller som snart er hogstmoden, står langt frå veg eller i bratt og vanskeleg tilgjengeleg terreng. Dette gjeld særleg i mange av kystfylka. Ein stor del av skogsvegnettet i innlandsfylka er gammalt og treng opprusting for å tene dei transportbehova og dei krava som moderne transportutstyr stiller. Kommunale hovudplanar for skogsvegar er eit godt verktøy for å vidareutvikle skogsvegnettet.

Tilskott til investeringar i nybygging og ombygging av skogsvegnettet er målretta og prioriterte tiltak for auka hogst og meir kostnadseffektiv tømmertransport. Gjennom tiltak som minskar faren for erosjon og lausmasseskred ved kraftig nedbør, vil desse investeringane òg bidra til betre klimatilpassing av vegnettet i skogbruket.

Tilgang til kai og sjøtransport opnar for kostnadseffektive leveransar av trevirke og produktflyt til foredlingsindustrien i Noreg og til marknader nasjonalt og internasjonalt. Tømmerkaiar har blitt stadig viktigare som følgje av endringar i avsetjinga av virke og marknadene for tømmer og treprodukt dei siste åra, òg i etablerte skogområde på Sør- og Austlandet.

Midlar over denne posten skal bidra til bygging og ombygging av kaiar og kaiterminalar for rasjonell transport og logistikk av tømmer. Gode planprosessar og overføring av kunnskap og erfaringar frå prosjekt til prosjekt er viktig i dette arbeidet.

Det er Landbruksdirektoratet som forvaltar midlane til kaiprojekt for departementet, og som, etter ein søknadsprosess, gir tilsegn.

Infrastrukturtiltaka bidreg til positive sysselsetjings- og verdiskapingseffektar og til å styrkje konkurransekrafta i skognæringa. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 92 mill. kroner for 2018. Sidan tilskotta ikkje alltid kjem til utbetaling same året som dei blir gitt i tilsegn, gjer departementet òg framlegg om ei tilsegnfullmakt for 2018 på 95 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Tabell 2.6 Tilsegningsfullmakt infrastrukturtiltak i skogbruket i 2018.

		(i mill. kroner)
	Ansvar per 1.1.2017	80,7
+	Venta tilsegn i 2017	104,7
=	Sum	185,4
-	Venta utbetalinger 2017	78,9
=	Venta ansvar per 31.12.2017	106,5
+	Venta nye tilsegn 2018	80,8
	Sum	187,3
	Framlegg til løyving i 2018	92,3
	Tilsegningsfullmakt i 2018	95

Post 72 Tilskott til Trebasert innovasjonsprogram

Formål med løyvinga

Auka bruk av tre er eit viktig tiltak både i nærings- og klimasamanheng. Tre utgjer ein liten del av materialbruken innanfor bygg- og anleggsbransjen. Særleg liten er bruken av tre i byar og tettstadar der mesteparten av byggjeaktiviteten skjer. Utvikling av konkurransedyktige industrielle løysingar på dette området kan gi auka verdiskaping og energi- og klimavinstar.

Frå 2017 er formålet til Trebasert innovasjonsprogram vidareført i ei større bioøkonomiordning under Nærings- og fiskeridepartementet, jf. deira Prop. 1 S. (2017–2018). Departementet gjer difor ikkje framlegg om ei eiga løyving til auka bruk av tre i 2018.

Rapportering 2016

Det blei løyvd i alt 24,3 mill. kroner til tiltak for auka bruk av tre over posten i 2016. Ekstra innsats blei retta mot vekst i bedrifter og forprosjekt knytt til etablering av innovasjonsmiljø. Det blei løyvd 14,1 mill. kroner til 33 bedriftsretta prosjekt. Dette utgjer om lag 73 pst. av samla ramme. I alt 2,7 mill. kroner blei løyvd til ti bransjeprosjekt og 7,5 mill. kroner til mobilisering og administrasjon. Årsrapporten til Innovasjon Noreg for 2016 gir ein detaljert oversikt over prosjekta i Trebasert innovasjonsprogram.

Dei fleste prosjekta har retta seg mot produkt-/konseptutvikling i den enkelte bedrifta og utvikling i retning av høgare grad av industrialisering.

Det har òg blitt mobilisert til meir samarbeid, og det er sett i gang forarbeid til bedriftsnettverk. Det har vore meir merksemd mot internasjonalisering og eksportretta prosjekt i 2016 enn tidlegare.

Trebasert innovasjonsprogram har i følge ei etterundersøking frå Statistisk sentralbyrå (SSB) for 2015 ført til auka verdiskaping, ein vekst i talet på tilsette og auka omsetnad i verksemdene.

Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak

Formål med løyvinga

Skogen spelar ei viktig rolle for klimaet. Regjeringa vil leggje til rette for tiltak som kan vareta eller styrkje karbonlageret i skogen, og samstundes leggje til rette for auka bruk av fornybart skogråstoff som kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar.

Posten omfattar bidrag til Stiftinga Det norske Skogfrøverk som har til oppgåve å sikre forsyninga av skogfrø i Noreg. Departementet har bidrege til dette gjennom ein avtale med Skogfrøverket om forvaltningsoppgåver frå 1995. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringsoppgåver knytte til anlegg for frøproduksjon.

Rapportering 2016

Det blei løyvd 39,9 mill. kroner til tilskott til skog-, klima- og energitiltak i 2016. Av dette blei det avsett 27 mill. kroner til klimatiltaka tettare plan-

ting etter hogst og til gjødsling av skog. I 2016 blei det gitt tilskott til tettare planting på 97 000 dekar, som svarar til om lag halvparten av det samla tilplanta arealet. Det blei gjødsla om lag 82 000 dekar. Aktiviteten under begge desse to ordningane blei høgare enn venta, med bakgrunn i at dette var første året dei var i drift.

Det blei òg løyvd 8,764 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplæringstiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Det blei òg gitt ei ekstra løyving på 6 mill. kroner til Det norske Skogfrøverk for å styrkje skogplanteforedlinga som eit klimatiltak i skogbruket.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei samla løyving på 48,899 mill. kroner i 2018 til klimatiltak i skog som oppfølging av klimaforliket og Meld. St. 41 (2016–2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*. I meldinga går det fram at regjeringa vil føre vidare og vurdere ei styrking av satsingane på tettare planting ved forynging av skog, gjødsling av skog og skogplanteforedling.

Landbruksdirektoratet forvaltar ordningane med tilskott til tettare planting og gjødsling. Departementet vil vidareføre løyvinga til desse klimatiltaka med 33 mill. kroner for 2018, på det same nivået som i 2017.

Skogplanteforedling er ein viktig del av forvaltningsoppgåvene som no krev fornying av frøplantasjar med det beste materialet frå plantasjar etablert frå 1960- og 70-talet. Fornying av skogfrøplantasjar dei neste 10 åra er avgjerande både for ei satsing på skogplanteforedling som klimatiltak, og for å halde oppe produksjonen av foredla frø som i dag. Det er òg ønskeleg at større delar av landet får tilgang til foredla frø gjennom etablering av nye frøplantasjar. Departementet gjer framlegg om å vidareføre løyvinga til langsiktig skogplanteforedling og utvikling av Skogfrøverket på om lag det same nivået i 2018 som i 2017.

Klimatiltaka i skog vil bidra til å styrkje ressursgrunnlaget – og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa i eit langsiktig perspektiv.

Post 74 Tilskott til industriell bruk av biomasse

Formål med løyvinga

Løyvinga har hatt til formål å stimulere til vidare utvikling av produksjonsprosessar og ny næringsverksemd med utgangspunkt i fornybar biomasse frå primærnæringane. Posten er avvikla, og løyvinga er flytta til kapittel 1137, med verknad frå og med 2017.

Rapportering 2016

Bioraffineringsprogrammet blei starta i 2013 som ein viktig del av Innovasjon Noregs bioøkonomisatsing, med eit hovudmål å bidra til at fleire norske verksemdar tek marknadsposisjonar innanfor avansert foredling av fornybare bioråvarer. I 2016 blei det løyvd 2,74 mill. kroner til programmet over Landbruks- og matdepartementets budsjett. Midlane har mellom anna gått til mobilisering og bevisstgjerjing av næringslivet om nye moglegheiter knytt til biobasert foredling, ny teknologi og nye marknader. I 2016 blei det løyvd 2,47 mill. kroner til tre kundeprosjekt. To av kundeprosjekta er knytt til marknadsverifisering og pilotering av ny teknologi for utnytting av restråstoff frå kylling. Dette har i løpet av året gitt grunnlag for ei stor investeringsavgjerd om nytt foredlingsanlegg ved Norilias anlegg på Hærland og eit strategisk samarbeid mellom Norilia og Felleskjøpet. Kunnskapen i dette prosjektet er henta frå marin sektor og prosjektet er eit svært godt døme på tverrsektorielt samspel. Det tredje kundeprosjektet finansiert av midlar frå Landbruks- og matdepartementet dreier seg om verifisering av ein ny konserveringsmetode for mat, som kan bidra til å auke ernæringsmessig verdi og haldbarheit (Orkla). Samla tilskott frå Bioraffineringsprogrammet til bedriftsleia forskning og utvikling var 35,3 mill. kroner over budsjetta til Landbruks- og matdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Frå 2017 blei bioraffineringsprogrammet innlemma i Bioøkonomiordninga i Innovasjon Noreg.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	17 538	21 500	17 500
50	Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 224 703	1 148 053	1 123 553
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	306 262	315 100	317 809
71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	29 668	43 000	43 000
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 129 517	3 298 535	3 483 204
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	8 129 499	7 965 410	8 361 247
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	241 743	246 380	256 880
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 512 521	1 541 954	1 504 800
	Sum kap. 1150	14 591 451	14 579 932	15 107 993

Formål med løyvinga

Kap. 1150 og kap. 4150 om jordbruksavtalen er basert på at jordbruket har forhandlingsrett med staten om prisar, tilskott og andre reglar for produksjon og omsetnad innanfor jordbruket. Ordningane under jordbruksavtalen er nokre av dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retninglinene i landbrukspolitikken.

For mange av postane er det underpostar der løyvinga er styrt av satsar per eining og omsøkt volum. Volumet på dei enkelte underpostane vil variere frå år til år. Difor ser departementet det som formålstenleg at eit auka behov for midlar på ein underpost kan dekkjast inn med unyttar midlar på ein annan underpost under løyvinga på same posten.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. skal bidra til at måla for landbruks- og matpolitikken blir nådde. For meir om måla i jordbrukspolitikken for kommande budsjettperiode, sjå omtalen i innleiinga i denne proposisjonen.

Fleire faktorar bidreg til at jordbruket i Noreg har eit høgt kostnadsnivå, som til dømes klima, topografi, at produksjonen etter internasjonale mål skjer i ein småskalastruktur og norsk pris- og kostnadsnivå generelt. Difor er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å bidra til lønsam produksjon over heile landet, og for å stimulere til god agronomi og berekraftig produksjon. Mange av tilskottsordningane verkar mot fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal gi det økonomiske grunnlaget for pro-

duksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målsesifikke vil òg kunne påverke andre mål. Dette gjer at resultatmåling som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott ikkje gir fullgod informasjon.

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Av både budsjettekniske omsyn og av omsyn til verkemåten til dei ulike økonomiske verkemidla, kan ein ikkje vurdere hovudmåla post for post på budsjettkapitlet. Difor er det heller ikkje mogleg å ha ei isolert eiga resultatrapportering på kvar enkelt ordning. Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gi rammevilkår som gir ei god måloppnåing både for næringa og samfunnet.

Det er behov for tilpassingar når det gjeld normal prosedyre for tilskottforvaltning. I omtalen under dette kapitlet gjer departementet årleg greie for hovudtrekka i tilpassingane for ulike ordningar og om bruken av ulike aktørar i forvaltninga av ordningane.

Marknadsregulering og pristilskott/frakttilskott

Tilskott til produsert volum, til marknadsregulering og til frakt blir dekt over fleire ordningar under kap. 1150, postane 70 og 73, i nokon grad òg under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt m.m. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalt til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgje-

ret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksoppgjæret. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå heile forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilskott som blir utbetalt via eit omsetnadsledd skil seg òg frå normalprosedyren ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om tilskottet. Storleiken på tilskotta er ei direkte følge av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje eigne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsforvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt eigne tilskottsbrev til produsentane. Tilskottsbeløpet går normalt fram av avrekninga for kvar leveranse. Det blir heller ikkje kravd rapport, og det blir ikkje utført kontroll hos tilskottsmottakarane (produsentane) fordi tilskottet blir gitt mot levert vare. Nødvendig kontroll blir sikra ved kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane, og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Samla sett bidreg dette til ei kostnads-effektiv forvaltning av ordningane.

Direkte tilskott og tilskott til velferdsordningar m.m.

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150, postane 74 og 78. Også underpost 77 har ein slike ordningar. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium som talet på dyr, areal, produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i forhold til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane består i hovudsak av refusjon av utgifter til avløyning for sjukdom og ferie/fritid. Ein står her overfor same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing som for tilskott til marknadsregulering, pris og frakt, sjå ovanfor. For ordningane med direkte tilskott og velferdsordningar, vil resultatrapporteringa òg i hovudsak skje samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjæret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane. Det gjeld òg ordninga med tilskott til veterinære reiser der tilskott blir utbetalt etter søknad om refusjon av utgifter som allereie er oppsamla. Her kan

det ikkje stillast vilkår til kva midlane skal nyttast til, eller krevjast rapportering om bruken av midlane.

Kollektive overføringar

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Landbruksdirektoratet og direkte til ein sams mottakar framfor først å utbetale tilskott til kvar produsent som igjen betaler inn til same sluttmottakar. Godtgjersla i sjukepengeordninga for bønder er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til folketrygdfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetaling av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løyvd beløp til rett mottakar. I tillegg må ein regelmessig vurdere om ordningane verkar som føreset, og om overføringane gir eit rett uttrykk for reelle utgifter.

Tilskott til skogkultur og miljøtiltak

Tilskott til skogkultur og miljøtiltak, som blir løyvd med heimel i forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket, blir utbetalt som ein refusjon av dokumenterte utgifter basert på ein søknad sendt kommunen etter at tiltaket er gjennomført. Det blir ikkje søkt om tilsegn på førehand, og kommunens tilskottsbrev inneheld ikkje spesifikke vilkår om kva tilskottet skal nyttast til eller om rapporteringskrav.

Kommunane utarbeider retningslinjer for prioritering av tilskotta. Årlege kunngjeringar har informasjon om kva for tiltak som er rettkomne for tilskott og om den maksimale delen av tiltaket som tilskottet dekkjer. Kontroll av tilskottet skjer ved søknadshandsaminga. Ved avgrensa løyvingssramme kan tilskottsdelen bli redusert. Den delen av tiltakskostnaden som ikkje blir dekt av tilskott kan dekkjast av skogfondsmidla til skogei-garen. Det dreier seg årleg om mange tusen tiltak, og tilskottsbeløpa er ofte relativt små. Rapporteringskravet blir dekt ved at spesifiseringa av tiltaket er registrert i Landbruksdirektoratets fagsystem for skogtiltak.

Forvaltning

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane over kap. 1142, til fylkesmennene over Kommu-

nal- og moderniseringsdepartementets kap. 525 og til kommunane gjennom rammetilskottet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det er ei særskild løyving på kap. 1150, post 21 som skal dekkje kostnader i samband med utgreiingar i arbeidsgrupper, evalueringar og utvikling av nye IKT-/fagsystem i Landbruksdirektoratet. Det er ut frå erfaring uvisse knytt til kva for eit år desse kostnadane kjem til betaling. For å kunne ha den fleksibiliteten som trengst, kan det framleis vere aktuelt å trekkje nokre utviklings- og utgreiingskostnader på enkelte av tilskottsordningane.

På nokre område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Noreg. Kommunane er førstelinemyndigheit for dei fleste økonomiske verkemidla på landbruks- og matområdet, og omsetnadsledda har som nemnt ovanfor, ei medhjelparrolle i utbetalinga av tilskott til produsentane. I samband med ikkje-statleg tilskottsforvaltning har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit styre, utval eller råd, skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene. I desse samanhengane er det departementet si vurdering at tilskottsforvaltninga framleis skjer innanfor statsforvaltninga.

Departementet og forvaltninga arbeider kontinuerleg med å få eit så godt kontrollsystem som mogleg. Det er sett i gang prosessar for å styrkje fylkesmennene sin kontrollfunksjon på landbruksområdet, og det blir mellom anna stilt krav til fylkesmannsembeta om at det kvart år skal utarbeidast ein risikobasert kontrollplan og gjennomførast forvaltningskontroll av kommunar og føretakskontroll. Når det gjeld kompetanse i landbruksforvaltninga, har fylkesmannen og Landbruksdirektoratet ei kontinuerleg oppfølging gjennom rettleiing og rådgiving, kommunebesøk, særskilde kommunesamlingar og kompetansetiltak retta mot dei landbruksansvarlege i kommunane.

Samla sett har det målretta arbeidet med kontroll og oppfølginga av kontroll dei siste åra gitt gode resultat. Det er likevel framleis utfordringar knytte til kontroll og vidareutvikling av kontrollsystema i landbruket. Dette går særleg på å sikre at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar, og at fylkesmannen og kommunane får ei meir systematisk oppfølging av avvik. Departementet legg til grunn at det er eit kontinuerleg behov for forbetring av kontrollsystema.

Riksrevisjonen har i fleire samanhengar peika på veikskapar ved systemet for kontroll med utbe-

talingar av tilskott over jordbruksavtalen og kommunane si rolle i tilskottsforvaltninga. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp dette området vidare framover.

Rapportering 2016

Dei fire hovudmåla det blei arbeidd etter i 2016 for norsk landbruks- og matpolitikk var matsikkerheit, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk. Desse er frå 2017 noko justerte, jf. omtale i Del I. Ved sida av å produsere varer og tenester for ein marknad, er norsk landbruks- og matsektor leverandør av ei rekkje fellesgode, dvs. gode som ikkje kan omsetjast i ein marknad. Landbruket bidreg til at dei fire hovudmåla blir nådde gjennom produksjon av varer og tenester for ein marknad i kombinasjon med produksjon av fellesgode.

Mål vil i stor grad verke inn på kvarandre gjennom å vere samanfallande og forsterke kvarandre. Samstundes kan mål vere motstridande på kort eller lang sikt. For å oppnå hovudmåla for politikken er mange av dei økonomiske verkemidla retta inn mot å sikre lønsam produksjon over heile landet, og for å påverke måten produksjonen skjer på. Mange av tilskottsordningane er horisontale ordningar, dvs. at dei verkar inn på fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målsesifikke vil òg kunne påverke andre mål. Dette gjer at tradisjonell resultatmåling, som følgje av eit konkret tiltak eller tilskott, ikkje gir fullgod informasjon.

I tilknytning til måla for landbrukspolitikken, som er omtalt mellom anna i innleiinga, finst det verkemiddel for å nå fleire av desse, både over jordbruksavtalen og på andre kapittel i budsjettet. Dette omfattar mellom anna økonomiske tiltak retta mot næringsutvikling, busetjing og selssetjing og verkemidla for mattryggleik m.m. Produksjon av trygg mat er ein grunnleggjande føresetnad òg for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter, og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst òg fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Saman med at dette er tiltak og ramar for sjølvstendige næringsutøvarar, gjer dette at måloppnåinga ikkje kan bli målt på enkelte tiltak, men må gjerast på indikatorar som viser utviklingstrekka i næringa samla sett. For denne resultatrapporteringa, sjå del 3.

Jordbruksoppgjæret 2017

Det mest sentrale grunnlaget for jordbruksoppgjæret 2017 var Stortingets handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* gjennom Innst. 251 S (2016–2017) og Stortingets føringar gjennom dei jordbruksoppgjæra som har blitt handsama sidan 2014.

I tilbodet frå staten blei det lagt til grunn at føringane frå Stortinget for politikken skal gjennomførast over tid slik at næringa opplever stabile rammer for si verksemd. I spørsmål som ikkje var dekte av Stortingets handsaming la staten regjeringas politiske plattform til grunn.

Jordbruksavtalen omfattar målprisane for perioden 1.7.2017 til 30.6.2018 og tilskott som blir utbetalte i 2018. Det kan òg gjerast justeringar av løyvingane i 2017 innanfor ei uendra økonomisk ramme. Til forhandlingane var det òg sett av 55 mill. kroner i 2017 som kompensasjon til jord- og skogbruk i samband med at CO₂-avgifta på mineralolje og diesel blei auka i budsjettet for 2017.

Forhandlingane blei gjennomførte på grunnlag av Hovudavtalen, som mellom anna seier at jordbruksavtalen skal regulere tiltak som er eigna til å fremje fastlagde mål for jordbruket, og som ikkje er uttømmende regulert ved lov, stortingsvedtak eller forskrift. Etter brott i jordbruksforhandlingane 16.5.2017, fremja Landbruks- og matdepartementet ein proposisjon for Stortinget basert på staten sitt tilbod gjennom Prop. 141 S (2016–2017).

Stortinget gjorde i samband med handsaminga av jordbruksoppgjæret i Innst. 445 S (2016–2017) følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen om å gjennomføre nye forhandlinger om jordbruksavtale for 2017–2018.

Endringer i målpriser i Prop. 141 S (2016–2017) fastsettes i tråd med forslaget i proposisjonen som delfinansiering av rammen.

Prisnedskringstilskuddet til norsk korn (post 73.19) endres ikke som foreslått i Prop. 141 S (2016–2017), men videreføres med uendrede satser.

Tilskudd til norsk matkorn (post 73.20) endres ikke som foreslått i Prop. 141 S (2016–2017), men økes med 4 øre per kg fra gjeldende satser.»

Etter fordelingsforhandlingar blei det inngått avtale mellom staten og jordbruket ved Norges

Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag den 26.6.2017.

Ved fordelingsforhandlingane la partane til grunn at auken i ramma frå Prop. 141 S (2016–2017) blei finansiert med budsjettmidlar. Det ga ei finansiering av ramma som vist i tabell 2.7.

Tabell 2.7 Ramme for fordelingsforhandling for 2018

	Mill. kr.
Netto endring i målprisar frå 1.7.17	150
Endra løyving på kap. 1150 i 2018	377
– av dette komp. for økt CO ₂ -avgift	55
Overførte midlar frå 2016	79
Endra verde av jordbruksfrådraget	19
Ramme	625
I tillegg fordelt frå LUF	130

I tillegg til den formelle ramma på 625 mill. kroner fordelte partane 130 mill. kroner i 2018 frå eigenkapitalen i LUF (Landbrukets utviklingsfond). Det blei gjort gjennom å auke innvilgningsramma til LUF med 24,5 mill. kroner og redusere løyvinga til LUF med 105,5 mill. kroner, samanlikna med Prop.141 S (2016–2017). Desse midlane blei disponerte til andre tiltak på kap. 1150, jf. fordelings-skjema i vedlegg.

Forhandlingane blei gjennomførte i tråd med signala frå Stortinget, jf. Innst. 445 S (2016–2017).

Ei detaljert framstilling av alle endringar på kapittel 1150 etter den inngåtte avtalen for 2018 er vist i vedlegg.

Fordelinga av ramma, inkludert 130 mill. kroner frå eigenkapitalen i LUF i 2018, gir jordbruket grunnlag for ein inntektsvekst frå 2017, før oppgjæret, til 2018 på om lag 4 ½ pst.

I tillegg kan ytterlegare vel 2 prosentpoeng bli oppnådd gjennom betre marknadsbalanse, jf. handsaming av Jordbruksmeldinga der Stortinget i Innst. 251 S (2016–2017) definerer inntektsmålet og seier at «god markedstilpassing og produktivtetsutvikling vil være en forutsetning for inntektsdannelsen».

Sekretariatet til Budsjettnemnda for jordbruket har rekna det kvantumsfaste isolerte utslaget av endringane i pris og tilskott på referansebruka frå 2017 før verknad av dette oppgjæret til fullt utslag i 2018.

Tabell 2.8 Berekna heilårsverknad på referansebruka av endring i pris og tilskott, inkl. anslag for kostnadsendringar til 2018 og utan volumendringar frå 2017 til 2018. Kroner per årsverk^{1 2}

		Sone for arealtilskott	Avtale 2018 ³	Endring 2017–2018
1	Mjøl, 28 årskyr	5	406 100	16 000
2	Korn, 387 dekar korn	1	286 600	15 900
3	Sau, 160 vinterfôra sauer	5	192 900	7 300
4	Mjølkegeit, 127 årsgeiter	6	456 200	18 700
5	46 avlssvin + 364 dekar korn	1	387 700	-14 300
6	7100 høner + 252 dekar korn	1	473 400	11 600
7	122 dekar poteter + 451 dekar korn	1	371 500	14 900
8	Storfeslakt/ammeku, 30 ammekyr	5	332 700	25 800
9	51 dekar frukt og bær	5	389 400	21 300
10	Fjørfekjøtt og planteprodukter	1		
11	Økologisk mjøl, 24 årskyr	5	394 900	16 300
12	Mjøl, 15 årskyr	5	342 700	18 600
13	Mjøl, 45 årskyr	5	450 800	15 900
14	Mjøl, 63 årskyr	5	484 200	15 600
15	31 årskyr. Østlandets flatbygder	1	422 500	-8 300
16	26 årskyr. Østlandets andre bygder	5	422 600	14 700
17	37 årskyr. Agder/Rogaland, Jæren	2	418 000	-1 900
18	25 årskyr. Agder/Rogaland a. bygder	5	384 100	14 700
19	28 årskyr. Vestlandet	5	373 400	16 700
20	31 årskyr. Trøndelag	4	391 700	2 000
21	25 årskyr. Nord-Noreg	6	411 200	15 500
22	Korn, 235 dekar. Austlandet	3	101 100	7 900
23	Korn, 870 dekar. Austlandet	1	521 800	21 600
24	310 dekar korn + 22 avlssvin. Trøndelag	4	344 500	-7 200
25	Sau, 134 vinterfôra sauer. Vestlandet	5	172 200	9 100
26	Sau, 171 vinterfôra sauer. Nord-Noreg	6	253 200	7 300
27	Sau, 278 vinterfôra sauer. Landet	5	204 700	6 600

¹ Fullt utslag av pris- og tilskott i 2018, inkludert verdi av jordbruksfrådraget. For produksjonar med overproduksjon vil inntektsauken kunne bli større med betre marknadsbalanse.

² Det er rekna med at prisen på råvarer til kraftfôr vil auke med 4 øre per kg.

³ Det er gjort oppretting av tala i denne kolona samanlikna med protokollen frå forhandlingane

Budsjettframlegg 2018

I jordbruksoppgjæret blei den samla løyvinga på kap. 1150 auka med 377,1 mill. kroner. Postane 71 og 73 er overslagsløyvingar der satsar og volum styrer løyvingsbehovet. Over ordningane på post 73 er det lagt til grunn ei volumendring som aukar løyvinga på kap. 1150 med ytterlegare 151,0 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2017. Hovudårsakene er stor kornavling i 2016 og aukande kjøttproduksjon. Samla løyving blir etter det 15 108,2 mill. kroner, mot 14 580,1 mill. kroner i saldert budsjett 2017.

Post 21 Spesielle driftsutgifter**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å kunne ha finansiering av kostnader knytte til utvikling av IKT-/fagsystem i forvaltninga av tilskott til jordbruket, evalueringar av ordningane og arbeidsgrupper sette ned av avtalepartane eller vedteke av Stortinget. I nokre tilfelle der kostnadene er direkte relaterte til konkrete tilskottsordningar, kan dei òg bli finansierte over ordninga.

Rapportering 2016

Det blei utbetalt 17,5 mill. kroner til driftskostnader, utgreiingar og evalueringar i 2016. 16,4 mill. kroner av dette blei nytta til utviklinga av nytt elektronisk fagsystem (eStil) for tilskottsforvaltning av produksjonstilskott og avløyartilskott. 1,1 mill. kroner blei nytta til utgreiingar og arbeidsgrupper.

Budsjettframlegg 2018

Landbruksdirektoratet arbeider for tida med ei omfattande fornying av IKT-plattformen for tilskottsforvaltninga. I 2017 og 2018 blir første del av det nye fagsystemet for produksjonstilskott og avløyartilskott avslutta, mens arbeidet med søknader på kart inntil vidare er utsett. Det er no to store pågåande prosjekt for nye IKT-løysingar til forvaltninga. Utvikling av eit nytt fagsystem som skal erstatte det gamle *Saturn* er planlagt gjennomført i perioden 2017–2019 og vil koste 24 mill. kroner. I 2018 er det sett av 7 mill. kroner. Det trengst òg ei ny IKT-løysing for forvaltning av importvern og råvareprisordninga (RÅK-ordninga). Dette arbeidet vil bli starta opp i 2018, og det er sett av 8 mill. kroner til dette.

Til arbeidsgrupper og utgreiingar for avtalepartane og Stortinget er det sett av 2,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 17,5 mill. kroner.

Post 50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)**Formål med løyvinga**

Midlane over posten blir løyvede til Landbrukets utviklingsfond (LUF). I tråd med vedtektene til LUF kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tek sikte på å styrkje og bygge ut næringsgrunnlaget på dei enkelte landbruksføretaka. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytte til næringsutviklings- og miljøtiltak, irekna m.a. tilskottsordningar, utviklingsprogram og prosjekt. Auka verdiskaping er eitt av hovudmåla for landbruks- og matpolitikken, og fleire av verkemidla under LUF skal bidra til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. For ordningane som blir forvalta av Innovasjon Noreg er målsetjingane om fleire gode grunderar, fleire vekstkräftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø sentrale.

Gjennom utforming av dei regionale bygdeutviklingsprogramma, irekna regionale næringsprogram, regionale miljøprogram og regionale skog- og klimaprogram, blir det laga regionalt tilpassa strategiar for verkemiddelbruken.

Rapportering 2016

Departementet viser til Prop. 141 S (2016–2017) for ei detaljert omtale av dei enkelte ordningane som er finansierte over LUF. Ordningane det er gitt støtte til kan grovt sett delast inn i sju område:

- Bedriftsretta midlar og støtte til Matmerk
- Tilrettelegging for næringsutvikling
- Rekruttering og kompetanse
- Forsking
- Skogbruk og bioenergi
- Konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift
- Verkemiddel retta mot miljø- og klimatiltak og økologisk landbruk

Budsjettframlegg 2018

Med bakgrunn i Prop. 141 S (2016–2017), Stortingets handsaming av denne, jf. Innst. 445 S (2016–2017) og Protokoll frå fordelingsforhandlingar 2017 av 26.6.2017, gjer departementet framlegg om ei løyving for budsjettåret 2018 på 1123,6 mill. kroner. Fondet blir vidare tilført 149,548 mill. kroner i 2017. 55 mill. kroner av tilførselen til LUF er midlar som blei sette av som kompensasjon for

auka CO₂-avgift i skog- og jordbruket i statsbudsjettet for 2017. Tabell 2.9 viser ei endring i likviditet for 2018 på minus 251,7 mill. kroner. Erfaringsstat viser at den faktiske utviklinga kan avvike noko

frå prognosane, m.a. som følgje av fråfall i ansvar. Kapitalsituasjonen og likviditetsutviklinga for LUF må haldast under oppsyn.

Tabell 2.9 Framføring av kapitalsituasjonen for LUF 2016–2018 med prognoser over framtidige utbetalningar (mill. kroner)

	Rekneskap 2016	Prognose 2017	Prognose 2018
Løyving	1203,0	1148,1	1123,6
Kompensasjon for auka CO ₂ -avgift, jordbruk og skogbruk		55,0	
Eingongsoverføring, udisponerte midlar	21,7	94,5	
Renteinntekter	9,7	9,0	10,2
Netto tilførsel av kapital i samband med inv. lån	74,5	67,5	60,3
Andre inntekter	29,5	12,0	12,0
Sum tilførsel	1338,4	1386,1	1206,1
Utbetalningar, jf. statusrapport LUF 17/2017	1355,7	1354,9	1352,3
Endring i tilskottsramme ¹		88,00	105,5
Sum utbetalningar	1355,7	1442,9	1457,8
Endring i likviditet og fordringar	-17,3	-56,7	-251,7
Likviditet, Innestående i Noregs Bank, inkl. a konto IN	1571,2	1582,0	1390,6
Utestående investeringslån	250,5	183,0	122,6
Likviditet og fordringar LUF per 31.12	1821,7	1765,0	1513,2

¹ Auken i tilskottsramme som er lagt til grunn i 2017 og 2018 vil truleg ikkje komme til utbetaling i sin heilskap i 2017 og 2018.

Tabell 2.10 viser tilskottsramme for LUF i 2018, ekstra tilskottsrammer for 2017 og endringar i tilskottsramme frå 2017 til 2018. Tilskottsramma for fondet for 2018 blir sett til i alt 1 499 mill. kroner, inkl. avsetjing til rentestøtteutbetalningar. I tillegg er det avsett 88 mill. kroner i ekstra tilskottsramme for 2017 til investeringar, miljø- og klimatil- tak.

Ein vesentleg del av tilskottsramma for LUF 2018 er avsett til ordningar som skal stimulere til investeringar og bedriftsutvikling, næringsutvik-

ling og gründerskap i landbruket. Skogbruk, og ordningar knytte til klima- og miljøtiltak, utgjer ein annan sentral del av tilskottsramma til fondet. For å imøtekomme det store investeringsbehovet og samstundes bidra til målretta tiltak som fremjar rekruttering, blir investeringsverkemidla prioriterte. Næringsutøvarar under 35 år er særskild prioriterte i delar av regleverket. For 2018 er det gjort framlegg om at tilskottsramma frå fondet aukar med 105,5 mill. kroner, rekna frå budsjett 2017.

Tabell 2.10 Tilskottsramme for LUF 2018 (mill. kroner)

	2017	Ekstra midlar 2017	Komp. CO ₂ 2017	2018	Endring 2017–2018
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	574,50	33,00		634,50	60,00
Utgreiings- og tilretteleggingsmidlar ¹	48,00			50,00	2,00
Rekruttering og kompetanse i landbruket					
<i>Nasjonale kompetansetiltak (KIL- midlar)</i>	6,00			6,00	0,00
<i>Regionale tilskott til rekruttering og kompetanseheving</i>	20,00			14,00	-6,00
<i>Nasjonal modell for vaksenagronom</i>	0,00			11,00	11,00
Forskning og utvikling ²	53,00		22,00	55,00	2,00
Matmerk	52,00			55,00	3,00
Utviklingsprogrammet	90,00			102,50	12,50
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi (tidlegare Bioenergiprogrammet) ³	67,00		3,00	67,00	0,00
Skogbruk	214,00		8,00	222,00	8,00
Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,50			1,50	0,00
Dyrevelferdsprogram mink	0,00			2,00	2,00
Utsiktsrydding	8,00			8,00	0,00
Spesielle miljøtiltak i jordbruket ⁴ (SMIL)	95,00		20,00	95,00	0,00
Drenering	58,00			58,00	0,00
Investeringsstøtte organisert beitebruk ⁵	10,00			13,00	3,00
Klima- og miljøprogram	18,00		2,00	20,00	2,00
Biogass	1,00			2,00	1,00
Støtte verdsarvområda og utvalde kultulandskap ⁶	9,50			13,50	4,00
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk ⁷	30,00			31,00	1,00
SUM tilskottsramme	1 355,50	33,00	55,00	1 461,00	105,50
Rentestøtte – utbetalningar ⁸	30,00			38,00	8,00
SUM tilskottsramme inkl. utbetalningar rentestøtte	1 385,50	33,00	55,00	1 499,00	113,50

¹ Auken blir øymerka arktisk landbruk.

² 15,5 mill. kroner av kompensasjonsmidlane for 2017 blir øymerka til eit avlsprosjekt i regi av Geno. Resterande midlar på 6,5 mill. kroner blir sett av til utgreiingar knytte til reduserte klimagassutslepp i jordbruket. Midlane blir fordelte av Styret for forskningsmidlar over jordbruksavtalen.

³ Norsk Gartnerforbund blir tildelt 1 mill. kroner av løyvinga til energirådgiving i veksthusnæringa for å stimulere til framleis satsing på klimavennleg produksjon.

⁴ I tillegg blir det overført 20 mill. kroner frå disponibel innvilgningsramme på dreneringsordninga under SMIL, som skal øymerkast utbetring av gamle hydrotekniske anlegg i dei planerte leirjordsområda.

⁵ Auken skal øymerkast til ekstraordinære tiltak for beitenæringa som blir påverka av kampen mot skrantesjuka (CWD) i Nordfjella. Ettersom det har vore kostnader til tiltak i 2017, blei det gitt løyve til å disponere dei øymerka midlane for 2018 allereie i 2017.

⁶ Auken på 4 mill. kroner blir fordelt likt mellom områdesatsingane.

⁷ Auken skal øymerkast tiltak for å fremje produksjon og omsetnad av økologisk frukt, bær og grønnsaker.

⁸ Ordninga med rentestøtte blei avvikla i jordbruksoppgjæret 2015. Det blir løyvd midlar over LUF til utbetaling av rentestøtte for dei som har fått innvilga rentestøtte før 1.1.2016. Prognosen for utbetaling i 2018 er sett til 38 mill. kroner.

Investering og bedriftsutvikling i landbruket

Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) har eit todelt formål: å bidra til utvikling av ny næringsverksemd på landbrukseigedommane, med mål om auka sysselsetjing, og å bidra til utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket, med særskild mål om auka effektivisering av produksjonen. Gjennom investeringar og moderniseringar i driftsapparatet og bruk av ny teknologi, kan ein oppnå auka effektivisering og produktivitet i landbruket. Ordninga er òg eit målretta verkemiddel for å fremje rekruttering til næringa, delvis fordi yngre investerer i større grad enn eldre, og delvis fordi mange eldre som investerer gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Næringsutøvarar under 35 år er prioriterte i delar av regelverket. I 2016 gjekk 29 pst. av tilskottsmidlane til personlege støttemottakarar under 35 år. Dette er ein auke på 3 prosentpoeng frå 2015, og ein markant auke sidan 2010/2011, då den låg på 19 pst. Eit eige generasjonsskiftetilskott skal til dømes avhjelpe mindre investeringsbehov i samband med oppstart. Maksimal prosentsats for generasjonsskifteordninga blei i jordbruksoppgjæret 2016 heva frå 40 pst. til 50 pst. av godkjent kostnadsoverslag.

Det er stor etterspørsel etter investeringsverkemiddel i landbruket, og verkemidla utgjer eit viktig risikoavlastande bidrag for å stimulere til auka investeringar. Det blir avsett 33 mill. kroner ekstra til investering og bedriftsutvikling for 2017. I tillegg blir det gjort framlegg om at løyvinga aukar med 60 mill. kroner til i alt 634,5 mill. kroner for 2018. Ordninga blir dermed styrkt med i alt med 93 mill. kroner meir enn i fjorårets jordbruksavtale.

Departementet viser til Stortingets merknader om investeringar i samband med handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017), jf. kapittel 2 i Prop. 141 S (2016–2017). I merknaden uttrykte ein samla næringskomite at det bør leggjast tydelegare føringar for investeringsverkemidla i dei årlege jordbruksoppgjæra. Komiteen meinte vidare at det er eit spesielt behov for å fornye fjøs med 15–30 kyr. Komiteen viste elles til at det innanfor ramma av nasjonale føringar bør vere eit handlingsrom for den regionale partnerskapen til å gjere prioriteringar av investeringsverkemidla mellom produksjonar i den enkelte region.

I innstillinga står det vidare at:

«Komiteen vil understreke at næringsutøverne i jordbruket er selvstendig næringsdrivende og selv må gjøre vurderinger knyttet til investeringer innen egen produksjon. Det må gjøres ut

fra lønnsomhetsvurderinger basert på egenkapital, vurdering av potensial for fremtidige inntekter og offentlige investeringsvirkemidler. Dette gjelder uavhengig av brukets størrelse og beliggenhet. Gode og stabile rammevilkår vil være viktig for å sikre økte investeringer i jordbruket.»

«Flertallet vil understreke at det er behov for investeringer på alle typer bruk. Dette gjelder også der det ikke er ressursgrunnlag for å utvide produksjonen.»

Det blir gitt følgjande nasjonale føringar for forvaltninga av IBU-midlar i 2018:

- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte.
- Innanfor investeringsverkemidla som går til mjølkebruk, er det spesielt behov for å prioritere fornying av 15-30 kyrfsjøs.
- Maksimal prosentsats blir sett til 35 pst. av kostnadsoverslaget for investeringa.
- Øvre grense for tilskott er 2 mill. kroner per prosjekt, med unntak for prosjekt i Troms og Finnmark.
- Støtte til investeringsprosjekt som gir auka matproduksjon skal prioriterast til produksjonar med marknadspotensial.
- Lønsemndsvurdering av prosjekta skal liggje til grunn for tildeling av midlar.
- Ulike eigarformer skal likestillast ved prioritering mellom søknader.
- Det skal takast omsyn til nye krav til dyrevelferd, irekna kravet om lausdriftsfjøs, og behov for fornying av driftsapparatet ved søknadshandsaming.
- Innan saueproduksjon skal det prioriterast støtte til økologiske saueprodusentar som må foreta større investeringar pga. endra krav til liggjeareal som følgje av implementeringa av EUs økologiregelverk frå mars 2017.
- Søknader om investering innan pelsdyrnæringa skal handsamast på lik line med andre produksjonar. Investeringsstøtte til minkhald skal derimot berre bli gitt til produsentar som skal foreta større investeringar som følgje av omlegging til drift utan gruppehald av mink, eller til nye aktørar som vil starte opp utan gruppehald.
- Prosjekt med energi- og klimaeffektive løysingar skal prioriterast, t.d. ved bruk av tre som byggjemateriale.
- Ved søknader som omfattar utbygging av gjødsellager skal tiltak som bidreg til reduserte utslepp prioriterast, t.d. gjødsellager med overdekke eller 10–12 månaders lagringskapasitet.

- Frå 2018 skal den regionale partnerskapen sine strategiske føringar avgrensast til prioritering mellom ulike produksjonar i den enkelte region. Faglagane inngår i dei regionale partnerskapa.
- Innovasjon Noreg kan gi ekstra investeringstilskott på opp til 500 000 kroner til geitemjølkprodusentar som omstiller til annan produksjon og som sel heile kvota gjennom oppkjøpsordninga for geitemjølkkvoter. Dette tilskottet kjem i tillegg til eventuell ordinær IBU-støtte. Lønsemndsvurderingar må liggje til grunn for tildeling av støtte til ny produksjon. Moglegheita for å søkje om ekstra investeringstilskott gjeld t.o.m. 2020. Søknadane må fremjast i samband med dei ordinære søknadsperiodane i fylka.
- Det kan bli gitt opp til 100 mill. kroner i risikolån.

Fylkesvise midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Dei fylkesvise midlane til utgreiings- og tilretteleggingstiltak skal bidra til utvikling og fornying av det tradisjonelle landbruket og å understøtte utvikling av andre landbruksbaserte næringer gjennom utviklings- og kompetansehevande tiltak, og mobiliseringstiltak. Midlane skal støtte opp om innleiande fasar og arbeid knytt til landbruksbasert næringsutvikling regionalt, og kan bli gitt til organisasjonar, institusjonar, kommunar og ulike former for samarbeidsorgan, hovudsakleg innanfor landbruket.

Det er gjort framlegg om at avsetjinga til utgreiings- og tilretteleggingstiltak blir auka med 2 mill. kroner til 50 mill. kroner i 2018. Auken skal øyremerkast arktisk landbruk i dei tre nordlegaste fylka og sjåast i samanheng med utviklinga i det arktiske landbruket gjennom dei siste åra, der dei geografiske fordelane ved landbruk i nord har blitt løfta fram. I Stortinget si handsaming av jordbruksmeldinga viste komiteen til dei unike moglegheitene ved det arktiske landbruket, og at regionale fortrinn knytte til arktisk landbruk bør utnyttast og vidareutviklast. Innsatsen bør difor byggje på dei erfaringane som er gjort med satsinga på arktisk landbruk finansiert over jordbruksavtalen i perioden 2012–14. Det blir elles lagt til grunn at den strategiske innretninga på bruken av utgreiings- og tilretteleggingsmidlane er godt samordna med innretninga på dei bedriftsretta verkemidla regionalt.

Rekruttering og kompetanseheving i landbruket

Agronomisk kompetanse og kunnskapsbasert driftsleiing er viktig for eit berekraftig landbruk, og for å nå målet om auka matproduksjon. Eit godt opplærings- og utdanningssystem bidreg til å tilby utøvarane i landbruket rett kompetanse. I tillegg til det formelle utdanningssystemet, er ulike typar rådgivingstenester, nettverk, kurs og mentorordningar m.m. viktige kjelder til kompetanseheving for næringsutøvarane i landbruket. Kompetansebehovet i næringa er variert og avheng m.a. av type produksjon.

I jordbruksoppgjæret 2014 blei det avsett 4 mill. kroner til ei fleirårig satsing på rekruttering og gründerskap i landbruket. I Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*, blei det gjort framlegg om at satsinga skulle nyttast til å prøve ut ei mentorordning i landbruket.

I tråd med føringane frå fjorårets jordbruksoppgjær blir det no prøvd ut ei lågterskel mentorordning i landbruket i regi av Norsk landbruksrådgiving. Målet med forsøket er å utvikle ein metodikk for ei mentorordning som er tilpassa næringa sine behov, og som kan ha overføringsverdi til heile landet. Prøveordninga vil gå ut 2018 og blir prøvd ut i regionane Trøndelag, Aust-Agder, Hedmark/Oppland, og Sogn og Fjordane. Forsøket skal evaluerast. Norsk landbruksrådgiving viser til at ordninga har fått god oppslutnad i dei aktuelle regionane, og det er etablert 8–10 mentorpar i kvar region. Det skal leggjast fram ein statusrapport for forsøket til jordbruksoppgjæret 2018.

Fylkesvise midlar til rekruttering og kompetanseheving

Fylkeskommunane forvaltar verkemiddel til styrking av innsatsen innanfor rekruttering og kompetanseheving i landbruket.

Det er gjort framlegg om å setje av 14 mill. kroner til rekruttering og kompetanseheving for 2018. Prioriterte område for ordninga er støtte til etter- og vidareutdanning landbruket og tiltak som rettar seg inn mot rekruttering, likestilling og omdømmebygging.

Nasjonal modell for vaksenagronom

Alderen ved overtaking av landbrukseigedom er jamt over høg i heile landet, og mange av dei som etablerer seg i næringa i dag har ei anna utdanning enn landbruksfagleg utdanning. I tillegg til dei ordinære utdanningsløpa er det difor nødven-

dig med fleksible løysingar for kompetanseheving. *Vaksenagronom* blir i dag tilbydd på mange naturbruksskolar i fylka. Dette er eit tilbod til vaksne som har behov for agronomkompetanse. Tilbodet varierer frå fylke til fylke i både form og innhald. I fjorårets jordbruksoppgjer blei det semje mellom partane å greie ut ein nasjonal modell for vaksenagronom. Utgreiinga blei gjennomført av Trøndelag Forsking og Utvikling i samarbeid med Østlandsforskning. Avtalepartane var representerte i referansegruppa for utgreiinga. Utgreiinga tilrår å etablere ein nasjonal modell i regi av dei fylkeskommunale naturbruksskulane og at det faglege innhaldet omfattar programfag landbruk vg2 og vg3. Vidare tilrår utgreiinga at opplæringa er organisert som samlingar i kombinasjon med nettundervisning, og har ei aldersgrense for opptak på 25 år. Utvikling av digitale verktøy for nettbasert undervisning blir tilrådd utvikla og drifta i fellesskap for heile landet.

Det er gjort framlegg om at det blir løyvd 11 mill. kroner til etablering av ein nasjonal modell for vaksenagronomen i regi av dei fylkeskommunale naturbruksskulane. Nemninga *vaksenagronomen* blir føreslått reservert tilbod som er i tråd med tilrådingane i utgreiinga når det gjeld forvaltning, organisering og innhald. Departementet vil komme tilbake med nærare føringar knytte til dette til fylkeskommunane. I tillegg til dette blir det sett av 2 mill. kroner under KIL-ordninga til utvikling av digitale løysingar i samband med etablering av modellen.

Fylkeskommunane sitt ansvar for ordninga må sjåast i samband med rolla deira som skoleeigarar og regionale utviklingsaktørar. Her er dei vidaregåande skolane med utdanningsprogram naturbruk viktige for å rekruttere rett kompetanse til landbrukssektoren, og som ressurs for etter- og vidareutdanningstilboda i landbruket.

Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket

Stiftinga Matmerk forvaltar Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL). Programmet skal gi kompetanseutvikling for yrkesutøvarar innan primærlandbruket eller innanfor andre næringar i tilknytning til landbruket, gjennom utvikling av nasjonale og regionale kompetansetilbod. Det er føreslått at ramma på 6 mill. kroner til KIL blir vidareført for 2018. Løyvinga til kurs for avløyssarar og landbruksvikarar blir vidareført. Innanfor ramma av KIL- midlane blir det sett av 2 mill. kroner til utvikling av sams digitale løysingar for den nettbaserte undervisninga i samband med etablering av den nasjonale modellen for vaksenagronomen.

Forsking og utvikling

Midlar til forsking og utvikling over jordbruksavtalen har som mål å støtte utvikling av ny kunnskap og teknologi til landbruks- og matsektoren. Forsking av høg kvalitet og med relevans for sektoren sitt næringsliv skal gi auka matproduksjon, trygg mat og berekraft og konkurransevne i sektoren. Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen skal ved utlysning og tildeling ta omsyn til behovet for kunnskap for reduserte utslepp av klimagassar frå jordbruket og auka lagring av karbon i jord og skog. Vidare skal avtalesyrets prioriteringar støtte opp under sektorens moglegheiter som blir omtalt i regjeringas strategi for bioøkonomi. Styret prioriterer nærmare innanfor desse områda.

Løyvinga for 2017 aukar med 22 mill. kroner for å styrkje kunnskapsgrunnlaget knytt til å redusere klimagassutslepp frå jordbruket. Auken til forsking og utvikling i 2017 kjem som følgje av kompensasjonsmidlar for auka CO₂-avgift i skog- og jordbruket. Av midlane blir 15,5 mill. kroner øyremarka til eit avlsprosjekt i regi av Geno. Resterande midlar på 6,5 mill. kroner blir avsett til utgreiingar i regi av Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen. Midlane blir lyste ut i 2017.

For 2018 er det gjort framlegg om å auke løyvinga til forsking frå 53 mill. kroner til 55 mill. kroner. Av dette skal minst 3 mill. kroner nyttast til utgreiingar.

Matmerk

Stiftinga Matmerk har som mål å styrkje konkurransevna til norsk matproduksjon og å skape preferanse for norskprodusert mat. Det skjer gjennom arbeid med kvalitetssikring, kompetanse og synleggjering av norske konkurransefortrinn og opphav overfor matprodusentar, handel og forbrukarar. Stiftinga har i oppgåve å administrere og vidareutvikle Kvalitetssystem i landbruket (KSL), godkjennings- og merkeordninga for Inn på tunet, merkeordningane *Nyt Noreg*, *Beskytta nemningar* og *Spesialitet*, Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL), generisk marknadsføring av økologisk mat og drifte databasen lokalmat.no. Stiftinga skal òg bidra til profilering og marknadstilgang for norske matspesialitetar og til å drifte den nasjonale nettstaden for Inn på tunet.

Utgreiinga *KSL inn i framtida* peikar på store utviklingsbehov for KSL. Det er behov for oppgradering av dataløysingar, auka revisjonsfrekvens, opplæringsløysingar og endå betre kopling mellom KSL og *Nyt Noreg*. Det er gjort framlegg om

at løyvinga til Matmerk blir auka med 3 mill. kroner i 2018 til 55 mill. kroner for å bidra til modernisering og vidareutvikling av KSL. Andre oppgåver, irekna drift av lokalmat.no, utvikling av merkeordningane, måling av omsetnad av lokalmat, informasjon om økologiske produkt og oppgåver knytte til Inn på tunet må løysast innanfor ramma.

Matmerk sin nye finansieringsplan (2018–2021) for *Nyt Noreg* tek utgangspunkt i ein modell der Omsetnadsrådet, daglegvarehandelen og merkevarebrukarane bidreg. Modellen legg til grunn ei årleg ramme på 15 mill. kroner frå 2018–2021, der 3 mill. kroner er føreslått finansiert over jordbruksavtalen. Den nye finansieringsplanen blir lagt til grunn. Midlane over jordbruksavtalen til *Nyt Noreg* skal frå 2018 gå til drift av merkeordninga og ikkje til generisk marknadsføring. Drifta av merket skal koplast tett opp mot drifta av KSL, jf. finansieringsplanen.

Matmerk har ansvaret for generisk marknadsføring og informasjon om økologisk matproduksjon. Matmerk sitt arbeid på dette området er evaluert. Det blir vist til omtale av evalueringa i kapittel 3.4.2.4 i Prop. 141 S (2016–2017). Løyvinga til informasjon om økologisk matproduksjon blir vidareført i 2018.

Utviklingsprogrammet

Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping, skal skape vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og andre landbruksbaserte næringar basert på landbruksressursar. Programmet blir forvalta av Innovasjon Noreg, og er eit sentralt verkemiddel for å nå målsetjingane i landbrukspolitikken, irekna spesielt Meld. St. 31 (2014–2015) om vekst og gründer-skap innan landbruksbaserte næringar. Regjeringa sin strategi for reiseliv basert på landbruket og reindriften sine ressursar *Opplevingar for ein kvar smak* og ambisjonen om 10 mrd. kroner i omsetnad av lokalmat og –drikke samla frå alle marknadskanalar innan 2025, gir òg føringar for Utviklingsprogrammet.

Programmet tilbyr tilpassa kompetansetiltak til bedriftene, finansiering til bedrifter som ønskjer å vekse, og støtte til etablering av forpliktande produsentnettverk. Programmet gir òg støtte til omdømmetiltak for å bygge stoltheit og auke kompetansen i næringa og til auka kunnskap om lokalmat og landbruksbasert reiseliv hos forbrukarane, i marknaden og i samfunnet generelt. Det er gjennomført evalueringar av fleire av ord-

ningane til programmet. Bedriftsnettverksordninga skal evaluerast i løpet av 2017.

Fleire regionar er i gang med strategiar og handlingsplanar innan mat og reiseliv, som vil gjere det mogleg å bidra til vidare utvikling av sterke mat- og reiselivsregionar, i tråd med måla i reiselivsstrategien.

Innovasjon Noreg har starta eit arbeid med å vurdere framtidig innretning på Utviklingsprogrammet for å følgje opp Meld. St. 31 (2014–2015), evalueringar, reiselivsstrategien og andre behov for endringar som følgje av utviklinga innanfor dei nye næringane. Innovasjon Noreg vil vurdere den samla innretninga av programmet, både når det gjeld bedriftsnettverk, vekststøtte, kompetanseutviklingstilbodet og omdømmearbeidet. Forslag til endringar i programmet si innretning vil bli presentert for- og vurdert av programmet si styringsgruppe i løpet av 2017, der avtalepartane er representerte. Det er eit mål å få fastsett eit nytt programnotat frå 2018.

Det er gjort framlegg om at den samla løyvinga til Utviklingsprogrammet blir auka med 12,5 mill. kroner til 102,5 mill. kroner i 2018. Auken skal i første rekkje bidra til oppfølging av reiselivsstrategien, irekna til utvikling som kan auke den forretningsmessige kompetansen i landbruksbaserte reiselivsbedrifter. For å styrkje verdiskapinga med utgangspunkt i produkt frå geita, skal det gjerast ei særskild satsing på dette innanfor programmet.

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket (Bioenergiprogrammet)

Auka produksjon av biobrensel og leveransar av biovarme frå landbruket gir auka verdiskaping og bidreg til å nå regjeringa sine mål i klima- og energipolitikken.

Frå 2017 har Innovasjon Noreg opna for å gi investeringsstøtte til anlegg som kombinerer biovarmeproduksjon med strømproduksjon frå solceller. Det er òg interesse for å etablere kombinerte el-/varmeanlegg basert på biobrensel, sokalla CHP-anlegg, og det er difor òg opna for å gi støtte til slike. Dette føreset at det blir stilt same krav til lønsemd som for reine bioenergianlegg. Ein slik kombinasjon gir moglegheiter for at eit gardsbruk kan bli sjølvberga med energi. Eit anna utviklingsområde er produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergi. Det er særleg interessant å hauste erfaringar frå slike prosjekt, fordi dette vil kunne styrkje moglegheitene for å nytte programmet i ei klimasatsing i jordbruket.

Utviklinga av gardsbaserte biogassanlegg har òg vore eit prioritert område innanfor programmet og den nasjonale klimapolitikken. Denne satsinga blir koordinert med regjeringa sin biogasstrategi, finansiert over Klima- og miljødepartementets budsjett, der det blir lagt vekt på etablering av pilotanlegg som handsamar husdyrgjødsel i kombinasjon med anna biologisk avfall. Erfaringane så langt er at dette gir synergieffektar og auka effektivitet i utviklingsarbeidet.

For betre å reflektere at programmet no har eit utvida verkeområde, er det gjort framlegg om at programmet frå 2018 endrar namn til *Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket*. Bioenergi vil framleis vere hovudprioriteringa i satsinga.

Løyvinga til verdiskapingsprogrammet blir auka med 3 mill. kroner for 2017, som følgje av kompensasjonsmidlar for auka CO₂-avgift for skog- og jordbruket, jf. kapittel 7.3 i Prop. 141 S (2016–2017). Midlane skal nyttast til klimaprojekt, irekna eit pilotprosjekt for auka bruk av biodrivstoff i traktorar og maskiner. Det er foreslått at løyvinga for 2018 blir sett til 67 mill. kroner. Norsk Gartnerforbund blir tildelt 1 mill. kroner av løyvinga for å stimulere til framleis satsing på klimavennleg produksjon.

Skogbruk

Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenøring* blei handsama i Stortinget i januar 2017, jf. Innst. 162 S (2016–2017). Både meldinga og innstillinga framhevar skogressursane som viktige for sysselsetjing og verdiskaping i Noreg, og som kjelde til fornybar energi og tremateriale som erstattar for meir klimabelastande materialar. Skogen utgjer òg eit stort karbonlager. Nettoopptaket av karbon i skogen i Noreg er på om lag 26 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Dette svarar til om lag halvparten av utsleppa frå andre sektorar. Skogen sitt positive nærings-, klima- og miljøbidrag kan haldast oppe gjennom ein aktiv, berekraftig skogpolitikk. Det er viktig å vidareføre tiltak som kan vareta eller auke skogen sine karbonlager, og tiltak som gjer at trevirke kan erstatte meir utsleppsintensive materialar og at fornybar bioenergi frå skogen kan erstatte fossil energi.

For å bidra til auka verdiskaping i heile verdikjeda for skog, vil regjeringa leggje til rette for auka avverkning dersom marknadane etterspør dette. Regjeringa vil styrkje miljøomsyna i skogbruket ved å ta i bruk dei nye verkemidla i naturmangfaldlova og skogbruket; mellom anna

miljøregistreringar, kunnskapsutvikling og Norsk PEFC Skogstandard, slik at uttaket av biomasse frå skog kan aukast samstundes som det biologiske mangfaldet blir teke vare på. Med bakgrunn i at hogsten har auka dei siste årene, aukar behovet for ungskogpleie.

Eit godt fungerande skogsvegnett er avgjerande for eit lønsamt skogbruk. Investeringsnivået til både bygging og ombygging av skogsvegar har auka dei siste åra, med både offentlege og private midlar. Det er framleis behov for nybygging av skogsvegar og standardheving av gamle vegar for å leggje til rette for rasjonell og kostnadseffektiv transport. Veginvesteringane bidreg òg til å gjere skogsvegnettet meir robust mot klimaendringar og klimarelaterte skadar. Behovet for nybygging er størst i kystfylka, særleg for skogsbilvegar. Mange kystfylke har store skogressursar som ikkje vil vere lønsame å bruke utan vegbygging. Store delar av skogsvegnettet i dei tradisjonelle skogstroka på Sør- og Austlandet og i Trøndelagsfylka er gammalt. Sjølv om det framleis er behov for noko nybygging av vegar òg her, er dei største investeringsbehova knytte til standardheving av gamle vegar. Berre rundt 15 pst. av skogsbilvegnettet i dei tradisjonelle skogstroka er bygd eller bygde om for dei største tømmervogntoga på opp til 24 meter og 60 tonns totalvekt. Dei fleste og største skogindustribedriftene er i dag lokalisert til dei tradisjonelle skogstroka. Vidareutvikling av skogsvegnettet her vil bidra til å sikre råstofftilgangen og styrkje konkurranseevna til desse bedriftene.

Berekraftig skogbruk krev god og dokumentert kunnskap som grunnlag for mellom anna å sikre balanse mellom næringsverksemda og varetaking av viktige miljøverdiar. Ei viktig kjelde til kunnskap er Landsskogtakseringa. Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar er òg eit sentralt verkemiddel i miljøarbeidet i skogbruket. Skogbruksplanane gjer skogeigarane i stand til å gjere prioriteringar mellom bruk og vern og forvalte skog- og miljøressursane sine med basis i kunnskap. Med høg aktivitet i skogbruket er det grunn til å vente auka omfang av skogbruksplanlegging i åra som kjem for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for den auka avverkninga.

For 2018 er det behov for å auke avsetjinga til skogbruksplanlegging for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for auka berekraftig avverkning. I enkelte regionar blir det vurdert å investere i ny trebrukande industri. Eitt vilkår som i nokre tilfelle hindrar slike investeringar er risikoen for ikkje å få jamn verkestillførsel til ny verksemd. Departementet vil – saman med Norsk institutt

for bioøkonomi (NIBIO), Landbruksdirektoratet og næringsorganisasjonane i skogbruket – vurdere om informasjonen frå skogbruksplanlegginga kan nyttast for å leggje betre til rette for jamn virkestilførsel til industri og vidareforedling.

Kompetansehevande tiltak er sentralt for gjennomføringa av skogpolitikken. Skogbrukets Kursinstitutt (Skogkurs) er ein sentral aktør på området, og rettar seg mot både offentleg og privat rettleiingsapparat, skogeigarar, skogsarbeidarar og entreprenørar over heile landet. Jamleg kompetanseheving er ein føresetnad for skogeigarane sine moglegheiter til sjølve å kunne leggje til rette for auka verdiskaping med basis i ressursane til eigedommen.

Avsetjinga til skogbruk blir føreslått auka med 8 mill. kroner til 222 mill. kroner for 2018. Auken kjem som følge av kompensasjon for auka CO₂-avgift i skog- og jordbruket. Det er den enkelte kommune som prioriterer tilskott til miljøtiltak i skogbruket innanfor kommunen si ramme til nærings- og miljøtiltak i skogbruket for å vidareutvikle miljøverdiar knytte til skjøtsel, landskap, friluftsliv og kulturminne i skog. Det er gjort framlegg om å setje av 3 mill. kroner til miljøtiltak i skog frå 2018.

Fordelinga mellom dei ulike verkemidla vil bli gjort etter drøftingar mellom avtalepartane på eit møte der òg næringsorganisasjonane i skogbruket blir inviterte til å delta.

Midlar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift

Løyvinga til konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift blir vidareført med 1,5 mill. kroner i 2018. Løyvinga er på nivå med tilsvarande løyving over reindriftsavtalen. Midlane frå dei to næringsavtalane blir forvalta samla av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag. Arbeidet med å gjere ordninga kjent i aktuelle område må vidareførast.

Dyrevelferdsprogram mink

Det er føreslått å setje av 2 mill. kroner til eit dyrevelferdsprogram for mink. Programmet skal utarbeidast av Norges Pelsdyrslag og godkjennast av Landbruks- og matdepartementet.

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal bidra til å halde kulturlandskapet ved lag og til å redusere miljøbelastninga frå jordbruket, som utslepp til luft og vatn. Fleire av miljøordningane

bidreg òg til betre agronomi og vil ha positiv verknad på jordbruksproduksjonen.

Miljø- og klimavennleg matproduksjon

Jordbruket sitt kulturlandskap er eit resultat av busetjing og ressursutnytting over mange generasjonar. I innmark og utmark er det ein mosaikk av åker og eng, kantsonar, slåttemark og beitemark, vatn, bygningar, tun, gjerde, vegar og andre formar for natur- og kulturminneelement. Ulike naturlege forhold har gitt stor variasjon i produksjonsmåtar og ressursutnytting i ulike deler av landet, med tilhøyrande særpregande kulturlandskap. Endringar i driftsmåtane har gitt eit jordbrukslandskap prega av element både frå historisk bruk og moderne metodar å drive garden på.

Over jordbruksavtalen er det fleire økonomiske verkemiddel som skal stimulere til redusert avrenning til vassdrag og kyst, til dømes blir det gitt tilskott for at areal med korn og vassdragsnære areal ikkje blir jordarbeida om hausten. Gjennom arbeidet med vassforvaltningsplanane i tråd med EUs rammedirektiv for vatn og vassforskrifta har internasjonale mål for vassmiljø i seinare tid blitt konkretiserte ned til dei særskilde vassområda og vassførekomstar. Nye vassforvaltningsplanar blei godkjende av Klima- og miljødepartementet i juli 2016. Gjennom dette arbeidet har det komme fram behov for forsterka innsats mot avrenning frå jordbruket, særleg i dei utsette vassområda prega av mykje jordbruk. Målet er no betre tilstand i vassområda innan 2021.

Stortinget var i si handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017), tydeleg på at jordbruket sitt sektoransvar for miljøtiltak skal vidareførast gjennom miljøprogramsatsinga.

Klimagassutsleppa frå jordbruket utgjorde 8,3 pst. av dei samla utsleppa i 2015. Om lag 70 pst. av klimagassutsleppa som blir kreditterte jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen kjem av metan frå naturlege prosessar i fordøyinga hos husdyr som storfe og sau og lystgass frå husdyrgjødsel. Dei biologiske prosessane i landbruket kan ikkje erstattast på same måte som prosessar som er basert på ikkje-fornybare råstoff og produksjonssystem basert på fossile kjelder. Klimautfordringane i jordbruket blei grundig handsama både i rapporten *Landbruk og klimaendringar* som blei levert til jordbruksoppgjeret 2016, og i Meld. St. 11 (2016–2017), med Stortinget si handsaming i Innst. 251 S (2016–2017).

Stortinget har vedteke at Noreg skal ta på seg ei forplikting om minst 40 pst. utsleppsreduksjo-

nar av klimagassar i 2030 samanlikna med 1990, jf. Meld. St. 13 (2014–2015) *Ny utslippsforpliktelse for 2030 – en felles løsning med EU*. Noreg sitt mål er meldt inn som norsk bidrag til Parisavtalen. Noreg tek sikte på å inngå ein avtale om ei sams oppfyljing av klimaforpliktingane saman med EU.

Jordbruket skal bidra med sin del for å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket, jf. òg Stortinget si handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017), der ein samla næringskomité meiner at arbeidet med å redusere klimagassutsleppa frå norsk matproduksjon må prioriterast, på same tid som målet om auka produksjon av mat med formål om auka sjølvforsyning blir teke hand om. I Stortinget si handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017) hadde Næringskomiteen ei rekkje fleirtalsmerknader om jordbruk og klima, mellom anna at:

- Jordbruket si viktigaste oppgåve er å auke produksjonen for å møte etterspørselen frå forbrukarane, spesielt der det er underdekning av norsk vare.
- Jordbruket si viktigaste oppgåve i klimasammenheng er å redusere utsleppa per produsert eining.
- Utslepp frå biologiske prosessar i jordbruket ikkje kan likestillast med utslepp av klimagassar som spring ut av bruk av fossile kjelder.
- Det ikkje er god miljøpolitikk å gjennomføre tiltak som bidreg til karbonlekkasje, det vil seie at produksjonen blir flytta ut av Noreg.
- Tiltak med sikte på å redusere klimagassutslepp frå jordbruket skal vere basert på kunnskap, og effektane må kunne målast med relativt sikre metodar.
- Satsing på klimatiltak, som drenering, biogass og avl, skal samstundes bidra til å oppfylle andre mål for jordbrukspolitikken.
- Nydyrking og drenering er viktige tiltak for å auka matproduksjonen og redusere klimagassutsleppa.

Stortinget sine merknader låg til grunn for satsinga på klima i jordbruksoppgjeret 2017.

Landbrukspolitikken i samspel med målretta arbeid i næringa har over tid òg bidrege til effektivisering i husdyrhaldet. Innsatsen knytt til avl og dyrehelse har òg bidrege til god produktivitet, og at talet på storfe minkar. Det er stor uvisse knytt til klimagassrekneskapen for jordbruket. I følgje Miljødirektoratet er uvisse for berekna utslepp av metan og lystgass i Noreg på høvesvis 14 og 59 pst. I tillegg er ikkje berekningsmetodane gode nok til at tiltak i jordbruket som bidreg til faktiske reduserte utslepp, blir fanga opp i utsleppsrekneskapen. I jordbruksoppgjeret 2016 blei det ved-

teke å etablere eit teknisk berekningsutval. Utvalet sitt arbeid skal danne grunnlag for å forbetre noverande rapporteringsrutinar knytt til utsleppsrekneskapen.

Utvikling av kunnskapsgrunnlaget må prioriterast høgt framover, dette for å framskaffe betre kunnskap om verknader, kostnader og konsekvensar av eksisterande og moglege nye tiltak. Det må òg gjennomførast tiltak i jordbruket som vil bli bokført i andre sektorar enn jordbruk i den norske utsleppsrekneskapen, høvesvis å redusere forbruk av energi innan transport og bygg. Det er òg viktig med auka kunnskap om korleis det norske jordbruket kan tilpasse seg eit klima i endring.

Prosjektet *Klimasmart landbruk* har som formål å redusere klimaavtrykket til norsk landbruk gjennom sikring av informasjon og gode verkty for klimasmart drift på norske gardsbruk. Prosjektet blir gjennomført av Norges Bondelag, Norsk landbruksrådgiving, TINE, Nortura og Felleskjøpet Agri. Det blei avsett 20 mill. kroner over statsbudsjettet til prosjektet for 2017. Midlane er vedtekne gjort overførbare til 2018 i samband med handsaminga av Revidert nasjonalbudsjett for 2017. I 2017 har hovudaktiviteten i prosjektet vore sentrerert kring innhenting av kunnskap og utvikling av nye datasystem. Det er venta at eit landsdekkjande tilbod om klimarådgiving blir starta opp i 2018.

Ei arbeidsgruppe samansett av avtalepartane skal fram til jordbruksforhandlingane 2018 gjennomgå eksisterande ordningar for støtte til klimatiltak på gardsnivå, med sikte på å styrkje og målrette innsatsen for reduserte utslepp.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Formålet med SMIL-ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket. Tiltaka som bidreg til å redusere forureining under SMIL-ordninga, kan òg bidra til betre agromisk driftspraksis og tilpassing til klimaendringar. I jordbruksoppgjeret 2017 blei det avsett 95 mill. kroner for 2018. I tillegg blir det overført 20 mill. kroner i ubrukte midlar frå dreneringsordninga til SMIL-ordninga i 2018, øyremerka utbetring av gamle hydrotekniske anlegg i planerte leirjordsområde.

Som ei oppfølging av *Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter*, blir det synleggjort at det kan bli gitt tilskott til innsats mot og å hindre spreining av framande skadelige arter, mellom anna hønsehirse og kjempespringfrø.

Tilskott til drenering av jordbruksjord

Godt drenert jordbruksjord er avgjerande for å kunne auke matproduksjonen i åra som kjem. Oppslutninga om ordninga er blitt lågare enn venta, og mykje tyder på at det er mindre areal som blir drenert no enn før tilskottsordninga blei innført i 2013. For å stimulere til auka aktivitet blir satsane ved gjennomføring av tiltaket no dobla. Avsetjinga blir vidareført. Det står att tilstrekkeleg med ubrukte midlar til å dekkje satsen.

Investeringsstøtte til tiltak i beiteområde (organisert beitebruk)

Ordinga stimulerer til effektivt samarbeid mellom dyreeigarar og realisering av nødvendig infrastruktur for effektiv utnytting av utmarksbeite til husdyrproduksjon. Beitebasert næringsdrift har utfordringar med ajourføring av samarbeidsformer til endringar i buskapsstruktur og andre samfunnsinteresser. Avsetjinga aukar med 3 mill. kroner til 13 mill. kroner i 2018. Auken er øymerka ekstraordinære behov i beitenæringa som følgje av tiltaka mot skrantesjuka (CWD) i Nordfjella. Ettersom det har vore kostnader til tiltak i 2017, blei det gitt løyve til å disponere dei øymerka midlane for 2018 allereie i 2017.

Klima- og miljøprogrammet

Avsetjinga til Klima- og miljøprogrammet er auka til 20 mill. kroner for 2018. Prosjekt som bidreg til å styrkje kunnskapsgrunnlaget knytt til jordbruket sine klimautfordringar skal prioriterast. 1 mill. kroner er øymerka til ei ny utvalsbasert undersøking for å kartleggje bruk og lagring av husdyrgjødsel.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarv-satsinga Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan

Det blei i jordbruksoppgjeret 2015 vedteke å slå saman dei to ordningane, og ny forskrift blei gjort gjeldande frå 2017. Avsetjinga til ordningane blir

auka med høvesvis 2 mill. kroner til Utvalde kulturlandskap i jordbruket for å følgje opp iverksetting av dei nye områda, og 2 mill. kroner til verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan. Samla avsetjing blir 13,5 mill. kroner i 2018. Midlane til verdsarvområda og Utvalde kulturlandskap i jordbruket må sjåast i samheng med midlar på budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Biogass

Forskrift om tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg blei sett i verk i desember 2014. Handsaming av husdyrgjødsel i biogassanlegg reduserer metanutslappa. Interesse for ordninga aukar, og det er difor sett av 2 mill. kroner i 2018.

Tilskott til utsiktsrydding i kulturlandskap knytt til landbruket

Attgroing av kulturlandskapet og vegkantar er ei aukande utfordring mange stader i Noreg. Attgroing er ei ulempe for landbruket, og vil svekkje grunnlaget for mellom anna reiselivet som er ei næring i vekst. I jordbruksoppgjeret 2015 blei det vedteke å etablere ei ny tilskottsordning med formål å bidra til utsyn og å fremje verdier knytte til kulturlandskapet i Hordaland, Sogn- og Fjordane og Møre- og Romsdal. Ordinga skulle òg gi klimagevinst ved at ryddingsvirket kan nyttast til bioenergiformål der dette er mogleg. Grunna forseinka iverksetting av ordninga, blei det difor semje om at det er tilstrekkeleg med ei avsetjing på 8 mill. kroner til ordninga i 2018.

Utviklingstiltak for økologisk jordbruk

Avsetjinga til utviklingstiltak blir auka med 1 mill. kroner til 31 mill. kroner i 2018. Auken skal øymerkast tiltak for å fremje produksjon og omsetnad av økologisk frukt, bær og grønsaker. Grunna arbeidet med ny strategi for økologisk jordbruk blir satsinga på føregangsfylke vidareført i si noverande form òg for 2018.

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70.11	Avsetjingstiltak	24 400	24 400	24 400
70.12	Tilskott til råvareprisutjammingsordninga m.m.	242 773	252 700	255 409
70.13	Tilskott til potetsprit og potetstivelse	39 089	38 000	38 000
	Sum post 70	306 262	315 100	317 809

Underpost 70.11 Avsetjingstiltak

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetjing for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. I grøntsektoren blir kostnadene ved marknadsregulering og faglege tiltak dekte av løyvinga til marknadstiltak, mens dei blir dekte gjennom omsetnadsavgift for andre produksjonar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 24,4 mill. kroner i 2018.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisutjammingsordninga

Formålet med RÅK-ordninga er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og for norske varer som blir eksporterte. Det er viktig at løyvingane over denne ordninga er avpassa engrosprisane på norskproduserte jordbruksvarer.

Prisane på verdsmarknaden kan variere mykje i løpet av kort tid. Det påverkar løyvingsbehovet til RÅK-ordninga. Endringane i målprisar i jordbruksoppgjeret påverkar òg løyvingsbehovet. Den samla verknaden av endringar i målprisar som følgje av jordbruksoppgjeret og prognosar for prisutviklinga på verdsmarknaden aukar løyvingsbehovet med 2,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 255,4 mill. kroner i 2018.

Underpost 70.13 Tilskott til potetsprit og potetstivelse

Formålet med prisnedskrivningstilskottet er å sikre avsetjing av norsk potetsprit og potetstivelse gjennom marknadsordninga for potet.

I Prop. 141 S (2016–2017) blei det gjort framlegg om å avvike tilskottet til nedskrivning av prisen på poteter til spritproduksjon, men etter hand-saminga av proposisjonen i Stortinget og fordelingsforhandlingane er ordninga ført vidare med uendra nivå.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 38,0 mill. kroner til ordninga i 2018.

Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.**Formål med løyvinga**

Formålet med løyvinga er å redusere økonomiske tap som oppstår ved produksjon forårsaka av klimatiske forhold det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Posten omfattar ordningane med erstatning ved avlingssvikt i planteproduksjon og erstatning ved svikt i honningproduksjon.

Erstatningsordningane som dekkjer kostnader i samband med statlege pålegg blir løyvde utanfor jordbruksavtalen, jf. kap. 1142, post 73.

Rapportering 2016

Dei samla utbetalingane over ordninga i 2016 var på 29,7 mill. kroner mot om lag 45 mill. kroner i eit normalår. Underforbruket kjem av at det i 2015 og 2016 var gode avlingsår i store delar av landet, og relativt få hadde klimarelatert avlingssvikt.

Budsjettframlegg 2018

Skadar som oppstår i avlingsåret 2017 vil påverke løyvinga i 2018 fordi mange av utbetalingane først kjem året etter skaden. På noverande tidspunkt har ikkje departementet grunnlag for å vurdere om skadeomfanget i 2017 vil skilje seg frå eit normalt år.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 43 mill. kroner i 2018.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
73.11	Tilskott til norsk ull	137 334	132 720	140 000
73.13	Pristilskott mjølk	605 732	610 500	619 800
73.15	Pristilskott kjøtt	1 116 330	1 410 100	1 474 400
73.16	Distriktstilskott egg	7 178	3 234	3 508
73.17	Distriktstilskott, frukt, bær, grønnsaker og potet	83 659	87 100	103 800
73.18	Fraktilskott	371 452	345 681	362 096
73.19	Tilskott til prisnedskrivning av norsk korn	751 829	651 200	696 000
73.20	Tilskott matkorn	56 003	58 000	83 600
	Sum post 73	3 129 517	3 298 535	3 483 204

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg bidra til betring av kvaliteten på norsk ull og sikre avsetjing i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

I jordbruksoppgeret blei ordninga vidareført med uendra satsar, men auke i prognosert volum gir grunnlag for ei auka løyving på 7,3 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 140,0 mill. kroner for 2018.

Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott til geitmjølk og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med pristilskott til mjølk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som bidreg til å halde busetjing og sysselsetjing i heile landet ved lag gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen.

Distriktstilskottet blir gitt med 9 ulike satsar for mjølk produsert i område med høge produksjonskostnader i Sør-Noreg, og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskottet varierer frå null og opp til 180 øre per liter.

I jordbruksoppgeret blei distriktstilskottet for mjølk auka med 3 øre/liter i sone D og i sone G-J. Volumprognosen viser at noko lågare mjølkepro-

duksjon reduserer løyvingsbehovet i 2018 med 8,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 619,8 mill. kroner til pristilskott for mjølk i 2018. Denne er fordelt med 71,6 mill. kroner til grunntilskott geitmjølk og 548,2 mill. kroner i distriktstilskott til all mjølk.

Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Ordinga omfattar grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt, kvalitetstilskott for storfekjøtt og kvalitetstilskott for heile slakt av lam og kje.

Formålet med tilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i produksjonen som bidreg til å halde busetjing og sysselsetjing i heile landet ved lag gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilskottet skal òg bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilskotta skal stimulere til auka produksjon av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovfôrbaserte produksjonar differensiert på fem soner. Det blir òg gitt distriktstilskott til produksjon av svinekjøtt i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet med unntak av Rogaland.

Grunntilskottet for kjøtt blir berre gitt til slakt av sau/lam og geit/kje.

I 2016 blei tilskott til slakt av lam og kje lagt om frå å bli forvalta saman med produksjonstilskotta til å bli utbetalt via slakteria saman med slakteoppgera. I dette året blei halvparten av til-

skottet framleis utbetalt med bakgrunn i søknad om produksjonstilskott basert på talet på slakt levert året før. Frå 2017 blir heile tilskottet utbetalt på grunnlag av talet på slakt levert same året. I samband med dette har denne løyvinga blitt flytta frå post 74 til post 73 fordelt på åra 2016 og 2017.

I jordbruksoppgjæret blei satsane for grunntilskott og tilskott til lammeslakt ikkje endra. Dei norske WTO-forpliktingane inneber at det maksimalt kan bli gitt tilskott til 1 075 700 lamme- og kjeslakt per år. For å overhalde denne forpliktinga var partane samde om at kvalitet O ikkje lenger skal få tilskott. Det er rekna å gi ein reduksjon på om lag 66 000 dyr og 33 mill. kroner i tilskott.

For kvalitetstilskottet til storfekjøtt blei prioriteringa av dei beste kvalitetane styrkt ved at satsen for kvalitet O blei redusert med 0,50 kroner/kg, mens satsen for dei betre kvalitetane blei auka med 0,50 kroner/kg. Partane tok òg ut slakt i feittgruppe 4 og høgare frå ordninga. Samstundes blei satsane i distriktstilskott for kjøtt av storfe, sau, og geit auka med 0,40 kroner/kg i sone 2-5.

Volumprognosen viser framleis stor auke i norsk kjøttproduksjon og verknaden på desse tilskotta frå 2017 til 2018 er rekna tilsvarende 72,6 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 474,4 mill. kroner i 2018. Av dette utgjer grunntilskottet til sau/lam og geit/kje 97 mill. kroner, kvalitetstilskottet til storfekjøtt 239,8 mill. kroner, distriktstilskottet 634,6 mill. kroner og tilskott til lammeslakt og kjeslakt 503,0 mill. kroner.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å bidra til eggproduksjon i heile landet gjennom å jamne ut geografiske skilnader i lønsemda i produksjonen. Tilskottet omfattar Nord-Noreg og Vestlandet unnateke Rogaland. Det blei ikkje gjort satsendringar i jordbruksoppgjæret, mens det er prognosert ein volumauke tilsvarende 0,3 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,5 mill. kroner i 2018.

Underpost 73.17 Distriktstilskott frukt, bær, grønsaker og potet

Formålet med ordningane er å betre inntekta for produsentane innan grøntsektoren og bidra til ein geografisk spreidd produksjon.

Ordninga omfattar distriktsdifferensierte tilskott til konsumproduksjon av eple, pære, plomme, kirsebær, morellar og bær. I tillegg gis det ein fast sats for pressfrukt og til potetproduk-

sjon i Nord-Noreg. Det blir òg gitt distriktsdifferensierte tilskott til veksthusproduksjonane tomat og slangeagurk og til salatproduksjon.

Distriktsdifferensieringa følgjer dei same sonene som tilskott til areal- og kulturlandskap.

I jordbruksoppgjæret blei satsane for distriktstilskott for frukt og bær auka med 15–125 øre per kg tilsvarende 14,5 mill. kroner. Den største auken blei gitt til sone 5 som mellom anna omfattar fylka på Vestlandet. Volumprognosen aukar løyvingbehovet med 2,2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 103,8 mill. kroner i 2018, som gir ein auke på 19 pst. samanlikna med året før.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Ordninga omfattar tilskott til frakt av kjøtt, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr. Frakttilskotta skal bidra til å jamne ut prisane til produsent og forbrukar. Frakttilskotta er baserte på at råvarekjøparane og produsentane må dekkje ein eigen del av kostnadene.

I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar i tilskotta til frakt. Volumprognosen viser ein auke både av korn og kjøtt og gir ein auke i løyvinga på om lag 16,4 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 362,1 mill. kroner i 2018, fordelt med 134,0 mill. kroner til kjøtt, 8,1 mill. kroner til egg og 220,0 mill. kroner til korn og kraftfôr.

Underpost 73.19 Tilskott til prisnedskriving av norsk korn

Formålet med prisnedskrivingstilskottet er å sikre avsetjing av norskprodusert korn, erter og oljefrø gjennom marknadsordninga, og å skrive ned prisen på råvarer til matmjøl og kraftfôr. For å fremje avsetjinga av økologisk korn og erter, blir det gitt høgare satsar til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjæret blei målprisane auka med følgjande tillegg: matkveite 9 øre/kg, bygg 6 øre/kg, havre 5 øre/kg, oljefrø 6 øre/kg, mens målprisen på matrug ikkje blei endra. Satsane i prisnedskrivingstilskottet til norsk korn blei ikkje endra. Referanseprisen på protein blei auka tilsvarende. Den regulerer tollsatsen ved import til kraftfôr og prisutjanningsbeløpet på norsk protein, som til dømes soya som er importert tollfritt til matproduksjon.

Det er lagt til grunn at verdsmarknadsprisane på protein vil halde seg så høge at auka referansepris på protein ikkje vil påverke råvarekostnaden til kraftfôr. Det er etter dette rekna ein auke i råva-

repreisane til kraftfôr på 4 øre/kg. Prognosen for omsetnad av norsk korn i 2018 aukar løyvinga med 44,8 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 696,0 mill. kroner for 2018.

Underpost 73.20 Tilskott matkorn

Formålet med ordninga er å gi grunnlag for ein rekningsvarande pris på norsk matkorn og samstundes halde prisen på matmjøl på eit nivå som kan sikre konkurransekrafta til norskprodusert matmjøl og bakevarer samanlikna med import.

Tilskottet blir gitt til norske matmjølprodusentar på grunnlag av forbruk av norskprodusert matkorn. Tollsatsen på import av matkorn blir administrert ned til det same nivået som prisen på norsk matkorn minus prisnedskrivning.

I jordbruksoppgjæret blei satsen auka med 4 øre/kg, tilsvarande 9,6 mill. kroner. Det er rekna ut at endringane i målpris og prisnedskrivning av matkornet vil gi ein råvareprisauke for matmjølbransjen på om lag 4 øre/kg. Volumprognosen aukar løyvingsbehovet med 16,0 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 83,6 mill. kroner i 2018.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon	1 316 996	1 373 400	1 569 200
74.14	Tilskott til husdyr	2 365 385	2 182 010	2 279 010
74.16	Beitetilskott	802 637	854 500	916 500
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 121 827	3 025 900	3 047 400
74.19	Regionale miljøprogram	423 205	422 400	435 537
74.20	Tilskott til økologisk landbruk	99 449	107 200	113 600
	Sum post 74	8 129 499	7 965 410	8 361 247

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon og kjøttfeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å styrkje økonomien i mjølkeproduksjonen. Tilskottet skal òg jamne ut skilnader i lønsemd mellom føretak av ulik storleik og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg, og mellom Jæren og resten av Sør-Noreg. Formålet med driftstilskottet i spesialisert kjøttfeproduksjon er å stimulere til produksjon av storfekjøtt med høg kvalitet.

Driftstilskottet til mjølkeproduksjon er like stort per føretak for alle som har 5 kyr eller meir. Det er difor eit særst sterkt strukturverkemiddel. I jordbruksoppgjæret blei satsane i ordninga differensierte etter kva for ei sone i arealtilskotta driftssenteret til bruka ligg i. For bruk i sone 1, 3 og 4 blei tilskottet auka med 12 000 kroner per føretak. I sone 2 blei det auka med 10 000 kroner, mens sone 5, 6 og 7 fekk ein auke på 24 000 kroner per føretak. For driftstilskottet til spesialisert

ammekuproduksjon blei satsen auka med 10 000 kroner per føretak i sone 1–4, og med 24 000 kroner i sone 5–7. For føretak med færre enn 40 ammekyr, gir det ein auke på 250 kroner per ku i sone 1–4, og med 600 kroner per ku i sone 5–7. Satsaukingane gir ein auke i løyvinga på 178,0 mill. kroner.

Ein reduksjon i talet på føretak med mjølkeproduksjon gir ei innsparing på posten med 10,4 mill. kroner sjølv om talet på føretak med ammekyr aukar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 569,2 mill. kroner for 2018.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal òg støtte birøkt og husdyrhald med dyr av storferasar som er definerte som verneverdige.

Tilskottet blir gitt per dyr/slakt/bikube. Satsane per dyreslag blir avtrappa med aukande dyretal per føretak. I jordbruksoppgjæret blei satsane for tilskott til vinterføra sau over eitt år auka med 50 kroner for dei første 100 dyra. Frå søknadsomgangen i år med utbetaling i 2018 vil òg påsettlam inngå i grunnlaget for tilskott. Det blir difor gjort ei teknisk omrekning av satsane som svarar til at talet på dyr aukar med 26 pst.

I jordbruksoppgjæret blei òg tilskottet til birøkt auka med 50 kroner per bikube, og til produksjon på hjort med 78 kroner per dyr.

Tilskott per dyr som tiltak for genbevaring av husdyrrasane er lagt inn i dette tilskottet frå 2016. I jordbruksoppgjæret blei satsen for storfe auka med 100 kroner, mens det blei gitt ein auke på 30 kroner per dyr for dei andre dyreslaga. Det gir ein samla auke på om lag 1 mill. kroner.

Den samla verknaden som følgje av endra satsar i jordbruksoppgjæret og tilpassing av løyvingensbehovet til dyretalet, er eit auka løyvingensbehov på 97 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2 279,0 mill. kroner i 2018.

Underpost 74.16 Beitetilskott

Formålet med ordningane er å stimulere til pleie av kulturlandskap og å oppnå ei god utnytting av utmarksbeiteressursane.

Ordninga består av eit tilskott for dyr som beitar i utmark, og eit tilskott for dyr som beitar i kulturlandskapet (innmark og/eller utmark). Det er krav til minimum beitetid for å få rett til tilskotta, og dei som får tilskott for dyr som beitar i utmark kan òg få det generelle beitetilskottet for dei same dyra.

I jordbruksoppgjæret blei satsane for tilskott til utmarksbeite auka med 200 kroner for kyr, storfe og hest, mens det blei auka med 35 kroner per dyr for sau, lam og kje. Saman med ein auke i talet på dyr på utmarksbeite gir det ei auka løyving til utmarksbeite på 144 mill. kroner.

For det generelle tilskottet til alt beite blei satsane reduserte med 78 kroner per dyr for storfe m.m. og med 17 kroner per dyr for småfe. Det gir satsreduksjonar tilsvarande 92 mill. kroner, mens prognosen gir eit auka forbruk med 10 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 916,5 mill. kroner i 2018, som fordeler seg med 579,1 mill. kroner til dyr på utmarksbeite og 337,4 mill. kroner i generelt beitetilskott.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskaps-tilskott

Formålet med tilskottet er å bidra til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet, og må kunne dokumentere oppfølging av miljøkrav knytt til produksjonen for å oppnå maksimalt tilskott.

Ordninga er samansett av eit kulturlandskaps-tilskott med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som fyller vilkåra for arealtilskott. Som eit tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet, blir det i tillegg gitt eit arealtilskott der satsane per dekar er differensiert ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Dette skal bidra til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, og mellom distrikta.

I jordbruksoppgjæret blei satsen i det kulturlandskaps-tilskottet til alt dyrka areal redusert med 15 kroner per dekar til 155 kroner. Det gir ei innsparing på 137 mill. kroner.

For å stimulere til ei betre produksjonsfordeling mellom kornområda og grasproduksjon, blei partane i jordbruksoppgjæret samde om å fjerne arealtilskottet for grasproduksjon i sone 1 og å redusere det med 20 kroner per dekar i sone 3. I sone 5–7 blei satsane auka med 30 kroner per dekar. Samla gav dette ei auka løyving på 96 mill. kroner.

Arealtilskottet for kornproduksjon blei auka med 25 kroner per dekar i sone 1 og med 20 kroner i dei andre sonene. Dette gir ein auke i arealtilskottet til kornproduksjon på 65,5 mill. kroner.

Tilpassing av løyvinga til den gjeldande arealfordelinga krev 26,5 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3 047,4 mill. kroner i 2018. Dette fordeler seg med om lag 1 318,0 mill. kroner i kulturlandskaps-tilskott og 1 729,4 mill. kroner i arealtilskott.

Underpost 74.19 Regionale miljøprogram

Formålet med ordninga er å sikre miljøkvalitetar og kulturlandskap, og å hindre erosjon og avrenning av nærings salt til vatn gjennom regionalt og lokalt tilpassa regelverk for økonomisk støtte.

Ordninga opnar for at fylka kan støtte dei tiltaka som er mest målretta i sitt område, og vil bidra til å hindre attgroing og stimulerer til beiting og auka opplevingskvalitetar i kulturlandskapet. Rapportering tyder på stor aktivitet omkring

arbeidet i fylka og at det gir auka målretting og differensiering av miljøarbeidet.

Regionale miljøprogram bidreg til gjennomføring av mange regionalt tilpassa miljøtiltak. Dette gir betre måloppnåing enn gjennom nasjonale ordningar, fordi miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke.

Partane var samde om å auke tildelinga med 13,1 mill. kroner i 2018.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 435,5 mill. kroner i 2018.

Underpost 74.20 Tilskott til økologisk landbruk

Formålet med posten er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen skjer i form

av økologisk produksjon. Ordninga omfattar ekstra arealtilskott og husdyrtilskott til økologisk produksjon.

I jordbruksoppgjret blei satsane for ekstratilskottet til økologisk produksjon av grønsaker, frukt og bær auka med 75 kroner per dekar, og til korn med 25 kroner per dekar. Det blei ikkje gjort endringar i husdyrtilskotta. Endringa i satsane aukar løyvinga med 2,2 mill. kroner, mens auka økologisk produksjon gir ei auka løyving på 4,2 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 113,6 mill. kroner i 2018. Dette fordeler seg med 68,0 mill. kroner i husdyrtilskott og 45,6 mill. kroner i arealtilskott.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	80 571	83 300	82 300
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	13 771	13 720	15 720
77.13	Tilskott til rådgiving	82 500	84 500	88 500
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	51 901	51 860	56 360
77.17	Tilskott til fruktlager	13 000	13 000	14 000
	Sum post 77	241 743	246 380	256 880

Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal òg sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på berekraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet.

Løyvinga skal bidra til at kostnadene ved inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet og til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

I jordbruksoppgjret blei satsane til veterinærreiser auka tilsvarende 2,0 mill. kroner samstundes som volumjusteringa reduserer løyvingsbehovet med 3,0 mill. kroner. For 2018 er det prognosert 24,6 mill. kroner i tilskott til semintenester, 43,5 mill. kroner til veterinærreiser og 14,2 mill. kroner til avlsorganisasjonar.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på om lag 82,3 mill. kroner for 2018.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott. For å sikre tilgang til klimatilpassa såvare blir det òg gitt tilskott til overlagring av såkorn mellom kornsesongar.

Tilskottet til frøavl blir gitt til sertifisert frøavl av godkjende sortar.

I jordbruksoppgjret blei avsetjinga auka frå 10,0 til 12,0 mill. kroner knytt til auka volum. Avsetjinga til lagring av såkorn blei vidareført med 3,7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 15,72 mill. kroner for 2018.

Underpost 77.13 Tilskott til rådgiving

Formålet med ordninga er å bidra til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i dei regionale rådgivingseiningane hos Norsk Landbruksrådgiving (NLR). Rammevilkåra og utfordringane for landbruket krev både næringspolitiske tilpassingar, produksjonstilpassingar og faglege tilpassingar. Løyvinga over jordbruksavtalen er med på å sikre eit likeverdig rådgivingstilbod over heile landet.

Rådgivingseiningane utgjer eit fagleg bindeledd mellom landbruksforskninga og landbruket. NLR si verksemd er viktig for å utvikle god agrobiologi og auka kompetanse i næringa. Dei har kjernekompetanse på god agrobiologi og gir råd innan planteproduksjon, maskin- og byggtknikk, næringsutvikling, føretaksøkonomi, økologisk landbruk, miljøtiltak, klimatiltak og HMS.

Prosjektet Klimarådgiving på gardsnivå er eit nytt, viktig arbeid NLR er involvert i med sikte på å få etablert eit godt rådgivingstilbod for klimatiltak og klimatilpassing i jordbruket. I jordbruksoppgjeret blei det sett av 4 mill. kroner til auka rådgiving der auken særleg skal nyttast til å styrkje innsatsen innanfor økologisk grønproduksjon og klimarelatert rådgiving.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 88,5 mill. kroner for 2018.

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitetstiltak

Ordninga skal bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe den norske potet- og grøntnæringa plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar, og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 56,36 mill. kroner i 2018 som er fordelt på følgjande tilskottsordningar:

Utvikling av plantemateriale, nordisk.	2,4 mill. kroner
Utvikling av plantemateriale, oppformering	11,0 mill. kroner
Utvikling av plantemateriale, Graminor	24,96 mill. kroner
Kvalitetstiltak settepotetavl	9,0 mill. kroner
Handlingsplan plantevernmidler	9,0 mill. kroner

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremje eit forpliktande samarbeid om sams lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. I jordbruksoppgjeret blei det sett av 1,0 mill. kroner meir til ordninga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14 mill. kroner til ordninga i 2018.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
78.11	Tilskott til avløyising for ferie/fritid	1 143 954	1 167 019	1 147 000
78.12	Tilskott til avløyising for sjukdom m.m.	142 761	158 400	153 300
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	88 000	73 000	69 300
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	60 407	63 000	63 000
78.16	Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	77 399	80 535	72 200
	Sum post 78	1 512 521	1 541 954	1 504 800

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for ferie/fritid

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fritid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til finansiering av leige av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag, men avgrensa til eit maksimalt tilskott per føretak på 74 200 kroner. Det er eit krav i ordninga at det skal kunne dokumentarast faktiske kostnader til avløyning.

I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar i denne ordninga. Reduksjon i talet på føretak med husdyr gir ei innsparing på 20 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 147,0 mill. kroner for 2018.

Underpost 78.11 Tilskott til avløyning for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere avløyning på føretak med husdyrproduksjon, honningproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon og til føretak med planteproduksjon i onneperiodar. Finansieringa skal skje når brukaren på grunn av sjukdom eller andre særlege grunnar ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyingsutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning, opp til maksimal dagsats for det enkelte bruk.

I jordbruksoppgjæret blei dagsatsen auka med 25 kroner per dag frå 1 530 kroner til 1 555 kroner, tilsvarende 2,3 mill. kroner. Samstundes gir redusert bruk av ordninga ei innsparing på vel 7 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 153,3 mill. kroner for 2018.

Underpost 78.11 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Ordinga er ei kollektiv innbetaling over jordbruksavtalen til NAV for å dekkje differansen i sjukepengar for næringsdrivande og jordbrukarar som får 100 pst. av sjukepengegrunnlaget ved sjukdom utover 16 dagar. Tilskottet blir utbetalt av NAV til jord- og skogbrukarar som oppfyller dei generelle vilkåra for utbetaling av sjukepengar. Løyvinga blir fastsett ut frå NAV si utbetaling over ordninga dei seinare åra. Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda. Reduserte utbetalningar gir ei innsparing på 3,7 mill. kroner på ordninga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 69,3 mill. kroner til ordninga for 2018.

Underpost 78.11 Tilskott til landbruksvikarordninga

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærprodusentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved akutt sjukdom eller i andre krisesituasjonar. Det er eit mål at ordninga vil nå eit omfang på 240 årsverk. Maksimal støtte per årsverk er 270 200 kroner.

I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar, og departementet gjer framlegg om ei løyving på 63 mill. kroner for 2018.

Underpost 78.11 Tilskott til tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å bidra til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Det er prognosert ein vidare reduksjon i talet på dei som får tilskott over ordninga, tilsvarende ei innsparing på 8,3 mill. kroner.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 72,2 mill. kroner for 2018.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2016	Saldert budsjett 2017	
85	Marknadsordninga for korn	67		
	Sum kap. 4150	67		

Formål med løyvinga

Posten omfattar inntektene frå prisutjammingsbeløp på kraftfôrråvarer.

Ordninga har som formål å sikre tilnærma like konkurransevilkår mellom korn og andre råvarer i kraftfôr til husdyr. I jordbruksavtalen blir det rekna ut referanseprisar for protein og feitt som gir om lag den same råvareprisen for energien i desse varene som for norsk korn. Råvarer som soyabønner blir ikkje pålagt toll når dei blir importerte til Noreg som mat. Den delen av dette som blir brukt til produksjon av kraftfôr til husdyr blir då pålagt ei prisutjamning.

Rapportering 2016

Verdsmarknadsprisane på soya og proteinråvarer har i lengre tid vore så høge samanlikna med prisen på norskprodusert korn at det berre blei rekna ei avgrensa prisutjamning i april 2016.

Budsjettframlegg 2018

I jordbruksoppgjæret gav prisendringane på norsk korn grunnlag for ein auka referansepris på soya på 8,5 øre per kg.

Prognosen for verdsmarknadsprisane på protein inneber at det likevel ikkje vil bli rekna prisutjammingsbeløp på protein til kraftfôr i 2018.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	27 400	31 600	32 800
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	6 100	6 100	6 500
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	82 638	74 200	76 700
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 878	2 600	2 600
	Sum kap. 1151	118 016	114 500	118 600

Formål med løyvinga

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindrifftsavtalen.

Reindrifftsavtalen er, ved sida av reindrifftslova, det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla og retningslinene i reindrifftspolitikken. I forhandlingane om reindrifftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei behova og utfordringane næringa til ei kvar tid står overfor.

Ved Stortinget si handsaming av Meld. St 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter* slutta Stortinget seg til regjeringa sitt framlegg om å vidareføre dei årlege avtaleforhandlingane. Dette gjer det mogleg å få drøfta og justert dei økonomiske verkemidla, i tråd med behovet for ei naturbasert næring som reindrift. Vidare slutta Stortinget seg til regjeringa si prioritering av dei næringsretta tiltaka som stimulerer til ei økologisk berekraftig, produksjonsretta, lønnsam og marknadsorientert utvikling av reindriffta.

I den samanhengen viser departementet til framlegget om å knytte dei direkte tilskottsordningane tettare til klassifiseringssystemet for reinsdyrkjøtt.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindrifftspolitikken, og resultatane frå dei ulike tiltaka som sorterer under reindrifftsavtalen, sjå omtale under kat. 15.30, Prop 138 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Reindrifftsavtalen 2017/2018 m.m.)* og Innst. 454 S (2016–2017). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapitlet går fram av budsjettframlegget for 2018.

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Tilsvarende som for tilskottsforvaltninga under kap. 1150, er det òg behov for tilpassingar til dei normale prosedyrane for ordningar under kap. 1151. Kostnadssenkande og direkte tilskott under post 75 og velferdsordningar under post 79 er

baserte på fastsette kriterium. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekke verkemiddel som verkar samstundes mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå *Økonomisk utval for reindrifta* før dei årlege forhandlingane om reindriftsavtalen. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar. For ordningane under postane 75 og 79 er det ikkje aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane over kap. 1142. For å kunne ha nødvendig fleksibilitet vil det likevel vere aktuelt å trekkje nokre utviklings- og utgreiingskostnader på nokre av tilskottsordningane. Det same gjeld store evalueringar. På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Noreg (IN). I samband med dette har departementet klargjort ansvar og oppgåver for IN. Vidare er det på ein del område eit styre som forvaltar ulike ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret.

Rapportering 2016

Reindriftslova av 2007 skal gi grunnlag for ei god indre organisering og forvaltning av reindrifta. I tillegg skal reindriftnæringa etter lova, gjennom internt sjølvstyre, sjølv spele ei aktiv rolle og ha ansvaret for at reindrifta er berekraftig. Eit sentralt verktøy i denne samanhengen er bruksreglane. Dei siste åra har styresmaktene sitt arbeid vore prega av bistand og tett oppfølging av næringa sitt arbeid med å utarbeide bruksreglar og oppfølging av vedtak om øvre reintal. Sjå kap. 1142 for nærmare omtale.

Utfordringane i reindrifta er mange og samansette. Den viktigaste føresetnaden for å nå måla om økologisk, økonomisk og kulturell berekraft, er at reintalet er i samsvar med beitegrunnlaget, at reindrifta sine areal for auka produksjon og lønsemd blir varetakne, og at tapet av rein blir redusert. Tal frå totalalkyla sitt rekneskap viser at det har vore ei positiv utvikling av resultatmåla i 2015. Vederlag for arbeid og eigenkapital auka samla frå 54,1 mill. kroner til 102,3 mill. kroner. Vederlaget for arbeid og eigenkapital auka frå 56 400 kroner til 107 600 kroner per årsverk. Dette kjem i hovudsak av at dei produksjonsbaserte inntektene har

auka. Tala viser store regionale skilnader mellom reinbeiteområda, men òg store variasjonar innanfor det enkelte området. Førebelse tal for 2016 viser framleis ei positiv endring av resultatmåla. Dette kjem i hovudsak av auka slakting. Den økonomiske situasjonen i reindrifta er likevel framleis svak.

Budsjettframlegg 2018

28.2.2017 kom staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) fram til ein avtale for 2017/2018. Reindriftsavtalen for 2017/2018 har ei ordnær ramme på 118,6 mill. kroner. Dette er ein auke på 4,1 mill. kroner samanlikna med reindriftsavtalen for 2016/2017.

Hovudmålet med Reindriftsavtalen 2017/2018 er å leggje til rette for å utvikle reindriftnæringa som ei rasjonell marknadsorientert næring som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. I tråd med regjeringsplattforma blir tiltak som stø opp om økologisk berekraft prioriterte. Gjennom arbeidet med fastsetjing av eit økologisk berekraftig reintal er det no blitt mogleg å knyte saman verkemidla over reindriftsavtalen og reindriftslova. Dei tre siste reindriftsavtalane har støtta opp om dei som har følgd opp vedtaka om reduksjon, mens dei som ikkje har følgd reduksjonskrava har ikkje fått tilskott. Dei produksjonsretta tilskotta har blitt prioriterte framfor tilskott som ikkje direkte stimulerer til auka slakting og omsetnad. Ved inngåinga av dei tre siste reindriftsavtalane er det gjennomført ei rekkje forenklingstiltak. I tillegg har tiltak som stø opp om dei utøvarane som har reindrift som hovudverksemd blitt prioritert. Reindriftsavtalen 2017/2018 har òg stor merksemd omkring desse områda.

Reindriftsavtalen 2017/2018 er den fjerde avtalen der regjeringa har komme fram til semje med NRL. Semje i avtaleforhandlingane er viktig for å stø opp om avtaleinstituttet og den hovudavtalen som er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet og NRL. Ved Stortingets handsaming av dei siste fire reindriftsavtalane har ein samla næringskomité støtta opp om regjeringa sin reindriftpolitikk. Gjennom innstillingane sine har komiteen vist at det er brei politisk semje i den dreinga ein har hatt i verkemidla dei siste åra, med vektlegging av næringsretting og tilrettelegging for dei som har reindrift som hovudverksemd.

Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2018 i samsvar med Stortingets handsaming av reindriftsavtalen for 2017/2018, jf. Innst. 454 S (2016–2017). I omtalen av dei enkelte postane er det gjort kort greie for formål

og innhald i dei ulike ordningane. Nærare omtale finst i Prop. 138 S (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2017/2018 m.m.)* og Innst. 454 S (2016–2017).

Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet

Reindriftas Utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindriftsnæringa i samsvar med dei reindriftspolitiske måla. Frå fondet blei det gjort følgjande avsetjingar:

- 1,45 mill. kroner til konfliktførebyggjande tiltak
- 8,20 mill. kroner til Utviklingsprogrammet
- 2,00 mill. kroner til Fagbrevordninga
- 5,00 mill. kroner til ulike marknadsføringstiltak
- 4,50 mill. kroner til pramming av rein
- 1,00 mill. kroner til lærings- og omsorgsbaserte tenester
- 0,85 mill. kroner til drift av nytt klassifiserings-system
- 1,00 mill. kroner til fjerning av gammalt gjerdemateriell m.m.
- 0,30 mill. kroner til individmerking av rein
- 0,30 mill. kroner til videreutvikling av reindrifta sine arealbrukskart
- 0,20 mill. kroner til støtte til reindriftsfaglege møte med fylkesmannen

Avsetjingane over midlane til RUF utgjer i alt 32,8 mill. kroner. Dette er ein auke på 1,2 mill. kroner samanlikna med Reindriftsavtalen 2016/2017.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane reindriftsnæringa står overfor krev ei aktiv deltaking frå næringa sjølv. Organisasjonstilskottet til NRL er sett til 6,5 mill. kroner, av dette 200 000 kroner til HMS-tiltak i reindrifta.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

Kostnadssenkande og direkte tilskott skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindrifta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i næringa. Regjeringa gjer framlegg om ei samla løyving under posten på 76,7 mill. kroner for 2018. Dei kostnadssenkande og direkte tilskotta er samansett av fleire ulike tilskottsordningar, jf. omtalen nedanfor.

Frakttilskott

Formålet med frakttilskottet er å bidra til å jamne ut prisane på reinkjøtt til reineigarane i ulike distrikt og bidra til konkurranse og auka slakting og omsetnad av reinkjøtt. Tilskottet skal òg bidra til meir slakt av rein før innflytting til haust- og vinterbeiter. Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 2,5 mill. kroner.

Produksjonspremie

Formålet med produksjonspremien er å premiere innsats, produksjon og vidareforedling i næringa. Produksjonspremien til siidaandelane blir rekna med 34 pst. av avgiftspliktig sal av kjøtt og biprodukt frå rein. Vidare blir det utbetalt produksjonspremie for andre avgiftspliktige inntekter frå vidareforedla produkt frå reinen. Det blir ikkje utbetalt produksjonspremie for avgiftspliktig inntekt som overstig 0,6 mill. kroner per siidaandel og 1 mill. kroner per tamreinlag. Produksjonspremien blir utbetalt til eigaren av siidaandelen. For tamreinlaga vil årsrekneskapen danne grunnlaget for utrekninga av produksjonspremien. Det er sett av 33,5 mill. kroner til produksjonspremie.

Etableringstilskott

Ordninga med tilskott ved overdraging av siidaandel blir vidareført med ein sats på 80 000 kroner det første året, for så å bli sett til 65 000 kroner dei to påfølgjande åra. Det er sett av 1,9 mill. kroner til etableringstilskott.

Særskild driftstilskott til ungdom

Det blir gitt eit særskild driftstilskott på 25 000 kroner til leiarar av siidaandelar som er under 30 år per 1.1.2018. Der er sett av 1,4 mill. kroner til ordninga med særskild driftstilskott til ungdom.

Kalveslaktetilskott

Satsen for tilskottet er 475 kroner per kalv. Det er sett av 24,0 mill. kroner til ordninga med kalveslaktetilskott.

Ektefelle tillegg

Ordninga med tillegg til siidaandelar der begge ektefellane eller sambuarane utøver aktiv reindrift er fastsett med ein sats på 30 000 kroner. Det er sett av 1,5 mill. kroner til ordninga med ektefelle tillegg.

Distriktstilskott

Formålet med distriktstilskottet er å bidra til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Dette inneber å få talet på rein i balanse med beitegrunnlaget, sikring av areala til reindrifta, auka lønsemd og tilrettelegging for kriseberedskap.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 11,6 mill. kroner.

Post 79 Velferdsordningar

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med tidlegpensjon. Satsen for einbrukarpensjon er 100 000 kroner per år, og tobrukarpensjon er sett til 160 000 kroner. Posten omfattar ordninga med medlemsavgift til folketrygda og sjukepengeordninga. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane blir ført vidare.

Det er sett av 1,0 mill. kroner til ordninga med særskild tilskott for leigd hjelp ved svangerskap/fødsel. Tilskottet skal bidra til å styrkje kvinners stilling i reindrifta. Det gjeldande regelverket og dei gjeldande satsane blir ført vidare.

Det er sett av 0,6 mill. kroner til sjukepengeordninga. Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for ein auke av sjukepengane frå 65 pst. til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir òg dekt med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til folketrygda.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 2,6 mill. kroner.

Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 215	14 173	14 293
75	Tilskott til oppsyn i statsallmenningar	10 156	10 126	10 212
	Sum kap. 1161	24 371	24 299	24 505

Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver**Formål med løyvinga**

Posten omfattar tilskott til Statskog SFs arbeid med delegerte myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver slik dei går fram avtalen mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet.

Statskog SF skal sørge for at dei rettane bruksrettshavarar og andre har på eigedommane, blir sikra i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. Føretaket skal arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedommane ligg og for staten som eigar. Innanfor skogbruket følgjer oppgåvene av lov om skogsdrift i statsallmenningar, og oppgåvene er særleg knytte til utvising av virke i statsallmenningar til dekking av bruks-

rettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda.

Vidare utfører Statskog SF offentlegrettslege oppgåver der føretaket handlar som offentleg styresmakt, handsamar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova og lov om skogsdrift mv. i statsallmenningane. Statskog SFs utgifter til tilskottsforvaltninga for post 75 Oppsyn i statsallmenningar blir òg dekte over denne posten.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene har Statskog SF ei rekkje oppgåver som har grunnlag i pålegg og retningslinjer frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarar av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat for naturoppsyn og forvaltning av statleg grunn i Nordland og Troms. Tenesta skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging bidra til å sikre naturverdiar og å bevare biologisk mangfald. Fjelltenesta sel tenester til fleire opp-

dragsgivarar, mellom anna miljøvernstyresmak-
tene. Statskog SF har inngått ein samarbeidsav-
tale med Statens naturoppsyn (SNO) om at Fjellte-
nesta skal utføre offentlegrettsleg naturoppsyn for
SNO.

Statskog SF skal leggje til rette for at folk flest
skal kunne drive eit aktivt friluftsliv på føretaket
sine areal. Som ledd i dette arbeidet held føretaket
opne husvære i fjellet, merkjer stiar og løyper og
byggjer og driv vedlikehald av bruer, klopper, ras-
teplassar og fiskebrygger. Tiltaka har ofte innslag
av kulturminnevern. Statskog SF har eit nært
samarbeid med miljøvern-, landbruks- og helses-
tyresmakter og dei frivillige organisasjonane i
dette arbeidet.

Rapportering 2016

På post 70 er det i 2016 rekneskapsført 14,215
mill. kroner, som er i samsvar med løyvinga. Rek-
neskapan viser at det er nytta 1,9 mill. kroner på
skogbruksverksemd i statsallmenningane i 2016.
Dette er litt lågare enn året før. Om lag 22 000 m³
tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane
eller seld til inntekt for allmenningfonda. Samla
utgjer avverka kvantum i 2016 om lag 40 pst. av
balansekvantumet. Det blei brukt i underkant av
0,3 mill. kroner til offentlegrettslege oppgåver der
føretaket har handla som offentleg styresmakt.

Vidare viser rekneskapan at det i 2016 blei
brukt 5,3 mill. kroner til oppsyn. Dette er om lag
på same nivået som året før. Oppsynet rettar seg
mot førebyggjande verksemd, ordinært oppsyn,
vedlikehald og skjøtsel av areala. I 2016 har oppsy-
net vore til stades i fleire kommunar enn i 2015.

Til arbeidet med friluftsliv blei det i 2016 brukt
om lag 5,8 mill. kroner, ein oppgang på om lag 0,5
mill. kroner samanlikna med 2015. I 2016 har
Statskog SF mellom anna utarbeidd ein ny *Hand-
lingsplan for friluftslivet 2016–2020*.

Grunneigarfondet

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av
grunneigarinntektene frå statsallmenningane.
Inntektene går inn på eit eige fond, Grunneigar-
fondet. Hovuddelen av inntektene er frå festekon-
traktar i statsallmenningane, i tillegg kjem inntek-
ter frå fallrettar, eigeidomsutvikling og andre
grunn disponeringstiltak. Bruken av Grunneigar-
fondet er regulert i § 12 i fjellova. Inntektene skal
nyttast til dekning av utgifter til administrasjon av
statsallmenningane og til stønad til ein fellesorga-
nisasjon for fjellstyra (Noregs Fjellstyresamband).

Fondet skal òg nyttast til tiltak i statsallmennin-
gane, med sikte på verdiskaping og lønsame
arbeidsplassar. Slike tiltak skal gjennomførast i
samråd med Noregs Fjellstyresamband.

Behaldninga i Grunneigarfondet var per
31.12.2016 på 10,1 mill. kroner. Dette er ein auke
på 1,0 mill. kroner samanlikna med 2015. Inntek-
tene var på 23,0 mill. kroner, og kostnadene på
23,9 mill. kroner. Resultatet for 2016 var på 0,7
mill. kroner. Økonomien i Grunneigarfondet er
viktig for omfanget av og kvaliteten på Statskog
SF sin administrasjon og forvaltning og føretaket
si moglegheit for å bruke midlar til tiltak. Tilskot-
tet til Noregs Fjellstyresamband var 2,7 mill. kro-
ner for 2016.

Allmenningfond

Allmenningfonda var per 31.12.2016 på 125,3 mill.
kroner, og av dette utgjer erstatning for vern av
skog 108,3 mill. kroner. Det resterande fondet skal
saman med avsett skogfond på 0,7 mill. kroner nyt-
tast til investeringar i skogbruket i den enkelte all-
menningen.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på
14,293 mill. kroner.

Statskog SFs oppgåver knytte til skogbruk i
statsallmenningar omfattar planlegging og gjen-
nomføring av arbeidet med utvising av virke til dei
med bruksrett, skogbruksplanar, miljøregistrerin-
gar i skog, landskapsplanar med vidare.

Det vil vere behov for å føre tilsyn med
Statskog SFs areal for å vareta staten sine rettar
som grunneigar. Fjelltenesta tek dette i vare på
statsgrunn i Nordland og Troms gjennom oppsyn,
nærver og brukarkontakt.

Statskog SF skal i 2018 halde fram med å leg-
gje til rette for allmenta sin bruk av og tilgang til
areala. Innsatsen skal i hovudsak rettast mot kvali-
tets sikring og vedlikehald av eksisterande anlegg
og tilbod som fremjar tryggleik for og vern av kul-
turminne, og informasjon om tilboda. Det er
behov for vedlikehald av opne husvære for all-
menta. Mange av desse blei tidlegare nytta i
næringsverksemd, og er viktige kulturelement
som bør haldast i stand så langt som mogleg.
Statskog SF skal halde fram med å samarbeide
med andre aktørar for å bidra til merksemd retta
mot friluftsliv og dei store moglegheitene all-
menta har til å drive friluftsliv i statsallmennin-
gane og på anna statsgrunn.

Statskog SF må òg i 2018 arbeide vidare med forvaltningsplanar for Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE).

Post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar

Formål med løyvinga

Posten dekkjer tilskott til dei oppsynsordningane fjellstyra har i statsallmenningane i samsvar med § 36 i fjellova. Fjellstyra kan tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen. Oppsynsmenn blir lønte av fjellkassa. Når tilsetjinga av oppsynsmenn skjer i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent og innanfor årlege budsjett, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønsutgiftene frå denne posten. Ordninga skal leggje til rette for å vareta samfunnsinteresser, oppsyn og tilrettelegging der staten som grunneigar har eit særskild ansvar. Fjellstyret gir ein instruks for oppsynstenesta, som blir godkjend av Statskog SF. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Statskog SF.

Statsallmenningane i Sør- og Midt-Noreg utgjer om lag 27 mill. dekar, tilsvarende 11 pst. av alt utmarksareal i Noreg. Dette er viktige område for rekreasjon og lokal næringsutvikling. Fjelloppsynet har til oppgåve å bidra til berekraftig bruk av statsallmenningane. Dei skal mellom anna førebyggje miljøkriminalitet, bidra til at offentlegrettslege vedtak blir overhaldne og utføre oppgåver Statskog SF som grunneigar. Som eit ledd i dette arbeidet driv fjelloppsynet informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervaking og kontroll. Oppsynsmenn kan bli gitt politifullmakt etter politilova § 20.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
90	Avdrag på lån	25 000	25 000	25 000
	Sum kap. 4162	25 000	25 000	25 000

Post 90 Avdrag på lån

Budsjettframlegg 2018

Under posten blir det ført inntekter frå avdrag på det statlege lånet Statskog SF fekk i samband med

Rapportering 2016

I 2016 blei det løyvd vel 10,1 mill. kroner i tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av fjellstyra sine budsjett, rekneskap og rapportering og etter ein nøkkel som mellom anna tilgodeser små fjellstyre. 65 av 94 fjellstyre mottok tilskott. Noko under halvparten av tilskottet er brukt på feltarbeid knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innarbeid som gir rett til tilskott. For 2016 er det rapportert om 6 600 kontrollar. Sidan rapporteringa ikkje har vore lik frå år til år, er det er knytt noko uvisse til tala. Det er rapportert om 88 ulovlege forhold. Dette er ein nedgang frå 2015 og svært lågt samanlikna med situasjonen tidleg på 2000-talet.

Budsjettframlegg 2018

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,212 mill. kroner. Fjelloppsynet utgjer i dag om lag 60 årsverk, og av dette er det 44 årsverk som utløyser rett på tilskott. Løyvinga på posten gir grunnlag for eit synleg oppsyn i statsallmenningane og rom for vidare tilrettelegging for friluftslivet. Oppsyn i statsallmenning skjer både gjennom fjelloppsynet og det offentlegrettslege oppsynet Statens naturoppsyn driv. Fjelloppsynets lokale forankring og kunnskap er eit viktig bidrag i det samla oppsynet. Det er nødvendig med eit godt samarbeid mellom fjelloppsynet og Statens naturoppsyn.

oppkjøpet av Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*. Etter avtalen mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet er minimumsavdraget på 10 mill. kroner. Med utgangs-

punkt i føretakets nedbetalingsplan er venta avdrag i 2018 sett til 25 mill. kroner. Lånet vil då vere innfridd.

Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
70	Forskingsavgift på landbruksprodukt		150 000	160 000
71	Totalisatoravgift	141 833	135 000	
	Sum kap. 5576	141 833	285 000	160 000

Post 70 Forskingsavgift på landbruksprodukt

Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt blei oppretta i medhald av lov av 26.6.1970 om forskingsavgift på visse landbruksprodukt. I tråd med lova er formålet å sikre økonomisk grunnlag for forskning på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nyttingsmiddel og på fôr-korn til husdyr. Frå og med 2017 er midlane tekne inn i Statsbudsjettet. Inntektsposten har ein mot-svarande utgiftspost under kap. 1137, post 54. Det er uvisse knytt til dei endelege inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, og departementet gjer difor framlegg om ein meirinntektsfullmakt mellom kap. 5576, post 70 og kap. 1137, post 54, jf. framlegg til vedtak II.

Post 71 Totalisatoravgift

Under posten blir det ført inntekter frå avgift på totalisatorspel. I 2016 var den samla omsetnaden på totalisatorspel 3 880 mill. kroner. Dette var 4,1 pst. høgare enn året før. Av omsetnaden blei det betalt 3,7 pst. totalisatoravgift, i alt 143,6 mill. kroner

Totalisatoravgifta har ingen sektorpolitiske formål. Det blir difor gjort framlegg om å gjere denne avgifta om til ei særavgift. Avgifta blir for 2018 budsjettert på kap. 5562, post 70 under Finansdepartementet, sjå nærare omtale i Prop. 1 LS (2017–2018) frå Finansdepartementet.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Inntekter under programkategori 15.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018	Pst. endr. 17/18
5652	Statskog SF – renter og utbytte	14 053	18 060	26 630	47,5
	Sum kategori 15.40	14 053	18 060	26 630	47,5

Landbruks- og matdepartementet forvaltar statens eigarinteresser i selskapa Statskog SF, Graminor AS, Kimen Såvarelaboratoriet AS og Staur gård AS. I tillegg forvaltar verksemdar under departementet delar av statens eigarinteresser i Instrumenttjenesten AS og ITAS Eierdrift AS. Departementets forretningsmessige forhold til Statskog SF er nærare omtalt under kap. 5652.

Graminor AS

Graminor AS driv planteforedling, sortsrepresentasjon og oppformering for å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale. Selskapet tek imot lisens- og foredlaravgift ved omsetnad av sjukdomsfritt plantemateriale i marknaden, forskingsmidlar frå jordbruksavtalen og tilskott, jf. omtale under kap. 1150, post 77.

Staten eig 34 pst. av aksjane i selskapet. Av dette forvaltar departementet 28,2 pst., mens Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) forvaltar høvesvis 5 pst. og 0,8 pst. Dette skal sikre eigar- og samfunnsinteressene i planteforedling og oppformering av plantemateriale i Noreg.

Graminor AS hadde i 2016 ein omsetnad på 68,4 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 4,2 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte for 2016.

Graminor AS har utarbeidd ein strategi for verksemda, og den er lagt til grunn for budsjettet for 2018. I strategien blir verksemda skissert som ei forretningsmessig verksemd basert på planteforedling, representasjon og prebasisproduksjon

og planteforedling på vegne av staten. I strategien til verksemda er det lagt til grunn ein langsiktig utbyttepolitikk basert på stabilitet, og på at ein stor del av det årlege overskottet skal haldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet. Det blir difor ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2018.

Staten kategoriserer dei direkte eigde selskapa basert på formålet med eigarskapen. Statens eigarpost i Graminor er plassert i kategori 4, der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapet. Målet med statens eigarskap i selskapet er å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale.

Kimen såvarelaboratoriet AS

Kimen Såvarelaboratoriet AS (Kimen) er Noregs kompetansesenter på frøkvalitet og frøanalysar. Kimen er og nasjonalt referanselaboratorium for desse analysane. Selskapet har bygd opp kunnskapen gjennom vel 130 år. Staten eig no 51 pst. av aksjane, og dei to andre eigarane Felleskjøpet Agri SA og Strand Unikorn AS, eig 34 og 15 pst. kvar. Statens eigarinteresser er ikkje av forretningsmessige grunnar, og Kimen er plassert i ein kategori der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen (kategori 4). Målet med eigarskapen i Kimen er å sikre at norske såvareverksemdar får utført nødvendige analysar, jf. forskrifter for såvare, floghavre, plantehelse og for planteproduksjonsområdet.

Kimen hadde i 2016 ein omsetnad på om lag 13 mill. kroner og ein eigenkapitaldel på om lag 80 pst. Kimen blei i 2016 revidert av International

Seed Testing Association (ISTA) og akkreditert for nye tre år. Styret for Kimen har vedteke ein handlingsplan til strategisk plan for perioden 2015–2020.

Noko av utfordringa for Kimen framover er svingingar i etterspørselen etter analysetenester. Ein solid eigenkapital og vedlikehald av kompetanse vil difor framleis vere nødvendig for kommande år.

Staur gård AS

Staur gård AS har ansvar for å drive eigedommen Staur i Stange. Eigedommen er eigd av staten, og forholdet mellom staten som eigar og selskapet som leigetakar av eigedommen er regulert i eigen leigeavtale frå 2013. Staur gård AS har eit sektorpolitisk ansvar for å leggje til rette for forskings- og forsøksverksemd i jordbruket og å drive eigedommen på ein best mogleg måte. Av dei viktigaste funksjonane på garden er teststasjonen for storfe, seminastasjonen for sau og korn- og plante-forsøk i regi av Graminor AS. Eigedommen Staur gård AS driv, er spesiell og eigenarta, og hagen, parkanlegget og fleire bygningar er freda av Riksantikvaren. Selskapet har til oppgåve å drive eigedommen på ein rasjonell måte innanfor ramma av desse omsyna. Selskapet er heileigd av staten.

Selskapet hadde i 2016 ein omsetnad på 8,4 mill. kroner, og eit underskott på i overkant av 2 mill. kroner. Styret utløyste på bakgrunn av dette handlingsplikta etter aksjeloven § 3-5, og departementet la fram saka for Stortinget, som vedtok at departementet skulle skyte inn nødvendig eigenkapital for å unngå avvikling av selskapet. Oppfølginga av dette er nærare omtalt under kat. 15.00, jf. oppmodingsvedtak nr. 290. Det nye

styret for selskapet arbeider for å utvikle eit lønnsamt driftskonsept for eigedommen. Det blir ikkje budsjettert med utbytte i 2018.

Staten kategoriserer dei direkte eigde selskapa basert på formålet med eigarskapen. Staten sin eigarpost i Staur gård AS er plassert i kategori 4, der staten har sektorpolitiske målsetjingar med eigarskapen.

Instrumenttjenesten AS

Instrumenttjenesten AS blei etablert i 1991 for å levere datatenester til seks forskingsinstitusjonar som òg var eigarar. Statens formål med eigarskapet er å leggje til rette for effektiv forskning og utvikling i sektoren. Staten eig heile selskapet. Verksemd under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 60 pst. av aksjane, mens verksemd under Kunnskapsdepartementet forvaltar dei resterande 40 pst. Instrumenttjenesten AS hadde i 2016 ein omsetnad på 14,7 mill. kroner og eit resultat etter skatt på 0,3 mill. kroner. Det blir ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2018.

ITAS Eierdrift AS

ITAS Eierdrift AS blei etablert i 2009. Aktiviteten i 2016 har vore å drifte sentrale IKT-system og Landbruksmeteorologisk Tjeneste for NIBIO. Staten eig heile selskapet. Verksemd under Landbruks- og matdepartementet forvaltar 76 pst. av aksjane, mens verksemd under Kunnskapsdepartementet forvaltar dei resterande 24 pst. ITAS Eierdrift AS hadde i 2016 ein omsetnad på 9,1 mill. kroner og eit negativt årsresultat etter skatt på 0,1 mill. kroner. Det blir ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2018.

Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2016	Saldert budsjett 2017	Forslag 2018
80	Renter	3 253	2 060	630
85	Utbytte	10 800	16 000	26 000
	Sum kap. 5652	14 053	18 060	26 630

Mål og strategiar

Statskog SF forvaltar om lag ein femdel av landarealet i Noreg. Statskog SF er den største skogeigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 27 000 km²) statsallmenning, der lokalbefolkninga har ulike bruksrettar slik som tømmer, ved og beite.

Statskog SF er, med sin kompetanse og si erfaring innanfor skog- og utmarksområdet, ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Føretaket er òg viktig for å løyse oppgåver knytte til skog- og utmarksspørsmål. Statskog SF skal ut frå vedtektene forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjeleigedommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statskog SF òg drive andre eigedommar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsinnteresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Skogbruk er det viktigaste forretningsområdet til Statskog SF. Etter kjøpet av skogeigedommane frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010–2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*, auka den samla hogsten til Statskog SF frå om lag 150 000 m³ til 400 000 m³ per år. I 2016 var den samla hogsten på 338 000 m³. Statskog har som mål å utnytte skogproduksjonen som grunnlag for verdiskaping og høge skogverdiar, og føretaket har ambisjon om å vere den dyktigaste industrielle skogeigaren i landet. Skogbruket i Statskog SF rettar seg mellom anna etter Norsk PEFC Skogstandard for eit berekraftig skogbruk.

Departementets styring, oppfølging og kontroll av Statskog SF

Departementets styring og kontroll av Statskog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtektene til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for styret i føretaket, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statskog SF er i juni, og utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte ved behov.

Spørsmål om korleis føretaket handsamar myndigheita som er delegert gjennom fjellova og allmenningslova, ligg utanfor sjølv eigarstyringa og blir handtert gjennom eigne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. For å styrkje eigarstyringa blei det i 2011 innført regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statskog SF knytt til mellom anna Statskog SFs framlegging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og viktige hendingar blir gjennomgått på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Landbruks- og matdepartementets forventningar til Statskog SF går fram av Prop. 1 S (2015–2016).

Vidareføring og utviding av arronderingssalet frå Statskog SF

Arronderingssalet, som er ein del av oppfølginga av Statskog SFs skogkjøp i 2010, jf. Prop. 11 S (2010–2011), kom i gang i 2011. Salet omfattar spreidde skogeigedommar på om lag 600 000 dekar som Statskog SF eigde før 2010, og skal etter planen vere gjennomført innan 2017. Fram til hausten 2017 er det seld 197 eigedommar som til saman utgjer 406 000 dekar der kjøparen har fått konsesjon. Eigedommane er fordelte på 81 kommunar i 17 fylke. 69 pst. av eigedommane er selde til lokale kjøparar, mens 19 pst. er selde til kommunar og til Miljødirektoratet. Dei resterande 12 pst. er i hovudsak seld til jord- og skogeigarar i nabokommunar.

Arronderingssalet vil betre eigedomsstrukturen i føretaket og samstundes bidra til å styrkje det private skogbruket.

I ekstraordinært føretaksmøte i januar 2016 blei det difor opna for at Statskog SF kan utvide det pågåande arronderingssalet med opp til 150 000 dekar der dette gir arronderingsgevinst for føretaket. Føretaket har innarbeidd ei slik utviding i planane sine, der det er lagt opp til at salet vil halde fram til 2020.

Rapportering 2016

Resultatet etter skatt var på 133,6 mill. kroner i 2016. Resultatet er 107 mill. kroner høgare enn i 2015, noko som i hovudsak kjem av eingongsinntekter frå skogvern og reversering av nedskrivningar av energiprojekt som blei gjort i 2015.

Post 80 Renter

I samband med at Statskog SF kjøpte selskapa Borregaard skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, fekk føretaket eit statleg lån på 475 mill. kroner, jf. Prop. 11 S (2010–2011). I 2016 blei det betalt 3,3 mill. kroner i ren-

ter på lånet. Saldo på lånet var på 100 mill. kroner per 31.12.2016.

Post 85 Utbytte

Utbetalt utbytte til staten frå Statskog SF i 2016 var 10,8 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2018

Utbyttepolitikken for Statskog SF blei endra i 2014, jf. Prop. 1 S (2014–2015), med verknad frå


resultatåret 2014. Utbyttesatsen er 40 pst. for perioden 2014–2016, for deretter å auke til 75 pst. Utbyttet frå føretaket for 2017 blir sett til 75 pst. av årsresultatet etter skatt. Det blir budsjettert med eit ordinært utbytte for 2017 på 26,0 mill. kroner. Endeleg framlegg til ordinært utbytte vil bli fastsett når årsresultatet for 2017 ligg føre og vil bli lagt fram i den ordinære budsjettprosessen. Vedtak om utbytte blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2018. Rentene på lånet vil vere på om lag 630 000 kroner i 2018. Avdrag på lånet er omtalt under kap. 4162.

Del III
Rapportering på dei landbruks-
og matpolitiske måla

3 Nærare om dei ulike måla

I samband med handsaminga av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* la Stortinget til grunn ein revidert målstruktur for jordbrukspolitikken. Denne er, som omtalt i innleiinga, innarbeidd i

målstrukturen for landbruks- og matpolitikken. I denne delen blir det rapportert på status for landbruks- og matpolitikken dei seinare åra. Difor er den gamle målstrukturen lagt til grunn.



Figur 3.1 Gamal målstruktur for landbruks- og matpolitikken

4 Overordna mål: Matsikkerheit og beredskap

Produsere og sikre tilgang til maten forbrukarane etterspør

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon. Hovudoppgåva til jordbruket er matproduksjon, og verkemidla skal difor rettast inn slik at dei bidreg til dette.

Sjølvforsyningsgraden skildrar heimemarknadsdelen rekna på energibasis, det vil seie kor stor del av matvareforbruket på engrosnivå som kjem frå norsk produksjon av jordbruksprodukt eller fisk. Importerte innsatsvarer og eksport av til dømes fisk blir halde utanfor ved berekning av sjølvforsyningsgraden. Den gir først og fremst eit bilete på delen av heimemarknaden målt i energi som er produsert i Noreg. Den kan, per definisjon, ikkje overstige 100 pst.

Sjølvforsyningsgraden for varer som er produserte i jordbruket blir særleg påverka av vêret, men òg av ulike kvalitetskrav, prisar, landbrukspolitiske verkemiddel og internasjonale handelsavtalar. Sjølvforsyningsgraden er gjennomgåande høg for husdyrprodukt, og klart lågare for planteprodukt. Etter fleire år med reduksjon i sjølvforsyningsgraden frå 2008, auka den med 3 prosentpoeng frå 47 til 50 pst. frå 2014 til 2015. Dette var i stor grad knytt til gode kornavlingar, og at mykje av kornet hadde matkornkvalitet. Frå 2015 til 2016 gjekk sjølvforsyningsgraden ned 1 prosentpoeng til 49 pst., som følgje av redusert matkorndel. Naturgitteforhold gjer at sjølvforsyningsgraden er låg for energirike plantevekstar og høg for husdyrprodukt med større del proteininnhald. I 2015 var sjølvforsyningsgraden for protein 68 pst.

Av det samla fôrbehovet (grovfôr og kraftfôr) er om lag 20 pst. importerte råvarer. Bruken av norsk korn i kraftfôr er avhengig av vêret. Krav til energi- og proteininnhald i kraftfôret gjer at delen karbohydrat blir redusert. Av dei tre hovudforekomstane i kraftfôr, er delen norskprodusert råvare særleg redusert for fett- og proteinfraksjonen som følgje av forbodet mot kjøtt- og fiskebeinsmjøl.

Næringsmiddelindustrien sin del av heimemarknaden, målt på verdibasis, har falle frå om lag 86 pst. i 2005 til om lag 79 pst. i 2015. Importen av

landbruksvarer (inkl. fiskefôr) auka med 5 pst. frå 2015 til 2016, til eit nivå på 62 mrd. kroner. Landbruksdirektoratet har rekna ut at om lag 1,5 prosent av denne verdiauken kjem av svingingar i valutakursen det siste året. Av dei importerte landbruksvarene er litt under halvparten matvarer (ikkje fiske- eller dyrefôr) som er i direkte konkurranse med norsk produksjon. Det er underskott av norsk storfekjøtt og i grøntsektoren. Det er òg underskott av korn, men storleiken varierer mykje frå år til år, avhengig av avling og kvalitet. Samstundes var det i 2016 eit overskott av sau/lam og svinekjøtt. Eggmarknaden var i balanse i 2016.

Matmerk administrerer og utviklar Kvalitetssystem i Landbruket (KSL), merkeordningane *Nyt Noreg*, *Beskytta nemningar* og *Spesialitet* og har ansvar for generisk marknadsføring av økologisk mat.

KSL ligg til grunn for alle merkeordningane Matmerk forvaltar. Det er gjennomført 4 869 eksterne KSL-revisjonar i 2016 mot 5500 i 2015. Revisjonstakta er noko redusert, sidan Matmerk har vore nøydd til å prioritere ressursar til arbeidet med teknologiske løysingar for KSL og ei styrking av revisorkorpset.

Ved utgangen av 2016 var 3 050 produkt frå til saman 77 ulike verksemdar godkjent for Nyt Noreg-merket. Det utgjer ein auke på 480 produkt og 7 nye verksemdar sidan 2015. Forbrukarmålingar viser at 88 pst. av forbrukarane som kjenner til merket, seier at det gjer at dei får lyst til å kjøpe norsk mat.

Spesialitet-merket blir, ved utgangen av 2016, brukt på til saman 425 produkt frå 76 godkjente verksemdar. Det representerer ein markant auke, mellom anna på grunn av tekniske endringar i registreringa. Merket blir tildelt for tre år av gongen, og kvart år er det fleire produkt og verksemdar som ikkje får fornya godkjenninga eller som sjølve vel ikkje å fornye godkjenninga. I alt 27 produkt har Beskytta nemning. Dei førebels siste godkjente produkta er Telemarkseple, -plommer og -morellar, og Skjørøst frå Rørostraktene. I tillegg har italienske Gorgonzola får norsk Beskytta nemning i 2016, mens det er søkt om Beskytta nemning i EU for fenalår frå Noreg.

Økologisk mat representerer eit mangfald forbrukarar i aukande grad etterspør. Samla for alle produktgrupper auka omsetnaden i daglegvarehandelen med meir enn 24 pst. frå 2015 til 2016. Det blei omsett økologiske matvarer for nesten 2,5 mrd. kroner totalt i 2016, noko som utgjer omlag 1,8 pst. av totalmarknaden.

Til grunn for satsinga på økologisk jordbruk i 2016 låg eit mål om at 15 pst. av matforbruket og 15 pst. av matproduksjonen skal vere økologisk innan 2020. Som oppfølging av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Stortingets handsaming av denne, skal det utarbeidast eit nytt mål for økologisk produksjon og forbruk i samband med utarbeidinga av ein ny strategi for økologisk jordbruk.

Lokalmat er definert som mat- og drikkevarer med ein lokal identitet, særskild opphav eller spesielle kvalitetar knytt til produksjonsmetode, tradisjon eller råvarer. Omsetnaden av lokalmat gjennom daglegvarehandelen har auka sterkt dei siste åra. Berre frå 2010 til 2016 er salet meir enn fordobla, til 4,8 mrd. kroner, og veksten i 2016 er tre

gonger så sterk som veksten i omsetnad av anna mat gjennom daglegvarehandelen. I tillegg kjem ein ikkje uvesentleg omsetnad av lokalmat gjennom andre kanalar, som Bondens marknad, matfestivalar og direkte sal frå produsentane.

Sikre forbrukarane trygg mat

All mat som blir omsett i Noreg skal vere trygg. Trygg mat er viktig for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skaper tillit og sikrar avsetning av varer og legitimitet for eit levande landbruk og næringsmiddelindustri.

Infeksjon gjennom næringsmiddel er framleis eit stort helseproblem internasjonalt. Noreg har generelt færre smittestoff i mat samanlikna med andre land. Ein stor del av dei melde tilfella av matborne infeksjonar kjem frå smitte i utlandet. Førekkomsten av smittestoff i husdyr og mat produsert i Noreg, er låg samanlikna med dei fleste andre land, sjølv om enkelte smittestoff har eit reservoar òg mellom norske husdyr.

Tabell 4.1 Oversikt over næringsmiddelborne infeksjonar der smitta har skjedd i Noreg

Diagnose	2012	2013	2014	2015	2016
Campylobacteriose	1 114	1 147	1 365	877	973
E. coli-enteritt	115	121	197	225	239
– av dette EHEC	55	79	97	126	161
Listeriose	26	18	20	12	16
Salmonellose	260	237	230	183	175
Shigellose	11	17	12	11	12
Yersiniose	22	31	177	49	33
Samla	1 548	1 571	2 001	1 357	1445

Kjelde: msis.no 8 (data henta 18.8.2017)

For å halde den gode statusen ved like, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking, slik at tiltak kan setjast inn i tide. Faktorar som verkar inn på førekkomsten av matborne infeksjonar i Noreg er mellom anna auka internasjonal handel med mat, nye matvaner og nye produksjonsrutinar.

Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, opplever vi kvart år fleire større og mindre utbrott av matborne infeksjonar. Talet på varsla utbrott har vore ganske stabilt dei siste åra. Dei siste åra har det vore ein auke i utbrott der smittekjelda har vore importerte grønsaker og bær.

Kvaliteten på drikkevandet er generelt sett god. Svært få av oss blir sjuke av vatnet som kjem ut av krana. Ni av ti nordmenn er tilknytt vassverk som leverer trygt drikkevatt. Likevel er det mange stader gammalt og dårleg leidningsnett for drikkevandet. Det kan føre til at vatnet blir forureina.

Tilstanden er god med omsyn til framandstoff og restar av legemiddel i mjølk, kjøtt og fisk og når det gjeld restar av plantevernmiddel i vegetabilsk mat. Det er derimot ei særleg utfordring med sal av kosttilskott som inneheld udeklarerte og ulovlege ingrediensar eller som er tilsett legemiddel. Bruk av slike kosttilskott kan føre til

alvorleg helseskade. Det er òg ei utfordring knytt til produkt som blir omsett over internett og postordre.

God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

God plante- og dyrehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berekraftig matproduksjon. Ein stor del av det globale potensialet for matproduksjon blir ikkje utnytta i dag på grunn av skadegjerarar i planteproduksjon og dyresjukdommar. Klimaendringar og auka ferdsel over landegrensar er risikofaktorar for både plante- og dyrehelsa.

Plantehelsa er generelt god i Noreg samanlikna med mange andre europeiske land, sjølv om det kvart år er tilfelle av skadegjerarar i viktige kulturar.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er god. Det er svært få tilfelle av salmonellainfeksjon hos norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskproduert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg.

Antibiotikabruken i norsk husdyrhald er svært låg i internasjonal samanheng. Antibiotikabruken har blitt redusert samstundes som det har vore ein auke i gjennomsnittleg storleik på besetningane. For norske mjølkekubesetningar viser statistikken mindre bruk av antibiotika i store besetningar enn i små. Dyktige og ansvarsbevisste bønder, ansvarsfulle veterinærar og eit godt samarbeid mellom næringa og styresmaktene er avgjerande faktorar for den gode situasjonen i Noreg.

Sjølv om antibiotikabruken i norsk husdyrhald er låg, er det dei seinare åra påvist LA-MRSA

(dyreassosierte methicillinresistente *Staphylococcus aureus* – bakteriar) i svinebesetningar. Det er sett i verk omfattande tiltak for å prøve å hindre at denne bakterien får fottfeste i norsk svinehald. Det er òg påvist antibiotikaresistente tarmbakteriar (ESBL-produserande og kinolinresistente *E. coli*) i norske fjørfebesetningar. Vitskapskomiteen for mattryggleik vurderte i 2015 risikoen for overføring av antibiotikaresistens frå mat og matproduserande dyr i Noreg. Dei konkluderte med at det er lite sannsynleg at vi blir utsette for antibiotikaresistente bakteriar frå norske matvarer.

Generelt er helsa òg god hos viltlevande dyr, men i april 2016 blei sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD) påvist hos villrein og elg. Denne sjukdommen hos hjortedyr er smittsam og dødeleg. Sjukdommen er ikkje påvist i Europa tidlegare og aldri før hos reinsdyr. Mattilsynet starta raskt med kartlegging og tiltak for å avgrense og helst utrydde sjukdommen. Det er etablert verne-tiltak mot spreiding innanlands og mot utlandet. Hausten 2017 starta arbeidet med å ta ut heile villreinflakken i Nordfjella Sone 1 for å redusere risikoen for at sjukdommen spreier seg. Både kartlegging og tiltak mot CWD skjer i eit nært samarbeid med miljøstyresmaktene.

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, og er i tillegg eit gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk mat. Generelt er dyrevelferda i Noreg betre enn i mange andre land. Det er stor offentleg merksemd på dyrevelferd. Sjølv om dyrevelferda generelt er god, er det framleis utfordringar knytte til dyrevelferd i enkelte produksjonar og hos enkelte eigarar av både produksjonsdyr, sportsdyr og kjæledyr.

5 Overordna mål: Landbruk over heile landet

Balansert geografisk utvikling i landbruket

Regjeringa vil leggje til rette for landbruk over heile landet. Dette krev ei geografisk differensiering av verkemidla i landbruket.


I perioden 1979–1999 auka det registrerte jordbruksarealet med 8,2 pst. I perioden 1999–2016 er det estimert ein reduksjon på vel 5 pst. ifølgje berekningar frå Budsjettnemnda for jordbruket. Tala frå 2016 viser at reduksjonen i jordbruksarealet dei siste åra har flata ut. Registrert totalareal var på sitt høgaste i 1998. Nedgangen i jordbruksarealet skjer i all hovudsak innan åker og hage. I det samla jordbruksarealet inngår òg overflatedyrka jord og innmarksbeite. Slikt areal utgjer om lag 18 pst. av totalarealet i slutten av perioden, mens det utgjorde vel 10 pst. i 1989.

Frå 2005 har nytt digitalt kartgrunnlag vore i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. Overgangen blei fullført i 2014. Tal frå Landbruksdirektoratet viser at det nye kartverket i perioden 2005–2013 innebar ein reduksjon i arealet på om lag 3,3 pst. Nytt kartverk har bidrege til dette, både som følgje av meir nøyaktige målingar, og som følgje av at endringar som har skjedd over tid først har blitt fanga opp når nytt kartverk har blitt teke i bruk. Budsjettnemnda for jordbruket estimerer at arealnedgangen utanom nytt kartverk var på om lag 1,4 pst. i den same perioden.

Reduksjonen i samla jordbruksareal i drift i perioden 1999–2016 har først og fremst skjedd på Vestlandet, i Agder-fylka og i Nord-Noreg. Dei siste ti åra er arealet av open åker på Austlandet

reduisert med om lag 250 000 dekar, mens arealet av eng og beite har auka med om lag 160 000 dekar. Auken i areal av eng og beite på Austlandet har vore ei ønskt utvikling, delvis som følgje av behov for å redusere avrenning til vassdrag, og delvis som følgje av auka hald av ammeku og sau som har vore prioriterte produksjonar i fleire av dei siste jordbruksoppgjera. For å bidra til å halde norsk matkornproduksjon oppe og redusere overgangen frå korn til gras på Austlandet, blei støtta for kornareal auka og støtta for grovfôrareal på Austlandet redusert i jordbruksoppgjera i 2016. I jordbruksoppgjera i 2017 blei støtta for kornareal på Austlandet auka ytterlegare og støtta for grovfôrareal på Austlandet avvikla.


Den geografiske fordelinga av produksjonen er viktig for auka produksjon og landbruk over heile landet. Det har over nokre år vore ein tendens til at Austlandet aukar sin del av grasbasert produksjon, med unntak for mjølk, der produksjonen er stabil geografisk. Budsjettnemndas tal viser at trenden er endra frå 2014. Austlandet har auka sin del i grasbaserte produksjonar og eng- og åkerarealet i perioden 2006–2014, mens det i perioden frå 2014–2016 er Vestlandet og Trøndelag som har auka delane sine. Figur 5.1 og Figur 5.2 viser endringar i marknadsdel fordelt på produksjon og landsdel for perioden 2006–2014 og 2014–2016. Lengda på perioden er ulike i dei to figurane og storleiken på endringane er ulike, men skiftet i trenden er tydeleg, jf. Budsjettnemndas tal. Endringane frå 2014 viser forsterkinga av arbeidsdelinga i jordbruket, i tråd med dei politiske målsetjingane.



Figur 5.1 Endring i marknadssdel fordelt på produksjon og landsdel, 2006–2014

Det overordna biletet for produksjonsutviklinga er at auken i produksjonar med vekst kjem i meir sentrale område. Produksjonen av fjørfekjøtt har hatt ein sterk auke dei siste ti åra, trass i reduksjonen i 2015 og 2016 som følgje av svikt i marknaden i samband med merksemda på antibiotikaresistens. Produksjonsauken det siste året har i all hovudsak komme i Rogaland. I Trøndelag har

eggproduksjonen auka vesentleg dei siste åra, mens den har vore relativt stabil i resten av landet. Veksten i grønsaker på friland har komme på Austlandet. Veksten i svinerjøttproduksjonen har i størst grad komme i Rogaland, men òg i Agderfylka/Telemark, Vestlandet og i Nord-Noreg har produksjonen auka noko.



Figur 5.2 Endring i marknadssdel fordelt på produksjon og landsdel, 2014–2016

Landbruket stod for i alt 3,5 pst. av den samla sysselsetjinga i Noreg i 2016. I alt var det om lag 89 530 sysselsette personar i landbrukssektoren, av desse var om lag 35 850 i jordbruk og reindrift og vel 5 550 i skogbruk i 2016, jf. Tabell 5.1. Samstundes var over 32 972 sysselsette i jordbruksba-

sert matindustri og i overkant av 15 000 sysselsette i skogbruksbasert industri. Den regionvise fordelinga av sysselsetjinga i jordbruket over tid er relativt stabil. Rogaland skil seg ut med størst del i den jordbruksbaserte sysselsetjinga.

Landbruks- og matdepartementet

Tabell 5.1 Sysselsette personar i landbruket, 2016

	Sysselsette i alt		Sysselsette i jordbruk og reindrift		Sysselsette i skogbruk		Sysselsette i matindustri		Sysselsette i skogbruksbasert industri		Sysselsette i landbruket		Landbruksbasert sysselsetjing som del av samla sysselsetjing	
	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.
Østfold	116 625	4,9	1 767	5,7	316	8,9	2 944	9,5	1 444	9,5	6 471	7,2%	6 471	7,2%
Akershus	266 761	4,8	1 706	7,2	399	6,7	2 198	3,2	478	3,2	4 781	5,3%	4 781	5,3%
Oslo	457 183	0,4	161	2,3	128	10,4	3 413	1,3	192	1,3	3 894	4,3%	3 894	4,3%
Hedmark	85 963	8,6	3 081	19,7	1 092	6,7	2 218	13,0	1 968	13,0	8 359	9,3%	8 359	9,3%
Oppland	86 941	10,2	3 639	11,4	631	4,7	1 537	7,6	1 153	7,6	6 960	7,8%	6 960	7,8%
Buskerud	124 597	4,3	1 545	10,7	592	4,1	1 361	6,4	977	6,4	4 475	5,0%	4 475	5,0%
Vestfold	105 037	3,7	1 338	3,8	211	7,6	2 511	4,5	677	4,5	4 737	5,3%	4 737	5,3%
Telemark	74 257	2,8	1 011	7,3	407	1,6	541	2,5	383	2,5	2 342	2,6%	2 342	2,6%
Aust-Agder	47 410	1,7	600	5,2	288	1,2	403	4,7	715	4,7	2 006	2,2%	2 006	2,2%
Vest-Agder	85 826	2,4	845	3,7	203	2,8	919	7,7	1 165	7,7	3 132	3,5%	3 132	3,5%
Rogaland	231 817	12,2	4 383	1,7	95	12,1	3 995	8,6	1 307	8,6	9 780	10,9%	9 780	10,9%
Hordaland	251 894	6,9	2 462	2,5	137	6,8	2 250	3,8	579	3,8	5 428	6,1%	5 428	6,1%
Sogn og Fjordane	54 147	4,8	1 714	1,9	106	3,4	1 136	3,0	457	3,0	3 413	3,8%	3 413	3,8%
Møre og Romsdal	126 819	6,0	2 147	2,2	124	4,2	1 396	4,9	747	4,9	4 414	4,9%	4 414	4,9%
Sør-Trøndelag	163 058	7,5	2 690	3,7	203	8,6	2 830	7,0	1 059	7,0	6 782	7,6%	6 782	7,6%
Nord-Trøndelag	62 060	8,0	2 858	6,3	350	3,7	1 229	6,9	1 053	6,9	5 490	6,1%	5 490	6,1%
Nordland	114 988	6,4	2 305	3,5	192	2,3	747	4,3	645	4,3	3 889	4,3%	3 889	4,3%
Troms	83 471	2,6	944	1,1	61	3,1	1 020	0,9	136	0,9	2 161	2,4%	2 161	2,4%
Finmark	36 874	1,8	653	0,3	14	1,0	324	0,2	25	0,2	1 016	1,1%	1 016	1,1%
Sum	2 575 728	100	35 849	100	5 549	100	32 972	100	15 160	100	89 530	100%	89 530	100%

Kjelde: NIBIO


Landbruksnæringa betyr relativt sett meir for sysselsetjinga i område med spreidd busetjing og småsenterregionar enn i meir sentrale område av landet. Områda med spreidd busetjing og småsenterregioner har over fleire år hatt ein større og meir vedvarande nedgang i sysselsetjinga enn andre regionar.

Sterkt og effektivt landbruk

For å nå målet om eit sterkt og effektivt landbruk, må produksjonsgrunnlaget (areal og struktur) vere innretta på ein tenleg måte. Tal frå SSB viser at over halvparten av jordbruksverksemdene (59 pst.) hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift i 2015. Dette er ein nedgang frå 2010 då delen for desse jordbruksverksemdene var på 62 pst. I 2015 hadde i underkant av 4 200 jordbruksverksemdar 500 dekar og meir jordbruksareal i drift mot om lag 4 000 året før. Tala viser framleis ein auke av jordbruksverksemdar med 500 dekar og meir jordbruksareal i drift, frå 2,5 pst. i 2000 til om lag 9 pst. i 2014 og 10 pst. i 2015.

Tala for jordbruksverksemdene analysert på BA-sentralitet viser omtrent same strukturfordeling som året før. Om lag 69 pst. av jordbruksverksemdene ligg i ulike former for byregionar. Størst del ligg i småbyregionane (25 pst.) og minst del i område for spreidd busetnad (9 pst.). Småbyregionane er òg i 2015 dei regionane som har flest dekar jordbruksareal i drift (2,6 mill. dekar) og mest leigd areal (1,2 mill. dekar). Tala frå åra 2012 og 2015 for desse regionane viser òg at det eigde jordbruksarealet i drift har gått ned frå 1 490 600 dekar til 1 440 100 dekar, mens jordbruksarealet i drift som blir leigd aukar frå 1 135 600 dekar til 1 169 000 dekar.

Det er i dag eit stort omfang av leigejord. Over halvparten av jordbruksverksemdene (59 pst.) driv landbruksproduksjon både med leigd og eigd jordbruksareal. Om lag 31 pst. av jordbruksverksemdene driv produksjonen berre på jordbruksareal som er eigd av verksemdene. 7 pst. driv landbruksproduksjon berre med jordbruksareal som er leigd, jf. Figur 5.3 som viser jordbruksverksemdene fordelte etter jordbruksarealet i drift. Tala for 2014 og 2015 viser ein nedgang av jordbruksverksemdar som driv landbruksproduksjon både med eigd og leigd jordbruksareal, mens talet på jordbruksverksemdar som driv produksjon med berre leigd jordbruksareal ligg omtrent på same nivå i 2014 og 2015.



Figur 5.3 Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2015


Det eigde jordbruksarealet i drift på jordbruksverksemdene var i underkant av 5,5 mill. dekar i 2015. Det leigde jordbruksarealet var vel 4,3 mill. dekar. Samanlikna med tala frå 2014 viser dette ein nedgang i det eigde jordbruksarealet i drift på 27 900 dekar og ein auke i jordbruksarealet som blir leigd av jordbruksverksemdene på 20 600 dekar. Gjennomsnittleg areal i drift per jordbruksverksemd var 235 dekar i 2015 (fordelt på 130 dekar eigd areal og 104 dekar leigd areal). Det er 6 dekar meir enn året før og 19 dekar meir enn i 2010. Av jordbruksarealet i drift var i alt 44 pst. leigejord i 2015, 2014 og 2013 mot 43 pst. i 2012.

Regjeringa vil leggje til rette for ein variert eigedomsstruktur der bonden sin rett til å disponere over eigen eigedom er i tråd med egne val og prioriteringar. Statistikk frå SSB viser om lag 185 000 registrerte landbrukseigedommar i 2015. Dette er landbrukseigedommar samansett av minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktiv skog. Ei gruppering av landbrukseigedommane etter storleiken på det eigde jordbruksarealet viser mange eigedommar med lite jordbruksareal. Hovudtyngda (70 pst.) av eigedommane hadde mellom 5 og 100 dekar eigd jordbruksareal i 2015. Om lag 18 pst. hadde over 100 og under 500 dekar eigd jordbruksareal. Under ein pst. hadde eigd jordbruksareal på 500 dekar

og meir. Utviklinga frå 2013 til 2015 viser ein auke i talet på landbrukseigedommar som har over 100 og under 500 dekar eigd jordbruksareal. Endringa var størst for landbrukseigedommar over 200 og under 300 dekar (om lag 250 eigedommar). Utviklinga viser òg ein liten auke i talet på eigedommar med 500 dekar og meir eigd jordbruksareal i perioden (om lag 80 eigedommar). Om lag 7 pst. av eigedommane var registrerte utan eigd jordbruksareal i 2015. Dette er på same nivå som i 2013 og 2014.

Tal frå KOSTRA i 2016 viser at om lag 14 pst. av dei som søkte om samtykke til å dele ein landbrukseigedom, ønskte å selje jorda som tilleggsjord til annan landbrukseigedom, dvs. at areal frå 557 eigedommar blei fordelte som tilleggsjord til annan landbrukseigedom i 2016. Dette er ein nedgang frå 2015 (i underkant av 70 eigedommar). Tala frå 2009–2013 viser ei prosentfordeling på om lag 12 pst. og 15 pst. for åra 2014 og 2015.

Av dei 185 000 registrerte landbrukseigedommane i 2015 har om lag 163 400 eigedommar (88 pst.) minst 5 dekar eigd jordbruksareal. Av desse har om lag 51 pst. av eigedommane jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige. Om lag 22 pst. av eigedommane blir drivne berre ved hjelp av eige jordbruksareal, jf. Figur 5.4 som viser landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal i 2015. Tala for åra 2014 og 2015 viser små endringar for eigedommar som både har areal som anten blir drive av eigaren sjølv eller av andre ved bortleige, ein nedgang i talet på eigedommar der eigaren sjølv òg er brukar av areala, og ein auke i talet på eigedommar som berre blir drivne ved bortleige. For eigedommane med minst 5 dekar eigd jordbruksareal var den gjennomsnittlege arealstorleiken på jordbruksarealet 67 dekar.



Figur 5.4 Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2015

Fordelinga av landbrukseigedommane på BA-sentralitet i 2015 viser om lag same prosentfordeling av eigedomsmassen for eigedommane med minst 5 dekar jordbruksareal mellom regionane som for åra 2013 og 2014. Om lag 66 pst. av landbrukseigedommane ligg i ulike former for byregionar, størst del ligg i småbyregionar (28 pst.) og minst del i område for spreidd busetnad (11 pst.). Tala for 2015 viser òg, til liks med tala for 2013 og 2014, at småbyregionar hadde flest landbrukseigedommar med jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige (14 pst.) og flest eigedommar der eigar sjølv òg er brukar av areala (6 pst.). Av regionane var det òg småbyregionane som hadde flest landbrukseigedommar utan registrert jordbruksaktivitet i 2015.


Til liks med andre sektorar er det nødvendig å gjere investeringar med jamne mellomrom mellom anna for å møte krav til modernisering og auka produktivitet. Innanfor det tradisjonelle landbruket er det særskild behov for modernisering av driftsapparatet og investeringar for å auke effektiviseringa av produksjonen. Tilgang på ny teknologi som gjer arbeidet enklare, sikrere og meir effektivt, er ein viktig drivar for investeringar. Det er næringsutøvarane sitt eige ansvar å gjere investeringar slik at drifta blir god og lønnsam. Staten bidreg på fleire måtar med økonomisk

stimulans for at dei måla Stortinget har sett for landbrukspolitikken skal bli nådd.

I samband med Stortinget si handsaming av statsbudsjettet for 2017, blei regjeringa gjennom oppmodingsvedtak bedt om å komme tilbake til Stortinget med ein plan for langsiktige investeringar i landbruket. Oppmodingsvedtaket blei svara ut i samband med Prop. 141 S. (2016–2017) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2017 m.m.)*. Investeringsplanen drøfta utviklingstrekk knytt til investeringar i jordbruket, forhold som påverkar investeringsbehovet, investeringsnivå og behov for investeringar innan ulike produksjonar og offentleg finansiering av investeringar i jordbruket, hovudsakleg gjennom IBU-ordninga.

Gjennomgangen peika på at investeringane i jordbruket i dag ligg på om lag 8,5 mrd. kroner årleg. Om lag 4,2 mrd. kroner er knytt til investe-

ringar i driftsbygningar. Fleire forhold påverkar investeringsbehovet i jordbruket. Økonomi, inntektsutvikling, mål for produksjon og marknadsmessige forhold, teknologisk utvikling, rekruttering og krav til dyrevelferd er nokre sentrale faktorar. Investeringane i jordbruket bør leggje til rette for ein produksjon som er i samsvar med etterspørsel i marknaden. Figur 5.5 viser at sjølv om investeringsnivået har gått vesentleg ned sidan 1970-talet, har produksjonen auka og arbeidskraftsinnsatsen gått ned. Det betyr at jordbruket har hatt ein betydeleg produktivitetssauke. Figur 5.5 viser vidare at investeringsnivået dei siste 20 åra har vore stabilt, mens produksjonsvolumet framleis aukar og arbeidsforbruket blir redusert. At investeringsnivået på 1970-talet låg på eit vesentleg høgare nivå enn i dag, er difor ikkje eit uttrykk for at nivået i dag er for lågt til at ein kan nå måla som er sett for landbrukspolitikken.



Figur 5.5 Investeringssvolum samanlikna med produksjonsvolum og arbeidsforbruk i jordbruket

Planen viste vidare til at dei låge tapstala for landbruket både i offentlege og private låneinstitusjonar tilseier at landbrukskunden bør vere ein attraktiv lånekunde for private bankar i dei aller fleste områda av landet.

Offentlege verkemiddel som investeringsverkemidla over jordbruksavtalen er med på å redusere risikoen og betre kapitaltilgangen ved investeringane. Likevel må avgjerda om investeringar

bli gjort av den enkelte bonde som sjølv er den som svarar for gjelda. Det er òg viktig at investeringsverkemidla blir sett i samanheng med andre ordningar over jordbruksavtalen. Det offentlege bidreg med vesentleg stimulans for å leggje til rette for investeringar i landbruket, og særleg til investeringar innan mjølke- og storfeproduksjon der behovet er særskild stort for å modernisere drifta og tilpasse seg lausdriftskravet som tek til å

gjelde i 2034. Utsettinga av lausdriftskravet som blei gjort i samband med jordbruksoppgjeret i 2016, gjer at dagens båsfjøs kan nyttast lenger, og at investeringstrykket kan fordelast jamnare utover mot 2034. Notat frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) utarbeidd for Landbruks- og matdepartementet i samband med gjennomgangen, estimerer eit årleg investeringsbehov innan mjølke- og storfeproduksjon på i overkant av 1,2 mrd. kroner fram mot 2034. Med utgangspunkt i dette anslaget bidreg IBU-midlane med om lag 29 pst. av det årlege investeringsbehovet i mjølke- og storfeproduksjonen. Fordelinga av tilskott på prosjektstorleik og besetningsstorleik indikerer at IBU-midla går til både små, mellomstore og store bruk og at investeringstilskotta har ein tydeleg distriktsprofil og blir brukt målretta mot dei produksjonane som har størst behov. Systemet med fordelingsnøkkel bidreg til fordeling av tilskott i heile landet basert på regionale utfordringar og moglegheiter.

I investeringsplanen blir det lagt til grunn at det må vere fleksibilitet til å gjere løpande vurderingar av investeringsbehovet i samband med dei årlege jordbruksoppgjera. Det blir vidare lagt til grunn at det med utgangspunkt i dagens kunnskap vil vere behov for investeringsverkemiddel om lag på dagens nivå eller potensielt aukande. I planen er det foreslått nokre justeringar i verke-middelbruken. Departementet vil følgje opp planen i kommande jordbruksoppgjær.

Ei økologisk og økonomisk berekraftig reindrift

Regjeringa vil sikre økonomisk berekraft i reindriffta gjennom auka slakteuttak, tilrettelegging av tilleggsnæringar og betre lønsemd. Til-

gangen på slaktedyr er avhengig av kalvetilgangen, tap av dyr og kor mange dyr reineigaren set til livdyr. I 2016 blei det slakta om lag 82 600 rein ved dei registrerte slakteria. Dette er ein stor auke samanlikna med 2014 (63 100 rein) og 2015 (73 600 rein). Kalvedelen ligg på om lag 78 pst. Høgare slakteuttak og ein høg kalvedel viser at stimuleringa ved ein auke i dei produksjonsretta tilskotta har hatt positiv verknad. Tilbakehald av tilskott over reindrifftsavtalen og dokumenterte rov-vilterstatningar overfor dei som ikkje har følgd opp vedtak om reduksjon, har òg verka positivt på slakteuttaket. Samstundes med auka uttak har snittet for vaksen rein og kalv auka med 0,5 kg. Ser ein på Vest-Finnmark særskild, som er det området som har hatt den største utfordringa med eit for høgt reintal, har snittet auka med heile 1,6 kg. Auka vektor gir betre pris og auka lønsemd i næringa. Det er særst positivt at reineigaren opplever ein så snarleg verknad av tilpassinga av talet på rein som er gjennomført.

Totalproduksjonen per livrein varierer mykje mellom reinbeiteområda og mellom distrikta i det enkelte område. Sidan driftsåret 09/10 er den samla produksjonen redusert frå 8,0 kg per livrein til 5,2 kg per livrein i 2014/2015. Frå driftsåret 2014/2015 auka produksjonen per livrein til 8,1 kg i 2015/2016.

Tal frå totalalkyla sitt rekneskap viser at det har vore ei positiv utvikling av resultatmåla i 2015. Samla sett auka vederlag for arbeid og eigenkapital frå 54,1 mill. kroner til 102,3 mill. kroner. Per årsverk blei vederlaget for arbeid og eigenkapital auka frå 56 400 kroner til 107 600 kroner. Årsaka til dette er i hovudsak ein auke av dei produksjonsbaserte inntektene.

6 Overordna mål: Auka verdiskaping

Konkurransedyktig råvareproduksjon og næringsmiddelindustri


Landbrukspolitikken skal leggje til rette for ein kostnadseffektiv matproduksjon. Regjeringa vil styrkje landbruket gjennom ytterlegare forenkling av lover, reglar og stønadsordningar, og sikre landbruket føreseielege rammevilkår som kan bidra til at næringa si samla lønsemd kan bli betra i åra som kjem.

Jordbruket stod i 2016 for i underkant av 45 000 årsverk i følgje Budsjettmemnda for jordbruket. Nærings- og nytingsmiddelindustrien, inklusive fisk, drikkevarer og tobakk, er den nest største industribransjen i Noreg og hadde i 2016 ein produksjonsverdi på om lag 211 mrd. kroner, ein auke på om lag 5,5 pst. frå året før. Næringsmiddelindustrien bidrog med 46 mrd. kroner i verdiskaping i 2016. Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk, og det er viktig å sikre verdiskaping og lønsemd i heile verdikjeda. Store delar av næringsmiddelindustrien foredlar norskproduerte råvarer, samstundes som den i aukande grad er eksponert for internasjonal konkurranse. Det er viktig å halde ved lag norsk matproduksjon som kan sikre tilgang på norske råvarer til næringsmiddelindustrien over heile landet, for å sikre at norske forbrukarar får den maten dei ønskjer. Importen av næringsmiddel aukar, men det gjer òg den samla omsetnaden av matvarer i Noreg.

Det siste tiåret har det samla produksjonsvolumet i jordbruket auka med 1,7 pst. Produksjonen av husdyrprodukt har auka med om lag 4,6 pst., mens produksjonen av planteprodukt har gått ned

med vel 4,9 pst. Det er særleg det kraftfôrbaserte husdyrhaldet som har auka, i tillegg til delar av det grovfôrbaserte. Desse produksjonane har dei siste åra hatt problem med marknadsbalansen, først i svineproduksjonen og no for sau og lam. Produksjonen av storfekjøtt er redusert med vel 2,5 pst. i tiårsperioden, men dei siste tre åra har produksjonen auka. Den negative produksjonsutviklinga for sau og lammekjøtt har snudd, og etterspørselen etter lammekjøtt i den norske marknaden kan no dekkjast med norsk produksjon. Produksjonsvolumet har dei siste ti åra auka med 10,5 pst. Denne auken har hovudsakleg komme dei siste tre til fire åra.

Produksjonen har falle for korn, poteter, frukt og blomar det siste tiåret. For korn har dette både å gjere med redusert areal og svak avlingsutvikling knytt til dårleg vør. Gode avlingsår i 2014, 2015 og 2016 var ikkje tilstrekkeleg til å snu den negative trenden, men avlingane per dekar var i 2015 rekordhøge. Produksjonen av grønsaker har auka med om lag 5,5 pst., mens fruktproduksjonen er redusert med meir enn 12 pst. Produksjonen av bær har gått noko ned perioden sett under eitt, men produksjonen har auka dei siste åra. I grøntsektoren har marknadsforholda vore utfordrande både som følgje av nasjonale forhold, som til dømes endringar i eigarskap og organisering i omsetnadskanalane, og importkonkurransen. Det har vore ein reduksjon i produksjonen av blomar, noko som kjem særleg av at snittblomar mister marknadsmoglegheiter til import. Samla sett er det marknadsmoglegheiter for auka planteproduksjon, mellom anna av korn og i delar av grøntsektoren.



Figur 6.1 Endring i produksjonsvolum frå 2008–2017, i følge normalisert rekneskap

Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket

Hovudbiletet for produksjonsutviklinga er at for produksjonar med vekst, kjem veksten i meir sentrale område. Produksjonen elles flyttar seg i mindre grad. Endringar i den geografiske fordelinga må sjåast i samband med produksjonsutviklinga. Den sterke produksjonsutviklinga som har vore på fjørfe har først og fremst komme i Trøndelag, Rogaland og på Austlandet, trass i ein nedgang i 2015 og 2016 som følge av merksemda kring antibiotikaresistente bakteriar. Det siste året har produksjonsauken komme i Rogaland. I Trøndelag har eggproduksjonen auka betydeleg dei siste åra, mens den er stabil i andre område. Frå 2008 til 2017 viser tala ein auke på over 25 pst. for fjørfekjøtt og eggproduksjon. Auken i grønsaker på friland har komme på Austlandet. Auken i svinekjøttproduksjonen har vore størst i Rogaland, men òg i Agder/Telemark, Vestlandet og i Nord-Noreg har produksjonen auka. For utviklinga i geografisk fordeling innan grasbaserte produksjonar, sjå rapporteringa under hovudmålet Landbruk over heile landet.

Lønsemd er den viktigaste drivaren for dei avgjerdene den enkelte mjølkeprodusenten tek. Dette inneber at det først og fremst er økonomiske verkemiddel som bidreg til den geografiske produksjonsfordelinga. Innan produksjonsregionane er det ikkje noka systematisk flytting av kvoter mot områda med dei beste produksjonsføresetnadene, men det er ein aukande konsentrasjon av mjølkeproduksjon innan produksjonsregionane ved at kvoter blir kjøpt opp av produsentar i område der det allereie er sterke produsentmiljø/-

klynger. Sterke fag- og produsentmiljø ser ut til å ha større innverknad enn naturgitte produksjonsføresetnader. I handsaminga av jordbruksoppgjeret 2017 blei det vedteke å slå saman enkelte produksjonsregionar for mjølkekvoter. Det vil bidra til meir fleksibilitet og betre tilrettelegging av driftsomfanget.

Ifølge Nasjonalrekneskapa var bruttoproduktet i jordbruk og skogbruk i faste 2005-prisar 17,83 mrd. kroner i 2016. Dette inneber ein auke på 1,7 pst. frå 2015. Produktivitsveksten i jordbruket er høg. Jordbruket har dei siste ti åra hatt ein gjennomsnittleg vekst i brutto arbeidsproduktivitet på 4,0 pst. per år. Tilsvarende produktivitsmål for norsk industri (bruttoprodukt per timeverk) viser, ifølge det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera, ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,4 pst. dei siste ti åra. Gjennomsnittleg vekst for Fastlands-Noreg var 0,7 pst.

Regjeringa vil leggje til rette for at landbruket har føreseielege rammevilkår som kan bidra til at næringa si samla lønsemd kan auke òg i kommande år. Det er avgjerande at utøvarane i landbruket skal kunne ha ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på line med andre grupper. Innanfor desse rammevilkåra har utøvarane i landbruket, som sjølvstendige næringsdrivande, ansvar for eiga inntekt. Regjeringa vil styrkje bruk som har ressursgrunnlag til å vere heiltidsbruk. På knapt halvparten av bruka blir det utført meir enn eitt årsverk, og desse bruka står for meir enn 80 pst. av produksjonen.

Frå 2015 til 2017 er bruttoinntektene i jordbruket berekna å auke med i overkant 0,7 mrd. kroner, mens kostnadane, inkludert realrentekostnaden, aukar med i underkant av 0,7 mrd. kroner. Vederlag til arbeid og eigenkapital for jordbrukssektoren aukar dermed med nærare 0,1 mrd. kroner frå 2015 til 2017. I tala er verdien av jordbruksfrådraget inkludert.

I jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 blei det semje om til saman 40 større og mindre forenklingstiltak. Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*, la opp til ein enklare verkemiddelstruktur, færre offentlege inngrep i næringsdrifta, auka konkurranse og ein meir marknadsretta og forbrukarstyrt produksjon. Departementet vil halde fram med å jobbe med forenkling av verkemidla for å sikre ein enklare kvardag for bonden og ein god forvaltning av tilskotta.

Det er lagt ned ein stor ressursinnsats på IKT-området i Landbruksdirektoratet dei siste åra. IKT-løysingane skal bidra til ein enklare kvardag både for innbyggjarar og næringsdrivande, og bidra til ei effektiv forvaltning. Denne satsinga har òg gjort det mogleg for fylkesmannsembeta og kommunane å forvalte dei landbrukspolitiske verkemidla meir effektivt. Stadig fleire av tenestene til Landbruksdirektoratet har blitt gjort tilgjengelege digitalt. Dei siste åra er fleire store IKT-prosjekt finansierte over jordbruksavtalen, mellom anna eStil RMP, eStil PT og Agros. Agros er ei erstatning for tilskottssystemet Saturn, og skal bidra til korrekt og effektiv forvaltning av fond, prosjekttilskott og direktetilskott i landbruket. Det nye fagsystemet for forvaltninga av produksjons- og avløysartilskotta (eStil) blei teke i bruk våren 2017.

For å leggje til rette for ei meir føreseieleg planlegging og oppfølging av større IKT-prosjekt, blei det i jordbruksoppgjeret 2016 sett av ei fast løyving over kap. 1150 post 21 til utvikling av IKT-/forvaltningssystem for ordningar over jordbruksavtalen. Oppgraderinga av IKT-systema vil gi ein auka grad av driftstryggleik og effektivitet i forvaltninga og leggje betre til rette for å føre kontroll med ordningane.

Lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden

Det er heilt sentralt for landbruks- og matpolitikken at dei ulike verkemidla bidreg til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. Meld. St. 31 (2014–2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål* tydeleggjer regjeringa sine

ambisjonar for landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk.

Dei fleste bedriftsretta verkemidla over Landbrukets utviklingsfond (LUF) er forvalta av Innovasjon Noreg (IN), der måla om fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø står sentralt. Dei offentlege verkemidla verkar saman med fleire andre faktorar, og det er difor svært krevjande å måle utvikling i lønsemd, produktivitet og omsetnad som følgje av tildeling av midlar. Ettersom dei fleste landbrukskundane hos IN er enkeltpersonføretak eller personkundar, er det difor ikkje tilgjengelege rekneskapstal på same måten som for aksjeselskap. Dette gjeld særleg for mottakarar av midlar til investering og bedriftsutvikling. Departementet vil i samarbeid med IN jobbe vidare for å få ei betre resultat- og effektmåling av dei bedriftsretta verkemidla som IN forvaltar på landbruksområdet.


Tilgang til investeringsverkemiddel bidreg til fornying av produksjonsapparatet i landbruket og framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) er Landbruks- og matdepartementets viktigaste verkemiddel for å fremje investeringstiltak i landbruket. Det er det stor etterspørsel etter investeringsverkemiddel, og det er nødvendig å gjere ei omfattande prioritering av prosjekta på kommunenivå for å utnytte rammene best mogleg. I overkant av 80 pst. av tilskottsmidlane går til fornying av produksjonsanlegg for tradisjonelt landbruk, dvs. knytt til delmålet om vekst i bedrifter. Ein vesentleg del av midlane som går til landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt jord- og skogbruk er knytt til delmål om fleire gründerar. Rapporten til IN om bruk av IBU-midlar for 2016 legg til grunn ein selselsetjingsvekst på om lag 461 årsverk samla for dei prosjekta det er løyvd støtte til innan tiltaksgruppene etablerartilskott, bedriftsutvikling og investeringar i andre landbruksbaserte næringar.

Utviklingsprogrammet – landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping har tiltak retta mot vekstkraftige bedrifter og forpliktande produsentsamanslutningar. Målet med programmet er å skape auka vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske og annan ny næringsverksemd basert på landbruket sine ressursar. Kundeeffektundersøkingane til IN viser at Utviklingsprogrammet i vesentleg grad er utløysande for realisering av prosjekteta. Undersøkingane viser òg at ordninga bidreg positivt til kompetanseheving og samarbeid. Ein stor del av kundane, 62 pst. av

verksemdene, opplyser at programmet har bidrege til betring i lønsemd for prosjekta, mens 88 pst. viser til at tiltaka over programmet har bidrege til auka omsetnad. Innovasjonsnivået på prosjekta ligg nokså stabilt, og er for dei fleste av verkemidla på landbruksområdet hovudsakleg knytt til innovasjon på bedriftsnivå. Det er behov for meir kunnskap om korleis programmet verkar og verknader av dei ulike tiltaka. Vekstordninga blei evaluert hausten 2016 av Oxford Research, mellom anna for å undersøkje den bedriftsøkonomiske verknaden av ordninga nærare. Evalueringa viser at vekstordninga i stor grad er avgjerande for realisering av vekstprosessen hos den enkelte og at den bidreg til betre evne til overleving, vekst og auka lønsemd for verksemdene. Ordninga for forplikande produsentsamanslutningar (bedriftsnettverk) vil bli evaluert i 2017.

Driftsgranskingane til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ei viktig kjelde til kunnskap om utvikling og lønsemd innanfor dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og

skogbruk. Av dei 908 enkeltbruka som var med i driftsgranskingane i 2015 hadde 81 pst. omsetnad knytt til anna landbruksbasert næring. Det er 1 prosentpoeng mindre enn i 2014. Prosentdelen bruk med andre landbruksbaserte næringar av vesentleg omfang var størst på Austlandet og minst i Nord-Noreg. Omsetnaden seier noko om kor høgt aktivitetsnivået i bedriftene er, men ikkje nødvendigvis noko om fortene og inntekt. 62 pst. av bruka hadde ein omsetnad på meir enn 20 000 kroner knytt til andre landbruksbaserte næringar. Gjennomsnittleg omsetnad på desse bruka var 216 400 kroner, om lag det same som for 2014. Omsetnaden auka i Agder, Rogaland og i Trøndelag frå 2014 til 2015, mens han gjekk ned i dei andre regionane, mest på Vestlandet, jf. Figur 6.2. Vestlandet har, slik figuren viser, hatt høgast omsetnad innan andre landbruksbaserte næringar i åra 2013–2015. Den høge omsetnaden på Vestlandet kjem i hovudsak av svært høg omsetnad på nokre få bruk der næringane har vore under oppbygging gjennom fleire år.



Figur 6.2 Omsetnad andre landbruksbaserte næringar, kroner per bruk. Bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar. Regionar, 2013–2015

Overskottet frå andre landbruksbaserte næringar utgjorde i gjennomsnitt 6 pst. av samla inntening på alle bruk i driftsgranskingsutvalet. Driftsoverskott per time varierer mykje mellom dei ulike næringane. Både maskinkøyring og gruppa anna tenesteyting (m.a. Inn på tunet, klauvskjæring og saueklipping) har hatt høgare driftsoverskott per time enn tradisjonelt jordbruk. For gruppene turisme og vareproduksjon er det stor variasjon

mellom år og vesentleg lågare driftsoverskott per time enn innanfor det tradisjonelle jordbruket. Driftsgranskingane viser likevel at bidraget frå desse næringane til familieøkonomien samla sett er liten. Det er krevjande å få god statistikk over utviklinga innanfor andre landbruksbaserte næringar. Departementet vil arbeide vidare med sikte på å utvikle eit betre system for resultatmåling på området.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruk og trebasert industri er ein viktig verdikjede i Noreg. I 2015 var rundt 21 000 personar sysselsette i denne verdikjeda. Rundt 6 100 av desse var sysselsette i skogbruket. I 2015 var bruttoverdien av tømmer selt til industrien på 3,4 mrd. kroner, og omsetnaden i skogindustrien var på 36,5 mrd. kroner.

Noreg eksporterte tømmer og trebaserte varer til ein verdi av 10,8 mrd. kroner i 2015, mot i underkant av 9 mrd. kroner året før. I 2015 blei det eksportert i underkant av 4 mill. m³ tømmer, ein oppgang på om lag 0,7 mill. m³ frå 2014. Eksportvolumet var fordelt på rundt 2,6 mill. m³ massevirke og 1,4 mill. m³ sagtømmer. Årsakene til auka eksport er endringar i industristrukturen i Noreg og etterspørsel etter tømmer og betalingsvilje for tømmer i marknaden.

Det blei i alt avverka 10,3 mill. m³ tømmer for sal til industrien i 2016. Dette er ein auke på

2,0 pst. frå året før. Hogsten er likevel under halvparten av den årlege nettotilveksten for all skog på om lag 26 mill. m³.

I 2016 blei det i Noreg sett ut om lag 34 mill. skogplantar. Dette er det høgaste nivået for planting på meir enn 10 år. Plantearealet auka med om lag 8 pst. frå året før. Omfanget av areal der det er utført ungskogpleie minka med om lag 4 pst. til 264 000 dekar. Det blei utført markberøing på om lag 66 600 dekar, ein reduksjon på rundt 8 pst. samanlikna med 2015.

Det blei bygd og ferdigstilt i overkant av 115 km med nye skogsbilvegar og ombygd rundt 412 km med eksisterande skogsbilvegar i 2016. Dette er ein auke på 9,5 pst. for nybygging og 23 pst. for ombygging samanlikna med 2015. I tillegg blei det bygd om lag 156 km med nye traktorvegar og om lag 68 km blei bygde om. Dette er ein nedgang for både nybygging og ombygging på rundt 6 pst. frå 2015. I alt blei det investert knapt 222 mill. kroner på skogsbilvegar og i underkant av 46 mill. kroner på traktorvegar i 2016.

7 Overordna mål: Berekraftig landbruk

Norsk landbruk forvaltar store delar av norsk natur gjennom jordbruk, skogbruk, reindrift og annan aktivitet. Landbruket skaper økonomiske verdiar, mat, trevirke og miljøgode av ulike slag. Kulturlandskapet er eit resultat av eit aktivt landbruk. For å sikre at innbyggjarane i dag og framtidige generasjonar har tilgang til nok og trygg mat, tømmer og treprodukt, energi og andre varer og tenester, må landbruket ha eit langsiktig perspektiv for vern og berekraftig bruk av areal og ressursgrunnlaget i landbruket. Gjennom berekraftig produksjon skal landbruket bidra til redusert forureining og reduserte utslepp av klimagassar, og leggje til rette for auka opptak av klimagassar og for nødvendig tilpassing av produksjonen til klimaforholda i framtida.

Vareta landbruket sitt kulturlandskap

Det er eit mål å ta vare på og utvikle landbruket sitt kulturlandskap.

I alt blei det brukt 4,2 mrd. kroner på kulturlandskapsformål i 2016. Midlane blei nytta til å hindre attgroing, halde ved like eit variert og levande kulturlandskap i heile landet, og til å ta vare på spesielle og verdifulle landskap og kulturmiljø. Ein del areal med særskilde landskapsverdiar kan takast vare på ved tradisjonell slått. Det blei gitt tilskott på 14 mill. kroner til slått av 77 000 dekar lokalt verdifulle jordbrukslandskap og 43,8 mill. kroner til skjøtsel av 346 000 dekar bratt jordbruksareal. Det blei òg gitt tilskott på i alt 505 000 kroner til skjøtsel av 1 900 særeigne landskapselement som åkerholmar, gardsdammar og store tre.

Det blei i jordbruksoppgjeret 2015 vedteke å slå saman ordningane for Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen. Ny forskrift blei gjort gjeldande frå 2017. Det var i 2016 sett av til saman 15,0 mill. kroner til ordninga, som er finansiert over Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet sine budsjett. Midlane har gått til skjøtsel av landskap med viktige miljøverdiar knytt til landskap, biologisk mangfald og kulturminne og kulturmiljø. I 2016 bad Stortinget om at ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket

skulle vidareutviklast med sikte på å auke tal område fram mot 2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet peika våren 2017 ut ti nye område basert på forslag frå Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Riksantikvaren. Prosessen er ført vidare for å utvide ordninga ytterlegare ut over dei 32 som til saman no er vald ut.

Dyrka jord er ein grunnleggjande ressurs for å kunne produsere mat og sikre matforsyninga på kort og lang sikt. Det registrerte jordbruksarealet i drift i 2016 utgjorde vel 9,8 mill. dekar. Samanlikna med 2015 viser tala ein liten nedgang på om lag 15 000 dekar.

Husdyrbeiting i utmark bidreg til skjøtsel av kulturlandskapet, til å halde utmarka ope og har samstundes ein positiv verknad på det biologiske mangfaldet. I satsingar som utvalde kulturlandskap i jordbruket, verdsarvområda og utvalde naturtypar er beiting i mange tilfelle eit viktig skjøtseltiltak. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for storfe, geit og sau på beite. I 2016 blei det gitt tilskott til i alt 2,4 mill. husdyr på utmarksbeite. I perioden frå 2000 til 2016 auka talet på beitande dyr med 4 pst. Samanlikna med 2014 auka talet med 7,3 pst.

Berekraftig bruk av og vern om landbruket sitt areal- og ressursgrunnlag

Omdisponering av areal

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa i desember 2015 og vedtok innstillinga frå næringskomiteen, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmodingsvedtak 140 fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponering av dyrka mark til 4 000 dekar og bad regjeringa sørgje for at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2016 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 6 026 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk.

Talet på dekar godkjent nydyrka mark gjekk opp med 20 pst. frå 18 139 dekar i 2015 til 21 612 dekar i 2016, og ligg på eit høgt nivå samanlikna med tala på 2000-talet. I alt blei 964 søknader

handsama i 2016. Frå og med 2007 har i gjennomsnitt 16 445 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Tiltak for å avgrense forureining

Reduksjon av vassforureininga (avrenning av næringsstoff og plantevernmiddel) er viktig for at vatn skal oppnå god, økologisk tilstand, jf. vassforskrifta. Konsentrasjonar og tap av næringsstoff frå jordbruksareal varierer mykje frå år til år grunna variasjonar i nedbør, temperatur og jordbruksdrifta. Åkerareal utan vernande plantedekke haust og vinter gir større risiko for erosjon. Årlege tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten er difor eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere vassforureininga frå jordbruket. Innsatsen er størst der vassførekomstane har eller har hatt dårleg tilstand, slik som i Østfold, Akershus, Hedmark og Oppland. I 2016 blei det gitt om lag 190 mill. kroner i tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding, vegetasjonssoner, fangdammar og hydrotekniske anlegg over ordningane Regionalt miljøprogram og Spesielle miljøtiltak i landbruket. Det har gjennom fleire år vore vektlagt å målrette innsatsen mot dei areala der det er mest viktig å gjennomføre tiltak, noko som kan ha bidrege til at redusert jordarbeiding i mindre grad blir gjennomført på lite utsette areal. Tilskott til drenering blei innført frå 2013. Godt drenert jord reduserer faren for jordpakking og utslepp av lystgass frå jordbruksjord. Oppslutninga om ordninga har vore lågare enn venta.

Salet av plantevernmiddel varierer årleg mellom anna grunna klimatiske forhold. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risikoutviklinga på kort sikt. I dei siste åra har det i hovudsak vore ei dreining mot bruk av preparat med lågare helse- og miljørisiko. Basert på omsetnad av plantevernmiddel, er berekna helserisiko for 2016 redusert til 75 pst. av 1996/97-nivå, mens berekna miljørisiko er redusert til 80 pst. av 1996/97-nivået.

Økologisk jordbruksareal og husdyrproduksjon

Økologisk areal utgjorde 446 809 dekar i 2016, om lag 4,5 pst. av det samla jordbruksarealet. Medrekna karensareal, det vil seie areal under omlegging, er delen 4,8 pst. Det var ein svak auke på 0,8 pst. i økologisk areal frå 2015 til 2016. For dei enkelte produksjonane var det ein auke innan korn, oljevekstar, grønsaker og potet. Husdyr i økologisk driftsform utgjør førebels ein liten del av det samla talet på husdyr i Noreg. Frå 2015 til 2016 var det ein auke i talet på dyr som verpehøner, storfe, gris og sau. Tal på økologisk storfe

utgjør 3,5 pst. av storfehaldet, mens sau og lam utgjør 4,6 pst.

Skogbruksplanlegging og miljøregistrering

I 2016 blei det utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 5,2 mill. dekar skog. Dette er noko meir enn året før, men fordi desse prosjekta går over fleire år, svingar tala frå år til år. Stortinget vedtok ved handsaminga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er Natur i Norge (NiN) hos Artsdatabanken som skal nyttast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å skildre variasjon i naturen med typar og eigenskapsskildringar. Dette sikrar mellom anna eit sams omgrepsapparat til nytte ved vurderingar av bruk og vern av natur. Landbruksdirektoratet starta i 2016 med å innpasse omgrepsapparatet til NiN i opplegget for Miljøregistreringar i skog (MiS).

Med bakgrunn i dei behova for tilskottsmidlar fylkesmennene melder er det grunn til å tru at kartleggingsaktiviteten vil auke framover. Det meste av det økonomisk drivverdige skogarealet i skogstroka på Sør-Austlandet er no kartlagt, og det blir starta opp nye skogbruksplanprosjekt med revisjon av miljøregistreringar frå tidlegare. Før eksisterande data blir førte vidare i nye planar, blir dei kvalitetssikra, og nøkkelbiotopar som er øydelagde av hogst eller anna, blir erstatta av nye. På Vestlandet og nordover er det framleis store område som ikkje er dekte med skogbruksplanar med miljøregistreringar, og det er starta eit arbeid for å auke innsatsen i desse områda, både med tanke på omfang og regionale tilpassingar.

Med grunnlag i dette arbeidet tek skogeigarane særlege omsyn til miljøverdiane. Det er no sett til side eit samla areal med nøkkelbiotopar på omkring 800 000 dekar. Miljøinnsatsen frå det private skogbruket sikrar god miljødokumentasjon og gode miljøomsyn i næringsverksemda, og bidreg mellom anna til å auke omfanget av frivillig vern.

Landbruket sine genressursar

Genmangfaldet innanfor landbruket er viktig for tilgangen til mat i verda. Genmangfaldet gir grunnlag for at husdyr, matplanter og skogstre skal kunne tilpassast nye og endra dyrkings- og driftsforhold, sjukdommar og nye krav til sluttprodukta. FN's berekraftsmål 2.5 forpliktar Noreg til å sikre berekraftig bruk og bevaring av husdyrrasar og plantesortar som eit tiltak for å utrydde svolt.

Av dei 39 husdyrrasane som er rekna som nasjonale i Noreg er 20 i kategorien *Kritisk truga* i 2015. Fire storferasar og tre hesterasar er mellom desse. Ytterlegare ni rasar blir rekna som *Truga*. Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. I 2016 blei det registrert ein auke i talet på dyr for alle dei nasjonale kurasane. Vestlandsk raudkolle er den einaste som har hatt ein nedgang. Også innanfor dei store avlspopulasjonane er det viktig at det er ein berekraftig populasjonsstorleik. Det er særleg innanfor norsk kvit sau, spælsau og norsk sjeviot at populasjonen er noko låg.

I 2016 var det i alt 11 bevarings- og tradisjons-sortar på den norske sortlista. Det er òg oppretta bruksgenbankar for gamle sortar innan korn og potet, der interesserte bønder kan få materiell for utprøving. Nasjonalt er det etablert 22 klonsamlingar for grønsaker, poteter, urter, frukt, bær, staudar og roser. Noreg samarbeider med dei andre nordiske landa om nordisk genbank for frø som ligg til Nordisk genressurscenter (NordGen) under Nordisk ministerråd.

I upløgde og permanente enger har viktige engvekstar fått utvikle seg over lang tid og tilpassa seg til klima og andre vekstvilkår. Dette har resultert i stor genetisk variasjon i viktige eigenskapar. I 2015 var det i alt 584 slike in situ bevaringslokaltetar med genressursar i kulturlandskap som blir haldne ved like etter skjøtselsplan og avtalar. 545 av engene inngår i Handlingsplan for slåttemark hos Miljødirektoratet. Dei andre er stort sett resultat av initiativ i fylke der ymse støtteordningar bidreg til at tradisjonell skjøtsel og drift held fram.

Innanfor skogbruket er gran det treslaget som er best karakterisert genetisk. Per 31.12.2015 var 3 176 individ utprøvd i skogplanteforedlinga på gran. Desse dannar grunnlaget for eit utval av dei beste individa for produksjon av foredla frø i frøplantasjar og neste generasjon foredlingspopulasjon, jf. målsetjingar i *Strategi for skogplanteforedling 2010–2040*. For å bevare genetiske ressursar in-situ, er det oppretta genressursreservat for skog i nokre verneområde. Desse bidreg til å sikre den potensielle tilgangen til genetisk materiale frå ulike klima og veksestadar. Det er oppretta 23 genressursreservat for skog, som omfattar 10 ulike treslag (under dette alm, ask, barlind, bøk, kristtorn, lind, sommareik, spisslønn, vintereik og gran).

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerhetslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar, og er eit norsk tiltak av stor verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygde

fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar. Ved slutten av 2016 har i alt 72 institusjonar til saman deponert meir enn 900 000 frøprøver i kvelvet. Meir enn ein tredel av alt mangfaldet av matplanter som ifølgje FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over er med dette sikra i Svalbard globale frøhvelv.

God agronomi

God agronomi vil kunne bidra til auke husdyrproduksjon og avling, og kan òg gi betre kvalitet i produksjonen. For å nå måla regjeringa set for berekraftig produksjon av nok og trygg mat er det nødvendig med auka kunnskap knytt til betre agronomi, klimatilpassingar og miljøomsyn hos den enkelte bonden og i heile apparatet rundt norsk matproduksjon. Denne kunnskapen vil òg kunne auke den landbaserte produksjonen av mat i tråd med etterspørselen frå den veksande befolkninga. Kompetanseauken på desse områda blir kombinert med auka kunnskap om korleis klimagassutslepp som følgje av matproduksjon, kan halddast så låge som mogleg.

Forskning på matområdet har hatt høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet, noko som kjem fram i forskingsløyvingane. Berekingar frå Noregs forskingsråd viser at løyvingane frå departementet retta mot matområdet har lege på det same høge nivået dei siste åra. Kvaliteten på forskinga er generelt god, og Noreg ligg i den internasjonale kunnskapsfronten på enkelte område, til dømes innanfor avl, teknologiutvikling og reduksjon av klimagassar. Gjennom løyvingar til BIO-NÆR-programmet i Noregs forskingsråd har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon og fram til forbrukar. Resultata frå forskinga skal komme til nytte både hos næringsutøvarar og forbrukarar.

God dyre- og plantehelse er avgjerande for berekraftig produksjon av trygg mat. Klimaendringar, med auka fare for introduksjon av nye skadegjerarar og sjukdommar, vil krevje ny kunnskap på dette området. Fleire prosjekt finansierte gjennom Noregs forskingsråd har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse.

Innanfor området agronomi blei det lagt vekt på utfordringane norsk jordbruk står framfor knytt til forventningane om auka matproduksjon, vidareføring av norsk sjølvbergingsgrad og landbruk i heile landet. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har

leia det tverrvitskaplege forskingsprosjektet AGROPRO – Agronomi for auka matproduksjon, finansiert av Noregs forskingsråd. Prosjektet har undersøkt agronomiens betydning for auka matproduksjon i Noreg. Døme på tema representert i prosjektet er betre jordstruktur (jordpakking), miljøeffektar av lystgassutslepp frå ulike driftssystem og betydninga av fysiske og kjemiske forhold i jorda for næringsopptaket til planter.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode klimatilpassingar

Jordbruket sitt utslepp av klimagassar var i 2015 på 4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar og utgjorde om lag 8,3 pst. av dei samla norske utsleppa. Utsleppet frå jordbruket er redusert med 5,3 pst. frå 1990 til 2015. Samstundes var det ein auke i dei nasjonale utsleppa samla sett. All matproduksjon startar med fotosyntesen. I utgangspunktet er difor alt jordbruk basert på opptak av CO₂. Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er òg opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Om lag 70 pst. av klimagassutsleppa som blir kreditert jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen, kjem av metan frå naturlege prosessar hos husdyr som storfe og sau og lystgass frå husdyrgjødsel. Færre storfe grunna auka produktivitet i mjølkeproduksjonen og redusert bruk av gjødsel, er hovudårsakene til nedgangen i utslepp frå jordbruket. Det er stor uvissheit knytt til utsleppstala for jordbruket. Ifølgje Miljødirektoratet er uvissa for berekna utslepp av metan og lystgass på høvesvis 14 og 59 pst. Det er behov for auka kunnskap om jordbruket sine moglegheiter til å redusere klimagassutsleppa, om potensialet til lagring av karbon i jord, og korleis tilpasse seg eit klima i endring. Det er difor viktig at ein i det vidare arbeidet vektlegg at produksjon av mat skal skje med lågast moglege klimagassutslepp per produsert eining.

Karbonlagring i skog og jord

I 2015 stod norske skogar for eit nettoopptak på 29 mill. tonn CO₂. Når anna areal utanom skog blir teke med, blir nettoopptaket 24,3 mill. tonn, noko som svarar til om lag halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar.

Netto karbonopptak i skog er eit resultat av differansen mellom brutto opptak i form av tilvekst og utslepp som følgje av hogst og naturleg avgang. Sidan tømmerhogsten i Noreg har vore på eit temmeleg stabilt nivå rundt 10 mill. kubikk-meter årleg, har omfanget av forynging av skog

mykje å seie for skogen sin tilvekst og karbonopptak. Planteaktiviteten i Noreg har auka dei siste åra. Den positive utviklinga har halde fram i 2016. Mykje av auken kjem av at hogsten var høg både i 2015 og 2016. I 2016 blei det planta om lag 34 mill. skogplanter, 8 pst. fleire enn i 2015. Noko av auken kan komme av at det i 2016, blei innført eit målretta tilskott til tettare planting for å betre produksjonen og dermed CO₂-opptaket i skogen.

Omfang av bruk av tre i varige konstruksjonar

Tre som bygningsmateriale har klare miljømessige fortrinn, og Noreg har store unyttede skogressursar. Bruk av tre legg grunnlaget for lokal og regional næring.

Tresatsinga til regjeringa har dei siste åra blitt forvalta av Innovasjon Noreg gjennom Trebasert innovasjonsprogram. Målet har vore auka bruk av tre og styrkt konkurransekraft i næringa. Programmet har gjennom fleire år hatt høg aktivitet og gjennom mobilisering og finansiell stønad bidrege til realisering av alt frå arkitektoniske konsept til byggprodukt og konstruksjonsmetodar. Programmet har bidrege til å utvikle det moderne trebyggjeriet slik at tre blir vurdert som eit aktuelt materiale av arkitektar, utbyggjarar, folk som utviklar eigedommar og entreprenørar. Frå budsjettåret 2017 blir midlane til Trebasert innovasjonsprogram løyvd frå Nærings- og fiskeridepartementet som ein del av satsinga på bioøkonomi. Landbruks- og matdepartementet har framleis ein fagleg dialog med Innovasjon Noreg om programmet.

Produksjon og bruk av bioenergi

Landbrukssektoren er leverandør av råstoff til bioenergi til andre sektorar og til intern bruk i næringa. Landbruks- og matdepartementet bidreg til auka produksjon og bruk av bioenergi, og dei seinare åra er det opna for å kombinere bioenergi med solvarme. Frå 2018 får Bioenergiprogrammet namnet Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket. Programmet gir mellom anna støtte til investering i gardsvarmeanlegg og anlegg for sal av biovarme og kombinerte anlegg for bio- og solenergi; både kraft og varme. Programmet bidreg såleis til meir miljøvennlege energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar. Breidda i programmet vil framover gjere det mogleg for gardsbruk å bli sjølvforsynte med energi. I 2016 blei det gitt støtte til 132 prosjekt over programmet, noko færre enn i 2015. I programmet si levetid er det i alt etablert over 1 615

gardsvarmeanlegg, 33 anlegg i veksthus og 199 varmesalsanlegg med ein samla planlagd energi-produksjon på 384 GWh.

Utvikling av småskala biogassanlegg for gardsbruk har òg vore eit prioritert område innanfor programmet. Denne satsinga blir koordinert med regjeringa sin biogasstrategi som ligg under

Klima- og miljødepartementets ansvarsområde. I ein tidleg fase vil det bli etablert pilotanlegg for kombinert handsaming av husdyrgjødsel og anna biologisk avfall. Eit anna utviklingsområde for programmet er produksjon av biokull som sideprodukt til bioenergi. Dersom dette blir vellukka vil det kunne gi ein klimavinst for jordbruket.

8 Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Landbruks- og matdepartementet har samfunnsoppgåver som er viktige for enkeltmenneske og næringsliv over heile landet. Forvaltninga skal vere organisert slik at ho har god gjennomføringskraft, løyser sentrale oppgåver effektivt med god kvalitet og legg til rette for auka verdiskaping i næringslivet.

Landbruks- og matforvaltninga har ein desentralisert struktur med arbeidsplassar over heile landet. Oppgåveløysinga er fordelt mellom nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Departementet har fire underliggjande verksemder. Direktorats- og tilsynsoppgåver er lagt til Mattilsynet og Landbruksdirektoratet, mens forskingsinstitutta Veterinærinstituttet (VI) og Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er organiserte som forvaltningsorgan med særskild fullmakt, jf. nærare omtale under kat. 15.10, 15.20 og 15.30. Sjå òg omtale av utviklinga av støtteordningar, reguleringar og forvaltningsorgan under overskrifta *Fornye, forenkle og forbedre* i del 4.

I tillegg til departementet sine underliggjande verksemder har både fylkesmannsembeta, fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og kommunane sentrale roller og oppgåver i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken regionalt og lokalt.

Fylkesmannen er statleg styresmakt på landbruks- og matområdet regionalt, og har ansvar for å følgje opp nasjonale vedtak, mål og retningslinjer innanfor landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannen er eit viktig bindeledd mellom staten og kommunane i gjennomføringa av den nasjonale landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannen er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet, mens Landbruks- og matdepartementet har det faglege ansvaret for arbeidet til embeta på landbruks- og matområdet.

Fylkeskommunane har som regional nærings- og samfunnsutviklar ansvar for oppgåver innanfor verdiskaping, klima, samfunnsplanlegging, rekruttering og kompetanseheving i landbruket, og skal bidra til gode koplingar mellom landbruk og det regionale plan- og utviklingsarbeidet.

Innovasjon Noreg forvaltar midlar til investering og bedriftsutvikling og anna programstøtte til både tradisjonelt landbruk og andre landbruksba-

serte næringar. Innovasjon Noreg er organisert som eit særlovsselskap, og er eigd av staten ved Nærings- og fiskeridepartementet og fylkeskommunane i fellesskap. Selskapet utfører tenester for Landbruks- og matdepartementet med bakgrunn i dei føringane som blir gitt i det årlege oppdragsbrevet frå departementet.

Kommunane er førstelinje for forvaltninga av dei fleste økonomiske og juridiske verkemidla i landbruket, og er saksførebuande organ for Innovasjon Noreg på landbruks- og matområdet. Oppgåvene blir finansierte gjennom inntektssystemet for kommunane.

Ei enkel og brukarvennleg forvaltning med god kvalitet

Regjeringa vil oppnå ein mest mogleg effektiv bruk av ressursane i samfunnet. I forvaltningsarbeidet er det viktig at dei landbruks- og matpolitiske verkemidla blir utvikla på ein slik måte at dei er enkle å bruke for næringsdrivande, forvaltninga og samfunnet elles.

Ei mindre, reorganisert og betre styrt landbruks- og matforvaltning

Landbruks- og matforvaltninga er representert over heile landet og i alle fylke. Tabell 8.1 viser at det samla talet på årsverk i den delen av den statlege landbruks- og matforvaltninga som får heile inntekta si frå statlege løyvingar har blitt redusert med om lag 5 pst. (100 årsverk) i perioden 2013–2017. Av desse har Mattilsynet stått for ein reduksjon på 72 årsverk. Tek ein omsyn til at det regionale nivået i reindriftsforvaltninga blei flytta frå Landbruksdirektoratet (den gong Statens reindriftsforvaltning) til fylkesmannsembeta i 2014, har det òg blitt ein reell reduksjon hos Fylkesmannen. Veterinærinstituttet og NIBIO er ikkje tekne med i årsverkoversikta. Desse verksemdene hentar delar av inntekta si frå oppdrag i marknaden, og er difor ikkje direkte samanliknbare, jf. òg omtale av institutta under kap. 1137, post 51.

I denne stortingsperioden har regjeringa forenkla sjølve organisasjonsstrukturen i landbruksforvaltninga ved å redusere talet på verksemder

under Landbruks- og matdepartementet frå sju til fire. Talet på nivå og regionar i Mattilsynet er òg redusert, jf. omtale i del 4.

Tabell 8.1 Årsverk i den statlege landbruks- og matforvaltninga

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	Endring i pst. 2012–2017
Landbruks- og matdepartementet	148	144	148	145	138	139	-6,1
Mattilsynet	1 328	1 329	1 319	1 281	1 257	1255	-5,5
Landbruksdirektoratet ¹	243	243	217	218	214	216	-11,1
Fylkesmannen ¹	326	322	346	343	332	328	0,6
Sum	2 045	2 038	2 030	1 987	1 941	1 938	-5,2

¹ Det regionale nivået i reindriftsforvaltninga blei 1.1.2014 flytta frå Statens reindriftsforvaltning (SRF) til fylkesmannsembeta. I tabellen gir det ein reduksjon hos Landbruksdirektoratet og ein auke på 32 årsverk hos Fylkesmannen i 2014.

Kjelde: Årsrapporter for Landbruks- og matdepartementet, Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og Fylkesmannen. I tillegg er data særskild innhenta frå Fylkesmannen om talet på årsverk knytt til det regionale nivået i reindriftsforvaltninga.

Meir effektiv drift og betre utnytting av ressursane ligg til grunn for styringa av dei fire forvaltningsorgana under Landbruks- og matdepartementet. Departementet har delegert mykje av gjennomføringa av politikk til underliggjande verksemder. For å oppnå ei mest mogleg effektiv styring og leiing av dei underliggjande verksemdene er departementet oppteke av å gi klare mål og tydelege prioriteringar i styringsdialogen samstundes som verksemdene skal ha nok fridom til å utøve oppgåvene sine.

Departementet har utarbeidd mål for sektoren som blir lagt til grunn for styringa av dei underliggjande verksemdene. Desse måla er reviderte i tråd med Stortinget si handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* og Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift – Lang tradisjon – unike muligheter*. Resultatindikatorane som departementet har identifisert og teke i bruk gir verdifull informasjon om resultatoppnåinga i sektoren, men må oftast supplerast med kvalitative analysar. Landbruks- og matdepartementet har i samarbeid med Nærings- og fiskeridepartementet og Veterinærinstituttet fastsett nye mål og resultatindikatorar for Veterinærinstituttet frå 2018. Desse tydeleggjer Veterinærinstituttets oppgåver og samfunnsoppdrag, og bidreg til meir strategisk og overordna styring av verksemda.

Digitalisering er viktig i moderniseringa

Digitalisering av offentlege tenester og interne arbeidsprosessar er viktig for å modernisere, forenkla og forbetre forvaltninga. Verksemdene i landbruks- og matforvaltninga skal tilby fleire og meir brukarretta digitale tenester. Digitale tenester bidreg til å gi ein enklare kvardag for innbyggjarar og næringsdrivande, samstundes som dei legg til rette for at stat og kommune kan løyse oppgåvene meir effektivt. Digitale tenester skal bidra til å skape grunnlag for verdiskaping, kvalitet i offentlege tenester, demokratisk deltaking og inkludering. Verksemdene skal arbeide for at digital kommunikasjon skal vere hovudregelen for kontakt med forvaltninga.

Mattilsynet

Mattilsynet har som mål at digitale løysningar skal støtte arbeidsprosessane og bidra til raskare og betre oppgaveløysing. Mattilsynet vil at privatpersoner og verksemder primært skal kommunisere digitalt med tilsynet.

Tilsynssystemet (MATS) står sentralt i arbeidet til verksemda. Systemet skal leggje til rette for at brukarar får løyst oppgåvene sine i systemet på enklast mogleg vis. Det er difor lagt ned mykje arbeid i å identifisere og eliminere ulike tidstjuvar for å gjere systemet meir brukarvennleg og effektivt.

Mattilsynet har gjennom 2016 halde fram med vidareutviklinga av MATS. Mellom anna med omsyn til utferding av eksportdokument, rapportering frå ulike delar av næringa og vidareutvikling av register. I tillegg har Mattilsynet teke i bruk ei ny mobil løysing for smilefjestsyn på serveringsstader. Dette fører til at verksemda får respons direkte, og resultatata blir automatisk publiserte på matportalen.no.

NIBIO

NIBIO utviklar IKT-løysingar som forenkla, fornyar og forbetrar arbeidsprosessar mellom offentlege og private aktørar i jordbruk, skogbruk og reindrift. Gjennom NIBIOs *Gardskart på internett* har landbruksforvaltninga på kommunalt og regionalt nivå fått ein forenkla tilgang til informasjon knytt til arealressursar og arealtal gjennom kart og statistikk. Talet på brukarar har auka kvart år, og tenesta hadde 2,2 millionar oppslag i 2016.

Landbruksdirektoratet

Eitt av måla til Landbruksdirektoratet er å tilby elektroniske tenester som er enkle og effektive for brukarane, og som skal gi mest mogleg effektiv og korrekt forvaltning. I tillegg er det viktig med høg informasjonstryggleik og data av god kvalitet.

Dei største forvaltningsområda til direktoratet er i all hovudsak digitalisert. Direktoratet er for fleire område i gang med å etablere andre generasjon webløysingar.

Landbruksdirektoratet har i 2016 drive eit omfattande IKT-utviklingsarbeid. Ny naturskadeerstatningslov tok til å gjelde frå 1.1.2017, og samstundes blei ei ny IKT-løysing teken i bruk. Ei ny IKT-løysing for produksjonstilskott var på plass våren 2017.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet har tidligare etablert elektronisk prøveinnsending for prøver frå fisk. Systemet har blitt utvida i 2017, slik at det no òg omfattar landdyrprøver. Løysinga mogleggjer mellom anna sporing av prøver, prøvesvar og interaktive kart.

Veterinærinstituttets system for å leggje prøvesvar direkte på web, blei vesentleg utvida i 2016. Saman med andre effektiviseringstiltak knytte til rutinar for svar, fører dette til at færre prøvesvar blir sendt med post.

Ei brukarvennleg forvaltning kommuniserer med omverda

For at forvaltninga skal komme brukarane til nytte, arbeider Landbruks- og matdepartementet for offentleg merksemd om landbruks- og matpolitiske spørsmål og problemstillingar. Ny kunnskap og informasjon på aktuelle saksområde skal raskt gjerast lett tilgjengeleg, mellom anna på nettsidene til departementet og i eit tett samarbeid med dei underliggjande verksemdene til departementet. Departementet er aktivt på og arbeider kontinuerleg for å vidareutvikle ulike kanalar for kommunikasjon, mellom anna på nettsida www.regjeringen.no/lmd. Kvar dag får nær 6 000 abonnentar på departementet si nyhendete neste informasjon frå fag- og politikkområdet. Dette er ein vesentleg del av innsatsen for å presentere informasjon som skaper interesse, har høg truverde og aukar kunnskapen om landbruks- og matpolitikken. Saker på høyring og offentleg postjournal blir presenterte på nettsida til departementet. Dette gir allmenta høve til å få informasjon og kunnskap om det arbeidet som skjer i departementet.

Gode system for samfunnstryggleik og beredskap

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor. Ansvarer er hovudsakleg knytt til matproduksjon og matsikkerheit, sjå omtale under kat. 15.10 og kap. 1115.

Landbruks- og matdepartementet er førebudd på å møte kriser i eigen sektor og på å gi bistand til andre departement i sektorovergripande kriser. Viktige element i departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er å sikre personell og kritisk infrastruktur og å redusere sjansane for at uønskte hendingar inntreff. Departementet og underliggjande verksemdar skal i størst mogleg grad kunne drive verksemda vidare, uavhengig av om eventuelle uønskte hendingar og kriser skulle inntreffe. Departementet er oppteke av at arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal vere sporbart og integrert i departementet sitt planverk, styringssystem og i styringsdialogen med underliggjande verksemdar.

Departementet legg vekt på høg leiarmerksemd i styringa av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Ein overordna analyse av risiko- og sårbarheit inngår i departementet sitt arbeid med tryggleik og beredskap. I styringsdialogen med

underliggjande verksemdar får arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap systematisk merksemd, mellom anna gjennom formidling av krav til områda i tildelingsbrev og i verksemdsinstruksane, og i den ordinære styringsdialogen.

Departementet øver regelmessig innanfor eige ansvarsområde, og deltek òg i tverrsektorielle øvingar. I 2016 gjennomførte/deltok departementet i åtte øvingar.

Mattilsynet gjennomførte i 2016 inga nasjonale øvingar. Regionane har på si side arrangert seks beredskapsøvingar der Mattilsynets hovudkontor er blitt trekt med for å auke læringa frå øvinga mest mogleg. Mattilsynet har òg arbeidd med opplæring innan beredskap i samarbeid med andre, og saman med Strålevernet arrangerte dei seminaret *En jobb å gjøre – kommunikasjon ved*

atomhendelser. Mattilsynet har òg kjøpt det nettbaserte programverktøyet Crises Information Management (CIM) som skal sikre betre loggføring, kommunikasjonsflyt og situasjonsforståing i alle ledd.

Landbruksdirektoratet har viktige oppgåver innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Dette omfattar handtering av hendingar og kriser innanfor matforsyning, skog, natur- og avlingsskadar. Beredskapsplanverket skal sørge for at Landbruksdirektoratet er i stand til å halde oppe funksjonane sine i ein krisesituasjon. Verksemda nyttar i stor grad IKT i forvaltninga, og ein viktig del av beredskapsplanverket er tiltak for å kunne handtere kritiske hendingar på IKT-området. Direktoratet gjennomførte i 2016 ei øving om mat-sikkerheit og ei øving i kriseadministrasjon.

9 Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til at hovudmåla i landbruks- og matpolitikken blir nådde

Forsking og forskingsbasert innovasjon er viktig for å nå hovudmåla i norsk landbruks- og matpolitikk – matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Regjeringa legg difor til rette for ein kontinuerleg høg kunnskapsproduksjon. I denne rapporteringa vil innsats og resultat på utvalde område bli omtalt innanfor dei tre delmåla for landbruks- og matforskinga:

- Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon
- Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning
- Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon

Løyvingane til forsking og innovasjon skal bli brukt mest mogleg målretta for å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken.

Gjennom løyvingar til forsking og innovasjon har Landbruks- og matdepartementet støtta opp under nærings- og forvaltningsretta forsking knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon til forbrukar – og bidrege til å leggje grunnlaget for auka innovasjon og konkurransekraft i næringa.

Nok og trygg mat

Forsking på matområdet har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet. Mange prosjekt på område som dyrehelse, dyrevelferd og antibiotikaresistens er ein god basis for å halde ved like Noreg sin gode posisjon når det gjeld mattryggleik. For å sikre at maten som kjem fram til forbrukar er trygg, er det avgjerande å sjå heile verdikjeda under eitt. Det er mange gode prosjekt innanfor planteproduksjon, husdyrhald og næringsmiddelindustri som er med på å sikre nok og trygg mat.

Løyvingar frå departementet finansierer store nasjonale forskarprosjekt, innovasjonsprosjekt i næringslivet og norsk deltaking i europeiske

forskarnettverk. Mellom anna skal det undersøkast korleis moglegheiter og utfordringar knytt til forbe- tra agronomisk praksis kan bidra til auka og berekraftig matproduksjon i Noreg. Det blir òg forska på integrert plantevern, og i 2016 starta eit stort prosjekt for å skaffe forskingsbasert kunnskap om berekraftige, lukka produksjonssystem for grønsaker i veksthus. Midlar frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og Forskingsmidlar over jordbruksavtalen blir òg nytta til forsking innanfor både matsikkerheit og mattryggleik.

Boks 9.1

NOFIMA har bidrege til eit prosjekt leia av Norsk Matbygg SA for å auke bruken av bygg til mat i Noreg, og på same tid bidra positivt til berekraftig utvikling av nasjonal folkehelse. Fram til i dag har nær all bygg dyrka i Noreg blitt brukt til dyrefôr. Byggsortar som er robuste, resistente mot sjukdom, har god matkvalitet og høgt innhald av betaglukan er for- edla fram. Betaglukan er dokumentert å ha gunstig påverknad på kolesterol, blodsukker og førekomsten av hjarte- og karsjukdommar. Det er spesiallaga ei mølle som produserer ulike fraksjonar av mjøl, og kornet blir no dyrka av over 50 produsentar i Østfold og Akershus. Bygget er lansert under namnet *Gullbygg*, og det er framstilt over 10 ulike produkt i Gullbyggserien. Produkta er no å få kjøpt over heile landet.

Forskarprosjektet iProsess, leia av SINTEF Fiskeri og havbruk, skal utvikle nye konsept og metodar for berekraftig verdiskaping i matproduksjon, både for marin- og landbaserte matprodukt. Sentralt står utvikling av prosessinnovasjonar, konsept og forretningsmodellar for betre utnytting av råstoff og reststoff for å auke lønsemda og redusere avfallsmengda. Innanfor husdyrproduksjon og dyrehelse står prosjektet Feed-

Mileage ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) sentralt. Målet er å gjere husdyra meir robuste, slik at dei i større grad kan nyttiggjere seg lokale fôrressursar, mellom anna gjennom avl for auka føreffektivitet. Innanfor temaet antibiotikaresistens, velferd hos svin og arbeid for å optimalisere velferd og produksjon av kylling, blir det gjennomført forskning i samarbeid med europeiske nettverk.

Forskning innan dyre- og plantehelse kan ha stor innverknad på og grenseflater mot mattryggleik, og dette er område som bør bli sett i samanheng. Fleire prosjekt, finansiert gjennom Noregs forskingsråd, har støtta opp under forskning for å sikre god dyre- og plantehelse. Dei siste åra er det utvikla mykje ny kunnskap om plantesjukdommar, sortsutvikling og klimatilpassing, til dømes korleis vintertoleranse blir utvikla i plantane.

Boks 9.2

Ernæringsstyresmaktene vil at inntaket av tilsett sukker i matvarer skal reduserast. TINE har gjennomført eit prosjekt for å redusere sukkerinnhaldet i yoghurt. Yoghurt blir produsert ved styrt fermentering av mjølk ved bruk av mjølkesyrebakteriar, og har tradisjonelt blitt tilsett ein del sukker. Mjølkesyrebakteriar tek opp og spaltar ein viss del av laktosen (mjølkesukkeret) i mjølka til glukose og galaktose. Glukose og galaktose gir meir søt smak enn laktose, og målet er å auke den delen av laktosen som blir spalta til glukose og galaktose ved å bruke utvalde bakteriestammar med høg laktaseaktivitet. TINE har søkt patent på metoden.

Auka verdiskaping

Forskning skal bidra til auka verdiskaping i landbruks- og matsektoren. Landbruks- og matdepartementet bidreg til å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor i heile landet ved å stimulere næringane i sektoren til å forske meir og til å nytte seg av andre si forskning, både nasjonalt og internasjonalt. Departementet har innretta forskingsmidlane slik at dei støttar opp under innovasjonsaktivitetar i næringane gjennom tydelege forskingsprioriteringar i verdikjeda og god dialog med aktørar som kan finansiere forskinga.

Mange av verdikjedene innanfor matområdet har liten tradisjon for eiga forskning. Ei årsak er strukturen i primærnæringane med mange mindre føretak og stor geografisk spreining. Offentleg finansiering av forskning er difor svært viktig, og næringsretta forskingsinnsats innan landbruksnæringa blir finansiert gjennom mellom anna Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (FFL).

Brukarstyrt og innovasjonsorientert forskning har høg prioritet. Stor forskingsaktivitet er ein føresetnad for å halde oppe og styrkje konkurranseevna i skog- og næringsmiddelindustrien. Brukarstyrt innovasjonsarena (BIA), tematisk innretta program som BIONÆR og store program som ENERGIX er viktige verkemiddel for å mobilisere næringslivet til å investere meir i FoU. Det er òg lagt vekt på å betre forskings- og innovasjonssamarbeidet mellom blå og grøn sektor. Nofima AS har ein viktig funksjon i arbeidet med å hente ut synergjar frå eit slikt samarbeid.

Boks 9.3

NIBIO har leia forskingsprosjektet AGROPRO – Agronomi for auka matproduksjon, finansiert av Noregs forskingsråd. Trass betre kornsortar har ikkje avlingane auka så mykje som venta. AGROPRO har vist at ein finn mykje av årsaka i jorda. Dårleg jordstruktur som følgje av jordpakking er ei viktig årsak. Mangel på vekstskifte er ei anna, og dette er vist å ha større verdi enn ein tidlegare har trudd. For kornproduksjon har graseng i omløpet vist seg å ha ei svært positiv verknad. Enkeltresultat viser over 30 pst. meiravling. Langvarige forsøk viser òg at kombinasjonen korn/gras gir betre jordstruktur med auka moldinnhald. Eng i omløpet bidreg òg til å redusere CO₂-utslepp. Samstundes er vekstskifte det viktigaste preventive verkemiddelet mot fleire plantesjukdommar og nematoder.

Bruken av ressursar på forskning i næringsmiddelindustrien har auka dei siste åra. Mange nye innovasjonsprosjekt er sette i gang, og mykje av forskings- og utviklingsinnsatsen går til å betre mattryggleiken gjennom auka kompetanse og kunnskap, produktivitetssauke gjennom betre lagring, kvalitetsheving og betre produkt gjennom prosessoptimalisering og hygieniske tiltak. Betre

utnytting av råstoff og utnytting av restråstoff er òg tema som blir undersøkt. Næringsmiddelindustrien har blitt involvert i fleire av prosjekta på matområdet. Samarbeidet mellom næringsmiddelindustrien og forskingsmiljøa er såleis styrkt, og fleire bedrifter har innført ny teknologi basert på dei forskingsresultata som er komme fram av samarbeidet. Samarbeid og forskingsbasert innovasjon er viktig for å auke konkurransekräften i næringsmiddelindustrien.

Boks 9.4

Tre er eit fornybart bygningsmateriale som bidreg til å binde karbon. I tillegg til at tre er miljøvennleg, skaper uttak og foredling av tømmeret frå norske skogar arbeidsplassar og gir verdiskaping i mange av landets kommunar. Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet er gjennom BIONÆR tildelt prosjektmidlar til prosjektet *Tekniske løysningar for urbant trebyggeri*. Forskarprosjektet skal løyse tekniske utfordringar knytt til å byggje moderne trebygg i 5–10 etasjar. Den gjeldande praksisen med bærnde veggjar eller støttebjelkar for å styrkje trebygningen sin stabilitet, blir sett på som eit hinder for å kunne utvide bruken av trekonstruksjonar i moderne bygg. Ved å utvikle betre samanføyingar i trekonstruksjonar vil det vere mogleg å konstruere rammeverk i tre som kan tillate større golvbredde. Det opnar opp for bygningar med eit breiare sett av arkitektoniske løysingar. Prosjektet har klare mål om å utvikle konkurransedyktige system for trebygg i fleire etasjar. Samarbeidspartnarar er mellom anna Moelven Limtre AS, Sweco Norge AS, Eggen Arkitekter AS og Løvseth + Partner AS.

Forskningsprogramma BIONÆR og ENERGIX følgjer opp overordna politiske føringar for å levere kunnskap om skog- og trebasert næringsverksemd. Det blir arbeidd målretta med å etablere store tverrfaglege prosjekt som analyserer kva rolle skogen har i klimasamanheng. Dette arbeidet dekkjer heile livsløpet, frå etablering, skjøtsel og avverking, til livsløpsanalysar innanfor verdikjeda tremekanisk industri, papirindustri og bioenergi. Det er eit komplekst samspel mellom primærproduksjon, høsting og bruken av trebaserte produkt i samfunnet. Dette gjer tverrfaglege tilnærmingar og eit tett samarbeid mellom næringsliv, forskning

og forvaltning heilt nødvendig. Ei utfordring for forskinga er å bidra med kunnskap til arbeidet med å balansere auka innsats for klimatiltak i skog, økonomisk avkastning i skogbruket, og omsyn til miljø og biologisk mangfald.

Berekraftig landbruk

Regjeringa vil stimulere til auka matproduksjon mellom anna av omsyn til norske forbrukarar og beredskap. Samstundes er omsynet til miljø og klima viktig. For å nå dette målet er det avgjerande at dei ressursane vi rår over blir utnyttja på best mogleg måte. Avlsarbeid for størst mogleg produksjon av friske og sunne dyr og sortutvikling som sikrar eit plantemateriale tilpassa klimaforholda, vil vere viktig i denne samanhengen. Løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet finansierer fleire prosjekt på dette området, og fleire av prosjekta har brei medverknad frå brukarar. Norsk avlsarbeid er leiande internasjonalt, og kan by på store moglegheiter for samarbeid innanfor forskning og næring. Det er til dømes sett på modellar for avlsframgang og utvikla ein ny metodikk for å inkludere nye eigenskapar i avlsmåla. Avlsorganisasjonane innanfor alle husdyrartar deltok i prosjektet. Kunnskap som sikrar berekraftig og klimatilpassa produksjon av mat, som kunnskap knytt til betre agronomi, vil få endå større plass i tida framover.

Boks 9.5

Etter initiativ frå Finnmark Rein AS har NIBIO, Veterinærinstituttet, Nofima, NINA og UiT gjennomført eit prosjekt for å utforme velferdsindikatorar som reindrifstøvarane sjølve kan bruke til eigenkontroll og dokumentasjon av god drift i reinflokken gjennom året. Velferdsindikatorane er eit utval enkle, målbare faktorar eller tilstandar ved dyret og/eller drifta. Det er utarbeidd eit skjema med spørsmål som omfattar dei føreslåtte velferdsindikatorane. Spørsmåla omhandlar beitekvalitet, tilsynsfrekvens, flokkstruktur, kalvingsprosent, tap, parasittbehandling, føring/vatning, individkontroll, beredskapsplaner, handtering av dyra i gjerde, utforming av gjerde og lasteramper, lasting av dyr, transportforhold og slaktedata.

Produksjon og bruk av fornybar energi er ein viktig del av bidraget frå landbruket til å redusere utslépp av klimagassar. Hovudsatsinga på energiforskning skjer gjennom programmet ENERGIX, som er Noregs forskingsråd sitt store program innanfor miljøvennleg energi. Prosjekta er i hovudsak retta mot utvikling av nye og meir effektive konverteringsprosessar frå råstoff til energi, medrekna både varme og elektrisk straum. Innanfor bioenergiforskinga har områda miljø og klima, hausting av skog til produksjon av varme og drivstoff, og biogass frå husdyrgjødsel og matavfall vore sentrale område for departementet.

Næringslivet si deltaking i forskingsprosjekt på departementet sitt område

Landbruks- og matforskinga skal bidra til å stimulere forskingsinnsatsen i næringslivet og til at næringslivet i større grad nyttiggjer seg av forskingsbasert kunnskap. Midlane til forskning frå Landbruks- og matdepartementet går i stor grad til næringsretta prosjekt med krav til medverknad frå næringa. Ein stor del av prosjekta krev òg medfinansiering frå næringslivet. Krav om medverknad frå næringa bidreg til meir relevant og løysingsorientert forskning når det gjeld problemstillingar i landbruks- og matnæringa.

Forskringsrådet sitt program Verkemiddel for regional innovasjon (VRI) var ei tiårig satsing som blei avslutta i 2016. VRI-programmet var retta mot meir forskning i næringslivet, og skulle stimulere til auka samarbeid med regionale partnerskap, FoU-miljø og andre relevante utviklingsaktørar. Målet var å styrkje læring, innovasjon og verdiskaping i føretak med liten FoU-erfaring. Auka merksemd på erfarings- og kunnskapsutveksling mellom regionalt og nasjonalt nivå har ført til ein tett samarbeidsstruktur mellom dei regionale representantane og dei sentrale næringsretta programma i Forskringsrådet. Programmet blei i 2017 avløyst av Forskringsbasert innovasjon i regionane (FORREGION), som har som mål å auke verdiskapinga, konkurransekrafta og omstillingsevna i heile landet.

SkatteFUNN er ei skattefrådragsordning, og har ingen direkte løyvingar frå departementa. Ordninga er likevel eit viktig verkemiddel for innovasjon og verdiskaping i næringslivet. Aktiviteten ligg på eit høgt nivå, særskild på områda jordbruk og mat, og har auka dei siste åra. Aktiviteten indikerer at dette er eit treffande verkemiddel for innovasjon i landbruks- og matsektoren.

Internasjonal forskingsaktivitet

Dei norske forskingsinstitutta har eit stort internasjonalt engasjement. Norsk landbruks- og matforskning er mellom anna godt representert i internasjonalt samarbeid gjennom ulike European Research Area-nett (ERA-NET) og fellesprogram (JPI, Joint Programming Initiatives).

EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, har opna for auka deltaking frå norske landbruks- og matforskingmiljø. Mellom anna er spørsmål knytt til matsikkerheit og klima særdeles aktuelle forskingsområde i Horisont 2020. Internasjonalt forskingssamarbeid på desse områda er viktig for å løyse globale utfordringar, for å heve kvaliteten og fornye norsk forskning og for å kunne forstå og nytte forskingsresultat frå andre land. Samarbeid er i tillegg nødvendig for at Noreg skal kunne ta sin del av ansvaret for den internasjonale kunnskapsoppbygginga på sentrale område. Det er viktig å leggje til rette for best mogleg utnytting av samarbeidet.

Horisont 2020 har ei sterk kopling mot dei ulike fellesprogramma (JPI, Joint Programming Initiatives). På landbruks- og matområdet er det sett i gang to JPI'ar. Av desse er éin knytt til landbruk, matsikkerheit og klimaforandringar (JPI-FACCE, Agriculture, Food security and Climate change), og éin til området mat og helse (JPI – A healthy diet for a healthy life). Det internasjonale samarbeidet gjennom JPI FACCE og ANIHW (Animal Health and Welfare) har trygg og nok mat, dyrehelse og dyrevelferd, inkludert antibiotikaresistens, som sentrale tema.

Norske forskarar hevdar seg godt i konkurransen med andre land, og har så langt komme med i kvart tredje prosjekt som er finansiert innanfor landbruk, mat og grøn bioøkonomi i Horisont 2020.

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Som grunnlag for innovasjon og utvikling er det viktig å få ei god spreiding av relevant kunnskap frå universitet og institutt. For å få dette til må det leggjast til rette for at fleire aktørar saman kan bidra i formulering av kunnskapsbehov og finansiering.

Effektiv kommunikasjon og formidling av forskingsbasert kunnskap på landbruks- og matområdet er ei viktig oppgåve for institutta. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Bygdeforskning, og Veterinærinstituttet (VI) publiserer og formidlar mykje av forskinga si òg utanfor dei vitenskaplege kanalane.

Det samla talet på publikasjonspoeng per forskarårsverk auka frå 2014 til 2015 for alle tre institutta, men noko av årsaka til auken kan ha å gjere med ny berekningsmodell. Frå 2015 til 2016 var det mindre endringar i denne indikatoren, og alle tre institutta ligg på et tilfredsstillande nivå på denne indikatoren. Den populærvitskaplege formidlinga var stor for alle institutta òg i 2016, med mange aviskronikkar, intervju og foredrag. Det er høgt fagleg nivå hos forskarane, og delen av tilsette med doktorgrad per forskarårsverk auka frå 2014 til 2015 og har halde seg stabil eller gjekk noko ned frå 2015 til 2016. Framleis scorar dei landbruksfaglege forskingsinstitutta høgare på denne indikatoren enn instituttsektoren sett under eitt.

Institutta har ein høg del forskarar med doktorgradsutdanning, og i 2015 og 2016 blei det til saman avlagt 24 doktorgrader ved institutta. Doktorgradsutdanning er viktig for rekrutteringa til institutta, men òg for næringsliv og forvaltning som har behov for høg kompetanse på viktige fagområde.

Søking til yrkesfag og høgare utdanning i landbruks- og matfaga

God rekruttering av fagpersonar med rett kompetanse er viktig for å sikre eit sterkt landbruk og ein sterk matindustri.

Søkjartalet til yrkesfag i naturbruk i vidaregåande skolar er låg, men har hatt ein klar auke dei siste par åra. Dei fylkeskommunale skolane hadde ein auke på 15 pst. frå 2015 til 2016 på naturbruk vg1. Søkjartala for 2017 viser ein ytterlegare auke på 11 pst. Dette var den høgaste prosentvise auken av alle programfaga i vidaregåande skole i år. Den positive tendensen gjeld òg dei private skolane.

Både styresmaktene og industrien sjølv er tydelege på at rekruttering til matfagleg utdanning til industrien er ei utfordring. Det er for få søkjarar som etter vg1 restaurant- og matfag går vidare til vg2 matfag som skal gi fagarbeidarar som matindustrien treng. Dei fleste innan restaurant- og matfag søker vidare på vg2 kokk og servertør.

Søkjartala til universitets- og høgskolestudiar i produksjonsretta landbruksfag viser òg i 2017 ein auke frå året før. Både Nord universitet, Høgskolen i Innlandet og Noregs miljø- og biovitskaplege universitet (NMBU) opplevde ein auke i talet på førstevalssøkjarar. Samla var auken på 14 pst. frå 2016 for dei tre institusjonane, mens faget husdyrvitskap ved NMBU

utmerka seg med en auke på 60 pst. Like fullt er det framleis behov for auka rekruttering til fleire av landbruksstudia.

Overgangen til eit grønt samfunn med ein effektiv bioøkonomi fordrar eit breitt spekter av fagkompetanse, både innanfor og utanfor det som kan definerast som biobaserte fag. For at landbrukssektoren skal vere ein del av løysinga på klimautfordringane er det difor òg nødvendig å sikre kompetanse innanfor andre relevante fag. Talet på førstegangssøkjarar til matvitskap, biologi, bioteknologi, fornybar energi og økologi og naturforvaltning auka med til saman 11 pst. frå 2016.

Søking til etter- og vidareutdanning

Rapportane frå fylkeskommunane på bruken av midlar over jordbruksavtalen til rekruttering, likestilling og kompetanse viser at desse midlane utløyser stor aktivitet i etter- og vidareutdanning som gir kompetanse dei næringsdrivande i landbruket treng. Etterspørselen er særleg knytt til praktisk retta kompetansetiltak for dei som er på veg inn i landbruksnæringa.

Rekruttering til næringsliv og forskning

Rekruttering, både til næringa og til forskingsmiljøa, representerer ei stor utfordring for å sikre forskingskvaliteten i framtida. For å oppnå auka rekruttering må det stimulerast til auka samarbeid både internt i sektoren og på tvers av sektorane. Studenttala innanfor dei tradisjonelle landbruksfaga har auka dei seinaste åra, noko som er viktig for å sikre rekruttering òg til forskarutdanning.

Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Ein økonomisk solid instituttsektor er ein viktig føresetnad for at ein når hovudmåla i landbruks- og matpolitikken. Dei tre landbruksfaglege forskingsinstitutta – NIBIO, Veterinærinstituttet og Norsk senter for bygdeforskning – omsette i 2016 for 1 134,1 mill. kroner og utførte 952 årsverk. Av desse var 476 forskarårsverk, og 396 hadde doktorgrad. Sjå òg kap. 1137, post 51.

Institutta må vere økonomisk solide

I 2016 hadde NIBIO, Bygdeforskning og Veterinærinstituttet driftsoverskott. Departementet følgjer nøye med på den økonomiske utviklinga for institutta. Dei tre institutta oppnådde gode resultat innan forskning og innovasjon i 2016.

Om lag ein tredjedel av driftsinntekta til dei tre institutta er knytt til forvaltningsoppgåver som blir finansiert av mellom anna Landbruks- og matdepartementet. Hovuddelen (om lag fire femdelar) av forvaltningsoppgåvene er kunnskapsutviklingsmidlar som departementet prioriterer direkte gjennom tildelingsbrev til institutta for å sikre kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling, statistikk, analyse, politisk avgjerdsstøtte og beredskap for landbruks- og matsektoren.

Basisløyvinga, som utgjer frå 6 til 19 pst. av driftsinntektene, blir tildelt frå Forskingsrådet, som både fastset og utbetalar basisløyving til institutta på primærnæringsarenaen. Forskingsrådet lyser òg ut midlar gjennom forskingsprogramma. Desse konkurrerer institutta om både når det gjeld kvalitet og relevans. NIBIO har høge inntekter frå internasjonale prosjekt, mens Bygdeforskning og Veterinærinstituttet har lågare del internasjonale inntekter. Det er eit klart mål å auke denne delen.

Institutta konkurrerer òg om oppdragsinntekter i marknaden. Dette utgjer om lag 20 pst. av driftsinntektene. Nivået på den nasjonale etterspørselen er ei hindring for å utvikle denne delen av aktiviteten, og institutta vurderer kontinuerleg moglegheitene for å etablere aktivitet innanfor nye marknader.

For å sikre institutta sin kompetanse, forskingskvalitet og økonomi, må publiseringa og talet på doktorgradar innanfor sektoren aukast framover.

Samspel nasjonalt og internasjonalt

Samspel med andre aktørar er nødvendig for fagleg utvikling, for å byggje nettverk og for å vere i stand til å hente og ta i bruk kunnskap som er utvikla internasjonalt. Difor er internasjonalisering av forskinga svært viktig for å byggje opp instituttsektoren. Både innanfor europeiske felles-

program (JPI-ar og EJP-ar) og i europeisk program-til-program samarbeid (ERA-nett) i matsektoren blir det i aukande grad stilt krav om god nasjonal samordning og effektivt samspel med dei europeiske satsingane. Bilateralt samarbeid er viktig for å heve kvalitet og relevans på norsk utdanning og forskning. Dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta sin internasjonale innsats er òg omtalt over.

Forskning gjennom programaktivitet skal dekke landbruks- og matområdet sitt bidrag til å sikre relevant forskning for sektoren. Innsatsen skjer gjennom forskingsprosjekt og tiltak direkte retta mot næringslivet. Dette er sentrale verkemiddel for å nå målet om høg kvalitet og relevans i forskinga. Basisløyvingane til instituttsektoren og senteratsingane er òg viktige reiskapar for å sikre forskning med høg kvalitet og relevans.

Forskingsrådet peikar på at fleire aktørar frå næringsliv og instituttsektor samarbeider godt innanfor denne type prosjekt. Viktige aktørar innanfor sektoren har godt gjennomslag på dei opne arenaene som ikkje har finansiering frå Landbruks- og matdepartementet. Nokre av dei største aktørane i næringslivet har i ein femårsperiode vore Borregaard AS, Norske Skogindustrier ASA, Nortura, Tine og GENO.

Dei tre forskingsinstitutta på Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde har mest samarbeid med NMBU og Nofima AS. Det er òg eit vesentleg samarbeid med mellom anna Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), SINTEF, Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Stavanger (UiS), Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Tromsø (UiT), Høgskolen i Innlandet, Transportøkonomisk institutt (TØI), Norsk institutt for luftforskning (NILU), CICERO, Forsvarets forskingsinstitutt (FFI), Norsk regnesentral og Statens arbeidsmiljøinstitutt, som no er ein del av Høgskolen i Oslo og Akershus.

10 Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

På landbruksområdet har Noreg slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, plante- og dyrehelse, skog og klima. Mange avtalar og mykje regelverk blir fornya med jamne mellomrom. Noreg kan ha særneige nasjonale interesser som må inkluderas i avtaleverket. Dette kan vere særskilde løysingar som er tilpassa dei naturgitte forholda (plante- og dyrehelse) eller kostnadsnivået (importvernet), og som trengst for å kunne oppfylle måla for landbrukspolitikken.

Handelsavtalar

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og EFTA sine frihandelsavtalar. I samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen skal Noreg og EU gjennomgå vilkåra for handelen med basis jordbruksvarer med sikte på ei gradvis liberalisering. Avtalen skal likevel skje til fordel for begge partar og innanfor rammene av partane sine respektive landbrukspolitikkar. Artikkel 19 har ført til auka gjensidig marknadstilgang for landbruksvarer der ost og kjøtt er særleg viktige. Noreg og EU har tidlegare inngått to slike avtalar, og i april i år blei regjeringa og EU-kommisjonen samde om ein ny artikkel 19-avtale. Dette inneber auka kvoter for EU inn til den norske marknaden for mellom anna ost, kjøtt og blømande planter. For Noregs del inneheld avtalen auka eksportkvoter for kjøttvarer, mjølkeprodukt og blomar.

EFTA forhandlar med ei rekkje land om å inngå handelsavtalar, mellom andre India, Malaysia, Indonesia og Vietnam. I 2017 har EFTA starta forhandlingar med Mercosur, som er eit økonomisk fellesskap mellom Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay. Handelsforhandlingane omfattar handel med både uforedla og foredla landbruksvarer. Noreg har inngått 27 slike handelsavtalar, som omfattar i alt 38 land. I 2017 starta forhandlingane om ein handelsavtale mellom Noreg og Kina opp att.

Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel* slår fast at bevaring og styrking av det multilaterale handelssystemet er Noregs primære han-

delspolitiske interesse. I WTO-forhandlingane har medlemslanda det siste året drøfta ulike tema som vil kunne stå på dagsordenen på ministerkonferansen i Buenos Aires i desember 2017.

I sum utgjer dei internasjonale avtalane for handel eit omfattande sett av forplikingar Noreg må overhalde når det gjeld importvern, omfang og innretning av landbruksstøtte og omfanget av eksportstøtte. Verkemiddelbruken i landbrukspolitikken må tilpassast slik at Noreg held seg innanfor gjeldande avgrensingar for bruk av landbruksstøtte. Forplikingane inneber òg omfattande årleg rapportering til WTO. Noreg legg stor vekt på å ha eit ope handelssystem som synleggjer oppfølginga av handelsforplikingane.

Importvernet er eit av fleire verkemiddel som påverkar konkurransesituasjonen for norske jordbruksprodukt. Meld. St. 29 (2014–2015) viser til at framtidige handelsforhandlingar framleis skal «vektlegge norsk landbruks bekyttelsesbehov». Vidare at «[d]efensive interesser på landbruksområdet avveies mot våre generelle handelspolitiske interesser og offensive interesser på andre områder.» Det blir òg vist til at regjeringa vil «arbeide for en friere handel med landbruksvarer for å bidra til global velferdsutvikling og matsikkerhet, samt av hensyn til norske forbrukere og mangfoldet i det norske matmarkedet.» På sikt vil endringane i landbrukspolitikken gi eit meir effektivt landbruk og styrkje konkurransekrafta for norske jordbruksprodukt. Styrkt konkurransekraft vil kunne gi moglegheit for å senke importvernet. Dette vil vere til fordel for forbrukarane ved at det blir lagt til rette for eit breiare produktutval i butikkane.

Matsikkerheit

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensar krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er nødvendig for å sikre trygg mat som møter krav frå forbrukarane og for å fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er nødvendig for å påverke utviklinga av stan-

dardar og regelverk for å vareta norske synspunkt og for å bidra til utveksling og utvikling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Matområdet er i følge NOU 2012: 2 *Utenfor og innenfor*, det kvantitativt største området under EØS-avtalen, med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv Europapolitikkk. Som del av oppfølginga utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, sams prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission (FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdas helseorganisasjon (WHO) sin organisasjon for matvarestandardar), Verdas dyrehelseorganisasjon (OIE) og Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagt til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som òg legg premissar for regelverket i EU.

Matsikkerheit står sentralt på 2030-agendaen som eit av dei 17 berekraftsmåla FN vedtok i 2015. Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling dei neste 15 åra. Dei nye måla og tiltaka som følgjer av dei vil gjelde alle land. Innsatsen for å nå måla er ei krevjande oppgåve nasjonalt og internasjonalt.

Folketalet i verda vil auke til 9 milliardar menneske i 2050. Matproduksjonen må difor aukast med 70 pst. innan same tid. Dette er ei stor utfordring fordi vilkåra for jordbruksproduksjon blir endra som følge av klimaendringar og manglande tilgang på jord og vatn i mange område. FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO) arbeider med verdas matvareutfordringar. Mandatet til organisasjonen er breitt og femnar mellom anna matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, vatn, luft og genetiske ressursar.

Noreg er ein aktivt medlem i komiteen for matsikkerheit, CFS, og vektlegg arbeid med globale retningslinjer og rammeverket for matsikkerheit.

Innsatsen for bevaring, berekraftig bruk og rettferdig godedeling av genetiske ressursar er viktig for departementet. Dette er følgt opp i FAOs kommisjon for genetiske ressursar og i den internasjonale plantetraktaten for mat og landbruk. Noreg er medlem av arbeidsgruppa som

skal komme med framlegg for å betre funksjonen til den globale fordelingsmekanismen, som sikrar foredlarar, forskarar og bønder tilgang til viktige plantegen for mat og landbruk. Noreg er òg byråmedlem i Plantetraktaten på vegne av den europeiske regionen for perioden 2015–2017.

Internasjonalt samarbeid

Landa i Europa samarbeider framleis i FOREST EUROPE og vil utvikle dette samarbeidet vidare. Frå 2015 til 2020 er det Slovakia som har formannskapet for prosessen. Noreg er ikkje lenger i styrande organ i samarbeidet, men deltek aktivt.

FNs skogforum UNFF er ein viktig aktør i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig skogforvaltning globalt. I 2017 blei det vedteke ein ny strategisk plan for arbeidet med skog i FN. Dette er eit viktig steg i arbeidet med å sikre ei heilskapleg tilnærming til skogforvaltning i FN.

FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) er ein viktig aktør for å fremje berekraftig skogforvaltning. FAO har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om ressuroversikter og kartlegging av utviklinga i forvaltning av skogressursane. FAO fremjar kunnskap om rolla skogen har når det gjeld matsikkerheit. FAO leiar og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjert i skogspørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests (CPF).

Noreg støttar opp om arbeidet i European Forest Institute (EFI), som er eit forskingsnettverk basert på ein mellomstatleg konvensjon der Noreg er part. Instituttet forskar mellom anna på utviklinga av skognæringa i Europa og gjer eit omfattande arbeid knytt til rammevilkår for sektoren. EFI produserer eit viktig kunnskapsgrunnlag for europeiske styresmakter innanfor økonomi, klima, andre rammevilkår og internasjonal konkurranse i skognæringa.

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) har heilt sidan Nidarosdeklarasjonen blei vedteken på ministermøtet i Trondheim i 2012, arbeid for å følgje opp måla om samarbeid for berekraftig og konkurransedyktig produksjon innan sektorane. Den norske formannskapet i 2017 har vidareført arbeidet med dette temaet. Elles var antibiotikaresistens, jordbruk og klima og berekraftig skogbruk sentrale tema på ministermøtet i Ålesund i juni 2017. På møtet blei det understreka at det er viktig at dei nordiske landa vidarefører og styrkjer samarbeidet om antibiotikaresistens i internasjonale forum.

Del IV
Særskilde tema

11 Fornye, forenkla og forbetre

Regjeringa byggjer politikken sin på målet om mest mogleg effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar. I denne stortingsperioden er det difor lagt vekt på å utvikle støtteordningar, reguleringar og forvaltningsorgan som er enklare, meir målretta og som bidreg til betre gjennomføringskraft i politikken for landbruks- og matsektoren. Under er forenklingar og forbetringar i jordbruksoppgjera, lovverket og landbruks- og matforvaltninga nærare omtalt.

Nokre av tiltaka er under planlegging, mens andre er i gjennomføringsfasen. Departementet arbeider vidare med forenkling av lovar, reglar og støtteordningar og realisering av gevinstane frå den fornya forvaltningsstrukturen.

Forenklingar og forbetringar under jordbruksavtalen

I jordbruksoppgjera i 2014 og 2015 blei det semje om til saman 40 forenklingstiltak. Desse forenklingane er samansett av endringar av regelverk og støtteordningar og å oppheve avgrensingar som hindrar effektiv utnytting av kapasitet i næringa. Det er òg blitt lagt grunnlag for forenklingar under seinare jordbruksoppgjær, jf. kap. 1142 for omtale av det nye forvaltningssystemet for produksjons- og avløysartilskott som blir innført i 2017 med første utbetaling i februar 2018. Døme på andre forenklingar er:

Fjerning av struktur differensiering av arealtilskott. Arealtilskottet var fordelt trinnvis med størst sats for dei første dekar med minkande satsar. Dette er no fjerna slik at satsen er lik uavhengig av kor mange dekar bonden har, og at jordbruksarealet kvar enkelt driv vil vere kopla til driftsmessige forhold og ikkje til tilskott. Dette fører mellom anna til at det blir enklare å samarbeide mellom planteproducentar, samstundes som det gir ein meir effektiv ressursbruk og lettar utbetaling og kontroll av tilskott.

Avvikling av samdriftsregelverket. Tidlegare regelverk innebar mellom anna krav om maksimalt 17 km mellom føretaka, og at maksimalt 5 føretak kunne drive saman i samdrift med ei mjølkekvote på opp til 750 000 liter. Regelverket er no

avvikla, og staten legg seg ikkje opp i kva foretaksform bonden velgjer å organisere drifta si i.

Fjerning av skillet mellom vanleg sau og utegangersau. Tidlegare var det ulike tilskottssatsar, men dette er no fjerna. Kor skillet gjekk mellom dei ulike driftsformene, var relativt komplisert for både næringa og forvaltninga.

Forbetring av miljø- og klimasatsinga. Jordbrukspolitikken skal leggjast om i ein meir miljø- og klimavennleg retning. I jordbruksoppgjeret 2017 blei det semje om å styrkje fleire tiltak som skal bidra til å redusere utsleppa per produserte eining og tilpasse produksjonen til eit klima i endring. Jordbruksoppgjeret 2017 innebar ein vesentleg styrking av ordningar som skal bidra til reduserte klimagassutslepp for 2018. Mellom desse er tilskott til drenering, regionale miljøtilskott, tilskott for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg og midlar til forskning og kunnskapsutvikling. Sjølv om det ikkje er mogleg å kvantifisere effektane av tiltaka no, vil desse tiltaka ha ein positiv klimaeffekt, både på kort og lang sikt. Sjå òg omtale under programkategori 15.30.

Forenkling av lovar og reglar

Det blir arbeidd kontinuerleg med modernisering av reguleringa av sektoren. I denne perioden har mellom anna konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og reindriftsloven blitt revidert:

Liberalisering av eigeidomslovgivinga. Stortinget vedtok i samband med handsaminga av Prop. 92 L (2016–2017) *Endringer i konsesjonsloven, jordloven og odelsloven mv. (konsesjonsplikt, odlingsjord, priskontroll, deling og driveplikt mv.)* ei rekke endringar i eigeidomslovgivinga i landbruket. Endringane omfattar mellom anna ei heving av arealgrensene for konsesjonsplikt, buplikt og odlingsjord. Stortinget vedtok òg å oppheve priskontrollen ved overtaking av reine skogeigeidomar og ei endring i konsesjonsplikta ved overtaking av ubygde tomter. Endringane fører til forenklingar i regelverket og ei styrking av den private eigeidomsretten. Dette inneber mindre ressursbruk for dei næringsdrivande og for forvaltninga. Departementet vil arbeide vidare med å

greie ut konsekvensen av ei vidare liberalisering av konsesjonsplikta ut over dei lovmessige endringane som blei vedtekne for reine skogeigedommar, jf. Stortingets oppmodingsvedtak nr. 878 som er referert under programkategori 15.30.

Endringar av reindriftsloven. Regjeringa varslar i Meld. St. 32 (2016–2017) *Reindrift Lang tradisjon – unike muligheter* at formålsparagrafen i reindriftsloven blir endra slik at økologisk berekraft blir prioritert. Departementet planlegg gradvis innføring av obligatorisk individmerking av rein og legg opp til at reintalet for alle utøvarar blir offentleggjort internt i reindriften i arbeidet med regelverket. Dette forenkler og effektiviserer teljingane for styresmaktene og for næringa, og legg til rette for betre dokumentasjon av reintal og tap. Den enkelte sine moglegheiter til å planleggje driften si optimalt, aukar når den har kjennskap til andre sine reintal.

Forenkla forvaltningsstruktur

Regjeringa har forenkla organisasjonsstrukturen i landbruksforvaltninga ved å redusere talet på

verksemdar under LMD frå sju til fire. Statens landbruksforvaltning og Statens reindriftsforvaltning blei til Landbruksdirektoratet i 2014, mens forskingsinstitutta Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Norsk institutt for skog og landskap blei i 2015 til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Samanslåingane har på kort sikt ført til auka kostnader som mellom anna kjem av etablering av sams IKT-plattform, økonomi- og rekneskapssystem, rapporteringssystem og innkjøpsrutinar, mens dei over tid ventast å gi ei nytte for samfunnet som overgår desse kostnadene. Departementet vil arbeide vidare med å setje den attståande forenklinga ut i livet.

Vidare har talet på nivå og regioner i Mattilsynet blitt redusert. Gjennom omorganiseringane i Mattilsynet har talet på leiarstillingar blitt redusert med 30 pst. Talet på årsverk gjekk ned frå 1 304 til 1 255 frå 2013 til 2016; i den same perioden auka tilsynsproduksjonen målt i talet på rapporterte tilsyn med 31,7 pst.

12 Nasjonal oppfølging av berekraftsmål 2

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere den nasjonale oppfølginga av berekraftsmål 2 om å «utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk». Landbruk omfattar i denne samanhengen all matproduksjon, inkludert fiskeri og havbruk.

Regjeringas mål og bruk av verkemiddel i den nasjonale landbruks- og matpolitikken, helse- og sosialpolitikken og fiskeripolitikken oppfyller i stor grad berekraftsmål 2.

Regjeringa la våren 2017 fram ei ny melding til Stortinget om jordbruksnæringa. Meldinga set ambisiøse mål for jordbrukspolitikken om auka og meir effektiv matproduksjon. Norsk mat skal framleis vere trygg, og den høge standarden for dyrevelferd og dyrehelse skal haldast ved like. Regjeringa legg til grunn at dette skal bidra til å møte forbrukarane og marknaden sine krav til pris, kvalitet og mangfald.

Ernæringsstatusen til innbyggjarane i Noreg er god. Det er likevel utfordringar, primært knytt til ernæringsfattige diettar og mangel på fysisk aktivitet. Regjeringa lanserte nyleg ein ny kostholdshandlingsplan for perioden 2017 – 2021. I planen er det mellom anna tiltak for skolar, barnehagar og helsetenesta. Det offentlege og industrien samarbeider godt om tiltak for betre helse og ernæring.

Miljø- og klimautfordringar må stå sentralt for matsikkerheit i eit berekraftsperspektiv. Landbrukssektoren si evne til å tilpasse seg til klimaendringane i åra som kjem, vil vere avgjerande viktig for å nå delmål 2.4 om berekraftige matproduksjonssystem. Regjeringa har vedteke at Noreg skal redusere utslepp av klimagassar med 40 pst. innan 2030 samanlikna med 1990. Utsleppa frå landbrukssektoren er ein del av denne ambisjonen, og landbruket må bere sin del av utsleppskutta så langt det er mogleg. Matproduksjon er ikkje mogleg utan utslepp av klimagassar, og tiltak for å redusere utsleppa vil bli diskutert som del av dei årlege jordbruksforhandlingane. Regjeringa vil òg arbeide saman med industrien for å kutte

utsleppa frå den landbruksbaserte næringsmiddelindustrien.

Betre ressursutnytting i heile verdikjeda er eit viktig mål for regjeringa, også reduksjon av matsvinn. Matsvinn blir følgt opp under berekraftsmål 12. Ein bransjeavtale om redusert matsvinn blei undertekna 23.6.2017 av fem departement og representantar for alle ledd i matverdikjeda. Avtalen er eit viktig nasjonalt tiltak for å redusere matsvinnet. Den inneber ei felles forplikting om å redusere matsvinnet med 50 pst. innan 2030.

Noreg gir årleg eit bidrag tilsvarende 0,1 pst. av omsetnaden av såvarer i Noreg til Fondet for fordelssdeling under Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk, og bidreg òg til å ta vare på ville slektingar av kulturplanter. Noreg er part til konvensjonen om biologisk mangfald og Nagoya-protokollen som òg er ein del av den internasjonale ramma for arbeidet med genressursar. Noreg har òg ansvar for Svalbard globale frøhvelv som er eit viktig bidrag til global forvaltning av plantegenetisk mangfald. Noreg vil føre vidare ein aktiv politikk for bevaring og berekraftig bruk av genressursar innan vekster, husdyr og skogstre og samordne arbeidet for å ta vare på ville kulturplanter.

Internasjonal oppfølging

Internasjonalt blir berekraftsmål 2 følgt opp gjennom FAO og WHO sitt arbeid med matsikkerheit, mattryggleik, ernæring og helse. Noreg bidreg til utrydding av svolt og utvikling av landbruk, fiskeri og havbruk i u-land. Over bistandsbudsjettet støttar Noreg fattige i utviklingsland sine moglegheiter til auka inntekter og betre ernæring gjennom verdiskaping i jordbruk, skogbruk og fiskeri og gjennom styrkt forvaltning. Ressursane for matproduksjon må takast vare på. Retten til mat som ein menneskerett, og vektlegging av likestilling er grunnleggjande for norsk bistandspolitikk. Noreg arbeider gjennom WTO for meir rettferdige globale handelssystem for matvarer, irekna avviking av eksportstøtte.

13 Omtale av klima- og miljørelevante saker

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å bidra til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan bli nådde. For ein omtale av regjeringas samla klima- og miljørelevante saker, sjå Klima- og miljødepartementets fagproposisjon.

Mangfaldige skogar

I skogbruket står mellom anna arbeidet med skogbruksplanlegging, miljøregistrering i skog (MiS-prosjektet) og Landsskogtakseringa, i tillegg til FoU knytt til skogbruk og biologisk mangfald, sentralt. Årleg blir det produsert om lag 3 mill. kubikkmeter ny daud ved i dei norske skogane, mellom anna som følge av at hogsten berre er rundt halvparten av tilveksten.

Samarbeid med miljøstyresmaktene om frivillig vern og vidareutvikling av miljøstandardar i skogbruket er to viktige tilnærmingar til å ta vare på naturmangfaldet i skogen.

Landbruks- og matdepartementet gav òg i 2016 støtte til vidare arbeid med MiS-prosjektet, som er eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,550 mill. kroner til dette arbeidet for 2016. Registreringane gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket og blir i hovudsak utførte saman med andre ressursregistreringar som høyrer med i skogbruksplanane for skogeigedommane.

I 2016 blei det utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 5,2 mill. dekar skog. Med grunnlag i skogbruksplanane tek skogeigarane særlege omsyn til miljøverdiane. Det er til no sett til side om lag 130 000 livsmiljø med eit samla areal på omkring 800 000 dekar. Stortinget vedtok ved handsaminga av Dokument 8:89 S (2013–2014) at det er typesystemet Natur i Norge (NiN) hos Artsdatabanken som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur. NiN er eit verktøy for å skildre variasjon i naturen og sikrar mellom anna eit sams omgrepsapparat til nytte ved vurderingar av bruk og vern av natur. Landbruksdirektoratet starta i 2016 arbeidet med å inn-

passé omgrepsapparatet til NiN i opplegget for MiS.

Verdifulle kulturminne og kulturlandskap

Attgroing, deling og nedbygging av kulturlandskapet er eit trugsmål mot naturmangfaldet, særleg i artsrike naturtypar som slåttemyr, slåttemark og beitelandskap. Landbruket sitt kulturlandskap og verdifulle naturverdiar skal sikrast gjennom eit aktivt landbruk, og det skal bli lagt til rette for at verkemidla i naturmangfaldlova kan verke saman med verkemidla i landbruks- og matpolitikken. Miljøsettinga i jordbruket er organisert under Nasjonalt miljøprogram, med nasjonale, regionale og lokale tiltakspakkar. I 2016 blei det gjennomført tiltak hos 20 400 føretak for 419 mill. kroner innanfor dei regionale miljøprogramma (RMP) for å redusere erosjon og næringsstoffavrenning, hindre attgroing eller ta vare på verdifulle kulturlandskap og naturtypar. Om lag 58 pst. av dei lokale midlane til Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) blei løyvd til tiltak for å fremje verdiar i jordbrukets kulturlandskap, kulturmiljø, naturmangfald og friluftsliv, mens 33 pst. av midlane gjekk til tiltak for å redusere forureininga av vatn.

Samarbeidet mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljøverndepartementet om ordninga om dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket fortset. Den 1.1.2017 tok ei ny forskrift om tilskott til Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområda Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyen til å gjelde. Dette innebar at dei to ordningane blei slått saman til ei. I Jordbruksavtalen 2017 auka midlane til Verdsarvområda med 2 mill. kroner og midlane til Utvalde kulturlandskap i jordbruket med 2 mill. kroner, slik at det i alt blei avsett 13,5 mill. kroner for 2018.

I 2016 bad Stortinget om at ordninga med Utvalde kulturlandskap i jordbruket skulle utvidast fram mot 2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet gav våren 2017 tilslutning til å peike ut ti nye område basert på forslag frå Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Riksantikvaren. Direktoratata har òg fått i oppdrag å gjere framlegg om ytterlegare ti

område som kan inngå i ordninga i perioden 2018–2020. Det blei gitt ein auke på 12,5 mill. kroner til ordninga over Klima- og miljødepartementets budsjett for 2017.

Beiting i utmark er viktig for å ta vare på kulturlandskapet og for mange plante-, sopp- og dyrearter. Ein større del av tilskotta er dei seinaste åra blitt retta inn mot beiting. Dei ulike dyreslaga har ulik innverknad på naturmangfaldet, og det er difor behov for at både storfe, geit og sau beitar. Det var registrert om lag 2,4 mill. beitedyr i utmark i 2016. Talet på sau på utmarksbeite har variert mellom 1,9 og 2,1 mill. i perioden 2000–2016. Talet på storfe på utmarksbeite har auka frå 230 000 i 2000 til 250 000 i 2016. Ser ein på perioden frå 2000 til 2016, auka talet på beitedyr med 4 pst. Samanlikna med 2014 auka talet med 7,3 pst. Prinsippet om differensiert forvaltning i rovdyrforliket frå 2011 vil påverke utmarksbeite for sau i prioriterte rovdyrområde.

Jordbruket sitt kulturlandskap inneheld eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø, frå gravhaugar og rydningsrøyser til bygningar, vegfar og steingjerde. Landbruket er ein viktig kulturberar gjennom vidareføring av kunnskap om tradisjonell byggjeskikk, materialbruk og tradisjonell handverkskompetanse, mattradisjonar og andre kulturhistoriske verdier. Delar av jordbruksdrifta, som til dømes pløying, grøfting og nydyrking, kan utgjere trugsmål mot kulturminne. Dette gjeld spesielt automatisk freda kulturminne, både over og under bakkenivå.

Eit godt samarbeid mellom kulturminnesektoren og landbrukssektoren er avgjerande for å bevare kulturminne i jordbruket. Varetaking av kulturminne er ei prioritering for SMIL- og RMP-midlane, og i tillegg bidreg midlar til Utvalde kulturlandskap i jordbruket til bevaring og bruk av kulturminne.

Genetiske ressursar

Genetiske ressursar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for matsikkerheita i verda. Landbruks- og matdepartementet bidreg til bevaring og berekraftig bruk av dei genetiske ressursane i landbruket gjennom internasjonalt og nordisk samarbeid, kontakt med næringsaktørar og tiltak for å stimulere næring, bønder og frivillige aktørar til å ta i bruk dette mangfaldet. For å sikre tilgang av funksjonelle husdyr til klimasoner og produksjonsformer som ein har i dag, og som ein kan få i framtida, er det viktig å ta vare på stor variasjon innanfor og mellom husdyrarsar. Norsk Genressurscenter og Genressursutvalget for hus-

dyr har vurdert dei gamle husdyrarsane i Noreg. Av dei 39 husdyrarsane som er rekna som nasjonale i Noreg er 20 i kategorien *Kritisk truga* i 2015. Fire av storferarsane og tre hesterarsar er mellom desse. Ytterlegare 9 rasar blir rekna som *Truga*. Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. I 2016 blei det registrert ein auke i talet på dyr for alle dei nasjonale kurasane. Vestlands raudkolle er den einaste som har hatt ein nedgang.

Svalbard globale frøhvelv er etablert av den norske regjeringa for sikker lagring av sikringskopiar av frøa i verdas genbankar. Ved utgangen av 2016 romma frølageret om lag 900 000 sikkerheitskopiar av frø frå 72 institusjonar verda over. I 2015 blei det for første gongen henta frø ut frå frøkvelvet. The International Centre for Agricultural Research in Dry Areas (ICARDA) i Aleppo i Syria bad om å få tilbake 128 boksar med frø dei har lagra på Svalbard. Formålet med uttaket var å dyrke fram nye frø for lagring i nabolanda til Syria og å sende nye friske frø tilbake til Svalbard. Meir enn ein tredel av alt mangfaldet av matplanter som ifølgje FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over er sikra i Svalbard globale frøhvelv.

Jordvern

Stortinget handsama jordvernstrategien til regjeringa den 8.12.2015, jf. Innst. 56 S (2015–2016). I oppmødingsvedtak 140 som blei vedteke i samband med handsaminga, fastsette Stortinget det årlege målet for omdisponeringa av dyrka mark til under 4 000 dekar, og bad regjeringa sørgje for at målet blir nådd gradvis innan 2020. For 2016 viser KOSTRA-tala frå Statistisk sentralbyrå (SSB) at det blei omdisponert 6 026 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk.

Talet på dekar godkjent nydyrka mark auka frå 18 139 dekar i 2015 til 21 612 dekar i 2016. I alt blei 964 søknader handsama i 2016. Frå og med 2007 har i gjennomsnitt 16 445 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Berre 3 pst. av arealet i Noreg er jordbruksareal. I perioden 1999–2016 er det estimert ein reduksjon på vel 5 pst. ifølgje berekingar frå Budsjettnemnda for jordbruket. Denne nedgangen kjem i stor grad av at eit nytt kartgrunnlag gir eit meir oppdatert og meir nøyaktig areal enn tidlegare, men òg av at areal har gått ut av drift i den aktuelle perioden. Godkjend nydyrka areal har sidan 2010 vore meir enn dobbelt så stort som den varige omdisponeringa av dyrka jord, noko som

bidreg til å redusere denne nedgangen i totalarealet.

Sjå òg omtale i del 3.

Aktivt friluftsliv

Landbruksareala utgjer ein stor del av arealet i landet og har store verdiar knytte til natur og kulturarv. Skogen, utmarksareala, vegane og stiane i kulturlandskapet er viktige for ferdsel, friluftsliv og grønt reiseliv. Regjeringa la i 2017 fram ein strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar, *Opplevingar for ein kvar smak*. Dette er landbruket sitt bidrag til oppfølginga av reiselivsstrategien til regjeringa, *Destinasjon Norge*. Statskog SF har ei viktig rolle i å leggje til rette for friluftsliv på statsgrunn.

Plantevern

Kjemiske plantevernmiddel kan ha verknader på helse og miljø som ikkje er ønskt. Det blei våren 2016 fastsett ein ny handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmiddel (2016–2020). Handlingsplanen legg mellom anna vekt på auka kunnskap om rett bruk av plantevernmiddel og alternativ til kjemiske plantevernmiddel.

Giftritt miljø

Tidlegare utsleppsproblem frå gjødselslager og siloar er i stor grad løyst, og fosforbruken i landbruket er langt betre tilpassa plantenes opptak no enn tidlegare. Avrenning av næringsstoff frå jordbruksareala er framleis ei utfordring for vasskvaliteten i utsette vassdrag og kystområde. Mildare vintrar med kortare frostperiodar har bidrege til å auke utfordringa frå avrenning.

I tråd med målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand, arbeider landbruksforvaltninga på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå med å følgje opp sektoransvaret, mellom anna ved å setje i verk nødvendige tiltak i landbruket. Forvaltningsplanar for alle vassområda blei godkjente av Klima- og miljødepartementet i 2016 med ny gjennomføringsperiode frå 2018–2021. Det er behov for forsterka innsats mot avrenning frå jordbruket, særleg i utsette vassdrag med mykje jordbruk. Dette følgjast opp med forsterka innsats over miljøverkemidla over jordbruksavtalen.

Økologisk mat

Forbrukarane etterspør i aukande grad økologiske produkt. Økologisk jordbruk har påverka

praksis i den konvensjonelle jordbruksdrifta på ulike område. Rettleiing og kompetanseutvikling i heile verdikjeda er viktig for å styrkje økologisk produksjon.

I Meld. St. 11 (2016–2017) *Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon* blei det gjort framlegg om å fjerne det talfesta målet om at 15 pst. av matforbruket og 15 pst. av matproduksjonen skal vere økologisk innan 2020, og at det skal utarbeidast ein strategi for økologisk jordbruk. I Stortingets handsaming av Meld. St. 11 (2016–2017) blei det vedteke at det skal utarbeidast eit nytt mål for økologisk produksjon og forbruk. Strategien og det nye målet skal handsamast av Stortinget. Regjeringa kjem tilbake til Stortinget om dette på eigna måte.

I 2016 utgjorde arealet i økologisk drift om lag 4,5 pst. av det samla jordbruksarealet i Noreg, og 4,8 pst. medrekna karensarealet. Omsetnaden av økologiske matvarer i norsk daglegvarehandel auka med meir enn 24 pst. frå 2015 til 2016. I alt blei det omsett for om lag 2,5 mrd. kroner i 2016 svarande til 1,8 pst. av totalmarknaden.

Stabilt klima

Regjeringa vil nå klimamåla for landbrukssektoren, både jordbruks- og skogsektoren, gjennom iverksetjing av tiltak som følgjer av regjeringsplattforma og klimaforliket.

Klimagassutsleppa frå jordbruket er først og fremst metan og lystgass frå husdyrhald, gjødsling og jordarbeiding. Utsleppa frå norsk jordbruk utgjorde om lag 8,3 pst. av dei samla nasjonale klimagassutsleppa i 2015 (4,5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar av i alt 53,9 mill. tonn). Sidan 1990 er utsleppa frå jordbruket reduserte med om lag 5,3 pst. Hovudårsaka til nedgangen er redusert bruk av gjødsel og færre storfe. Skogen og andre areal står for eit høgt netto opptak av CO₂ tilsvarende 24,3 mill. tonn i 2015. Dette er ein auke på 16,6 mill. tonn frå 1990. Optimal utnytting av husdyrgjødsel bidreg til reduserte klimagassutslepp, reduserert behov for mineralgjødsel og betra vassmiljø. Endra jordarbeiding er eit sentralt tiltak innanfor RMP som både reduserer klimagassutsleppa og betrar vassmiljøet. Oppslutninga om miljøvennleg spreiding av husdyrgjødsel som er spesielt innretta mot å redusere utslepp til luft, har auka vesentleg dei seinaste åra.

I dag er det nokre få gardsbaserte biogassanlegg i drift i Noreg. Desse svarer til bruk av om lag 1 pst. av gjødsla. Gjennom Klima- og miljøprogrammet, programma Bionær og EnergiX til Forskningsrådet og bioenergiprogrammet til Innova-

sjon Noreg, blir det arbeidd aktivt med å utvikle løysingar for å auke biogassproduksjonen og dermed redusere klimagassutsleppa frå norsk jordbruk.

Meir nedbør som følgje av klimaendringar vil kunne vere til skade for avlingar og føre til auka erosjon. Med eit varmare og våtare klima vil dessutan nye sjukdommar og skadegjerarar kunne etablere seg i Noreg. Desse vil kunne gjere stor skade i plantedyrkinga og påverke skog, kulturlandskap og naturmangfald. Eit aukande problem med sjukdom og skadegjerarar kan føre til auka bruk av plantevernmiddele som gir negative verknader på helse og miljø. Generelt ligg Noreg likevel i den delen av Europa der klimaendringane vil kunne føre med seg dei største vinstane for landbruket. Tilpassing av landbruket til klimaendringane er avgjerande for å førebyggje og avgrense skadane frå både ekstremvær og gradvise endringar, samstundes som ein skal kunne oppnå ein mogleg auke i produksjonen som følgje av auka temperatur og lengre vekstsesong. Ein føresetnad for dette er at det blir teke i bruk planter og sortar som kan utnytte auka veksttid. Høgare temperatur og lengre veksttid kan òg gi grunnlag for nye og meir varmekrevjande produksjonar, som til dømes meir haustsådd korn og matkornproduksjon i område der kort veksttid hindrar dette i dag. Lengda på dagen vil likevel vere ein avgrensande faktor utan bruk av kunstig lys, sjølv om ein temperaturauke opnar for ein lengre vekstsesong. Dette vil slå sterkest ut i Nord-Noreg. I område der redusert sommarnedbør ikkje gir underskott på markvatn, vil ein lengre vekstsesong i kombinasjon med auka CO₂-innhald i lufta gi grunnlag for auka tilvekst av skog.

Skog og klima

Netto CO₂-opptak i norske skogar har lege på mellom 26 og 36 mill. tonn CO₂-ekvivalentar årleg dei siste åra. Det høge talet har samanheng med at avverkinga i norske skogar har vore nokså stabil kring 10 mill. kubikkmeter, mens tilveksten stadig har auka. Dei siste åra har avverkinga vore på rundt halvparten av tilveksten. Ut frå ressursgrunnlaget er det mogleg å auke årleg hogstkvantum til om lag 15 mill. m³ tømmer utan at omsynet til det biologiske mangfaldet blir skadelidande.

Skogen er den viktigaste råstoffkjelda til bioenergi som kan erstatte fossile utslepp. Auka avverking av fornybart skogråstoff vil mellom anna krevje meir hogst av lauv- og furutre i område med lågare økonomisk avkastningsevne. Mykje av skogen som kan avverkast i dei næraste 40–50 åra ligg i område med manglande vegdekning og vanskelege driftsforhold. Eit lønsamt skogbruk og satsing på bioenergi er avhengig av god infrastruktur tilpassa moderne driftsutstyr.

Regjeringa gjer framlegg om å vidareføre løyvinga på 33 mill. kroner til dei tre tiltaka for auka karbonopptak i skog, respektive tettare planting, gjødsling og planteforedling, for 2018. Klimatiltak i skog vil først ha ein verknad på lang sikt når det gjeld auka nettoopptak av CO₂, med unntak av gjødsling der ein vil sjå resultat allereie etter 10 år. Det er difor vanleg å sjå på den potensielle verknaden i løpet av eit skogomløp, som normalt er på 70–100 år. Frå tiltaket er gjennomført vil verknaden komme gradvis utover i omløpet. Kor stor effekten vil vere i form av auka CO₂-opptak, vil avhenge av kor lenge tiltaka varer og grad av opptrapping. Dei tre tiltaka er estimerte til potensielt å ville medverke til eit årleg auka opptak på 3–3,3 mill. tonn CO₂ i eit langsiktig perspektiv.

Miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar

Landbruks- og matdepartementet har i samsvar med handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege anskaffingar, innført eit miljøleingssystem i departementet. Departementet blei EMAS-registrert i mars 2016. EMAS (Eco Management and Audit Scheme) er EUs frivillige fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon. Ordninga starta i 1993 og er eit tilbod til føretak og statlege, fylkeskommunale og kommunale etatar som ønskjer å programfeste mål for å vareta miljøet i produksjon og tenesteyting. Gjennom EØS-avtalen kan òg norske verksemdar delta.

I denne samanhengen er departementet særleg oppteke av miljøaspekta knytte til anskaffingar av varer og tenester, transport og forbruk av energi og papir. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd ei miljøhandbok og ein mål- og handlingsplan. Tiltaka i handlingsplanen er implementerte.

14 Likestilling

Det er eit uttrykt mål i landbrukspolitikken at kvinner og menn skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og landbruksbaserte næringar. Kvinner kan tilføre nye idear og trekkje inn andre verdiar i drifta, som bidreg til næringsutvikling, nyskaping og eit løft for økonomien. Førebels statistikk for jordbruksverksemdene i 2016 viser om lag 39 000 verksemdar med personleg brukar. Av desse var 15,6 pst. kvinner. Tilsvarende tal for delen kvinner var 12,9 pst. i 1999 og 14,4 pst. i 2010. Ved søknad om produksjonstilskott i samband med søknadsomgangen i august 2016 var delen kvinnelege søkjarar om lag 15,4 pst. Sidan det berre er éin person som kan stå oppført som søkjar per føretak gir ikkje denne statistikken nødvendigvis eit rett bilete av ein eventuell ektefelles involvering i drifta av føretaket. Det er difor truleg at det er fleire aktive kvinner i drifta enn det statistikken skulle tilseie. Kvinner driv generelt jordbruksbedrifter med lågare arealstorleik enn menn, og er gjennomgåande noko yngre enn dei mannlege drivarane. Dei siste åra har talet på kvinnelege eigarar auka noko. I 2016 eigde kvinner i følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) 26 pst. av alle landbruksei-dommane. Gjennomsnittsalderen for kvinnelege eigarar er høgare enn for menn. Kvinnelege brukarar er i gjennomsnitt 12 år yngre enn alle kvinnelege eigarar. Det kan difor over tid sjå ut til at kvinner i mindre grad tek over jordbruksbedrifter for å drive jordbruk sjølv. Det er i mange samanhengar òg peika på at gardsoverdragingar til kvinner ofte gjeld enker som eig garden i ein overgangsperioden.

Innanfor tradisjonelt jordbruk er kvinndelen høgast mellom bønder med hestar og/eller geiter og innanfor saueproduksjon. Kvinndelen er lågast mellom produsentar som driv med storfe, både mjølk/kjøtt og berre mjølk.

Dei siste 10–20 åra har utviklinga av andre landbruksbaserte næringar innanfor mat, reiseliv, omsorgsbaserte tenester og serviceyting generelt vore stor. Utvikling av entreprenørskapsverksemd på desse områda krev ofte annan kompetanse enn den tradisjonelle landbruksfaglege kompetansen. Kvinner er særleg aktive innan desse næringane.

Det er vanlegare med høgare utdanning for nye eigarar mellom kvinner enn mellom menn, og i aldersgruppa under 39 år har 48,4 pst. av kvinnene og 18,8 pst. av menn utdanning på universitets- og høgskolenivå.

Kvinner har i fleire år blitt prioriterte ved tilde-ling av midlar over jordbruksavtalen til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Delen kvinnelege mottakarar av investerings- og bedriftsutviklingstilskott er framleis høg, særskild innanfor landbruksbasert næringsutvikling utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Innan landbruksbaserte næringar er delen tilsegn til kvinner uendra frå 2015 til 2016 på 74 pst., mens delen av løyvd beløp gjekk ned frå 84 pst. til 76 pst. Innan tradisjonelt jord- og hagebruk gjekk delen av tilsegn til kvinneretta tiltak opp frå 41 pst. i 2015 til 46 pst. i 2016, mens delen løyvd tilskott auka frå 41 pst. til 49 pst.

Innovasjon Noreg peikar i rapporten sin for 2016 på at årsaka til ein relativt høg del kvinne-retta tilsegn innanfor landbruksbaserte næringar kan vere ei medviten satsing på kvinnetiltak med handlingsplaner, godt fungerande nettverk og informasjons- og mobiliseringsarbeid.

Landbruks- og matdepartementet har bedt Innovasjon Noreg om å arbeide vidare for å auke delen kvinner i styrer og leiing for verksemdar som tek imot støtte, og å synleggjere statistikk knytt til utviklinga innanfor aktuelle program og tenester. Det blir rapportert på resultatmål og resultatindikatorar som vedkjem kvinner og kvin-neretta tiltak. Kvinneretta tiltak er definert som tiltak som primært har kvinner som målgruppe, gir sysselsetjing hovudsakleg for kvinner eller har kvinnelege søkarar.

Dei fylkesvise midlane til rekruttering og kompetansebyggjande tiltak er retta inn mot næringsutøvarar med mål om å bidra til auka verdiskaping i landbruket. Midlane er òg meint nytta til likestillingstiltak i næringa. For 2016 rapporterte fleire fylkeskommunar at midlane mellom anna blei nytta til tilskott til målretta tiltak som til dømes kvinnekonferanse, eigne fagsamlingar for kvinner i skogbruket, fagturar for kvinner innan grøntsektoren og traktorkurs for kvinner.

Arbeid med likestilling i reindrifta i Noreg krev ein samla innsats frå fleire aktørar, både frå det offentlege, nærings sjølv og organisasjonar. I 2015 var det 76 kvinner som var innehavar av sin eigen siidaandel, noko som utgjer 14 pst. av i alt 533 siidaandelar. Hovuddelen er mellom 31 og 50 år. I alt blir 158 årsverk utført av kvinner i reindrifta. Dette er tilsvarende tal som for det førre driftsåret. Av meldingar om reindrift går det fram at kvinner eig 24 pst. av det samla reintalet i Noreg. Avtalepartane er samde om å nytte dei ulike verkemidla som finst for å fremje likestilling i reindrifta. Arbeidet har som mål å oppnå likestilling i eit langsiktig perspektiv, og det er viktig at ein arbeider kontinuerleg med målretta tiltak. Gjennom reindriftsavtalen har reindriftskvinner høve til å søkje om midlar til kvinneretta tiltak. Likeeins kan Norske reindriftsamers landsforbund (NRL) søkje om midlar til utviklingsprosjekt. Det er viktig at NRL legg til rette for fleire kvinner i eigen organisasjon. Dette gjeld både i NRLs styre og i lokallaga. I den samanhengen har avtalepartane blitt samde om at likestillingslova sine prinsipp med kjønnsrepresentasjon ved opp-

nemning og val skal gjelde som grunnlag for tilde-
ling av støtte til organisasjonen.

Likestilling og mangfald i Landbruks- og matdepartementet

Departementet har over lang tid hatt merksemd på kjønnsbalanse innanfor dei to leiarnivåa og i dei ulike stillingskategoriane. Lønnsforskjellen mellom kvinner og menn er små i departementet. I stillingsgruppene rådgivar og førstekonsulent ligg kvinner si løn over menn si. Fleksible arbeidstidsordningar og ordningar for arbeid heimanfrå skal leggje til rette for fleksibilitet i ulike livsfasar for tilsette av begge kjønn ved behov.

Kvinnene utgjer 58 pst. av arbeidsstokken i departementet per 1.1.2017. Kvinnene utgjer eit fleirtal av dei tilsette både i sakshandsamargruppa og i mellomleiargruppa.

I tråd med regjeringas målsetjing om å få flest mogleg i arbeid, òg dei med hol i CVen og andre som har vanskeleg for å komme inn på den ordinære arbeidsmarknaden, har LMD tilsett ein person på arbeidstreningstiltak og ein trainee.

Tabell 14.1 Del av tilsette i deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær etter kjønn, 2015–2016

	Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2015	2,1	7,8	2,0	1,3	0	2,7	3,0	3,6
2016	3,3	7,2	3,9	2,6	0	1,3	0,7	4,0

Sjukefråversstatistikken er tal frå heile året, dei andre tala er per 1.1. For omtale av likestilling i dei underliggjande verksemdene, jf. dei respektive årsrapportane. Det er ikkje avdekt barrierar

mot likestilling i verksemdene, anten det gjeld kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisitet eller religion.

15 Omtale av tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege verksemdar

Statskog SF

Utgifter til:	Kroner
Løn, adm. dir.	1 684 000
Pensjonsutgifter	133 000
Anna godtgjersle ¹	92 000

Staur gård AS

Utgifter til:	Kroner
Løn, dagleg leiar	849 866
Pensjonsutgifter	15 216
Elektronisk kommunikasjon	4 392

¹ Anna godtgjersle gjeld naturalytningar, 92 000 kroner.

16 Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter

Frå og med statsbudsjettet for 2010 har departementet presentert standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilte fullmakter (nettobudsjetterte verksemder) som departementet har ansvaret for i budsjettproposisjonen. Dette gjeld følgjande verksemder:

- Veterinærinstituttet
- Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) blei oppretta 1.7.2015 gjennom ei samanslåing av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning og Norsk institutt for skog og landskap. Rekneskapstala frå NIBIO i 2015 gjeld difor berre for eit halvår.

Formålet med nøkkeltala er i første rekkje å forbetre kontroll og innsyn frå Stortinget og regjeringa ved å presentere same type informasjon som blir gitt for dei bruttobudsjetterte verksemdene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår og rekneskapstala for dei tre siste åra. Nærare omtale av

status for den enkelte verksemd går fram av kap. 1137 post 51.

Kort gjennomgang av tabellmaterialet

Tabell 1 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over utgifter og inntekter etter art: Formålet med tabellen er å vise verksemdas brutto utgifter og inntekter basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Tabell 2 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde: Dei fleste nettobudsjetterte verksemder har fleire inntektskjelder og formålet med tabell 2 er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Tabell 3 under kvart enkelt organ gir ei oversikt over verksemdas kontantbeholdning per 31. desember med spesifikasjon av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til: Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

Veterinærinstituttet

Tabell 16.1 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)			
	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	Budsjett 2017
<i>1. Utgifter</i>				
<i>Driftsutgifter</i>				
Lønsutgifter	236 628	204 025	232 862	244 000
Varer og tenester	95 811	132 209	125 986	124 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>332 439</i>	<i>336 234</i>	<i>358 848</i>	<i>368 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>				
<i>Investeringar, større utstyrsjøp og vedlikehald</i>	<i>0</i>	<i>4 615</i>	<i>8 927</i>	<i>9 770</i>
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>4 615</i>	<i>8 927</i>	<i>9 770</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>				
Utbetalningar til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>332 439</i>	<i>340 849</i>	<i>367 775</i>	<i>377 770</i>
<i>2. Inntekter</i>				
<i>Driftsinntekter</i>				
Inntekter frå sal av varer og tenester	163 728	165 662	161 380	172 519
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0		0	0
Refusjonar			0	0
Andre driftsinntekter	12 093	23 605	35 154	31 190
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>175 821</i>	<i>189 267</i>	<i>196 534</i>	<i>203 709</i>
<i>Investeringsinntekter</i>				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>				
Inntekter frå statlege løyvingar	176 026	156 527	166 577	169 345
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>176 026</i>	<i>156 527</i>	<i>166 577</i>	<i>169 345</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>				
Innbetalningar ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0	0
Andre finansielle inntekter	23	477	580	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>23</i>	<i>477</i>	<i>580</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>351 870</i>	<i>346 271</i>	<i>363 691</i>	<i>373 054</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>19 431</i>	<i>5 422</i>	<i>-4 083</i>	<i>-4 716</i>

Tabell 16.2 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kr)			
	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	Budsjett 2017
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>				
Løyvingar frå fagdepartement	106 201	86 460	83 063	85 891
Løyvingar frå andre departement	48 342	48 720	55 372	56 630
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	21 483	21 347	22 645	26 824
<i>Sum løyvingar</i>	<i>176 026</i>	<i>156 527</i>	<i>161 080</i>	<i>169 345</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	46 672	75 279	84 490
Bidrag frå private	0	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	2 924	7 328	2 317	905
<i>Sum bidrag</i>	<i>2 924</i>	<i>54 000</i>	<i>77 596</i>	<i>85 395</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>				
Oppdrag frå statlege verksemder	83 787	104 840	85 905	87 124
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
Andre inntekter ¹	89 133	30 904	39 110	31 190
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>172 920</i>	<i>135 744</i>	<i>125 015</i>	<i>118 314</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>351 870</i>	<i>346 271</i>	<i>363 691</i>	<i>373 054</i>

¹ Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

Tabell 16.3 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2016

Rekneskapspost	Rekneskap (i 1 000 kr)			Endring 2015 til 2016
	31.12.2014	31.12.2015	31.12.2016	
<i>Kontantbeholdning</i>				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	43 367	47 527	43 441	-4 086
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	4	1	4	3
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>43 371</i>	<i>47 528</i>	<i>43 445</i>	<i>-4 083</i>
Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	21 419	19 744	20 152	408
Skattetrekk og offentlege avgifter	15 603	18 941	20 631	1 690
Gjeld til leverandørar	-16 978	-10 236	-7 893	2 343
Gjeld til oppdragsgjeverar	19 042	6 241	-6 508	-12 749
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	522	4 219	3 479	-739
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>39 608</i>	<i>38 909</i>	<i>29 861</i>	<i>-9 048</i>
<i>Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	0	-1 824	-3 493	-1 669
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	2 040			0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	46			0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>2 086</i>	<i>-1 824</i>	<i>-3 493</i>	<i>-1 669</i>
<i>Andre avsetjingar</i>				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	5 589	11 491	5 901
Fri verksemdskapital	-14 016	-1 554	1 406	2 960
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>-14 016</i>	<i>4 035</i>	<i>12 897</i>	<i>8 862</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	15 693	6 408	4 180	-2 228
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>15 693</i>	<i>6 408</i>	<i>4 180</i>	<i>-2 228</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>43 371</i>	<i>47 528</i>	<i>43 445</i>	<i>-4 083</i>

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Tabell 16.4 Utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1 000 kr)		
	31.12.2015 ¹	31.12.2016	Budsjett 2017
<i>1. Utgifter</i>			
<i>Driftsutgifter</i>			
Lønsutgifter	168 180 255	340 384 319	350 000 000
Varer og tenester	247 541 392	407 752 445	400 000 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>415 721 647</i>	<i>748 136 764</i>	<i>750 000 000</i>
<i>Investeringsutgifter</i>			
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	3 143 571	19 501 130	35 000 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>3 143 571</i>	<i>19 501 130</i>	<i>35 000 000</i>
<i>Overføringer frå verksemda</i>			
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0
Andre utbetalinger	32 519 364	56 606 300	55 000 000
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>32 519 364</i>	<i>56 606 300</i>	<i>55 000 000</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>			
Kjøp av aksjar og eigardelar	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>451 384 582</i>	<i>824 244 194</i>	<i>840 000 000</i>
<i>2. Inntekter</i>			
<i>Driftsinntekter</i>			
Inntekter frå sal av varer og tenester	5 194 899	9 593 330	10 000 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0
Refusjonar	0	0	0
Andre driftsinntekter	26 675 636	59 055 088	60 000 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>31 870 535</i>	<i>68 648 418</i>	<i>70 000 000</i>
<i>Investeringsinntekter</i>			
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Overføringer til verksemda</i>			
Inntekter frå statlege løyvingar	171 775 196	424 884 500	376 022 000
Andre innbetalinger	218 097 830	395 735 714	394 000 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>389 873 026</i>	<i>820 620 214</i>	<i>770 022 000</i>
<i>Finansielle aktivitetar</i>			
Innbetalinger ved sal av aksjar og eigardelar	0	0	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>421 743 561</i>	<i>889 268 632</i>	<i>840 022 000</i>
<i>Sum nettoendring i kontantbeholdninga</i>	<i>-29 641 021</i>	<i>65 024 438</i>	<i>22 000</i>

¹ Halvårstal for 2015 er omklassifisert i samsvar med gjeldande standard, samanlikna med tilsvarande tal som blei presenterte i fjor

Tabell 16.5 Inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	Rekneskap (i 1 000 kroner)		
	31.12.2015 ²	31.12.2016	Budsjett 2017
<i>Løyvingar til finansiering av statsoppdraget</i>			
Løyvingar frå fagdepartement	126 255 500	275 673 000	233 179 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	45 519 696	149 211 500	142 843 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>171 775 196</i>	<i>424 884 500</i>	<i>376 022 000</i>
<i>Offentlege og private bidrag</i>			
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	15 521 380	17 461 225	20 000 000
Bidrag frå private	57 571 437	75 776 627	80 000 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	20 978 343	7 933 618	10 000 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>94 071 160</i>	<i>101 171 470</i>	<i>110 000 000</i>
<i>Oppdragsinntekter mv.</i>			
Oppdrag frå statlege verksemder	11 036 955	22 378 663	12 000 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	5 697 848	8 836 513	10 000 000
Oppdrag frå private	37 380 601	46 344 527	49 000 000
Andre inntekter	101 781 800	285 652 958	283 000 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>155 897 205</i>	<i>363 212 662</i>	<i>354 000 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>421 743 561</i>	<i>889 268 632</i>	<i>840 022 000</i>

¹ Andre inntekter inkluderer finanspostar og andre tidsavgrensingar

² Halvårstal for 2015 er omklassifisert i samsvar med gjeldande standard, samanlikna med tilsvarande tal som blei presenterte i fjor

Tabell 16.6 Forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2015–2016

Rekneskapspost	Endring		
	31.12.2015 ¹	31.12.2016	2015 til 2016
<i>Kontantbeholdning</i>			
Behaldning på oppgjørskonto i Noregs Bank	173 175 216	231 485 856	58 310 640
Behaldning på andre bankkonti	840 366	7 552 549	6 712 183
Andre kontantbeholdningar	6 288	7 902	1 614
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>174 021 869</i>	<i>239 046 307</i>	<i>65 024 437</i>
Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår			
Feriepengar mv.	39 755 103	39 342 906	-412 197
Skattetrekk og offentlege avgifter	40 572 938	38 164 247	-2 408 691
Gjeld til leverandørar	29 313 305	28 478 124	-835 181
Gjeld til oppdragsgjevarar	-95 145 310	-107 308 511	-12 163 201
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	40 636 064	61 592 901	20 956 837
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>55 132 099</i>	<i>60 269 666</i>	<i>5 137 567</i>
<i>Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekt i framtidige budsjettår</i>			
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	12 882 217	24 267 940	11 385 723
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	58 341 231	106 350 028	48 008 797
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	0	0	0
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>71 223 448</i>	<i>130 617 968</i>	<i>59 394 520</i>
<i>Andre avsetjingar</i>			
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	34 016 994	38 878 748	4 861 754
Fri verksemdskapital	12 582 923	9 053 585	-3 529 338
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>46 599 918</i>	<i>47 932 333</i>	<i>1 332 416</i>
<i>Langsiktig gjeld (netto)</i>			
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	1 066 405	226 339	-840 066
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>1 066 405</i>	<i>226 339</i>	<i>-840 066</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>174 021 869</i>	<i>239 046 307</i>	<i>65 024 437</i>

¹ Halvårstal for 2015 er omklassifisert i samsvar med gjeldande standard, samanlikna med tilsvarande tal som blei presenterte i fjor

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2017–2018) om statsbudsjettet for år 2018 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i et framlagt forslag.

Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2017–2018) statsbudsjettet for budsjettåret 2018 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 1100–1161, 4100–4162, 5576, 5652

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
1100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Driftsutgifter	163 279 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	2 555 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 720 000	
	50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	292 000	168 846 000
	Sum Administrasjon m.m.		168 846 000
Matpolitikk			
1112	Kunnskapsutvikling og beredskap m.m. på matområdet		
	50 Kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap, Veterinærinstituttet	97 252 000	97 252 000
1115	Mattilsynet		
	01 Driftsutgifter	1 348 935 000	
	22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	13 492 000	
	71 Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 200 000	1 366 627 000
	Sum Matpolitikk		1 463 879 000
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling			
1136	Kunnskapsutvikling m.m.		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap, Norsk institutt for bioøkonomi	235 921 000	235 921 000
1137	Forskning og innovasjon		
	50 Forskingsaktivitet, Noregs forskingsråd	242 827 000	
	51 Basisløyvingar m.m., Noregs forskingsråd	187 822 000	
	53 Omstillingsmidlar instituttsektoren mv.	3 564 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	54	Næringsretta matforskning mv.	160 000 000	
	70	Innovasjonsaktivitet mv., <i>kan overførast</i>	8 375 000	
	71	Bioøkonomiordninga, <i>kan overførast</i>	2 832 000	605 420 000
		Sum Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling		841 341 000
		Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138		Støtte til organisasjonar m.m.		
	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 268 000	
	72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)	7 068 000	8 336 000
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	24 596 000	24 596 000
1142		Landbruksdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	222 365 000	
	45	Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 312 000	
	50	Arealressurskart	7 658 000	
	60	Tilskott til veterinærdekning	146 373 000	
	70	Tilskott til fjellstover	819 000	
	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	4 460 000	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	452 000	
	73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	55 610 000	
	74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	1 000 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i>	500 000	440 549 000
1148		Naturskade – erstatningar		
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	156 000 000	156 000 000
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket		
	51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 530 000	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	92 300 000	
	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	48 899 000	144 729 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	17 500 000	
	50	Tilskott til Landbrukets Utviklingsfond (LUF)	1 123 553 000	
	70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	317 809 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i>	43 000 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	3 483 204 000	
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	8 361 247 000	
	77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	256 880 000	
	78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 504 800 000	15 107 993 000
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen		
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	32 800 000	
	72	Tilskott til organisasjonsarbeid	6 500 000	
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	76 700 000	
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	2 600 000	118 600 000
1161		Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn		
	70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	14 293 000	
	75	Tilskott til oppsyn i statsalmenningar	10 212 000	24 505 000
		Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		16 025 308 000
		Sum departementets utgifter		18 499 374 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
4100		Landbruks- og matdepartementet	
	01	Refusjonar m.m.	120 000
	30	Husleige	926 000
		Sum Administrasjon m.m.	1 046 000
Matpolitikk			
4115		Mattilsynet	
	01	Gebyr m.m.	196 174 000
	02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	5 799 000
		Sum Matpolitikk	201 973 000
Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling			
4136		Kunnskapsutvikling m.m.	
	30	Husleige, Norsk institutt for bioøkonomi	20 643 000
		Sum Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling	20 643 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			
4142	Landbruksdirektoratet		
	01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.	42 279 000	42 279 000
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap		
	90 Avdrag på lån	25 000 000	25 000 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet		
	70 Forskingsavgift på landbruksprodukt	160 000 000	160 000 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		227 279 000
Forretningsdrift			
5652	Statskog SF – renter og utbytte		
	80 Renter	630 000	
	85 Utbytte	26 000 000	26 630 000
	Sum Forretningsdrift		26 630 000
Sum departementets inntekter			477 571 000

Fullmakter til å overskride løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2018 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1115 post 01	kap. 4115 post 02
kap. 1137 post 54	kap. 5576 post 70
kap. 1142 post 01	kap. 4142 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og får difor òg verknad for kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom. Unyttta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2018 kan overskride løyvinga under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, med inntil 0,5 mill. kroner i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2018 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1137		Forsking og innovasjon	
	71	Bioøkonomiordninga	5,8 mill. kroner
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	59,3 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	95,0 mill. kroner

Andre fullmakter

V

Sal av fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2018 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 25 mill. kroner.

VI

Avtale om kjøp

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2018 kan inngå avtale om kjøp av Giesesalt for ein periode på opp til 6 år.

Vedlegg 1

Fordeling av jordbruksoppgjøret 2017–2018

Tabell 1.1 Jordbruksavtalen, fordeling på priser og tilskudd

	Mill. kr
Kap. 1150, Jordbruksavtalen, utgifter	377,1
- Kap. 4150, Jordbruksavtalen, inntekter	0,0
= Nettoeffekt av tilskudd	377,1
+ Avtalepriser fra 1.7	150,0
= Sum avtalepriser og tilskudd	527,1
+ Omdisponering overførte midler 2017	78,9
= Sum til fordeling	606,0
Inntektsverdi jordbruksfradrag	19,0
= Ramme for oppgjøret	625,0
+ Fordelt fra Landbrukets utviklingsfond	130,0

Tabell 1.2 Målpriser fra 1.7.2017

Produkt	Mill. l/kg/kr	Målpris, kr/l/kg	Endring, kr/l/kg	Endring, mill. kr
Melk, ku og geit	1 531,8	5,33	0,03	46,0
Gris	137,3	32,43	0,00	0,0
Poteter	197,6	4,54	0,15	29,6
Grønnsaker og frukt	2 754,6		2,2 %	60,2
Norsk matkorn	177,6	3,17	0,080	14,2
Sum målprisendringer				150,0

Tabell 1.3 Markedsordningen for korn

Prisendringer norsk korn	1 000 tonn	Målpris, kr/kg	Endring, kr/kg	Mill. kr
Hvete, matkorn	157,7	3,17	0,09	14,2
Rug, matkorn	19,9	2,82	0,00	0,0
Bygg	482,9	2,70	0,06	29,0
Havre	249,3	2,45	0,05	12,5
Fôrhvete og fôrrug	167,5		0,06	10,1
Erter til modning	4,0		0,06	0,2
Såkorn	54,6		0,06	3,4
Oljevekster	11,0	5,63	0,06	0,7
Sum korn og oljevekster	1146,8		0,06	70,0

Tabell 1.4 Anslag endring i kraftfôrpris

	1 000 tonn	Andel	Ref. pris kr/kg	Endring, kr/kg	Endring, mill. kr
Karbohydrat kraftfôr	1 370,9	69,8	2,63	0,057	77,6
Protein, soya m.m.	462,7	23,5	3,933	0,085	0,0
Fett	45,3	2,3		0,000	0,0
Vitaminer og mineraler	86,5	4,4		0,000	0,0
Sum	1 965,5			0,039	77,6

Tabell 1.5 Kap. 1150 og kap. 4150 Jordbruksavtalen, mill. kroner

Post	Benevnelse	Budsjett 2017 ¹	Endring 2018 ²
21	Spesielle driftsutgifter, kan overføres	21,500	-4,000
50	Tilskudd til landbrukets utviklingsfond	1 148,053	-24,500
70.11	Avsetningstiltak	24,400	0,000
70.12	Tilskudd til råvareprisordningen m.v.	252,700	2,709
70.13	Tilskudd til potetsprit og potetstivelse	38,000	0,000
70	Markedsregulering, kan overføres	315,100	2,709
71	Tilskudd til erstatninger m.m. , overslagsbevilgning	43,000	0,000
73. 11	Tilskudd til norsk ull	132,720	0,000
73.13	Pristilskudd melk	610,500	17,900
73.15	Pristilskudd kjøtt	1 410,100	-8,300
73.16	Distriktstilskudd egg	3,234	0,000
73.17	Distriktstilskudd på frukt, bær og grønnsaker	87,100	14,500
73.18	Fraktilskudd	345,681	0,000
73.19	Tilskudd til prisnedskrivning korn	651,200	0,000
73.20	Tilskudd til matkorn	58,000	9,600
73	Pristilskudd, overslagsbevilgning	3 298,535	33,700
74.11	Driftstilskudd, melkeproduksjon	1 373,400	195,800
74.14	Produksjonstilskudd, husdyr	2 182,010	97,000
74.16	Beitetilskudd	854,500	62,000
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskudd	3 025,900	21,500
74.19	Regionale miljøprogram	422,400	13,137
74.20	Tilskudd til økologisk jordbruk	107,200	6,400
74	Direkte tilskudd, kan overføres	7 965,410	395,837
77.11	Tilskudd til dyreavl med mer	83,300	-1,000
77.12	Tilskudd til frøavl med mer	13,720	2,000
77.13	Tilskudd til rådgivning	84,500	4,000
77.15	Tilskudd til kvalitets- og salgsfremmende tiltak	51,860	4,500
77.17	Tilskudd til fruktlager	13,000	1,000
77	Utviklingstiltak, kan overføres	246,380	10,500
78.11	Tilskudd til avløsning for ferie/fritid	1 167,019	-20,019
78.12	Tilskudd til avløsning ved sykdom mv	158,400	-5,100
78.14	Tilskudd til sykepengeordningen i jordbruket	73,000	-3,700
78.15	Tilskudd til landbruksvikarordningen	63,000	0,000
78.16	Tilskudd til tidligpensjonsordning	80,535	-8,335
78	Velferdsordninger, kan overføres	1 541,954	-37,154
	SUM KAP. 1150	14 579,932	377,092
	SUM KAP. 4150	0,000	0,000

¹ Saldert budsjett² Budsjett 2018 før flyttinger, kvantums- og konsekvensjusteringer

Tabell 1.6 Post 21 Spesielle driftsutgifter, mill. kroner

	2016	2017	Endring
Evalueringer, utredninger, arbeidsgrupper	2,0	2,5	0,0
Estil, PT, Avløsertilskudd	16,7	8,0	-8,0
Agros – erstatning av Saturn	4,1	11,0	-4,0
Ny løsning importvern og RÅK			8,0
Justert bevilgningsbehov			0,0
Sum	22,8	21,5	-4,0

Tabell 1.7 Kap. 1150 og kap. 4150 Jordbruksavtalen, mill. kroner

	2017	Ekstra midler 2017	Komp. CO ₂ 2017	2018	Endring 2017–2018
Bedriftsrettede midler til investering og utvikling	574,5	33,0		634,5	60,0
Utrednings- og tilretteleggingsmidler	48,0			50,0	2,0
Rekruttering og kompetanse i landbruket					
Nasjonale kompetansetiltak (KIL-midler)	6,0			6,0	0,0
Regionale tilskudd til rekruttering og komp.heving	20,0			14,0	-6,0
Nasjonal modell for voksenagronom	0,0			11,0	11,0
Forskning og utvikling	53,0		22,0	55,0	2,0
Matmerk	52,0			55,0	3,0
Utviklingsprogrammet	90,0			102,5	12,5
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi (tidl. Bioenergiprogrammet)	67,0		3,0	67,0	0,0
Skogbruk	214,0		8,0	222,0	8,0
Midler til konfliktforeb. tiltak jordbruk/reindrift	1,5			1,5	0,0
Dyrevelferdsprogram mink	0,0			2,0	2,0
Utsiktsrydding	8,0			8,0	0,0
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	95,0		20,0	95,0	0,0
Drenering	58,0			58,0	0,0
Investeringsstøtte organisert beitebruk	10,0			13,0	3,0
Klima- og miljøprogram	18,0		2,0	20,0	2,0
Biogass	1,0			2,0	1,0
Støtte verdensarvområdene og utv. kulturlandskap	9,5			13,5	4,0
Utviklingstiltak innen økologisk landbruk	30,0			31,0	1,0
SUM tilskuddsramme	1 355,5	33,0	55,0	1 461,0	105,5
Uttak fra egenkapitalen i LUF					-130,0
Sum bevilgning til Landbrukets utviklingsfond					-24,5

Tabell 1.8 Post 70.11 Avsetningstiltak, mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring
Kollektiv dekning omsetningsavgift	24,4	24,0	0,0
Justert bevilgningsbehov			0,0
Sum	24,4	24,0	0,0

Tabell 1.9 Post 70.12 Tilskudd til råvareprisordningen mv., mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring
Eksportstøtte XR prognose	27,1	24,5	0,0
PNS, prognose	225,6	226,4	0,0
Målprisjustering melk			3,0
Endret målpris potet			1,5
Behov knyttet til produkter uten målpris			0,0
Justert bevilgningsbehov			-1,8
Sum	252,7	250,9	2,7

Tabell 1.10 Post 70.13 Tilskudd til potetsprit og potetstivelse, mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring
Potetsprit	18,0	18,0	0,0
Potetstivelse	20,0	20,0	0,0
Justert bevilgningsbehov			0,0
Sum	38,0	38,0	0,0

Tabell 1.11 Post 71 Tilskudd til erstatninger, mill. kroner

	Budsjett 2017	Endring
Erstatning ved avlingssvikt i planteprod.	40,0	0,0
Erstatning svikt i honningprod.	3,0	0,0
Sum	43,0	0,0

Tabell 1.12 Post 73.11 Tilskudd til norsk ull

	Mill. kg	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Ull (nye kvalitetsklasser)	3,500	40,00	0,00	40,00	0,0

Tabell 1.13 Post 73.13 Pristilskudd, melk

	Mill. l.	Sats, kr/l	Endring, kr/l	Ny sats kr/l	Endring, mill. kr
Grunntilskudd geitmelk	21,3	3,36	0,00	3,36	0,0
Distriktstilskudd melk					
Sone A	197,8	0,00		0,00	0,0
Sone B	327,5	0,12		0,12	0,0
Sone C	231	0,31		0,31	0,0
Sone D	518,2	0,44	0,03	0,47	15,5
Sone E	119,8	0,54		0,54	0,0
Sone F	49,7	0,67		0,67	0,0
Sone G	51,8	0,92	0,03	0,95	1,6
Sone H	3,3	1,13	0,03	1,16	0,1
Sone I	14,2	1,71	0,03	1,74	0,4
Sone J	11	1,80	0,03	1,83	0,3
Sum distriktstilskudd, melk	1 524,3		0,01		17,9
Sum pristilskudd, melk					17,9

Tabell 1.14 Post 73.15 Pristilskudd kjøtt

Kvalitetstilskudd lammeslakt	Antall 12 mnd	Sats, kr/slakt	Endring, kr/slakt	Ny sats kr/slakt	Endring, mill. kr
Kval. O og bedre	1 085 000	500,00	0,00	500,00	0,0
Ikke godkjent klassifisør	5 700	484,00	0,00	484,00	0,0
Kjeslakt over 3,5 kg	15 200	300,00	0,00	300,00	0,0
Tillegg økologiske slakt	30 000	40,00	0,00	40,00	0,0
Justering klasse O ikke tilskudd	66 000	6,1%	-500,00		-33,0
Sum	1 069 900				-33,0

Grunntilskudd, kjøtt	Mill. kg	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Sau	25,3	3,81	0,00	3,81	0,0
Geit	0,3	5,15	0,00	5,15	0,0
Sum	25,6				0,0

Kvalitetstilskudd storfekjøtt					
Kvalitetsklasse O	21,8	3,00	-0,50	2,50	-10,9
Kvalitetsklasse O+ og bedre	27,9	7,00	0,50	7,50	14,0
Justering for fettgruppe 4 og høyere					-13,9
Sum	49,7				-10,8

Tabell 1.14 Post 73.15 Pristilskudd kjøtt

Distriktstilskudd, kjøtt		Mill., kg	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Storfe, sau og geit	Sone 1	22,3	0,00	0,00	0,00	0,0
	Sone 2	57,6	4,55	0,40	4,95	23,0
	Sone 3	19,1	7,35	0,40	7,75	7,6
Storfe og Geit	Sone 4	7,3	11,30	0,40	11,70	2,9
Storfe og Geit	Sone 5	0,9	11,90	0,40	12,30	0,4
Sau	Sone 4	3,3	13,30	0,40	13,70	1,3
Sau	Sone 5	0,7	13,80	0,40	14,20	0,3
Gris	Sone 4	8,1	5,10		5,10	0,0
Gris	Sone 5	0,2	5,40		5,40	0,0
Vestlandet og Agder1	Gris	9,9	1,10		1,10	0,0
Sum		129,4				35,5
Sum pristilskudd kjøtt						-8,3

Tabell 1.15 Post 73.16 Distriktstilskudd egg

	Mill. kg	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Vestlandet	5,865	0,25	0,00	0,25	0,0
Nord Norge	2,545	0,75	0,00	0,75	0,0
Sum distriktstilskudd egg					0,0

Tabell 1.16 Post 73.17 Distriktstilskudd, frukt og bær og grønnsaker

		1 000 tonn	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats, kr/kg	Endring, mill. kr
Epler, pærer og plommer, kirsebær	Sone 1	2,1	1,72	0,15	1,87	0,3
	Sone 2-4	1,8	2,40	0,35	2,75	0,6
	Sone 5	4,2	5,22	1,25	6,47	5,3
Moreller	Sone 1	0,0	2,69	0,15	2,84	0,0
	Sone 2-4	0,1	3,35	0,35	3,70	0,0
	Sone 5	0,4	6,20	1,25	7,45	0,4
Pressfrukt		5,4	1,97	0,60	2,57	3,2
Bær	Sone 1-3	4,9	1,47	0,10	1,57	0,5
	Sone 4-5	3,5	3,56	1,20	4,76	4,2
	Sone 6-7	0,0	5,67		5,67	0,0
Sum distriktstilskudd frukt og bær		22,4				14,5
	Kvantums- grense					
Tomat	103 400 kg					
Sone 1-3		1,7	1,40	0,00	1,40	0,0
Sone 4-7		2,9	2,76	0,00	2,76	0,0
Slangeagurk	151 800 kg					
Sone 1-3		4,2	0,85	0,00	0,85	0,0
Sone 4-7		1,1	1,64	0,00	1,64	0,0
Salat	220 000 stk					
Sone 1-3		6,7	0,55	0,00	0,55	0,0
Sone 4-7		2,3	1,04	0,00	1,04	0,0
Sum tilskudd grønnsaker		19,0				0,0
Potetprod. i Nord Norge		3,3	1,30	0,00	1,30	0,0
SUM		44,7				14,5

Tabell 1.17 Post 73.18 Frakttilskudd

	Mill. kr	Endring, mill. kr
Sonefrakt korn	67,0	0,0
Frakt kraftfôr	138,0	0,0
Innfrakt slakt	132,0	0,0
Frakt egg	8,7	0,0
Sum	345,7	0,0

Tabell 1.18 Post 73.19 Prisnedskrivning norsk korn

	1 000 tonn	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Korn	1 140,0	0,566	0,000	0,566	0,0
Økologisk korn	11,1	1,528	0,000	1,528	0,0
Oljevekster, lupiner og bønner	8,1	2,018	0,000	2,018	0,0
Økologiske oljevekster, lupin, bønner	0,2	3,228	0,000	3,228	0,0
Førerter	3,7	0,948	0,000	0,948	0,0
Økologiske førerter	0,1	1,598	0,000	1,598	0,0
Sum	1 163,3				0,0
Herav 70 pst utslag i inneværende år	814,3				0,0

Tabell 1.19 Post 73.20 Tilskudd norsk matkorn

	1 000 tonn	Sats, kr/kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Tilskudd norsk matkorn	239,0	0,31	0,04	0,35	9,6
Herav 50 pst utslag i inneværende år	119,5				4,8

Tabell 1.20 Post 74.11 Driftstilskudd, melk og ammeku

		Antall	Sats kr per bruk/dyr	Sats-end- ring	Ny sats kr/ bruk/ dyr	Endring, mill. kr
Kumelk AK-sone 2	Foretak	610	125 050	10 000	135 050	6,1
Kumelk Ak-sone 1-3-4	Foretak	1 654	132 050	12 000	144 050	19,8
Kumelk AK-sone 5	Foretak	5 156	132 050	24 000	156 050	123,7
Kumelk AK-sone 6-7	Foretak	878	140 050	24 000	164 050	21,1
Geitemelk landet	Foretak	301	140 050	24 000	164 050	7,2
Ammekyr s. 1-4, 6-39 kyr	Dyr	21 872	3 032	250	3 282	5,5
40 og flere kyr	Foretak	234	121 280	10 000	131 280	2,3
Ammekyr s. 5-7, 6-39 kyr	Dyr	29 887	3 032	600	3 632	17,9
40 og flere kyr	Foretak	108	121 280	24 000	145 280	2,6
Justert bevilgningsbehov, gjeldende satser						-10,4
Sum driftstilskudd, melk og ammeku						195,8

Tabell 1.21 Post 74.14 Tilskudd til husdyr

	Fra	Til	Antall dyr	Sats kr/dyr	Endring kr/dyr	Ny sats kr/dyr	Endring, mill. kr
Melkekyr	1	16	122 713	4 168	0	4 168	0,0
	17	25	39 550	2 022	0	2 022	0,0
	26	50	45 754	976	0	976	0,0
	51 +		13 682	780	0	780	0,0
	Sum		221 699				0,0
Ammekyr	1	50	80 498	3 880	0	3 880	0,0
	51+		3 148	780	0	780	0,0
	Sum		83 645				0,0
Andre storfe			561 160	780	0	780	0,0
Melkegeit	1	125	28 827	1462	0	1 462	0,0
	126+		5 991	538	0	538	0,0
	Sum		34 817				0,0
Sau over 1 år og ammegeiter	1	100	700 929	1 044	50	1 094	35,0
	101+		109 164	244	0	244	0,0
	Sum		810 093				35,0
Avlsgris Sør-Norge ²	1	35	21 998	498	0	498	0,0
Avlsgris Jæren	1	35	4 723	350	0	350	0,0
Avlsgris Nord-Norge	1	35	1 555	776	0	776	0,0
Sum			28 276				0,0
Slaktegris ²	1	1400	980 782	14	0	14	0,0
Slaktegris Jæren	1	1400	209 218	10	0	10	0,0
Sum			1 190 000				0,0
Verpehøner Sør-Norge	1	1 000	587 079	10	0	10	0,0
Verpehøner Nord-Norge	1	1 000	27 822	24	0	24	0,0
Verpehøner, landet	1 001	5 000	2 195 555	10	0	10	0,0
Sum			2 810 455				0,0
Bikuber	1	+	30 760	423	50	473	1,5
Hjort over 1 år			5610	209	78	287	0,4
Genbevaring	Storfe		2960	2900	100	3 000	0,3
	Sau/lam		18861	200	30	230	0,6
	Geit		403	500	30	530	0,0
	Hest		319	1 000	30	1 030	0,0
	Sum		22 543				0,9

Tabell 1.21 Post 74.14 Tilskudd til husdyr

	Fra	Til	Antall dyr	Sats kr/dyr	Endring kr/dyr	Ny sats kr/dyr	Endring, mill. kr
Bunnfradrag 35 pst. ¹	35 %		40 317	6 000	0	6 000	0,0
Beløpsavgrensing				560 000	0	560 000	0,0
Justert bevilgningsbehov, gjeldende satser							59,2
Sum produksjonstilskudd, husdyr							97,0

Satsene omregnes teknisk for omlegging av tilskudd til påsettlam og søyer født året før og tidligere (faktor 1,26)

¹ Bunnfradrag produksjonstilskudd fordeles med 35 pst. tilskudd husdyr og 65 pst. arealtilskudd

² Unntatt Jæren

Tabell 1.22 Post 74.16 Tilskudd til dyr på beite

		Antall dyr	Sats kr/dyr	Endring kr/dyr	Ny sats kr/dyr	Endring, mill. kr
Utmarksbeitetilskudd:	Kyr, storfe, hest	263 517	428	200	628	52,7
	Sau, lam, geit	2 153 775	150	35	185	75,4
Beitetilskudd:	Storfe m.m.	638 314	428	-78	350	-49,8
	Småfe m.m.	2 517 305	57	-17	40	-42,8
Justert bevilgningsbehov, gjeldende satser						26,5
Sum beitetilskudd		5 572 911				62,0

Tabell 1.23 Post 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskudd

	Antall dekar	Sats kr/daa	Endring kr/daa	Ny sats kr/daa	Endring, mill. kr
Kulturlandskapstilskudd alt areal	9 134 828	170	-15	155	-137,0
Bunnfradrag, 65 pst ¹	40 317	6 000	0	6 000	0,0
Arealtilskudd, grovfôr	5 938 369				95,9
Innmarksbeitearealer (omregningsfaktor)	1 562 368				0,0
Arealtilskudd, korn	2 958 373				65,5
Arealtilskudd, potet	119 723				0,0
Arealtilskudd, grønnsaker	73 090				0,0
AK-tilskudd, frukt, bær og planteskoleareal	45 273				0,0
Justert bevilgningsbehov, gjeldende satser					-2,9
Sum, AK-tilskudd	9 134 828				21,5

¹ Bunnfradrag produksjonstilskudd fordeles med 35 pst tilskudd husdyr og 65 pst arealtilskudd

Arealtilskudd, grovfôr

	Antall daa	Sats kr/daa	Endring kr/daa	Ny sats kr/daa	Endring, mill. kr
Sone 1	405 837	40	-40	0	-16,2
Sone 2	311 603	0	0	0	0,0
Sone 3	603 183	105	-20	85	-12,1
Sone 4	478 529	105	0	105	0,0
Sone 5	3 322 346	210	30	240	99,7
Sone 6	700 486	240	30	270	21,0
Sone 7	116 385	286	30	316	3,5
Sum grovfôr alle soner	5 938 369				95,9

Arealtilskudd, korn

	Antall daa	Sats kr/daa	Endring kr/daa	Ny sats kr/daa	Endring, mill. kr
Sone 1	1 275 432	140	25	165	31,9
Sone 2 og 3	1 113 665	205	20	225	22,3
Sone 4	417 429	240	20	260	8,3
Sone 5 – 7	151 847	227	20	247	3,0
Sum korn, alle soner	2 958 373		22,1		65,5

Arealtilskudd, øvrige vekster

	Antall daa	Sats kr/daa	Endring kr/daa	Ny sats kr/daa	Endring, mill. kr
Potet sone 1–5	115 079	80	0	80	0,0
Potet sone 6–7	4 644	930	0	930	0,0
Sum poteter, alle soner	119 723				0,0
Grønnsaker sone 1–5	72 662	550	0	550	0,0
Grønnsaker sone 6–7	428	1 550	0	1550	0,0
Sum grønnsaker, alle soner	73 090				0,0
Frukt sone 1–4	8 854	700	0	700	0,0
Frukt sone 5–7	11 694	1 450	0	1450	0,0
Sum frukt, alle soner	20 548				0,0
Bær sone 1–4	17 216	1 000	0	1000	0,0
Bær sone 5–7	7 509	1 450	0	1450	0,0
Sum bær, alle soner	24 725				0,0

Tabell 1.24 Post 74.19 Tilskudd til regionale miljøprogram, mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring	Endring, mill. kr
Justert bevilgningsbehov				0,0
Landet	422,4	422,4	+3,1 %	13,137

Tabell 1.25 Post 74.20 Tilskudd til økologisk landbruk

Arealtilskudd	Antall daa	Sats kr/daa	Endring kr/daa	Ny sats kr/daa	Endring, mill. kr
Korn til modning	71 505	300	25	325	1,8
Grønnsaker, frukt og bær	5 285	1 425	75	1 500	0,4
Poteter	1 229	600	0	600	0,0
Grønngjødsling	6 358	500	0	500	0,0
Innmarksbeite	42 743	25	0	25	0,0
Grovfôr og annet økologisk areal	273 658	25	0	25	0,0
Sum arealtilskudd økologisk areal	400 778				2,2

Tilskudd til økologisk husdyrproduksjon	Antall dyr	Sats kr/dyr	Endring kr/dyr	Ny sats kr/dyr	Endring, mill. kr
Melkekyr	8 345	3 000	0	3 000	0,0
Ammekyr	4 458	2 200	0	2 200	0,0
Andre storfe	18 293	700	0	700	0,0
Sau over 1 år	47 012	500	0	500	0,0
Melke- og ammegeit	874	250	0	250	0,0
Avlsgris	250	502	0	502	0,0
Slaktegris	11 278	300	0	300	0,0
Sum tilskudd til økologisk husdyrproduksjon					0,0
Justert bevilgningsbehov, gjeldende satser					4,2
Sum tilskudd til økologisk jordbruk					6,4

Tabell 1.26 Post 77.11 Tilskudd til dyreavl m.m., mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring 2018
Tilskudd til veterinær reiser	44,5	41,5	2,0
Tilskudd til semin	24,6	24,6	0,0
Tilskudd til avlsorganisasjoner	14,2	14,2	0,0
Justert bevilgningsbehov			-3,0
Sum	83,3	80,3	-1,0

Tabell 1.27 Post 77.12 Tilskudd til frøavl m.m., mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring 2018
Tilskudd til frøavl	10,0	12,0	0,0
Tilskudd til lagring av såkorn	3,7	3,7	0,0
Justert bevilgningsbehov			2,0
Sum	13,7	15,7	2,0

Tabell 1.28 Post 77.13 Tilskudd til rådgivning, NLR

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring 2018
Tilskudd til NLR	84,5	84,5	4,0
Justert bevilgningsbehov			0,0
Sum	84,5	84,5	4,0

Tabell 1.29 Post 77.15 Tilskudd til kvalitets- og salgsfremmende tiltak, mill. kroner

	Budsjett 2017	Prognose 2018	Endring 2018
Utvikling av plantemateriale – oppformering	12,9	12,9	0,0
Utvikling av plantemateriale – Graminor	22,5	22,5	3,0
Kvalitetstiltak settepotetavl	7,5	9,0	0,0
Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernmidler	9,0	9,0	0,0
Justert bevilgningsbehov			1,5
Sum	51,9	53,4	4,5

Tabell 1.30 Post 77.17 Tilskudd til fruktlager

	Volum siste 3 år, tonn	Sats 2017, kr / kg	Endring, kr/kg	Ny sats kr/kg	Endring, mill. kr
Sum	7 921,8	1,64	0,13	1,77	1,00

Tabell 1.31 Post 78.11 Tilskudd for avløsning til ferie og fritid

	Antall bruk/dyr	Kr per bruk/dyr	Endring kr /bruk/dyr	Ny sats kr/bruk/dyr	Endring mill.kr
Tilskudd per foretak	7 817	74 200	0	74 200	0,0
	Prognose mill. kr	Endring pst.	Endring mill. kr	Utslag av tak mill. kr	
Utslag av satsendringer	1 167,0	0,00 %	0,0	0,0	0,0
Justert bevilgningsbehov					-20,0
Sum tilskudd til avløsning for ferie og fritid					-20,0

Tabell 1.32 Post 78.12 Tilskudd til avløsning ved sykdom mv.

	Antall dager	Sats kr/dag	Endring kr/dag	Endring, mill. kr
Antall avløsningsdager	181 157	1 530	25	
Gjennomsnittsberegning	181 157	789	13	2,3
Justert bevilgningsbehov				-7,4
Sum				-5,1

Tabell 1.33 Post 78.15 Tilskudd til landbruksvikarordningen

	Antall årsverk	Sats kr/å.v.	Endring kr/å.v.	Endring, mill. kr
Tilskudd per vikar	237	270 200		0,0
Justert bevilgningsbehov				0,0
Sum				0,0

Tabell 1.34 Post 78.16 Tilskudd til tidligpensjonsordning

	Antall	Sats, kr/pers.	Endring kr/pers	Endring, mill. kr
Enbruker	597	100 000	0	0,0
Tobruker	104	160 000	0	0,0
Justert bevilgningsbehov				-8,3
Sum				-8,3

Vedlegg 2

Protokoll fra fordelingsforhandlinger 26. juni 2017 mellom staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag etter Stortingets behandling av Prop. 141 S (2016–2017), jf. Innst. 445 S (2016–2017)

Grunnlaget for fordelingsforhandlinger

Jordbruksoppgjøret i 2017 ble avsluttet med brudd 16. mai, og Landbruks- og matdepartementet fremmet en proposisjon basert på statens tilbud. Partene viser til at ved behandlingen av proposisjonen om jordbruksoppgjøret (Prop. 141 S (2016–2017)) vedtok Stortinget å be regjeringen om å gjennomføre nye forhandlinger om jordbruksavtale for 2017–2018.

Grunnlaget for forhandlingene er merknaden fra Venstre, som fikk subsidier tilslutning fra regjeringspartiene. I merknaden heter det: «*Dette medlem mener ny ramme skal være 625 mill. kroner. I tillegg vil 130 mill. kroner kunne fordeles i 2018 fra egenkapitalen i LUF (Landbrukets utviklingsfond).*» Stortinget gjorde følgende vedtak:

«Stortinget ber regjeringen om å gjennomføre nye forhandlinger om jordbruksavtale for 2017–2018.

Endringer i målpriser i Prop. 141 S (2016–2017) fastsettes i tråd med forslaget i proposisjonen som delfinansiering av rammen.

Prisnedskrivingsstilskuddet til norsk korn (post 73.19) endres ikke som foreslått i Prop. 141 S (2016–2017), men videreføres med uendrede satser.

Tilskudd til norsk matkorn (post 73.20) endres ikke som foreslått i Prop. 141 S (2016–2017), men økes med 4 øre per kg fra gjeldende satser.

I statsbudsjettet for 2017 gjøres følgende endringer:

Post	Formål	Kroner
<i>Utgifter</i>		
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 21 500 000 til kr 12 682 000	8 818 000
50	Fondsavsetninger, økes med fra kr 1 148 053 000 til kr 1 297 601 000	149 548 000
70	Markedsregulering, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 315 100 000 til kr 309 305 000	5 795 000
73	Pristilskudd, <i>overslagsbevilgning</i> , økes med fra kr 3 298 735 000 til kr 3 303 535 000	4 800 000
74	Direkte tilskudd, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 7 965 410 000 til kr 7 959 813 000	5 597 000
77	Utviklingstiltak, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 246 380 000 til kr 241 176 000	5 204 000
78	Velferdsordninger, <i>kan overføres</i> , reduseres med fra kr 1 541 954 000 til kr 1 468 020 000	73 934 000

Stortinget gir Landbruks- og matdepartementet fullmakt til å iverksette tiltak for gjennomføring av jordbruksoppgjøret 2017–2018, herunder tiltak som er knyttet til bevilgninger i 2018.»

Partene viser til Stortingets vedtak om endringer i målpriser for avtaleperioden 2017–2018 og endring i bevilgninger over kap. 1150 for 2017. Partene er enige om at markedsordningen for gris videreføres i målprismodellen.

I tillegg gir to av romertallsvedtakene i komiteens tilråding, som ikke fikk flertall, føringer for fordelingsforhandlingene. Det gjelder romertallsvedtak II og IV:

«Stortinget ber regjeringen utrede og utforme en mulig ordning for et driftsvansketilskudd med sikte på drøftelser i jordbruksoppgjøret for 2018.»

«Stortinget ber regjeringen om å ikke igangsette en oppkjøpsordning for geitemelkkvoter i 2017 og 2018.»

Partene viser til Prop. 141 S (2016–2017) og er enige om å utrede et driftsvansketilskudd i en partssammensatt arbeidsgruppe. Arbeidet skal klargjøre kriterier, tekniske forutsetninger og kostnader knyttet til datagrunnlag og forvaltningssystem for en eventuell ordning. Rapporten ferdigstilles innen 1. mars 2018.

På dette grunnlag har avtalepartene fordelt bevilgningen over kap. 1150 for kalenderåret 2018.

Fordeling

Partene legger til grunn at det skal fordeles en ramme på 625 mill. kroner, og at økningen fra Prop. 141 S (2016–2017), hvor rammen var 410 mill. kroner, skal finansieres med budsjettmidler. Det gir en finansiering av rammen som vist i tabell 2.1.

Tabell 2.1 Ramme for fordelingsforhandling for 2018

	Mill. kr.
Netto endring i målpriser fra 01.07.17	150
Endret bevilgning på kap. 1150 i 2018	377
– herav komp. for økt CO ₂ -avgift	55
Overførte midler fra 2016	79
Endret verdi av jordbruksfradraget	19
Ramme	625
I tillegg fordelt fra LUF	130

I tillegg til den formelle rammen på 625 mill. kroner, kan 130 mill. kroner fordeles i 2018 fra egenkapitalen i LUF (Landbrukets utviklingsfond). I 2018 tar avtalen ut 130 mill. kroner fra egenkapitalen ved å øke innvilgningsrammen til LUF med 24,5 mill. kroner og redusere bevilgningen til LUF med 105,5 mill. kroner, sammenlignet med Prop. 141 S (2016–2017). Disse midlene blir disponible til andre tiltak på kap. 1150 i 2018, jf. vedlagte fordelings skjema.

Storingsflertallet ber partene om å benytte det økte handlingsrommet den nye rammen gir, til å:

- «Styrke små og mellomstore bruk
- Styrke grunnlaget for beiting på innmark
- Prioritere utviklingsprogrammet for å stimulere tilleggsnæringer/lokalmat og legge til rette for landbruksbasert reiseliv
- Videreføre økologiseringen
- Gi bedre investeringsmuligheter i bygg og jord innenfor en variert bruksstruktur
- Intensivere klima- og miljøarbeidet, blant annet ved bruk av mer tre i bygninger og styrking av dreneringsmuligheter
- Fortsatt stimulere potetspritproduksjon»

Partene legger til grunn at ved sammenslåing av hele eller deler av kommuner/fylker som har ulike tilskudds soner, videreføres sonegrensene, slik det framgår av gjeldende jordbruksavtale.

Under Landbrukets utviklingsfond er partene enige om å:

- øke IBU-midlene med 60 mill. kroner. Det settes en øvre grense på 2 mill. kroner i tilskudd per prosjekt, unntatt for Troms og Finnmark og maksimal støttesats settes til 35 pst. Det skal stimuleres til økt bruk av tre i driftsbygninger. Faglagene skal inngå i de regionale partnerskapene.
- Innvilgningsrammen for utviklingstiltak innen økologisk jordbruk økes med 1 mill. kroner, for å fremme produksjon og omsetning av økologisk frukt, bær og grønnsaker.
- Utviklingsprogrammet- landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping økes med 12,5 mill. kroner. For å styrke verdiskapingen med utgangspunkt i produkter fra geit, gjøres en særskilt satsing på dette.
- Skogbruk økes med 8 mill. kroner.
- Satsen i tilskudd til drenering økes med 500 kroner til 2 000 kroner per dekar. Ved annen grøfting økes satsen til 30 kroner per løpemetter grøft, begrenset oppad til 2000 kroner per dekar. Endringene skjer for søknader sendt inn etter 1. juli 2017.

- Det settes av 2 mill. kroner til et dyrevelferdsprogram for mink. Programmet utarbeides av Norges Pelsdyrslag og godkjennes av Landbruks- og matdepartementet.

Partene er enige om at tilskudd til prisnedskrivning av rektifisert potetsprit videreføres med uendret bevilgning.

Tilpasning til gjeldende WTO-avtale for lammeslakt gjennomføres ved at tilskuddet bare ytes til slakt av klasse O+ og bedre.

Partene er enige om å øke *Driftstilskudd til melke- og ammekuproduksjon* med om lag 196 mill. kroner. Driftstilskuddene differensieres etter sonegrensene i arealtilskuddene for å styrke inntektsmulighetene for små og mellomstore bruk i distriktene (sone 5–7).

For å styrke grunnlaget for beite på innmark opprettholdes det generelle beitetilskuddet, med noe lavere satser enn i gjeldende avtale, samtidig som tilskudd til utmarksbeite styrkes og omregningsfaktoren for innmarksbeitearealer settes til 0,6, jf. fordelingsskjema. Totalt styrkes beiteordningene med knappe 50 mill. kroner.

Tilskudd til regionale miljøprogram økes med 13 mill. kroner.

Tilskudd til veterinære reiser økes med 2 mill. kroner og fordeles med om lag 1,5 mill. kroner til økt kilometergodtgjørelse og om lag 0,5 mill. kroner til øvrige godtgjørelser.

For spørsmål som ikke omfattes av denne protokollen, legges Prop. 141 S (2016–2017) til grunn. Fullstendig fordeling framgår av vedlagte fordelingsskjema, se vedlegg 1. Jordbrukets arbeidsdokument av 21. juni følger protokollen som vedlegg 2. Resultatet av fordelingsforhandlingene legges fram for Stortinget i Landbruks- og matdepartementets budsjettproposisjon høsten 2017.

Utslag av fordelingen

Budsjettnemndas sekretariat har beregnet det kvantumsfaste isolerte utslaget av pris- og tilskuddsendringer, inkludert forutsetninger om pris- og kostnadsendringer og økt utnytting av jordbruksfradraget, tilsvarende forutsetningene for rammen i Prop. 141 S (2016–2017). Videre viser tabellen endringer i forhold til Prop. 141 S (2016–2017).

Tabell 2.2 Beregnet helårsvirkning på referansebrukene av pris- og tilskuddsendringer, inkl. anslåtte kostnadsendringer til 2018, uten volumendringer fra 2017 til 2018. Kroner per årsverk, inkl. verdi av jordbruksfradraget¹

	Sone for arealtilskudd	Avtale 2018	Økning fra 2017–2018	Endring fra prop ²
1 Melk, 28 årskyr	5	404 600	16 000	11 500
2 Korn, 387 dekar korn	1	292 200	15 900	4 600
3 Sau, 160 vinterfôra sauer	5	193 400	7 300	3 700
4 Melkegeit, 127 årsgeiter	6	454 000	18 700	14 500
5 46 avlssvin + 364 dekar korn	1	387 500	-14 300	15 300
6 7100 høner + 252 daa korn	1	469 100	11 600	21 600
7 122 daa poteter + 451 daa korn	1	373 100	14 900	10 300
8 Storfeslakt/ammeku, 30 ammekyr	5	321 800	25 800	17 200
9 51 dekar frukt og bær	5	392 700	21 300	700
10 Fjørfekjøtt og planteprodukter	1			
11 Økologisk melk, 24 årskyr	5	393 300	16 300	11 200
12 Melk, 15 årskyr	5	340 300	18 600	13 100
13 Melk, 45 årskyr	5	449 900	15 900	11 500
14 Melk, 63 årskyr	5	483 500	15 600	12 200
15 31 årskyr. Østlandets flatbygder	1	419 900	-8 300	8 700
16 26 årskyr. Østlandets andre bygder	5	419 200	14 700	13 800
17 37 årskyr. Agder/Rogaland, Jæren	2	414 500	-1 900	13 400
18 25 årskyr. Agder/Rogaland a. bygder	5	380 300	14 700	14 700
19 28 årskyr. Vestlandet	5	371 700	16 700	12 800
20 31 årskyr. Trøndelag	4	391 900	2 000	11 400
21 25 årskyr. Nord-Norge	6	409 400	15 500	14 100
22 Korn, 235 dekar. Østlandet	3	106 800	7 900	4 400
23 Korn, 870 dekar. Østlandet	1	528 500	21 600	5 700
24 310 daa korn + 22 avlssvin. Trøndelag	4	343 900	-7 200	13 000
25 Sau, 134 vinterfôra sauer. Vestlandet	5	172 700	9 100	3 100
26 Sau, 171 vinterfôra sauer. Nord-Norge	6	253 500	7 300	5 900
27 Sau, 278 vinterfôra sauer. Landet	5	205 400	6 600	3 600

¹ Fullt utslag av pris- og tilskuddsendringer i 2018, inkludert verdi av jordbruksfradraget. For produksjoner med overproduksjon vil inntektsendringen kunne bli forbedret med bedre markedsbalanse.

² Det er regnet med at prisen på råvarer til kraftfôr vil øke med 4 øre per kg.

Oslo 26. juni 2017

Ann Merete Furuberg

Lars Petter Bartnes

Leif Forsell

Vedlegg 3**Arbeidsdokument av 9. mai 2017**

Jordbrukets forhandlingsutvalg viser til Jordbrukets krav av 26. april og Statens tilbud av 5. mai 2017.

Jordbrukets forhandlingsutvalg viser til Stortingets behandling (Innst. 251 S (2016–2017)) av Meld. St. 11 (2016–2017) «Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon» som legger klare føringer for jordbruksoppkjøret:

1. En samlet næringskomité er opptatt av å styrke inntektsmulighetene i jordbruket vesentlig: «for å sikre rekruttering, og for å løfte inntektsmulighetene i æringen, mener komiteen at inntektsmålet skal være å redusere inntekts-gapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. God markedstilpasning og produktivitetsutvikling vil være en forutsetning for inntektsdannelsen.»

Jordbrukets forhandlingsutvalg legger stor vekt på at en samlet Næringskomité har løftet inntektsambisjonene for jordbruket og tydelig understreker at inntektsmålet skal være å redusere inntekts-gapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. **Jordbrukets forhandlingsutvalg legger til grunn at det er forskjellen i inntekt målt i kroner som skal reduseres og at dette må synliggjøres i årets jordbruksoppkjøp. En prosentvis vekst som ikke reduserer inntekts-gapet målt i kroner, er ikke i tråd med Stortingets vedtatte inntektsmål.**

2. Stortinget har vedtatt at landbruk over hele landet er et overordnet mål for landbruks-

politikken. Vilkårene for jordbruksdrift er forskjellig i ulike deler av landet og mange rbuke har begrenset ressursgrunnlag for å drive stordrift. For å nå Stortingets mål må en utjevne inntekt etter geografi og bruksstørrelse. I dag er lønnsomheten for små og mellomstore bruk dårligere enn for store. **For å sin utviklingen der betydelige jordbruksarealer går ut av drift, understreker Jordbrukets forhandlingsutvalg at en i årets jordbruksoppkjøp må løfte opp lønnsomheten for små og mellomstore bruk over hele landet vesentlig.**

3. Et samlet Storting er opptatt av forutsigbare rammevilkår for ei langsiktig næring som jordbruket. Jordbrukets forhandlingsutvalg konstaterer at Statens tilbud innebærer store omfordelinger og stor inntektsnedgang for en rekke produksjoner og bruk. Blant annet vil avviking av det generelle beitetilskuddet, gjerning av arealtilskuddet til grovfôr i sone 1 og reduksjon i sone 3–4, samt svekkede rammevilkår for svinholdet, gi store prat for enkeltprodusenter. **Jordbrukets forhandlingsutvalg kan ikke akseptere en løsning som gir betydelige tap for store produsentgrupper.**

Jordbrukets forhandlingsutvalg forventer at Regjeringen viser betydelig forhandlingsvilje. Med dette som utgangspunkt går Jordbrukets forhandlingsutvalg inn i forhandlinger med sikte på å finne konstruktive løsninger.

Vedlegg 4**Jordbruksforhandlingene 2017
Referat fra forhandlingsmøte 26. juni, kl. 21:30**

Tilstede:

Fra Jordbrukets forhandlingsutvalg: Lars Petter Bartnes, Bjørn Gimming, Per Skorge, Arild Bustnes, Frøydis Haugen, Ann Merete Furuberg, Olaf Godli

Fra Statens forhandlingsutvalg: Leif Forsell, Viil Søyland, Steinar Helgen, Torgeir Gjølberg, Siri Lothe, Maria Krekling, Lajla White

Forsell viste til prosessen som hadde pågått mellom partene etter at fordelingsforhandlingene startet opp med plenumsmøte onsdag 21. juni. Han viste videre til at det hadde vært konstruktive forhandlinger, og at begge parter hadde vist vilje til å finne løsninger, innenfor de rammene som

fulgte av Stortingets behandling av Prop. 141 S (2016–2017).

Gjennom dagen hadde det vært kontakt mellom partene på lederplan og Forsell konstaterte at partene nå hadde kommet til enighet om en sluttprotokoll i fordelingsforhandlingene. Han sa at arbeidsdokumentet som Jordbrukets forhandlingsutvalg la fram da de gikk inn i fordelingsforhandlinger, den 21. juni, vil bli vedlagt sluttprotokollen. Stortinget vil bli forelagt resultatet i Landbruks- og matdepartementets budsjettproposisjon høsten 2017.

Møtet ble avsluttet med at lederne signerte sluttprotokollen.

Tinging av publikasjonar

Offentlege institusjonar:

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

Internett: www.publikasjoner.dep.no

E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Privat sektor:

Internett: www.fagbokforlaget.no/offpub

E-post: offpub@fagbokforlaget.no

Telefon: 55 38 66 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Xpress AS – 10/2017

